



# Budsjett 2017

Økonomiplan 2017–2020





# FØREORD

Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 er inndelt i samsvar med organisasjonsstrukturen i fylkeskommunen på same måte som budsjettet for 2016.

**Budsjettet for 2017 er inndelt slik:**

- Innleiing
- Driftsbudsjett – kortversjon
- Driftsbudsjett
- Økonomiplan
- Investeringsbudsjett

I budsjettforslaget for 2017 er det laga ein kortversjon av driftsbudsjettet for å gje oversyn over dei viktigaste tiltaka og endringane. Meir utfyllande kommentarar finn ein i driftsbudsjettdelen – tilsvarande som i budsjettet for 2016. I denne delen av dokumentet er tabellane, gjennom nummerering i ulike nivå, bygde opp slik at det skal vere enklare å finne samanhengen mellom overordna nivå og detaljtala.

**Det er lagt opp til slik handsaming av budsjettforslaget i dei ulike politiske utvala:**

- Opplæring og helse 3. november 2016
- Miljø og samferdsel 3. november 2016
- Kultur, idrett og regional utvikling 8. november 2016
- Fylkesutvalet 16. november 2016
- Fylkestinget 13. desember 2016

Budsjettforslaget skal i tillegg handsamast i administrasjonsutvalet, hovudarbeidsmiljøutvalet m.fl.

Til handsaminga i dei politiske utvala vil det liggje føre sak med forslag til vedtak.



# INNHALD

## INNLEIING

Innleiing. Årsbudsjett 2017. Økonomiplan 2017–2020 .....	8
Vi utviklar hordaland .....	13

## DRIFTSBUDSJETT KORTVERSJON

Hovudpunkt i budsjettforslaget .....	19
Opplæring .....	20
Samferdsel .....	26
Tannhelsetenesta .....	30
Regional utvikling .....	32
Kultur og idrett .....	36
Fellestenester .....	40

## DRIFTSBUDSJETT 2017

Politiske organ. Kontrollorgan .....	45
Økonomi og organisasjon: God og effektiv administrativ drift .....	49
Eigedom: Gode bygg for framtida .....	55
Opplæring: Satsing på auka læringsutbytte og gjennomføring .....	59
Samferdsel: Fokus på trygge og miljøvenlege reiser .....	79
Tannhelse: Pådrivar for god tannhelse .....	97
Regional: Regional utvikling gjennom dialog og medverknad .....	103
Kultur og idrett: Samordning av mål og verkemiddel .....	115
Fellesfunksjonar .....	141
Frie inntekter. Kraftinntekter .....	145


## ØKONOMIPLAN 2017–2020

Økonomiplan 2017–2020 .....	150
-----------------------------	-----

## INVESTERINGSBUDSJETT

Investeringsbudsjett .....	159
Vedlegg – tabellar .....	177





# Innleiing



# ÅRSBUDSJETT 2017

## ØKONOMIPLAN 2017-2020

### HOVUDPUNKT I BUDSJETTGRUNNLAGET

Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2017 er stramt. Driftsbudsjettet er redusert med om lag 60 mill. kr frå 2016 og reduksjonen er fordelt på dei fleste sektorane. Dette er eit nødvendig grep for å få kontroll over gjeldsutviklinga gjennom auka avdragsbetaling.

Driftsbudsjettet for Hordaland fylkeskommune for 2017 er på vel 8,3 mrd. kr, der driftsutgiftene er knapt 7,5 mrd. kr, kapitalutgiftene 0,7 mrd. kr og avsetjingar på knapt 0,1 mrd. kr.

Fylkesrådmannen peikar nedanfor på punkt som er avgjerande for den økonomiske utviklinga.

#### Frie inntekter i 2017

I statsbudsjettet for 2017 er det lagt opp til reell nedgang i dei frie inntektene for fylkeskommunane. Dette er vel og merka samanlikna med eit inntektsnivå i 2016 som er høgare enn lagt til grunn i sentrale dokument tidlegare. Rekna på denne måten er det lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine frie inntekter på 2,1 % frå 2016 til 2017. Omrekningsfaktoren som vert nytta – deflatoren – er 2,5 %.

Hordaland fylkeskommune kjem i 2017 noko betre ut enn gjennomsnittet i og med at veksten er rekna til 2,5 % - altså i samsvar med deflatoren. Om ein held den venta skatteveksten i inneverande år utanom, kan realveksten reknast til 1,3 % - noko meir enn dei siste åra.

Dei frie inntektene – skatt og rammetilskot – står for om lag ¾ av fylkeskommunen sine inntekter. Endringa i desse inntektene er difor avgjerande for den økonomiske utviklinga.

#### Endringar i inntektssystemet

##### Spreiddbygdkriteriet

Fylkesrådmannen har tidlegare vore inne på endringa i spreiddbygdkriteriet i inntektssystemet der Hordaland fylkeskommune kjem særleg dårleg ut med eit negativt utslag på knapt 40 mill. kr frå 2016 til 2017. I statsbudsjettet for 2017 har Hordaland fylkeskommune fått kompensasjon på 19 mill. kr for denne endringa. Det er presisert at kompensasjonen berre gjeld for 2017 og fylkesrådmannen har teke omsyn til dette i økonomiplanen for 2018 og seinare år.

#### Andre kriteriendringar

Årsaka til at Hordaland fylkeskommune kjem betre ut enn gjennomsnittet, er elles at m.a. båt- og ferjekriteria er vektta noko opp i 2017 samanlikna med tidlegare og dette slår positivt ut.

#### Nytt inntektssystem - overgangsordning

Fylkesrådmannen minner elles om at utviklinga også skuldast det nye inntektssystemet for fylkeskommunane som tok til å gjelde frå 2015. Det nye systemet fører til at dei frie inntektene for Hordaland fylkeskommune vert reduserte med 56 mill. kr i femårsperioden 2015-2019 – om lag 11 mill. kr kvar år.

#### Netto driftsresultat – økonomimål

Rekneskapen for 2015 vart gjort opp med netto driftsresultat på 2,1 %.

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar og viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. For å ha ein sunn og berekraftig økonomi er det tilrådd å ha netto driftsresultat på 4 % av driftsinntektene.

Netto driftsresultat i budsjettgrunnlaget for 2017 er 1,14 % ved at det er forslag om at 70 mill. kr av driftsmidlane skal gå til finansiering av investeringar og at det vert sett av 25 mill. kr til å møte veksten i det oppsamla pensjonspremieavviket.

Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan er dermed svakt og vesentleg svakare enn nivået som er tilrådd av sentrale fagmiljø.

Etter fylkesrådmannen sitt syn er summen på 95 mill. kr ein minimumsbuffer mot endringar som kan oppstå i budsjettåret. Med så stor totaløkonomi som Hordaland fylkeskommune har, bør driftsfinansieringa av investeringane ha eit visst nivå, men dei knappe totalrammene set grenser for kva ein maktar å få til.

#### Rekneskapsutviklinga i 2016

Til fylkestinget i oktober la fylkesrådmannen fram tertialrapport etter 2. tertial 2016. Tertialrapporten viser at det ser ut til å gå mot negativt budsjettavvik innanfor opplæringssektoren på 53 mill. kr og innanfor tannhelsetenesta på 9 mill. kr. For samferdselssektoren er det derimot i rapporten meldt om eit positivt avvik på 26 mill. kr.



Samla er prognosen i tertialrapporten etter 2. tertial at ein kjem 10 mill. kr svakare ut enn det som er budsjettet. Etter at tertialrapporten var utarbeidd, fekk fylkeskommunen melding om ny prognose for pensjonskostandene i Statens pensjonskasse, som forverrar situasjonen med vel 20 mill. kr.

Det er framleis uvisse knytt til skatteinngangen. Skatte-tala så langt i år viser at skatteinngangen kan verte svakt positiv samanlikna med budsjettet.


I statsbudsjettet kom det nye overslag over utviklinga i skatteinntektene for kommunesektoren i inneverande år. For fylkeskommunane er det no lagt til grunn ein auka skattevekst på 700 mill. kr i 2016. Om dette slår til, vil skatteinngangen betre seg mot slutten av året og den samla prognosen for 2016 for fylkeskommunen vert tilsvarande betra.

### Høg lånegjeld - tiltak

Hordaland fylkeskommune har høg lånegjeld –høgast av fylkeskommunane i landet rekna i prosent av driftsinntektene. Fylkesrådmannen ser alvorleg på dette.

I budsjettet for 2017 og økonomiplanperioden held fylkesrådmannen fram arbeidet med å bremse veksten i lånegjelda og avdragsbetalinga er auka med 67 mill. kr frå 2016 til 2017 og med nær 200 mill. kr i perioden fram til 2020.

Figuren nedanfor viser utviklinga i gjeldsgrad dei siste åra ut frå rekneskapstal for 2015 i Kostra:



Hordaland fylkeskommune sin gjeldsgrad – lånegjeld i høve til inntekter – er rekna til 114,6 % i budsjettet frå 2017.

Gjeldsgraden vil halde fram med å auke vidare i økonomiplanperioden om det ikkje vert sett i verk tiltak. Med bakgrunn i utviklinga i gjeldsgraden har fylkesrådmannen delt investeringsbudsjettet mellom pågåande investeringar og investeringar som ikkje er starta opp. Ein får då fram at gjeldsgraden vert redusert med 15%-poeng om ein ikkje set i verk nye investeringar.

Fylkesrådmannen vil difor til fylkestinget sitt møte i mars 2017 leggje fram eit revidert investeringsopplegg der det vert vektlagt at gjeldsgraden ikkje overstig nivået ein har i budsjettet for 2017.

### Garantiansvar

I tillegg til lånegjelda har fylkeskommunen garantiansvar for lån som ulike bompengeselskap har teke opp. Samla utgjør garantiramma om lag 15 mrd. kr der lånesaldoen er om lag 9 mrd. kr. Det regionale bompengeselskapet Sør-Vest Bomselskap AS er oppretta og fylkesrådmannen reknar med at fleire av selskapa vert overteke av det nye selskapet. Fylkesrådmannen er uroleg for det høge garantinivået ein er komen opp på.

### Høgt investeringsnivå

Bruttobudsjettet for investeringane er 2 547 mill. kr i 2017. Dei store investeringsprosjekta m.a. innanfor Bergensprogrammet og ulike bompengepakkar, gjer at fylkeskommunen sitt brutto investeringsbudsjett vert svært høgt. Ein stor del av samferdselsinvesteringane vert finansierte med bompengar. Bompengane kjem som inntekt i fylkeskommunen sitt investeringsbudsjett og reduserer med det fylkeskommunen sitt finansieringsbehov.

Skulebruksplanen som fylkestinget vedtok i oktober 2016, har framdriftsplan for investeringane i sektoren. Fylkesrådmannen vil som nemnt fram til fylkestinget sitt møte i mars 2017 gjennomgå investeringsframdrifta.

### Sentrale punkt i økonomiplanen

Konsekvensen av det høge investeringsbudsjettet er at kapitalutgiftene vert høge og ein stor og aukande del av fylkeskommunen sine inntekter må nyttast til å dekke kapitalutgiftene.

Veksten i dei frie inntektene er svakare enn veksten i kapitalutgiftene. Det må difor gjerast driftstilpassingar i perioden. Oppfølging av skulebruksplanen, og gevinstrealiseringane som er skissert i denne vil her vere avgjerande. Nye tiltak må dermed finansierast ved omprioriteringar innanfor dei samla rammene.

Netto driftsresultat er som nemnt budsjettet til knapt 1,14 % i 2017. Fylkesrådmannen sitt forslag til økonomiplan legg opp til tilnærma uendra netto driftsresultat i perioden. Dette er svakare enn ønskjeleg, men det er viktig å ha i mente at kombinasjonen av auka avdrag og låg vekst i dei samla inntektsrammene gjer det vanskeleg å betre dette måлтаlet.

Fylkesrådmannen vil likevel ha merksemd på dette også i seinare budsjett. Auka netto driftsresultat er ein viktig faktor for å få betre kontroll over økonomien og betre handlefridomen.

I økonomiplanen har fylkesrådmannen ein gjennomgang av verknaden av renteoppgang, både knytt til einskildprosjekt og knytt til den totale lånegjelda.

Oversynet viser at for det einskilde investeringsprosjektet er det viktigaste å ha gode og kvalitetssikra kostnadsoverslag. Utvikta kostnadsauke spelar større rolle enn auke i finansieringskostnaden.

I gjennomgangen er det også vist til at ein renteoppgang på 1 % i økonomiplanperioden, medfører netto auke i rentekostnader på vel 60 mill. kr i 2020 samanlikna med nivået i 2017. Dette understrekar at det no er viktig å setje investeringsbremsene på.

### Formuesbevaringsprinsippet

Fylkesrådmannen viser til at Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi har gjort bruk av det såkalla formuebevaringsprinsippet for å kome med overslag på ønskeleg nivå på netto driftsresultat.

I kommunale rekneskavar bokfører ein avdrag som driftsutgift, medan avskrivning ikkje har nokon resultat effekt. Det vert peika på at avskrivningane i kommunesektoren er høgare enn avdraga. Netto driftsresultat burde vore så høgt at ein kunne belaste driftsrekneskapan med avskrivningar (i staden for avdrag) og likevel kome ut i balanse. Det vil seie at netto driftsresultat burde ha vore minst like stort som differansen mellom avskrivningar og avdrag (sjå tabellen under).

Avskrivningane i Hordaland fylkeskommune var 673,6 mill. kr i 2016. Med investeringsnivået det er lagt opp til i økonomiplanen, er det venta at avskrivningane vil auke med opp mot 100 mill. kvart år. Gjennomgangen av investeringsbudsjettet som fylkesrådmannen legg opp til, reknar ein med vil dempe denne veksten noko.

I budsjettgrunnlaget er det lagt opp til eit netto driftsresultat på 95 mill. kr kvart år. For å oppfylle formuesbevaringsprinsippet, burde resultatet vore 200-300 mill. kr betre. Dvs. at netto driftsresultat burde vore auka frå vel 1 % til 3 - 4 %

Tabellen nedanfor viser dette:

Mill. kr

	2017	2018	2019	2020
Overslag avskrivning	775	875	975	1 075
Avdrag	509	578	650	700
Differanse	266	297	325	375
Netto driftsres.	95	95	95	95
For lågt netto driftsresultat	171	202	230	280

### Fond for inndekking av premieavvik

I budsjettet for 2017 foreslår fylkesrådmannen å setje av 25 mill. kr til å møte nedbetalinga av det oppsamla premieavviket.

I følge rekneskapsreglane skal pensjonskostnadene leggjast til grunn i rekneskapan og ikkje premien som er betalt gjennom året. Avviket mellom kostnader og premie skal dekkast inn over eit bestemt tal år. Ved utgangen av 2015

hadde Hordaland fylkeskommune 384 mill. kr i oppsamla premieavvik som skal dekkast inn. Fylkesrådmannen vil kome attende til korleis fondsmidlane skal nyttast.

### Utvikling i nøkkeltal i økonomiplanperioden

Oppstillinga nedanfor viser ulike nøkkeltal i 2017 og 2020 – siste året i økonomiplanperioden.

2017	Nøkkeltal økonomiplanperioden	2020
<b>Oppsummering nøkkeltal</b>		
<p>Nøkkeltala gjev oversyn over utviklinga i fylkeskommunen sin økonomiske situasjon i planperioden frå 2017 til 2020. Nøkkeltala viser at fylkeskommunen framleis vil ha ein utfordrande situasjon mot slutten av økonomiplanperioden. Det er difor lagt opp til eit mest mogleg økonomisk forsvarleg budsjett dei neste fire åra. Sjølv om fleire av nøkkeltala utviklar seg negativt i perioden, så bremsar ein auken i gjeldsgraden, driftskostnadane vert redusert og det vert framleis lagt opp til positive årlege driftsresultat.</p>		
<b>Gjeldsgrad</b>		
115%	Stabilisering av gjeldsbyrden til HFK vil ha prioritet i planperioden fram til og med 2020. Budsjettforslaget legg opp til sterk investeringsdisiplin. Vidare legg ein vekt på avdragsbetaling på oppbygd gjeld. Dette vil etterkvart stabilisere gjeldsgraden; gjeld delt på inntekter. I planperioden held gjeldsgraden fram med å auke, og dette er bakgrunnen for at fylkesrådmannen foreslår ny gjennomgang av investeringane til fylkestinget i mars, jf. ovanfor.	117 %
<b>Totalgjeld</b>		
10 283 mill. kr.	Med skissert økonomiplan vil den totale gjelda til HFK i perioden etter planen gå endel opp; med 1,18 mrd. kr. Då er ubrukte lån og utlån holdt utafor. Den brutto totale gjeldsbyrda er tyngande i seg sjølv, men kor mykje denne faktoren påverkar økonomisituasjonen til HFK kjem an på fleire tilhøve; blant anna inntektsvekst og rentenivå.	11 461 mill. kr.
<b>Pensjonkostnad</b>		
300 mill. kr.	For økonomiplanperioden vil HFK sine pensjonskostnadar endre seg noko. Årleg pensjonskostnad vil auke med omlag 15 mill. kr for kvart år i perioden. Kostnaden endrar seg difor frå 300 mill. kr. i 2017 til 345 mill. kr. i 2020. Forutan denne direkte pensjonskostnaden, så har HFK ein årleg kostnad ved amortisering av tidlegare års premieavvik. Fylkesrådmannen foreslår frå 2017 å setje av fond for å møte denne auken.	345 mill. kr.
<b>Avdrag</b>		
509 mill. kr.	I økonomiplanperioden er det prioritert å nedbetale lån. Opptrappinga av avdragsbetaling i perioden er på 191 mill. kr; frå 509 mill. kr. i 2017 til 700 mill. kr. i 2020.	700 mill. kr.
<b>Renteutgifter</b>		
242 mill. kr.	Det er lagt til grunn låg rente i heile perioden 2017 – 2020, med 1,5%, 1,5%, 1,75% og 2,0% rente dei ulike åra. Delar av låneportefølgjen er sikra, og det gjev lågare renteutgifter utover i perioden om renta stig meir enn lagt til grunn. Renteutgiftene aukar med 31 mill. kr. i perioden.	273 mill. kr.
<b>Netto driftskostnadar</b>		
5 557 mill. kr.	Effektiv drift og kontroll på utviklinga i driftskostnadene i planperioden vil kunne bidra til ei betra økonomisk stilling. Målet er reduserte driftskostnader gjennom omstillingsevne, og framleis gode tenester. Frå 2017 til 2020 er det lagt opp til ein reduksjon av netto driftskostnader på 31 mill. kr.	5 526 mill. kr.

Tabellen held fram på neste side

2017	Nøkkeltal økonomiplanperioden	2020
<b>Frie inntekter</b>		
6 370 mill. kr.	Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot. Hordaland var mellom fylkeskommunane som tapte på den siste omlegginga av inntektssystemet. Det er difor ikkje venta særleg realvekst samla for planperioden; 113 mill. kr.	6 483 mill. kr.
<b>Netto driftsresultat</b>		
1,14 %	Eit positivt årleg driftsresultat er ein viktig føresetnad for ein betra økonomisituasjon og eventuell eigenfinansiering av investeringar. Det er lagt opp til eit netto årleg driftsresultat på 95 mill. kr. i 2017 og om lag 100 mill. kr kvart av dei tre siste åra i perioden. Aukande avdrag og svak inntektsvekst gjer at ein ikkje når høgare enn 1,2 % i årleg netto driftsresultat.	1,20 %



# Vi utviklar Hordaland

*For å sikre tydelegare prioritering og fremje koordinering av aktivitetar og tenester, er det utarbeidd ein eigen verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune. Strategien er tett kopla mot arbeidet med den nye regionale planstrategien, også kalla utviklingsplan for Hordaland. Til saman vil desse to strategiane gje forsterka kraft og retning til det viktige arbeidet med å utvikle Hordaland og Vestlandet.*

## VI UTVIKLAR HORDALAND

### REGIONAL PLANSTRATEGI – UTVIKLINGSPLAN FOR HORDALAND

Utviklingsplan for Hordaland (også kjend som regional planstrategi 2016 – 2020) kjem til handsaming på fylkestinget i desember parallelt med budsjettet. Planen inneheld langsiktige mål for utviklinga i fylket og hovudmål for dei næraste fire åra.

#### I utviklingsplanen er det følgjande hovudmål:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

For kvart hovudmål er det utforma strategiar som gir føringar for kva som skal prioriterast. På denne måten kan stat, fylkeskommune og kommunar dra i same retning. Den regionale planstrategien er utforma i dokumentet «Utviklingsplan for Hordaland» som ligg ute til høyring med frist 15. september. Høyringsfråsegnene vert tekne med i det vidare arbeidet med den regionale planstrategien fram mot handsaminga i fylkestinget i desember.

### VERKSEMDSTRATEGI FOR FYLKESKOMMUNEN

Knytt opp mot utforminga av regional planstrategi har det vore arbeidd med ein administrativ verksemdstrategi for fylkeskommunen. Regional planstrategi omfattar heile Hordaland – også statlege og kommunale ansvarsområde, medan verksemdstrategien gjeld dei fylkeskommunale tenestoområda.

Prosjektet Førebudd på framtida har vore ein viktig grunnlagsfaktor for arbeidet med verksemdsstrategien.

#### Prosjektet har hatt følgjande fokusområde:

- strategisk utvikling
- kjerneoppgåver
- administrativ drift og utvikling

Hovuddelen av arbeidet som er utført innanfor området strategisk utvikling er knytt til verksemdsstrategien og prioriteringane som ligg til grunn for denne.

Prosjektet stod vidare for avdelingsvis gjennomgang av oppgåvene. Dette vart gjort for å sjekke ut om prioriteringane var i samsvar med strategiane og dei overordna

satsingane elles. Det vart utført ein grundig gjennomgang som medførte at avdelingar – og medarbeidarar – vart bevisstgjorte på arbeidsoppgåvene. Gjennomgangen gav grunnlag for endre prioritering av arbeidsoppgåvene i retning av overordna strategiar i nokre tilfelle. Dette arbeidet gav viktige innspel til dei avdelingsvise målsetjingane og strategiane som er utarbeidde i samband med verksemdsstrategien.

Når arbeidet med verksemdstrategien no er slutført, er det naturleg at aktivitetane innafør prosjektet Førebudd på framtida vert vidareført som del av organisasjonsutviklinga i fylkeskommunen.

Målsetjinga for arbeidet har vore å få godt samsvar mellom den regionale planstrategien og fylkeskommunen sin verksemdstrategi slik at dei prioriterte fylkeskommunale strategiane støttar opp om målsetjingane i den regionale planstrategien. I arbeidet med verksemdsstrategien er denne samanhengen vektlagt.

#### I verksemdstrategien er dei overordna måla for fylkeskommunen desse:


- 1 HFK skal vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår.
- 2 I samarbeid med kommunar, næringsliv og innbyggjarar skal HFK levere effektive tenester, framtidsetta infrastruktur og rett kompetanse.
- 3 HFK skal utøve mynde slik at brukarene er sikra korrekt handsaming og rettvise avgjersler.
- 4 HFK skal setje viktige samfunnstema på dagsorden, og fremje regionale interesser og lokaldemokrati.

Etter fylkesrådmannen sitt syn støttar desse målsetjingane godt opp under hovudmåla som er foreslått i den regionale planstrategien for utviklinga i fylket, jf. ovanfor.

#### Knytt opp til desse overordna målsetjingane er det utarbeidd seks hovudstrategiar:

- 1 Ta ein sterkare posisjon i utviklinga av Hordaland og Vestlandet.
- 2 Prioritere og setje tydelege mål for utvikling og tenester.
- 3 Betre dialog og samhandling med kommunar, brukarar og andre aktørar.

Strukturoppbygginga av verksemdstrategien går fram av følgjande figur:



- 4 Styrkje økonomien til HFK for å sikre gjennomføringsevne og berekraft.
- 5 Utvikle samarbeidet mellom avdelingane i HFK
- 6 Sikre rett kompetanse og god endringskapasitet i organisasjonen.

Strategiane konkretiserer målsetjingane, og gjennom tiltaksplanar kan ein oppnå god kopling mellom dei overordna målsetjingane for fylkeskommunen og dei ulike avdelingane sitt arbeid. Når ein på overordna nivå har godt samsvar mellom den regionale planstrategien og fylkeskommunen sin verksemdsstrategi, sikrar ein at det fylkeskommunale arbeidet dreg i same retning som prioriteringane i den regionale planstrategien.

I budsjettdokumentet vil fylkesrådmannen særleg peike på strategi 4: «Styrkje økonomien til HFK for å sikre gjennomføringsevne og berekraft».

I budsjettet for 2017 er det fleire forslag som legg opp til å styrkje fylkeskommunen sin økonomi. Det kan m.a. peikast på at auken i avdragsbetalinga som starta i 2016 held fram i 2017 med sikte på å dempe veksten i gjeldsgraden.

Hordaland fylkeskommune har høgast gjeldsgrad mellom fylkeskommunane i landet. Auka nedbetaling av gjeld er eit verkemiddel for å bremse veksten i gjeldsgraden. Tilsvarende effekt har auka fokus på investeringane og kritisk gjennomgang av desse. Reduksjon av investeringsnivået gjer at behovet for lånefinansiering av tiltak kan bremsast, slik at ein på sikt kan få reduksjon i gjeldsgraden og få betre gjennomføringsevne og berekraft i økonomisk forstand, slik det er lagt opp til i den nemnde strategien. Fylkesrådmannen har følgd opp dette ved at han til fylkestinget i mars vil ha ny gjennomgang av investeringsbudsjettet.


I tillegg til dei nemnde overordna måla og strategiane er det utarbeidd avdelingsvise mål og strategiar for arbeidet. Som nemnt, vil dette sikre at det er god kopling mellom overordna, strategisk nivå og dei ulike avdelingane sitt arbeid.

I budsjettomtalen for kvar avdeling er dei avdelingsvise måla med tilhøyrande strategiar tekne inn. Det er vidare teke inn oversyn over tiltak og eventuell økonomisk konsekvens knytt til forslaga under dei ulike budsjettområda.

Verksemdsstrategien for fylkeskommunen vart handsama av fylkestinget i oktober 2016, der den vart teken til etterretning.







# Driftsbudsjett kortversjon





# HOVUDPUNKT I BUDSJETTFORSLAGET

## **Stram drift og økonomistyring**

- Driftsbudsjettet redusert med om lag 60 mill. kr
- Fortsatt fokus på effektiv administrativ drift
- Dempe gjeldsveksten ved auka avdragsbetaling

## **Opplæring**

- Oppfølging av skulebruksplanen
- Nye Voss gymnas startar hausten 2017
- Fagopplæring – styrka lærlingtilbod

## **Samferdsel**

- Fleire bussavgangar
- Bybanen til Flesland
- Takstauke i samsvar med prisveksten for buss og båt

## **Tannhelse**

- Auka løyving til TkVest/Hordaland
- Askøy tannklinikk opnar i 2017
- Takstauke 3,5 %

## **Regional**

- Reduksjon i regionale utviklingsmidlar
- Bortfall av næringsretta utviklingsmidlar
- Etablerersenteret og Invest in Region Bergen overteke av fylkeskommunen

## **Kultur**

- Oppfølging av kulturplanen
- Auka tilskot til Hordaland teater og Museum Vest
- Redusert investeringstilskot

## **Sentrale stabseiningar**

- Nytt økonomisystem frå 2017
- Auka tilskot til intern lærlingordninga
- Reinhold ved vidaregåande skular overført til eigedomsavdelinga
- Prosjektmidlar i samband med regionreforma

## **Frie inntekter, renter og avdrag**

- Lågare inntekt p.g.a. endringar i spreiddbygdkriteriet – halv kompensasjon i 2017
- Rentesats 1,5 % for nye lån
- Avdrag auka med 15 % frå 2016 til 2017

# OPPLÆRING

## OVERSYN OVER SEKTOREN – TENESTETILBODET – VERDISKAPING

Oversyn Opplæringssektoren	Antal pr år	
	2016	2017
Ungdomar i fylkeskommunal vidaregåande	17 000	17 000
Vaksne i vidaregåande opplæring	1 300	1 300
Studentar i fagskule	1 200	1 200
Lærlingar	4 400	4 350
Produksjonsskule	15	45
Folkehøgskule	60	60
<b>Totalt</b>	<b>23 975</b>	<b>23 955</b>

Hordaland fylkeskommune gjev tilbod om vidaregåande opplæring i skule til om lag 17 000 ungdomar og 1 300 vaksne. I tillegg får om lag 2900 ungdomar vidaregåande opplæring på ein privat vidaregåande skule.

Vidaregåande opplæring består av 14 ulike utdanningsprogram, 5 studieførebuande og 9 yrkesfaglege. Tabellen viser elevtal pr utdanningsprogram.

Utdanningsprogram	2016/17
ST Studiespesialiserande	7887
ID Idrettsfag	735
MD Musikk, dans og drama	361
KDA Kunst design og arkitektur <sup>1)</sup>	96
ME Media og kommunikasjon <sup>2)</sup>	173
<b>Sum studieførebuande utd. program</b>	<b>9252</b>
BA Bygg og anleggsteknikk	679
EL Elektrofag	1118
DH Design og handverk	287
RM Restaurant og matfag	262
HO Helse- og oppvekstfag	1659
TP Teknikk og industriell produksjon	1405
NA Naturbruk	434
MK Media og kommunikasjon <sup>2)</sup>	199
SS Service- og samferdsel	445
<b>Sum yrkesfag</b>	<b>6487</b>
AO fremmedspråklige	167
Tiltattelagt opplæring	560
<b>Totalt</b>	<b>16466</b>

1) KDA er nytt utdanningsprogram fra 2016 2) MK var yrkesfagleg utd.program til 2016, elevane på vg2 og vg3 avsluttar på yrkesfag

Hordaland fylkeskommune gir og tilbod om innføringsklasser for minoritetsspråklege som ikkje er kvalifisert for vidaregåande opplæring. Dessutan får om lag 1000 lærlingar teoriopplæring ved ein vidaregåande skule samstundes som dei er i lære i ei bedrift.

Om lag 1 200 studentar får tilbod om fagskuleutdanning. Det er fagskuletilbod innan tekniske fag, maritime fag, petroleumstekniske fag, helsefag og arborist.

Det er om lag 4 400 lærlingar i Hordaland. Lærlingane er til dagleg i ei av dei om lag 2 000 godkjende lærebedriftene

i Hordaland. Endringar i arbeidsmarknaden i industrien det siste året, har ført til at talet på nyteikningar av lærekontraktar har gått ned i 2016. Det er difor venta at det vert om lag 50 færre lærlingar i 2017 enn i 2016.

Produksjonsskulen er eit tilbakeførande tiltak for ungdom som har falle ut av både yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram på vidaregåande skule.

## SEKTOREN I TAL

Sektoren i tal	2016	2017
Vidaregåande skular hausten	39	34
av dette nye skular	1	1
Fagskular	3	2
Vaksenopplæringssenter	6	5
Produksjonsskular	1	1
Folkehøgskular	1	1
Godkjente lærebedrifter	2000	2000
Tilsette/årsverk	3600/3200	3600/3200

Hausten 2016 driv Hordaland fylkeskommune 39 vidaregåande skular. 1.8.2016 vart Lønborg og Åsane vgs slått saman til Åsane vgs. Skulen har fått eit modulbygg ved sida av hovudbygget på Nyborg. Arna og Garnes vgs er slått saman til Arna vgs. Førebels har skulen aktivitet i tre bygg, men i løpet av 2017 skal aktiviteten ved Tunesvegen avsluttast. Øystese gymnas og Norheimsund vgs er slått saman til ein skule. Skuledrifta vil halde fram i to bygg fram til ny skule i Kvam er ferdigstilt. Aktiviteten ved Fana gymnas vart lagt ned ved utgangen av skuleåret 2015/16

Nye Voss vidaregåande skule opna hausten 2016 i eit staseleg og moderne skuleanlegg på Skulestadmo. Frå same tidspunkt vart Voss jordbruksskule lagt ned.

Hausten 2017 er ombygging og nybygg på Voss gymnas på Skulehaugen ferdigstilt. Då vil fem vidaregåande skular på Voss vere samla i to nye, flotte skuleanlegg. Fylkestinget vedtok i oktober 2016 at Etne vgs og Hjeltnes vgs vert lagt ned 1.8.2017.

Frå 1.1.17 vert Bergen tekniske fagskule og Bergen maritime fagskule slått saman til ein fagskule.

## OVERORDNA TAL DRIFTSBUDSJETT 2017

1	Opplæring	Bud 2016	Bud 2017	Endring
Vidaregåande skule	Driftsutgifter	2 138 049	2 153 417	0,7 %
	Driftsinntekter	-94 022	-96 733	2,9 %
	Netto driftsutgifter	2 044 027	2 056 684	0,6 %
Fagskule	Driftsutgifter	97 692	100 412	2,8 %
	Driftsinntekter	-7 500	-7 500	0,0 %
	Netto driftsutgifter	90 192	92 912	3,0 %
OT/PPT	Driftsutgifter	43 124	44 325	2,8 %
	Driftsinntekter	0	-600	
	Netto driftsutgifter	43 124	43 725	1,4 %
Vaksenopplæring	Driftsutgifter	45 192	52 334	15,8 %
	Driftsinntekter	-40	-40	0,0 %
	Netto driftsutgifter	45 152	52 294	15,8 %
Produksjonsskule	Driftsutgifter	10 000	11 102	11,0 %
	Driftsinntekter	0	-800	
	Netto driftsutgifter	10 000	10 302	3,0 %
Fagopplæring	Driftsutgifter	345 960	384 023	11,0 %
	Driftsinntekter	-24 795	-25 326	2,1 %
	Netto driftsutgifter	321 165	358 697	11,7 %
Manger folkehøgskule	Driftsutgifter	3 225	2 625	-18,6 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	3 225	2 625	-18,6 %
Anna	Driftsutgifter	134 297	135 374	0,8 %
	Driftsinntekter	-25 833	-33 877	31,1 %
	Netto driftsutgifter	108 464	101 497	-6,4 %
	Driftsutgifter	2 817 539	2 883 612	2,3 %
	Driftsinntekter	-152 190	-164 876	8,3 %
	Netto driftsutgifter	2 665 349	2 718 736	2,0 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	2 745 755	2 718 736	-1,0 %

Ei framskriving av budsjettamma for 2016 til 2017– såkalla nullvekstramme – er på kr 2 745 755. I 2017 er reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune organisert under Eigeidomsavdelinga, slik det vart fatta vedtak om i sak 272/15 i fylkesutvalet. Totalt 92 mill. kr er overført

frå budsjettamma til dei vidaregåande skulane til eigeidomsavdelinga til dette. Budsjettala for 2016 og 2017 er korrigert for denne endringa. Totalramma for opplæringssektoren er redusert med 27 mill. kr.

1	Endringar opplæring frå 2016 - 2017	2016	2017	Endring
	Vidaregåande skule	2 044 027	2 056 684	12 657
	Fagskule	90 192	92 912	2 720
	Ot/ppt	43 124	43 725	601
	Vaksenopplæring	45 152	52 294	7 142
	Produksjonsskule	10 000	10 302	302
	Fagopplæring	321 165	358 697	37 532
	Manger folkehøgskule	3 225	2 625	-600
	Anna	108 464	101 497	-6 967
	Sum netto driftsutgifter	2 665 349	2 718 736	53 387
	Sum netto driftsutgifter i 2017-kroner	2 745 755	2 718 736	-27 019

### Vidaregåande skule mindreutgift 49,0 mill. kr i 2017-kr

i 1000 kr

2	Endringar vidaregåande skule	
	Strukturendringer Etne, Hjeltnes, Fana	-11 229
	Husleige og driftsutgifter Vossaskulane	-10 096
	Husleige Bjørgvin bygget og Solheim	-6 902
	Div. driftstilskott	-4 121
	Pre-IB	-515
	Stordriftsfordel	-6 327
	KUP (klasser med utvida praksis)	-515
	Auka oppfyllingsgrad i klassane	-9 294
	Sum tiltak	-48 998

Fana gymnas vart lagt ned hausten 2016. Hjeltnes og Etne vgs ver lagt ned etter skuleåret 2016. Totalt vil desse strukturtiltaka medføre ei mindreutgift på 11,2 mill. kr i 2017.

Nye Voss gymnas vert teken i bruk hausten 2017. Samstundes vert skuleaktivitet ved Voss husflidskule, Rogne vgs og gamle Voss vgs avvikla. Det fører til at leige- og driftskostnaden på Voss vert redusert med om lag 10,1 mill. kr. Det skal framleis vere internatdrift på Rogne.

Skuleaktiviteten ved tidlegare Bjørgvin vgs og i Solheimsgaten vart avslutta hausten 2016. Begge bygga har hatt funksjon som avlastning for Årstad vgs under ombygginga. Mindreutgift er rekna til 6,9 mill. kr.

Ved Sandsli, Fitjar, Austevoll, Bømlø, Odda, Rubbestadnes og Kvinnherad er det grunnlag for å redusere driftstilskota

med til saman 4,1 mill. kr. Dette som følgje av stordriftsfordelar, auka oppfylling i klassar, eingongstilskot og auka inntekspotensiale.

Tilbodet innan pre-IB ved Bergen katedralskule har ei meirutgift i høve ordinær Vg1 på om lag 1 mill. kr pr år. Fylkesrådmannen meiner det er rom for å leggje om dette tilbodet slik at kostnaden vert på same nivå som ordinær vg1.

Amalie Skram og Nordahl Grieg vgs har stordriftsfordelar. Begge skulane har nye, moderne skulebygg og tilbyr mange parallelar på kvart trinn. Dette gjev grunnlag for å redusere tildelinga til desse skulane med totalt 6,3 mill. kr.

Knarvik vgs har eit tilrettelagt tilbod som er organisert etter Vibemyrmodellen. Gjennom dei seinare åra har strukturen på tilsvarende tilrettelagde tilbod på andre

skular endra seg. Dette gjer at det ikkje lenger er grunnlag for særskiltløyvinga som Knarvik har hatt til KUP (klassar med utvida praksis).

Skuleåret 2016/17 har snitt elevtal i klassane auka i høve føregåande skuleår. Effekten av dette er rekna til 9,3 mill. kr.

Fylkesrådmannen foreslår å vidareføre drifta ved karrieresenteret i Sunnhordland. Senteret har til no vore finansiert med statsmidlar.

#### Vaksenopplæring meirutgift 5,8 mill. kr

Vaksenopplæringa vil i 2016 ha eit meirforbruk i høve opphavelag budsjett på om lag 7 mill. kr. Meirforbruket er grunngeve i aktivitetsauke. Budsjetttramma for 2017 vert auka med 5,8 mill. kr for å kompensere for aktivitetsauken.

#### Fagopplæring meirutgift 27,8 mill. kr

Sidan 2014 har tilskotet til lærlingar med ungdomsrett auka med om lag kr 25 000 pr lærekontrakt. Pr 1.7.16 er tilskotet pr lærling om lag kr 141 000. Auken har kome gjennom statsbudsjettet og revidert statsbudsjett. Dei siste åra har vi sett ein vekst i tal lærlingar. Denne trenden har

for mange lærefag snudd i 2016. Vi ventar denne trenden vil halde fram også i 2017 og legg difor til grunn at det vert om lag 50 færre løpande lærekontraktar i 2017 i høve 2016.

For å kompensere for færre læreplassar er det trong for å opprette alternativ slutttopplæring i skule (vg3). Lærlingtilskot til bedrifter vert betalt ut over 24 månader (12 månader opplæring og 12 månader verdiskaping). Alternativ slutttopplæring i skule har om lag same kostnad som ein lærekontrakt, men når opplæringa skjer i skule, er verdiskapingsleddet fjerna, og «læretida» vert komprimert til 12 månader.

Auken i tilskot pr lærling og trong for fleire tilbod om vg3 i skule gjer at det er trong for å auke budsjetttramma med 27,8 mill. kr.

#### Manger folkehøgskule mindreutgift 0,6 mill. kr

Manger folkehøgskule er finansiert med statstilskot, eigenbetaling og fylkeskommunal løyving som var på om lag 3,2 mill. kr i 2016. Det vert foreslått at budsjettet vert redusert med 0,6 mill. kr i 2017. Reduksjonen vert kompensert gjennom auka eigenbetaling.

### Anna mindreutgift 10,9 mill. kr i 2017-kroner

2 Endringer Anna	
Nettskule	2 000
Oppl.avd stillingar	-2 575
Kompetanseplan	-1 030
Auke eigenbetaling eksamen	-9 335
Sum tiltak	-10 940

Det er planlagt ei utviding av tilbodet som HFK nettskule gir. Utvidinga har ein kostnad på 2 mill. kr.

Ved avgang frå stillingar ved opplæringsavdelinga i 2016 har behovet for nyttilsetting vore vurdert. Denne praksisen held fram også i 2017. Ved inngangen til 2017 er talet på tilsette i avdelinga gått ned med 4. Innsparinga er rekna til 2,6 mill. kr.

Kompetansetiltak gjennom kompetanseplanen er finansiert med statlege løyvingar og fylkeskommunale midlar. Den

fylkeskommunale delen er redusert med 1 mill. kr i 2017. I statsbudsjettet for 2015 vart eigenbetalinga for privatistar sett opp til kr 1000 for første gangs eksamen og kr 2000 for seinare forsøk. Auken i eksamensgebyr vart gjort for å redusere talet på kandidatar som tek opp att eksamen. Vidare var det eit mål å auke graden av frammøte på eksamen. Dessutan var det eit ønskje at eksamensavgifta i større grad skulle dekkje fylkeskommunane sine utgifter til eksamensavviklinga. Tal for 2016 syner at det er grunnlag for å rekne med at inntektene i 2017 kan budsjetterast opp med 9,3 mill. kr.





# SAMFERDSEL

## OVERSYN OVER SEKTOREN – TENESTETILBOD – VERDISKAPING

Samferdselssektoren femner om samferdselsavdelinga, Skyss og sams vegadministrasjon. Sektoren har ansvar for drift og utvikling av kollektivtrafikken på land og sjø samt drift, vedlikehald og investering på fylkesvegnettet, herunder trafikksikring. Sektoren har og ansvar for samferdselsplanleggjing og løyveforvaltning for drosje- og selskapsvognløyve samt Transportordninga for funksjonshemma.

### Hovudmålet

- Samferdselssektoren skal fremje regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet.
- Samferdselssektoren skal bidra til å dekke mobilitetsbehovet ved å vidareutvikle og forvalte eit føreseieleg, sikkert, miljøvenleg og framtidretta transportsystem.
- Samferdsel skal forvalte og utvikle fylkesvegnettet med vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald.
- Samferdsel skal arbeide for at veksten i persontrafikk i bergensområdet skal skje ved hjelp av gange, sykkel og kollektivtrafikk.

### Tal på personar som dreg direkte nytte av sektoren

2 Kunder Samferdselsektoren	Tal per år			Tenestetilbodet
	2015	2016	2017	
Påstigande buss Hordaland	43 352 000	45 016 000*	45 900 000**	Kollektivtilbodet
Påstigande buss bergensområdet	37 376 000	38 420 000*	39 188 000**	Kollektivtilbodet
Påstigande Bybanen	9 987 000	10 257 000*	10 462 000**	Kollektivtilbodet
Påstigande båt Hordaland <sup>2)</sup>	498 000	498 000*	498 000**	Kollektivtilbodet
Påstigande båt Kleppestø–Strandkaien og Knarvik–Frekhaug–Bergen	548 000	612 000*	624 000**	Kollektivtilbodet
Trafikktal pbe – ferjesamband	3 317 000	3 367 000****	3 417 0100****	Kollektivtilbodet
Trafikktal passasjerar –ferjesamband	4 581 000	4 661 000****	4 743 000****	Kollektivtilbodet
Reiser av TT-brukarar	261 700	261 700	261 700	Transport av TT-brukarar med drosje.

\* Basert på prognose for 2016 etter fyrste halvår.

\*\* Framskriving av venta vekst.

\*\*\*\* Framskriving av trendutvikling siste tre år.

2) Båtsamband i Hordaland unnateke Kleppestø–Strandkaien og Knarvik–Frekhaug–Bergen.

## SEKTOREN I TAL

1 Oversyn sektoren i tal	2015	2016	2017
Rutekm buss	33 917 000	35 269 000*	***
Rutekm bybanen	1 436 000	1 723 000*	***
Rutekm totalt buss og bane	35 353 000	36 992 000	***
Tal på årlege bussavgangar	2 120 000	2 180 137	***
Billetter kjøpt på førehand, del av totalomsetning	56 %	62 %	65 %** 1)
Tal båtsamband	9	9	9
Tal fartøy (båtsamband)	10	10	10
Tal ferjesamband	16	17	17
Tal fartøy (ferjesamband)	20	20	20
Fylkesveg – km	2 944	2 944	2 944
Gong- og sykkelveg – km	220	220	220
Innfartsparkeringsplassar	2 550	3 040	3 240
Tal på TT-brukarar	13 700	13 700	13 700

\* Basert på prognose for 2016 etter fyrste halvår. \*\* Framskriving av venta vekst. \*\*\* Ikkje mogeleg å framskriva.

1) Billetter kjøpt på automat, mobil, hjå kommisjonær og på kundesenter.

## OVERORDNA TAL DRIFTSBUDSJETT 2017

## Hovudsatsingsområda i 2017

## FYLKESVEGAR

## Drift og vedlikehald

Fylkestinget vedtok i oktober 2011 Drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012–2021). I denne ligg målsetjingar om å stoppe veksten i forfallet innan 2017, noko som inneber at samla løyvingar til drift og vedlikehald må aukast med om lag 250 mill. kr pr. år. I drifts- og vedlikehaldsstrategien var det overslag som tyder på at forfallet på vegnettet i Hordaland summerer seg til meir enn 3 mrd. kr. I dette overslaget ligg vurderingar av kva som skal til for å tilbakeføre vegane til opphavsleg standard, altså ikkje oppgraderingar til den vegstandard som gjeld i dag. Det pågår no eit arbeid med rullering av gjeldande strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegane. Sentralt i dette arbeidet er ei oppdatering av det samla forfallet på vegnettet. Foreløpige analysar viser at forfallet har auka vesentleg dei siste åra. Kombinert med at klimaet endrar seg med meir flaum, skred og ekstrem nedbør. I tillegg er fleire store vegprosjekt i fylket som har vore bompengefinansiert nedbetalt. Desse prosjekta krev større drifts- og vedlikehaldskostnader enn tidlegare. Dette gjeld spesielt bruer og tunnelar.

## KOLLEKTIVOMRÅDET

## Nullvekstmål og utvikling av kollektivtilbodet i bergensområdet

Kollektivstrategien for Hordaland gjev fagleg grunnlag for prioriteringar, gjennom årleg rullerte handlingsprogram og som mandat for Skyss sitt ansvarsområde. Strategien peikar ut retning for korleis ein kan nå felles nasjonale og regionale mål om at veksten i persontrafikken skal takast med miljøvenlege transportformer. Kollektivtransporten må ta den vesentlege delen av trafikkveksten skal måla nåast. Eit sentralt strategisk val er å tilpasse og styrke rutetilbodet der det er mange reisande, eller der potensialet for nye reisande er stort. Utvikling av tilbodet må skje i kombinasjon med å gjere det enkelt og attraktivt å velje kollektivtransport og bruk av verkemiddel som gjev raske og føreseielege reiser.

Hordaland fylke har ein kompleks infrastruktur som gjer det utfordrande å sy saman eit godt rutetilbod i distriktet med korrespondanse mellom buss, båt og ferje. I tillegg gjer endringar i klima at fylket er meir utsett for ras og vegstengingar enn før. I slike situasjonar må ein i løpet av

kort tid setje i verk tiltak for å løysa transportbehovet til dei reisande.

Dei siste åra har talet på kollektivreisande i Hordaland auka kraftig. Bybanen i Bergen og styrking av busstilbodet der det er mange reisande har gitt gode resultat. I 2016 er rutetilbodet i Bergen styrka vesentleg, med over 400 nye avgangar og opning av byggjetrinn 3 på Bybanen og fleire lange bybanevogner. Tiltaka har gitt betre rutetilbod for fleire og kapasiteten i kollektivsystemet er blitt vesentleg auka. Første halvår 2016 viser god vekst i passasjertala for bergensområdet. I 2017 vil Bybanen gå heilt til Flesland, og det vert lagt opp til vidare utvikling av busstilbodet i bergensområdet.

Budsjett for kollektivområdet vert i budsjettet for 2017 styrka av belønningssmidlar. For 2017 er 30 mill. kr fordelt til styrka rutetilbod i bergensområdet. Det er og fordelt midlar som sikrar drift av byggjetrinn 3 på Bybanen samt kostnader knytt til lange vogner også for strekningane for byggjetrinn 1 og 2. Det er utfordrande kvart år å sikre finansiering til drift av allereie iverksette tiltak og samstundes finne rom for nye tiltak. Utvikling av tilbodet for fleire kollektivreiser krev ressursar til planlegging både på kort og lang sikt. Bymiljøavtalen som er under forhandling vil difor vere svært viktig for å sikre framtidig finansiering av kollektivdrift, ut over perioden for belønningssavtalen 2015-2018.

Hausten 2017 vert det arrangert Sykkel-VM i Bergen. Dette fører med seg ei omfattande omlegging av kollektivtilbodet i heile 14 dagar. Ein må sikre ei god trafikkavvikling både for skule- og arbeidsreisande som i stor grad må finne andre reisemåtar enn dei er vane med. I tillegg er det venta omkring 500 000 tilreisande som også vil ha eit stort transportbehov. Sykkel-VM vert finansiert utanfor det ordinære budsjettet til Hordaland fylkeskommune.

### Skuleskyss

Behovet for skuleskyss er aukande, særleg gjeld det grunnskuleelevar og elevar med rett på individuelt tilrettelagt skuleskyss. Individuelt tilrettelagt skyss er skuleskyss for elevar som ikkje kan nytta ordinære bussruter på grunn av mellombels sjukdom eller funksjonshemming, og elevar som bur slik til at dei ikkje har eit rutetilbod. Løysinga er då drosjetransport. Ettersom drosjetransport er relativt mykje dyrare enn busstransport, er det særleg individuelt tilrettelagt skuleskyss som er kostnadsdrivande. Dei siste åra har kostnadene knytt til dette området auka med omlag 10 mill. kr årleg.

### Takstar og billettering

Mobilbilletten er på kort tid blitt den klart viktigaste salskanalen for Skyss. Men med unntak for ungdomsbillett har ein ikkje høve til å nytte mobilbillett utanfor sone Bergen, og reisande må difor framleis betale med kontantar om bord på bussen, eller fylle opp Skyss-kortet sitt på automat eller på Skyss sitt kundesenter i Bergen. I ei tid der stadig færre nyttar kontantbetaling i det daglege byr dette på utfordringar, både for faste reisande og for turistar og

tilreisande. Fram til ein kan tilby fleire salskanalar også i distrikta, har Skyss sett i gang eit arbeid for å få på plass moglegheit for betaling med kort eller andre betalingsløyseringar om bord på fleire bussruter. Prosjektet vil vurdere ulike tekniske løysingar, kjøpe inn, teste og montere betalingsutstyr om bord på utvalte linjer og bussar, og overvake og evaluere korleis løysingane fungerer i bruk. Dette er det søkt om investeringsmidlar til.

Sidan ombordtillegget vart innført har ein i stor grad oppnådd den ønska dreinga frå kjøp om bord til billett kjøpt på førehand. Også i sone Bergen må ein likevel framleis handtere ein del kontantar om bord. Sidan tillegget vart innført har det ikkje vorte regulert, men ein foreslår i budsjettet for 2017 ei auke for å styrke effekten av tillegget. Det er stadig eit mål å forenkle billettane ein tilbyr så mykje som mogleg. Skyss følgjer med på kva dei andre kollektivaktørane i Norge gjer, og tek og omsyn til spørsmål og innspel frå publikum.

I budsjettet vert det elles lagt opp til takstauke i samsvar med konsumprisindeksen, 2,5 %.

### Omtale av endringar frå 2016 til 2017

Samferdselssektoren si budsjettåra for 2017 er redusert med 40 mill kr i forhold til 0-vekst råma. Av denne innsparinga er 37,5 mill kr henta frå Skyss sitt budsjett, og 2,5 mill kr frå samferdselsavdelinga sitt budsjett. Fylkesvegbudsjettet er i tillegg styrka med 5,0 mill kr som er omfordelt frå Skyss.

### Fylkesveg

Budsjettområdet har fått ein budsjettauke på 2,5 %, og har med det fått ein realvekst på 2,8 mill. kr.

### Bilruter

Budsjettet for bilruter aukar både på kostnads og inntektsida. På inntektssida skuldast auken at det er lagt inn 2,5 % takstauke i tillegg til ein volumauke på omlag 33 mill. kr. Resten av inntektsauken skriv seg frå bruk av belønningssmidlar.

Kostnadsauken utover 0-vekst kjem som fylgje av auka ruteproduksjon i bergensområdet. Dette er finansiert med belønningssmidlar.

### Fylkesvegferjer

Nedgangen i kostnader skuldast at kostnadsfaktorane i kontraktane har hatt ein særst gunstig utvikling siste året. Det er særleg drivoljekostnaden som har påverka kostnadsbilete på ein god måte. Dette er forhold som raskt kan endre seg, og med dette budsjettet er fylkeskommunen eksponert for risiko.

### Båtruter

På same måte som for ferjedrifta har kostnadsfaktorane i kontraktane med operatørane hatt ei gunstig utvikling for fylkeskommunen. I tillegg har inntektsutviklinga i 2016 vore god og denne trenden er vidareført i 2017.

**Bybanen**

Bybanen får ein kostnadsauke på knapt 30 mill kr. Dette skuldast heilårsdrift av forlenginga til Flesland.

**Andre kostnader**

Budsjettauken på samleposten andre kostnader skriv seg frå ei rekkje mindre poster, m.a. er posten for transaksjonskostnader i samband med bruk av mobilbillett er auka med 1,0 mill kr. Det same er kostnadane til inntektssikring.

## HOVUDTAL FRÅ BUDSJETTET

1 Samferdselssektoren	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Driftskostnader	2 976 683	3 085 532
Inntekter og refusjonar	-1 098 268	-1 218 848
Netto driftsutgifter nominelt	1 878 415	1 866 684
Netto driftsutgifter i 2017-kroner	1 921 618	1 866 684

## Område med endringar frå 2016 til 2017

1 Endringar frå 2016 til 2017	2016	2017
Fylkesveg	403 583	415 365
Bilruter	734 485	702 500
Fylkesvegferjer	323 167	305 000
Båtruter	134 528	118 200
Bybanen	61 206	92 100
Andre kostnader	221 250	233 519
Sum netto driftsutgifter	1 878 415	1 866 684
Sum netto driftsinntekter i 2017-kroner	1 921 618	1 866 684

(sum endringar skal vere lik differansen i netto driftsutgifter i 2017-kr)

# TANNHELSETENESTA

## GOD TANNHELSE

Tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune gir tannhelsetenester til alle under 20 år, til psykisk utviklingshemma, mottakarar av heimesjukepleie, personar på sjukeheimar, innsette i fengsel og rusavhengige. Vi har ein unik kompetanse som òg kjem vaksne betalande pasientar til gode.

Ved tannhelsetenesta sitt kompetansesenter vert det tilbydd spesialistbehandling. Kompetansesenteret driv og fagleg utvikling og forskning. Gjennom førebyggjande arbeid, forskning og behandling legg tannhelsetenesta grunnlaget for god folkehelse i Hordaland.

## OVERSYN OVER SEKTOREN

### Lovpålagde oppgåver

Tannhelsetenesta i Hordland utfører lovpålagde oppgåver i samsvar med lov om tannhelsetenester. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimelig grad er tilgjengelege for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket. Tannhelsetilbodet skal vera regelmessig og oppsøkjande, og førebygging skal prioriterast framfor behandling.

Lov om tannhelsetenester § 1-3 definerer dei prioriterte gruppene som:

- barn og unge 0–20 år
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon eller i heimesjukepleie

Hordaland fylkeskommune har vedteke at innsette i fengsel og personar innan rusomsorg også skal få tilbod om gratis tannbehandling. I tillegg får vaksne, betalande pasientar tilbod om behandling der det er kapasitet og behov.

Tannhelsetenesta i Hordaland har og ansvar for Tannlegevakta i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus og Stord sjukehus, samt drift av tannhelsetenesta kompetansesenter TkVest/Hordaland. TkVest/Hordaland skal gje tilbod om spesialistbehandling, drive med fagleg rådgjeving til offentleg og privat tannhelseteneste, ha ansvar for praksisnær klinisk forskning samt bidra i spesialistutdanninga. I tillegg gir TkVest/Hordaland behandling til pasientar med angst for tannbehandling (odontofobi) samt inneliggjande sjukehuspasientar på Haukeland universitetssjukehus. Leppe-, kjeve-, ganeteamet (LKG) har eit utvida regionalt ansvar for å gje tilbod til born

født med leppe-, kjeve-, ganespalte i området frå Finnmark i nord til og med Rogaland i sør.

## SEKTOREN I TAL

Tannhelsetenesta i Hordaland hadde i 2015 ansvar for mange ulike typar pasientar:

- 117 000 barn og unge frå 1 til 20 år.
- 1 914 personar med diagnosen psykisk utviklingshemming.
- 13 338 eldre, uføre og langtidssjuke i institusjon og heimesjukepleie.
- 1321 rusavhengige personar i kommunal omsorg og innsette i fengsel (2014-tal).
- 20 000 vaksne, betalande personar.

### Tilsette, tannhelsedistrikt og tannklinikkar

Tannhelsetenesta i Hordaland har om lag 400 tilsette. Av desse arbeider 13 tilsette i fylkestannlegen sin stab. Det er 2 lærlingar i Teknisk avdeling frå hausten 2016.

Tannhelsetenesta er organisert i 6 tannhelsedistrikt med ein overtannlege som leiår i kvart distrikt. I kvart tannhelsedistrikt er det eit ulikt tal klinikkområde. Kvart klinikkområde vert leia av ein klinikkleiar. Fem av tannhelsedistrikta gir allmenntannhelsetilbod til innbyggjarane, mens kompetansesenteret (TkVest/Hordaland) gir spesialistbehandling. TkVest/Hordaland har og ansvaret for praksisnær, klinisk forskning og deltek i spesialistutdanninga i samarbeid med UiB.

Det er pr. august 2016 totalt 51 offentlege tannklinikkar i Hordaland. Klinikstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland blei vedteke av fylkestinget i mars 2016, og i følgje planen skal tal tannklinikkar i tidsrommet fram til 2030 reduserast til 25.

### Vidareutdanning

Sommaren 2016 blei dei to første tannlegane tilsett i tannhelsetenesta i Hordaland ferdig med spesialistutdanning i pedodonti (barnetannpleie). Hausten 2016 er det 5 tannlegar tilsett i tannhelsetenesta som held på med ei 3-årig spesialistutdanning som i hovudsak er finansiert av Hordaland fylkeskommune.

TkVest/Hordaland er aktiv deltakar i fleire forskningsprosjekt. Hausten 2016 er det 3 tilsette i tannhelsetenesta som held på med eit PhD-arbeid.

## OVERORDNA TAL DRIFTSBUDSJETT 2017

1	Tannhelsesektoren	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
	Sum brutto driftsutgifter	303 527	317 262	4 %
	Sum driftsinntekter	-111 826	-114 262	2 %
	Sum netto driftsutgifter	191 701	203 000	6 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	198 199	203 000	3 %

Tabellen over syner at det totale budsjettet til tannhelsetenesta i Hordaland vert styrka frå 2016 til 2017 med totalt 4,8 mill. kr. i 2017-kroner.

## Område med endring frå 2016 til 2017

2	Endringar frå 2016 til 2017	2016	2017
	TkVest/Hordaland, nettoauke budsjett	2 620	7 790
	Askøy tannklinikk husleige, nettoendring		500
	Hørselsvern for tilsette, nettoendring		500
	Auke i honorartakst 3,5 %		-1 100
	Andre budsjettekniske endringar		-300
	Andre kostnader	189 081	195 610
	Sum	191 701	203 000
	2017-kroner	198 199	203 000

## Kommentarar til tabellen over:

Tala er oppgitt i netto kostnader og netto inntekter. Under er punkt som forklarar dei budsjettmessige justeringane i tabellen.

- **TkVest/Hordaland**  
Det fylkeskommunale bidraget til drifta ved TKVest har vore for lågt til at drifta skal kunne gå i balanse dei 2 siste åra. Budsjettet til eininga vert difor styrka med 5,2 mill. kr.
- **Askøy tannklinikk**  
Hordaland fylkeskommune har skrive leigeavtale med Askøy kommune om leige av areal i Kleppstø senter til ny tannklinikk. Nye Askøy tannklinikk skal erstatte Kleppstø tannklinikk og Florvåg tannklinikk, og vil bli teken i bruk vinter 2017.

Total husleige for nye Askøy tannklinikk er 1 mill. kr. Budsjett 2016 vart styrka med 0,5 mill. kr for å dekke inn husleige på halvårsbasis. Året 2017 blir første år med husleige på heilårsbasis.

- **Individuelt tilpassa hørselsvern for tannhelsepersonell**  
Bedriftshelsetenesta har gjort støymålingar på alle tannklinikkar i Vest tannhelsedistrikt. Konklusjonen er at samla støy på tannklinikkar er så høg at tilsette vert tilrådd å bruke individuelt tilpassa hørselsvern. Ekstra utgifter i 2017 med kjøp av hørselsvern for tilsette 0,5 mill. kr.
- **Auka honorartakst 3,5 %.**  
Fylkesrådmannen foreslår ei generell takstauke på 3 % frå 2016 til 2017. Auke i honorartaksten vil sikre at tannhelsetenesta i Hordaland framleis har eit honorarnivå som ligg på landsgjennomsnittet samanlikna med både offentleg og privat sektor. Dette vil gje ei meirinntekt på omlag 1,1 mill. kr.

# REGIONAL UTVIKLING

## INNLEIING

### Samfunnsutvikling og verdiskaping

#### Regional utvikling

I Regionalavdelinga si verksemd er det ein klar ambisjon om å bidra til ønska samfunnsutvikling og regional utvikling i heile fylket vårt. Kommunane og spesielt regionsentra i fylket har vore eit definert målområde for arbeidet vårt, og for bruk av avdelinga sine verkemidlar.

#### Samfunnsutvikling

Fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle og det at vi tek ei leiarrolle knytt til samordning av den samla offentlege innsatsen, er tydeleg framheva som eit ansvarsområde i ulike stortingsmeldingar. Det blir spesielt framheva knytt til iverksetting av tiltak i vedtekne regionale planar. Behovet for partnerskapsbasert regional planlegging blir tydeleg når kommunar treng løysingar som overskrider kommunegrensene.

#### Partnerskap

For å nå måla våre er det viktig for fylkeskommunen å jobbe gjennom ulike partnerskap; til dømes i tett samspel med regionane sitt næringsliv, ulike kunnskapsmiljø og sentrale organisasjonar. Hordaland har gjennom sine leiande nærings- og forskingsmiljø klare fortrinn. Vi vil i 2017

arbeida systematisk vidare med å styrke eksisterande og å utvikle nye partnerskap. Partnerskapsarbeidet bidreg til å gje strategisk retning til ønska samfunnsutvikling og sikrar god samordning av offentleg innsats og verkemidlar.

#### Næringsutvikling

Handlingsprogram for næringsutvikling (HNN) er vårt viktigaste reiskap for å styre tildelinga av næringsretta midlar. Vi samarbeider tett med andre regionale aktørar, og er alltid opptekne av å vere i dialog med næringsliv og kommunar.

#### Klimaplan

Oppfølging av strategiar og tiltak i Klimaplan for 2014–2030, blir eit anna prioritert område for avdelinga i 2017. Planen har mål for energiproduksjon, bygningar, arealbruk og transport, næring og teknologi. Planen dannar grunnlag for andre regionale planar i Hordaland, og gjev retningslinjer for klimatiltak i kommunane.

#### Regional planlegging av areal

Regional planlegging gjennom mål og retningslinjer for arealbruk er også eit prioritert område. Regional areal- og transportplan for bergensområdet vert venteleg vedteke i mars 2017. Planen vil vere eit grunnlag for byutviklingsavtale mellom staten, fylkeskommunen og kommunane. I planen vil ein følgje opp prioriterte tiltak.

## OVERSYN OVER SEKTOREN

Eit stort tal ulike offentlege og private einingar og mange individ dreg nytte av Regionalavdelinga sine tenester. Under er tabell som illustrerer dette.

2	Kundar regionalavdelinga	2015 (årsmelding)	2016 (budsjettal)	2017 (budsjettal)
	Tal møte i regionalt Planforum	17	18	18
	Tal kursdeltakarar – etablererkurs	300	500	600
	Bedrifter og personar i Hordaland som har fått støtte knytt til omstillingsarbeidet		(2015-2016) 40 bedrifter, 50 personar	40 bedrifter, 50 personar
	Bedrifter og personar på Sør- og Vestlandet som har fått støtte knytt til omstillingsarbeidet		100 bedrifter 200 personar	100 bedrifter 200 personar
	Brukartal Kom-an.no		15 000	18 000
	Tal på kommunar som er løyvd midlar til folkehelseprosjekt	22	26	28
	Søknader til Regionalt forskingsfond Vestlandet	121		
	Prosjekt som har fått støtte frå RFF Vestlandet			
	Løyvd opptak skjelsand	30 000 m <sup>2</sup>	30 000 m <sup>2</sup>	30 000 m <sup>2</sup>
	Hjort og sel – løyve	6486 / 18	6500 / 20	6500 / 20
	Akvakultur – søknadar om løyve handsama	60	60	60



## SEKTOREN I TAL

Fylkeskommunen har ei rekkje oppgåver innanfor regional utvikling. I tabellen nedanfor er det skildra noko av omfanget innanfor utvalde område.

2 Oversyn sektoren i tal	2015 (årsmelding)	2016 (budsjettal)	2017 (budsjettal)
Tal kommunale plansaker på høyring	460	450	450
Energi: fråsegn til politisk handsaming	21	20	20
Tal regionale planer som skal iverksetjast*	10	11	10
Tal regionale planer under utarbeiding*	5	4	2
Tilskot og prosjekt lokalisert i regionale senter		8 (2016 så langt)	18
Tal publiserte analysar	35	30-40	30
Tal søknader til europeiske program som Regionalavdelinga har mobilisert til	20	20-25	30

\* Tabellen syner regionale planer der ansvar ligg i Regionalavdelinga.

## Stillingar og årsverk

3 Stillingar og årsverk	2015	2016	2017
Faste stillingar – tilsette/årsverk	62 / 59,9	61 / 57,4	60 / 58,4
Engasjement/prosjektstillingar – tilsette/årsverk		5 / 3,5	6 / 5

## Regionalavdelinga er organisert i 5 seksjonar:

- Seksjon for plan
- Seksjon for nærings- og lokalsamfunnsutvikling
- Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse
- Seksjon for klima og naturressursforvaltning
- Stab

Faste stillingar: Fylkeskommunen overtar oppgåva Etablerersenteret etter at Business Region Bergen AS (BRB) vert avvikla, og to stillingar (1,7 årsverk) vert overført til Regionalavdelinga i samband med dette. Denne oppgåva vert finansiert i fellesskap av fylkeskommunen og kommunar det er inngått avtale med.

Samstundes reduserer Regionalavdelinga bemanninga innan lokalsamfunnsutvikling, klima og miljø og stab. Av dei faste stillingane vert 5,9 årsverk ført på prosjekt med ekstern finansiering: RFF, HNH, VRI, vassforvaltning og PANDA (Om lag 1 stilling på kvart prosjekt). I tillegg vert det budsjettert med at seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling får tilført statlege midlar i samband med administrasjon av HNH.

Engasjement: Fylkeskommunen tek på seg oppgåva Invest in Region Bergen etter BRB. Dette utgjer 2 stillingar/årsverk. Denne tenesta vert finansiert på same måte som Etablerersenteret.

Andre prosjektstillingar i 2017 (ekstern finansiering): RFF (0,5), Erasmus (0,5), Regional areal- og transportplan for bergensområdet (1) og regionale kompetansestrategiar (1).

## OVERORDNA TAL DRIFTSBUDSJETT 2017

1	Regionalavdelinga	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
	Sum brutto driftsutgifter	225 586	188 635	-16 %
	Sum driftsinntekter	-138 729	-104 635	- 25%
	Sum netto driftsutgifter	86 857	84 000	-3 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	89 050	84 000	-6 %

Samla er budsjettet redusert med om lag 5 mill. kr. Fylkestinget si eingongsløyving (4 mill. kr) til hydrogenstasjon i 2016 er ikkje vidareført. Netto driftsutgifter etter løns- og prisvekst er vidare redusert med 1 mill. kr. Nye tiltak er løyst ved omdisponering innanfor eige budsjett.

Regionalavdelinga forvaltar ei rekkje statlege tilskotsordningar, og fylkesrådmannen budsjetterer desse midlane

i samsvar med framlagt statsbudsjett. Det er vedtatt at fylkeskommunen tar ansvar for vidareføring av oppgåvene Invest in Region Bergen og Etablerersenteret etter avvikling av Business Region Bergen AS. Dette skal finansierast ved eit kronebeløp frå kommunar og fylkeskommunen. Det er og venta ei auke i inntekter knytt til konsesjonsmidlar frå havbruksnæring.

## OMRÅDE MED ENDRING FRÅ 2016 TIL 2017

2	Endringar frå 2016 til 2017	2016	2017
	Klimaplan for Hordaland	9 500	5 500
	Næringsretta partnerskapsmidlar	15 733	12 048
	Invest in Region Bergen		2 000
	Etablerersenteret		1 500
	Statistikk og analyse	4 037	3 380
	Internasjonalt samarbeid	4 052	3 473
	Regional og kommunal planlegging, rådgjeving	4 774	5 815
	Regional planlegging	2 965	2 724
	Næringsutvikling, rådgjeving	7 309	7 653
	Miljø	750	565
	Vestlandsrådet	-700	200
	Andre kostnader	36 421	37 125
	Sum	86 857	84 000
	2017-kroner	89 050	84 000

### Kommentarar til tabellen

Tala er oppgitt i netto kostnader.

- Klimaplan for Hordaland: Eingongsløyving til hydrogenstasjonar i 2016 er ikkje vidareført i 2017.
- Næringsretta partnerskapsmidlar: Posten vert fore-slått redusert i samband med avvikling av Business

Region Bergen AS og 3,5 mill kr vert overført til dei to oppgåvene Etablerersenteret og Invest in Region Bergen. 0,5 mill. kr går til budsjettreduksjon.

- Invest in Region Bergen og Etablerersenteret; oppretting av eigne utgiftsposter knytt til oppgåver overført til fylkeskommunen frå Business Region Bergen.

- Statistikk og analyse: Reduserte utgifter knytt til frikjøp av stilling (Panda) og auka inntekter.
- Internasjonalt samarbeid: Avvikling av sekretariatet for Nordsjøkommisjonen medfører reduserte utgifter.
- Rådgeving regional og kommunal planlegging: I 2016 var ei stilling knytt til regional areal- og transportplan for bergensområdet finansiert av statlege midlar frå KMD.
- Regional og kommunal planlegging: Utgifter til regional planlegging er foreslått redusert.
- Rådgeving næringsutvikling: ei stilling er overført frå økonomi- og organisasjonsavdelinga. Vidare er området redusert med eitt årsverk.
- Miljø: tilskot til lokale klima- og miljøtiltak er foreslått redusert.
- Vestlandsrådet: I 2016 hadde HFK sekretariat for Vestlandsrådet.
- Andre område med mindre endringar: Det er budsjettert med ein generell pris- og lønsauke på fleire område. Dette, kombinert med mindre justeringar på løns- og driftssida, er samla i denne posten.

### Implementering av verbalforslag i budsjett for 2016

I samband med handsaminga av budsjett 2016 reduserte fylkestinget utgifter til regional utvikling med seks millionar kroner utover fylkesrådmannen sitt framlegg. Denne bestillinga blei handtert i budsjett 2016, og er vidareført som eit permanent nedtrekk. Følgjande fagområde har teke ein budsjettreduksjon i samband med ovannemnte innsparing:

3	2016
Vestlandsrådet	-1 200
Klima- og naturressursseksjonen	-1 100
Nordsjøkommisjonen	-350
Folkehelsearbeid	-500
Næringsseksjonen	-530
Planseksjonen	-970
Forskning, internasjonalisering og analyse	-590
Drifts-/utviklingsmidlar	-760
<b>Sum</b>	<b>-6 000</b>

## KULTUR OG IDRETT

Kultur- og idrettsavdelinga baserer innsatsen på vedteke mål og strategiar. Desse er i særleg grad innretta for ei effektiv forvaltning med fagleg integritet og som legg til rette for demokratiske prosessar og sikrar rettstryggleiken til aktørane på kultur- og idrettsfeltet i møtet med det offentlege.

### Kulturpolitiske mål

«PREMISS: KULTUR» Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 med handlingsprogram vart vedteken av fylkestinget i mars 2015 og skal vere styrande for prioriteringane i åra framover. Planen identifiserer viktige utfordringar i Hordaland og handlingsprogrammet er utforma med sikte på å løyse desse.

Regional kulturplan legg til grunn følgjande visjon: «Hordaland skal vere ein leiande kulturregion.» Desse måla gjeld:

1. Hordaland skal ha ein offensiv kulturpolitikk
2. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom
3. Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle
4. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv
5. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk
6. Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande
7. Bærekraftig utvikling og forvaltning av landskap,

miljø og anlegg skal gje grunnlag for eit rikt kulturliv over heile fylket.

8. Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping

### Kommentarar til framlegget

Kulturplanen er prega av dei lange linene i kulturpolitikken, men også erkjenninga av at mange av dei viktigaste tiltaka på lang sikt vil vere dei som kjem til – enten som nye prosjekt eller som driftssøknader. I fordelinga av regionale verkemiddel bør det difor vere god balanse og avveging mellom etablerte og nye tiltak. Fylkeskommunale tilskotsordningar er vurderte og tilpassa denne målsettinga. Likeeins er mottakarar og søkjarar til driftstilskot vurderte med same mål for auge.

I høve den samla fylkeskommunale økonomien er det ikkje rom for å gje støtte til alle dei gode regionale tiltaka. Dermed kan ein ikkje finne plass på budsjettet for 2017 til ei rekkje viktige større og nyskapande tiltak på budsjettet. Dette inneber krevjande utfordringar for Hordaland fylkeskommune og heile kultur- og idrettsfeltet både i 2017 og i åra som kjem.

I samband med budsjettarbeidet og som tiltak i kulturplanen er fylkeskommunale tilskotsordningar vurderte og tilpassa målsettingane i kulturplanen. Likeeins er mottakarar og søkjarar til driftstilskot på basis av fylkeskommunale kriterium vurderte.

## OVERSYN OVER SEKTOREN – TENESTETILBODET – VERDISKAPNING

### Økonomisk ramme 2017

1	Kultur- og idrettsavdelinga	2016	2017	Endring
	Sum brutto driftsutgifter	341 860	362 194	5,9 %
	Sum driftsinntekter	-146 493	-163 165	11,4 %
	Netto driftsutgifter nominelt	195 367	199 029	1,9 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	200 229	199 029	-0,6 %

### Kommentarar til tabellen

Budsjettframlegget for 2017 viser ei nominell auke på 3,7 mill. kr. Omgjort til 2017-kroner, vert endringa ein reduksjon på vel 1,2 mill. kr.

Kultur- og idrettsavdelinga er delt inn i 5 fagseksjonar i tillegg til stab: fylkesarkivet, fylkesbiblioteket, fylkeskonservatoren, idrett og friluftsliv og kunst- og kulturformidling. Tenesteproduksjon og verdiskaping går fram av presentasjonen for kvar av seksjonane.

## Endringar frå 2016–2017

1 Endringar frå 2016 til 2017	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Fylkeskommunalt investeringstilskot	2 500	1 000
Verdsarvstaden Bryggen (Ålmenne kulturvernforemål)	220	0
Brannsikring (Ålmenne kulturvernforemål)	200	0
Stilling i stab/støtte	370	0
Stend hovudgård	200	0
Kompetansebyggjande tiltak	200	0
Auke i driftstilskot Hordaland Teater	6 083	6 683
Auke i driftstilskot Museum Vest	4 769	5 307
Eingongstiltak	2 800	0
Andre kostnader	178 025	186 039
Sum	195 367	199 029
2017-kroner	200 229	199 029

## Kommentarar til tabellen:

**Fylkeskommunalt investeringstilskot**

Toppidretten har sterke særvidrettslege krav til anleggsbygging og utvikling. Dersom Hordaland skal kunne vere vertskap for større nasjonale og internasjonale seniormeisterskap, må krava til anlegg med regional og nasjonal verdi stettast. Av omsyn til dei samla budsjetttrammene foreslår likevel fylkesrådmannen å redusere denne posten med kr 1.500 000.

**Verdsarvstaden Bryggen**

Budsjettposten har vore nytta til formidlingstiltak på Bryggen. I 2017 vil ikkje fylkesrådmannen prioritere dette tiltaket, men vil vurdere nye tiltak frå 2018 i samband med etableringa av eit Verdsarvsenter på Bryggen.

**Brannsikring**

I 2017 vil fylkeskommunen få utarbeidd ein statusrapport for brannsikring av freda bygg og musea. I påvente av konklusjon, vert ordninga med midlar til brannsikring teke ut i 2017.

**Stend hovedgård**

Renessansehagen utanfor hovudhuset vart ferdigstilt og opna i 2016 og prosjektet vert difor avslutta.

**Kompetansebyggjande tiltak kulturminne**

Fylkesrådmannen finn ikkje å prioritere dette tiltaket i 2017, men vil foreta ei ny vurdering i 2018 i samband med UiB si satsing på Unescochair. der det skal arbeidast med verdsarvproblemstillingar.

Fylkesrådmannen foreslår at midlane vert trekt inn og at tiltaket vert sett i samanheng med den store satsinga på

kulturminneplanarbeidet i kommunane og kompetansebygginga i kjølvatnet av dette.

**Hordaland teater**

Fylkestinget har samrøystes vedteke flytting av teateret til Bergen sentrum og etableringa av ei nynorsk scene. Framlegget til auke er naudsynt for å lukkast med dette.

**Museum Vest**

Museum Vest har gjennomført ei konsolidering med Bjørn West-museet. Fylkesrådmannen gjer framlegg om ei auke på vel 400 000 kr til Museum Vest i auka driftsmidlar, for å styrke krigs- og okkupasjonshistoria.

**Eingongstiltak 2016 tekne ut av budsjettet for 2017**

- Hansadagane 2016 (1 mill. kr)
- Lyssetting smelteverkstomta i Odda (1 mill. kr)
- Flygel Kabuso (0,2 mill. kr)
- Kyrkjebenkar Moster Amfi (0,5 mill. kr)
- Planmidlar kulturhus Nordhordland (0,1 mill. kr)

**Andre kostnader**

Lønsauke på samla om lag 1,6 mill. kr frå 2015 til 2016 kom ikkje med i budsjettet for 2016. Dette er no teke inn for 2017.

Transportkostnadene på 420 000 kr for ombering av bøker i biblioteka i Hordaland, har ikkje tidlegare vore inne på budsjettet.

**Det er budsjettert med følgjande stillingar i 2017:**

3 Kultur- og idrettsavdelinga:	Årsverk
Fylkesarkivet	5,8
Dokumentsenteret	9
Fylkesbiblioteket	8
Fylkeskonservatoren	23,9
Idrett og friluftsliv	4,5
Kunst- og kulturformidling	13
Stab m/fylkesdirektør	8,4
<b>Samla</b>	<b>71,6</b>

I tillegg er det budsjettert med 2 mellombelse engasjement for arkeologisk registrering hjå Fylkeskonservatoren, kvart med 9 månaders lengde. Desse er finansierte gjennom oppdragsverksemd og endringa vil ikkje ha budsjett-konsekvensar. Det er budsjettert med ein prosjektstilling på dokumentsenteret i samband med innføring av sentralt postmottak og ePhorte i skulane.

**Driftstilskot**

Driftstilskot til regionale institusjonar, lag og organisasjonar er ein viktig del av kultur- og idrettspolitikken.

I 2015 vart det sett i verk ei prøveordning med 3-årig driftstønad gjeldande frå 2016 til 2018 til institusjonar/ organisasjonar innan kunst-, kultur og idrettsfeltet med særskild regional verdi. I november 2015 vedtok fylkestinget å

avslutte forsøket og gjekk attende til tidlegare ordning med at institusjonar/ organisasjonar innan kultur- og idrettsfeltet må søkja for kvart år.

For 2017 har 121 institusjonar og organisasjonar søkt om driftsstøtte. Desse har samla budsjett på i underkant av 1 milliard kr i 2016 ( tal dei sølv har gjeve opp i e-søknadene). Det har kome inn søknader om driftstøtte for 2017 på om lag 122 mill. kr, ein liten reduksjon på om lag 10,5 mill. kr.

**Tilskotsordningar**

Ein stor del av budsjettet er sett av til tilskotsordningar innretta mot kommunar og regionale aktørar og institusjonar etc. , som skal medverka til kulturelt mangfald og kulturell utvikling i fylket.



# FELLESTENESTER

## OVERSYN OVER OMRÅDA – TENESTETILBODET – VERDISKAPING

### Stabseiningar

Fylkeskommunen har to sentrale stabseiningar: økonomi- og organisasjonsavdelinga og eigedomsavdelinga.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ansvar for felles stabsoppgåver i fylkeskommunen. Dette gjeld; budsjett og rekneskap, innkjøp, HR, kommunikasjon, IT og sekretariat for politiske utval.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har som ei sentral oppgåve å syte for at Hordaland fylkeskommune er tenleg organisert. Den nyleg utarbeidde verksemdstrategien for fylkeskommunen legg premisser for dette arbeidet.

Eigedomsavdelinga er fagavdeling for bygge- og eigedomssaker. Avdelinga ivaretek byggherrefunksjonen og er ansvarleg for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av eigedommar.

Oppstillinga nedanfor viser nokre nøkkeltal dei sentrale stabseiningane.

- Innkjøpsavtalar 873
- Utgåande faktura 50 000
- Brukarar på hordaland.no 267 000
- Brukarar av trådlaust nettverk dagleg 20 000
- Tilsette 4 391
- Eigd bygningsmasse 470 000 m<sup>2</sup>
- Leigd bygningsmasse 35 000 m<sup>2</sup>

### Felleskostnader

I tillegg til budsjett for stabseiningane og dei ulike sektorane, er kapitalkostnadene, avsetjing til lønstillegg og pensjonskostnader/premieavvik budsjetterte samla.

### Fellesinntekter

Utover budsjetterte inntekter på dei ulike sektorane er frie inntekter fylkeskommunen si viktigaste inntektskjelde. Frie inntekter er samansett av skatt og rammetilskot og utgjør om lag ¾ av inntektene til fylkeskommunen.

Andre fellesinntekter i driftsbudsjettet er inntekter frå sal av konsesjonskraft.

## STABSEININGANE I TAL

Det er 110 tilsette i økonomi- og organisasjonsavdelinga og 257 tilsette i eigedomsavdelinga.

I økonomi- og organisasjonsavdelinga er det følgjande seksjonar i tillegg til direktør og stab; budsjettseksjonen, fylkeskassen, innkjøpsseksjonen, HR-seksjonen, IT-seksjonen, kommunikasjon inkl. sekretariat og resepsjon.

I tillegg er det 2 lærlingar i avdelinga og det er knytt 9,2 årsverk som hovudtillitsvalde til avdelinga.

Eigedomsavdelinga overtek ansvaret for reinhaldstenestene frå 2017 og 155 tilsette vert overførte frå opplæring til eigedom.

## DRIFTSBUDSJETT 2017

### Satsingsområda i 2017 i stabseiningane

#### Verksemdstrategi for fylkeskommunen

Verksemdsstrategi for Hordaland fylkeskommune vart vedteke av fylkestinget i oktober 2016. Arbeidet med å utvikle denne strategien har skjedd parallelt med utarbeiding av regional planstrategi for å sikre at fylkeskommunen sine administrative prioriteringar fell saman med satsingsfeltet i regional planstrategi. Prosjektet Førebudd på framtida med programområda strategisk utvikling, kjerneoppgåver og administrativ drift og utvikling er no avslutta. Prosjektet har vore ein viktig faktor for utarbeidinga av verksemdsstrategien. Ei rekkje aktivitetar som vart initiert innafor Førebudd på framtida vert vidareførte som del av organisasjonsutviklinga i fylkeskommunen. Kontinuerleg forbetningsarbeid vil her vere sentralt.

#### Regionreform

Hausten 2016 vert det arbeidd intensivt med grunnlagsmateriale for vurdering av fylkessamanslåingar. Regjeringa har varsla ein stortingsproposisjon våren 2017 med forslag til korleis det regionale nivået skal inndelast og kva oppgåver som skal høyre til dette forvaltningsnivået. Fleire avdelingar i fylkeskommunen er involverte i dette arbeidet. Ein intensjonsavtale vart handsama på fylkestinget i i oktober og endeleg handsaming av spørsmålet om samanslåing skal etter planen gjerast i desember. Utfallet her – og ved stortingshandsaminga våren 2017 – vil avgjere omfanget av arbeidet med regionreforma dei komande åra. Det er sett av vel 4 mill. kr til prosjektmidlar i samband med regionreforma.



### Styrka økonomioppfølging

Fylkesrådmannen har styrka økonomioppfølginga gjennom 2016. Det vert no utarbeidd kvartalsvis rapportering frå avdelingsdirektørane til fylkesrådmannen. Denne administrative rapporteringa kjem i tillegg til rapportering til politisk nivå – tertialvis til fylkestinget og annankvar månad til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen meiner denne endringa har styrka avdelingane sitt økonomifokus og at ein dermed kan sikre tidlegare og betre oppfølging av avvik. Den hyppigare rapporteringa vert vidareført i 2017 og fylkesrådmannen reknar med at nytt økonomisystem vil vere eit betre og sikrere prognoseverktøy.

Som del av satsinga på styrka økonomioppfølging har økonomi- og organisasjonsavdelinga intensivert arbeidet knytt til bruk av rammeavtalar, oppfølging av leverandørar og reforhandling av innkjøpsavtalar. Dette har medført ei årleg innsparing på 0,5 mill. kr i avdelinga. Arbeidet vil bli vidareført i 2017 og fylkesrådmannen vil kome attende til ytterlegare innsparingseffektar i seinare budsjett.

### Nytt økonomisystem

Nytt økonomisystem vert teke i bruk frå 2017. Det nye systemet vil erstatte fire fagsystem ved at dei no vert integrerte i det nye økonomisystemet. Dette gjeld system for rekneskap, innkjøp, rapportering, budsjettering og fakturering. Fylkesrådmannen reknar med at det kan takast ut driftsgevinstar i tida framover, når det nye systemet er komen i normal drift. Dette gjeld både innanfor sentrale stabsområde og innanfor opplæringssektoren. Implementering av nytt økonomisystem er ei stor endring som omfattar mange system og personar – i stor grad heile fylkeskommunen. For å sikre at innføringa skjer på ein god måte med tilstrekkelege ressursar, har fylkesrådmannen ikkje lagt til grunn stor innsparingseffekt som følgje av systemendringa i budsjettet for 2017. Det er lagt til grunn ein initieffekt på 0,5 mill. kr i økonomi- og organisasjonsavdelinga. Fylkesrådmannen vil kome attende til ytterlegare innsparingseffektar i seinare budsjett.

### Fylkeskommunale lærlingar

Hordaland fylkeskommune har som mål å auke talet på lærlingar i eigen organisasjon. For å sikre vidare merksemd på dette arbeidet og gjere oppfølginga av lærlingane enklare, er det etablert ein eigen funksjon i HR-seksjonen med overordna ansvar for alle lærlingane i HFK. Det er sett av rundt 3 mill. kr i sentralt budsjett til lærlingar.

### Forvaltning av skular/kulturbygg

I budsjettet for 2017 er det forslag om redusering med to stillingar i driftsleiartenesta som følgje av strukturelle endringar i skulesektoren.

Ansvaret for reinhaldstenesta vert overført frå opplæringsavdelinga til eigedomsavdelinga frå 2017. Budsjettet er auka med 92 mill. kr som følgje av denne endringa, og same sum er trekt ut av budsjettamma for opplæring.

### Kollektivanlegg, terminalar

For 2017 får ein heilårsdrift for parkeringsanlegg i

Birkelandskryss og bybanedepot på Kokstad. Bussanlegget på Bømlø og Stord har forventna oppstart/ny leigetakar frå 1.7.2017. Samla gjev dette høgare aktivitet, og dette er bakgrunnen for fylkesrådmannen sitt forslag om auke i budsjettet.

## Endringar frå 2016 til 2017

### Økonomi- og organisasjonsavdelinga

Tabell under syner endringar økonomi- og organisasjonsavdelinga frå 2016 til 2017.

#### 2 Endringar frå 2016 – 2017 (tal i tusen kr).

Felles IT-utgifter (knytt til gevinstrealisering nytt økonomisystem)	-500
Generelle driftskostnader (knytt til gevinstrealisering betre innkjøpsavtalar)	-500
Prosjektmidlar regionreform	4 000
Intern lærlingordning	1 000

### Eigedomsavdelinga

Tabell under syner endringar eigedomsavdelinga frå 2016 til 2017. I tillegg er overført budsjett i samband med overtaking av reinhaldsområdet synleggjort. Samla meirbehov for 2017 vert dermed 106 mill. kr.

#### 2 Endringar frå 2016 til 2017 (tal i tusen kr).

Adm. Bygg og eigedomsforvaltning	1 759
Lønskostnader, driftspersonell/ områdeledere	2 904
Forsikring, mindrekostnad	-555
Utleige, meirinntekt	-919
Anlegg, netto mindrekostnad	-2 533
Kollektiv, eigedom	2 238
Meirkostnad ved ubrukte skulelokale	8 000
Rammeendring/ Prisvekst/ Bud.tekn endringar	3 106
Sum endringar frå 2016 til 2017	14 000
Nye oppgåver, Reinhaldsområdet i HFK	92 000
Samla budsjettendring 2016 til 2017	106 000

## FELLESKONSTNADER

### Politiske organ

Det er sett av 29,5 mill. kr i budsjettet for 2017 til drift av politiske organ. Dette er 2 mill. kr meir enn i 2016, i hovudsak på grunn av at det er stortingsval det komande året.

### Kontroll og revisjon

Fylkesrådmannen budsjetterer med 6,2 mill. kr til drift av sekretariatet for kontrollutvalet og kontrollutvalet i 2017, knapt 0,4 mill. kr meir enn i 2016.

### Renter og avdrag

Rentenivået er lågt og for 2017 er det budsjettert med 242 mill. kr i renter, 10 mill. kr lågare enn i 2016. Det er lagt til grunn ein rentesats på 1,5 % for nye lån. Om lag halvparten av låna har fast rente og gjennomsnittleg lånerente for heile låneporteføljen er rekna til 2,34 % i 2017.

Avdragsbetalinga er trappa opp i 2017 med 67 mill. kr samanlikna med budsjettet for 2016. Det er sett av 509 mill. kr til avdragsbetaling og nedbetalingstida for lånegjelda er om lag 20 år. Dei to siste åra er avdragsbetalinga auka med meir enn 50 %. Fylkesrådmannen vil foreslå vidare auke i økonomiplanperioden.

### Lønsavsetjing

Lønsbudsjetta for dei einskilde skular og einingar er utarbeidde i lønsregulativet pr. 01.01.17. På denne posten budsjetterer ein med venta verknad av lønsoppgeret i 2017. Det er sett av knapt 54 mill. kr til dette.

### Premieavvik

I rekneskapan skal pensjonskostnaden førast og ikkje pensjonspremien. Om premien er høgare enn kostanden, får ein eit positivt premieavvik som må dekkast inn over dei neste 7 åra med 1/7 årleg. Denne ordninga vart innført i 2002 og det er sett av 54 mill. kr til amortisering av premieavvika i perioden 2002–20015.

### Fond for amortisering av premieavvik

Ved utgangen av 2015 hadde Hordaland fylkeskommune akkumulert premieavvik på 383,8 mill.kr. Det er ulike måtar mellom fylkeskommunane å dekkja inn dette premieavviket. Der økonomien tillet det, vert premieavviket dekkja inn årleg slik at unngår eit oppsamla premieavvik. Andre fylkeskommunar set av til fond som vert bygd opp tilsvarande det akkumulerte premieavviket. Fylkesrådmannen foreslår i budsjettet for 2017 å setje av 25 mill. kr til eit slikt fond.

## FELLESINNTEKTER


### Frie inntekter

Fylkesrådmannen har budsjettert med overslaga ein finn i statsbudsjettet som vart lagt fram 6. oktober. Skatteinntektene for fylkeskommunane i 2016 er venta å auke med 700 mill. kr samanlikna med tidlegare overslag og Hordaland sin del av dette er om lag 70 mill. kr.

Ved framrekning av dei frie inntektene til 2017 er dette nye, høgare nivået i 2016 lagt til grunn. I følgje statsbudsjettet kan ein rekne med ein nominell vekst på 2,5 %. Gjennomsnittleg vekst for fylkeskommunane er 2,1 % slik at Hordaland fylkeskommune kjem noko betre ut. Det er budsjettert med 6 370 mill. kr i frie inntekter i 2017.

### Kraftinntekter

Hordaland fylkeskommune tek ut konsesjonskraft og sel denne vidare i marknaden. Fylkeskommunen sit att med differansen mellom konsesjonskraftprisen ein må betale til kraftlaga og salsprisen. I det siste har straumprisane gått ned og differansen fylkeskommunen sit att med har minka. For 2017 er det budsjettert med nettoinntekt på 35 mill. kr, 15 mill. kr lågare enn i budsjettet for 2016.



# Driftsbudsjett 2017







# Politiske organ Kontrollorgan

## POLITISKE ORGAN

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Fylkesting	9 200	9 400	2,2 %
Fylkesutval	3 500	3 650	4,3 %
Ymse møter, utval og råd	1 000	1 100	10,0 %
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	1 300	1 200	-7,7 %
Utval for opplæring og helse	1 300	1 400	7,7 %
Utval for miljø og samferdsel	1 500	1 400	-6,7 %
Fylkeseldrerådet	400	410	2,5 %
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	400	410	2,5 %
Ungdommens fylkesting	280	280	0,0 %
Frikjøp av representantar	2 335	2 400	2,8 %
Stønad til politiske parti	5 589	5 730	2,5 %
Tilskot til opposisjonsgrupper	662	680	2,7 %
Val		1 500	
Sum brutto driftsutgifter	27 466	29 560	7,6 %
Sum driftsinntekter			
Sum netto driftsutgifter	27 466	29 560	7,6 %
Netto driftsutgifter i 2017-kr	28 225	29 560	4,7 %

I 2017 er det budsjettert med 1,5 mill. kr til gjennomføring av stortingsval. Elles er det berre gjort mindre justeringar i summane, ut frå observert forbruk dei siste åra. Om ein ser bort frå utgiftene til val, er den nominelle utgiftsveksten 2,2 %.

### FRIKJØP AV FYLKESTINGS- REPRESENTANTAR

I 2016 vart frikjøpsbeløpet fastsett til kr 42 460 pr. representant. Ved reglementsrevisjonen i fylkestingsak 42/07 vart det bestemt at beløpet pr. fylkestingsrepresentant skal regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein lønsvekst frå 2016 til 2017 på 2,7 %. Oppjustert med denne prosentsatsen vert frikjøpsbeløpet kr 43 610. Summen for 55 representantar utgjør då kr 2 399 000.

### STØNAD TIL FYLKESTINGSGRUPPENE

Dei politiske partia sine grupper i fylkestinget får ein årleg sum som dei kan disponere til arbeidet sitt.

Frå 2007 har ein regulert stønadssatsane med same prosentsats som statsbudsjettet nyttar for løns- og prisvekst i kommunesektoren (kommunal deflator).

I 2016 vart det nytta følgjande satsar:

Stønad til fylkestingsgruppene	kr	77 710
Stønad pr. representant	kr	43 640

Oppjustert med 2,5 %, får ein følgjande satsar i 2017:

Grunnstønad	kr	79 650
Stønad pr. representant	kr	44 730

## STEMMESTØTTE

I 2016 vart det budsjettert med kr 2 403 000 til stemmestøtte. Om ein justerer opp summen med 2,5 % i 2017, får ein kr 2 463 000.

Fylkesutvalet gjorde i sak 57/92 vedtak om at summen skulle delast på dei politiske partia som var representerte i fylkestinget.

## TILSKOT TIL OPPOSISJONGSRUPPENE

I fylkestingsak 75/11 vart det innført eit tilskot til opposisjonsgruppene innanfor ei ramme på kr 600.000. Kr 30.000 skulle gå til støtte til kvar gruppe i opposisjonen, og resten skulle fordelast i høve til talet representantar.

Fylkesrådmannen legg til grunn at beløpa vert justert i samsvar med forventa lønsvekst. I 2017 fører ein opp eit samla tilskot på kr 680 000. Grunntilskotet til kvar opposisjonsgruppe vert kr 34 000.

## KONTROLL OG REVISJON

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Sekretariat for kontrollutvalet	4 287	4 372	2,0 %
Kontrollutvalet	1 114	1 120	0,5 %
Ekstern revisor	2 602	2 687	3,3 %
Sum brutto driftsutgifter	8 003	8 179	2,2 %
Sum driftsinntekter	-2 100	-1 900	-9,5 %
Sum netto driftsutgifter	5 903	6 279	6,4 %
Netto driftsutgifter i 2017-kr	6 069	6 279	3,5 %

Sekretariat for kontrollutvalet har 5 stillingar. Ei stilling står for tida vakant.

Ein har pr. i dag avtale med 15 kommunar om å vere sekretariat for deira kontrollutval. 3 av desse kommunane har hatt ute konkurranse om oppdraget i sommar. Det er enno ikkje avgjort om ein får behalde desse kommunane. I budsjettforslaget er det rekna med at inntektene kan bli noko reduserte i 2017.

Kontrollutvalet har behov for noko midlar i reserve dersom det dukkar opp saker som gjer det nødvendig å kjøpe meir

ekstern bistand. I budsjettforslaget for 2017 er det ført opp 0,5 mill. kr til kjøp av tenester.

Avtalen med Deloitte AS gjeld fram til 30.06.2017. Prosess med ny konkurranse er starta opp. Det er uvisst kva kostnaden vil bli i 2017. I budsjettet har ein vidareført kostnaden frå dei føregåande åra.

Budsjettforslaget er i samsvar med det som vart tilrådd av kontrollutvalet i sak 91/16.







ØKONOMI OG ORGANISASJON:

# God og effektiv administrativ drift

*Økonomi- og organisasjonsavdelinga har gjennom fleire år arbeidd for å profesjonalisere og effektivisere den administrative drifta i Hordaland fylkeskommune, m.a. gjennom å ta i bruk nye og framtidsretta fellessystem. Slik utviklar vi organisasjonen vidare. Dette arbeidet vil halde fram i 2017 med særskild merksemd på vidare utvikling av digitalt førsteval og implementering av nytt økonomisystem.*

# MÅL OG STRATEGIAR

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ansvar for at Hordaland fylkeskommune har ein tenleg organisasjon og kompetanse i høve til lovverk og samfunnsutvikling. Vi syter for felles verktøy i organisasjonen og sikrar god kommunikasjon internt og eksternt.

Gjennom styringsverktøya våre har vi oversikt over Hordaland fylkeskommune sine ressursar og forvaltar fellesskapet sine verdiar på ein ansvarleg måte. I tillegg sikrar vi gode rutinar ved innkjøp, og vi tek hand om budsjett og rekneskap.

Avdelinga sine overordna mål og tilhøyrande strategiar er omtala nedanfor. Det er også gjennomgang av tiltaka i budsjettet og kva økonomiske konsekvensar dei foreslåtte tiltaka har.

## OVERORDNA MÅL 1

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for fagavdelingane i Hordaland fylkeskommune ved å fremje internt samarbeid, søkje heilskaplege løysingar og levere kunnskapsbaserte tenester basert på profesjonell og effektiv drift.

### Strategiar

- 1.1** Styrkje arbeidet med å vidareutvikle og profesjonalisere leveransar og tenester.
- 1.2** Fremje intern samhandling og koordinering av aktivitetar.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- a)** Gjennomføre intern brukarundersøking for å måle tilfredsheit med tenester, servicegrad mv samt kartleggje eventuelle nye behov.
- b)** Vidareutvikle Personalportalen på mobile plattformar. Dette vil redusere årlege portoutgifter knytt til utsending av lønnsdata til m.a. eksterne sensorar, eksamensvaktar o.a. med rundt kr 100 000. Kostnadane ved løysinga vert dekt gjennom midlane for IT-investeringar.
- c)** Innføre system for kunderelasjonshandtering (CRM) for å sikre betre samordning av aktivitetar ut mot eksterne brukarar som kommunar, organisasjonar o.a. Løysinga er tilgjengeleg som eigen modul i eksisterande fagsystem for brukarstøtte på IT Service.

## OVERORDNA MÅL 2

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å sikre at Hordaland fylkeskommune har ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing i heile organisasjonen.

### Strategiar

- 2.1** Styrkje økonomien gjennom strammare budsjettstyring, tydelegare prioritering og god aktivitetsgjennomføring.
- 2.2** Auke økonomikompetansen hos leiarane.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- a)** Sikre god implementering av nytt integrert økonomisystem og arbeide vidare med forenkling og forbe-tring av arbeidsprosessar. Direkte økonomisk gevinst vil vere 0,5 mill. kr i 2017 og ytterlegare minst 1,5 mill. kr årleg frå 2018.
- b)** Utarbeide og gjennomføre opplegg for opplæring i økonomistyring for leiarane. Tiltaket vil bli dekt over midlane til personalopplæring.

## OVERORDNA MÅL 3

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og halde på den kompetansen som Hordaland fylkeskommune til ei kvar tid treng for å kunne utføre samfunnsoppdraget sitt.

### Strategiar

- 3.1** Sikre rett og framtidretta kompetanse i organisasjonen.
- 3.2** Auke HMS-kompetansen hos leiarane.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- a)** Implementere ny HR-strategi med fokus på tiltak knytt til rekruttering, kompetansestyling, endringsleiing og systematisk arbeid med HMS.
- b)** Etablere ny faggruppe for HMS/Kvalitetsstyring gjennom å samordne eksisterande ressursar.
- c)** Implementere nytt fagsystem for kvalitetsstyring og internkontroll. Kostnadane ved dette vert dekt gjennom midlane for IT-investeringar.

## OVERORDNA MÅL 4

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein pådrivar for å utvikle og modernisere Hordaland fylkeskommune gjennom effektive og framtidsretta fellessystem og arbeidsprosessar med særleg merksemd på brukarorientering, kontinuerleg forbetring og gevinstrealisering.

### Strategiar

- 4.1** Sikre tydelegare prioritering av prosjekt- og planarbeid i verksemda.
- 4.2** Styrkje merksemda på kontinuerleg forbetring basert på tenlege arbeidsprosessar og risikovurdering.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- a)** Implementere ny IT-strategi med fokus på brukarane, arkitektur og infrastruktur, prosjekt- og porteføljestyring, digitalt førsteval og sikkerhet. Kostnader ved eventuelle tiltak vert dekt innafor ramma for IT felleskostnader og midlane for IT-investeringar.
- b)** Vurdere ny telefoniløysing for HFK.
- c)** Implementere metodikk for kontinuerlig forbetring og prosesstyring gjennom utvalde pilotprosjekt. Kostnadene ved opplæring vert dekt over midlane til personalopplæring.

## OVERORDNA MÅL 5

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for og sikre bruk av effektive avtalar med profesjonelle leverandørar av varer og tenester på alle verksemdområda i Hordaland fylkeskommune.

### Strategiar

- 5.1** Styrkje oppfølginga av leverandørar med særleg vekt på økonomisk effekt av innkjøpa.
- 5.2** Sikre auka bruk av rammeavtalar med tydelegare medverknad frå brukarane.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- a)** Implementere ny løysing for e-handel gjennom nytt integrert økonomisystem med fokus på auka bruk av rammeavtalar, meir standardiserte varesortiment og forenkla arbeidsprosessar knytt til fakturahandsaming. Dette vil gje innsparingar knytt til innkjøp i heile HFK.

- b)** Styrkt leverandøroppfølging og reforhandling av eksisterande avtalar ved utløysing av opsjonar. Tiltaket vil medføre ei innsparing på 0,5 mill. kr i avdelinga i 2017 og forventas å gje innsparing også elles i organisasjonen.
- c)** Etablere sentral innkjøpsrolle for fylkesadministrasjonen og ved ytre einingar gjennom omdisponering av ressursar og tydeleggjering av roller og mynde.

## OVERORDNA MÅL 6

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å styrkje omdømet til Hordaland fylkeskommune og arbeide for god intern og ekstern informasjonsflyt gjennom målretta og verdibasert kommunikasjon.

### Strategiar

- 6.1** Styrkje kjennskapen til og kunnskapen om verksemda, med særleg vekt på kommunane.
- 6.2** Leggje til rette for styrkt dialog med interne og eksterne brukargrupper og interessentar.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- a)** Vidareutvikle opplegg for samhandling og dialog med brukarane av tenestene våre i digitale kanalar.
- b)** Prioritere kommunikasjon rundt område som har høg allmenn interesse, med særleg merksemd på relevant informasjon til lokale media.
- c)** Målretta merkevarebygging gjennom aktiv bruk av den grafiske profilen til HFK.

# OVERSYN OVER AVDELINGA

## 1. BUDSJETT

1000 kr

1 Budsjett	2016	2017
Løn og sosiale kostnader	107 186	107 035
Driftskostnader	55 050	67 715
Brutto driftsutgifter	162 236	174 750
Driftsinntekter	7 550	11 300
Netto driftsutgifter	154 686	163 450
Netto driftsutgifter i 2017-kr	159 012	163 450

Tabell over viser det samla budsjettet for Økonomi- og organisasjonsavdelinga. Det samla budsjettet er på 174,8 mill kr. Av budsjetterte kostnader er 61,3 % sett av til lønn. Det resterande kostnadsbudsjettet på 38,7 % gjeld driftsutgifter.

Under er tabell der budsjett for Økonomi- og organisasjonsavdelinga er fordelt på stab og dei ulike seksjonane. Dette er nærare omtalt nedanfor.

## 2. BUDSJETT FORDELT PÅ STAB OG SEKSJONAR

1000 kr

2 Budsjett		2016	2017	
Stab	Brutto driftsutgifter	7 036	14 340	15,0 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	7 036	14 340	15,0 %
HR	Brutto driftsutgifter	58 696	57 835	-1,5 %
	Driftsinntekter	-6 700	-4 500	-32,8 %
	Netto driftsutgifter	51 996	53 335	2,6 %
IT	Brutto driftsutgifter	50 924	57 660	13,2 %
	Driftsinntekter	0	-6 000	
	Netto driftsutgifter	50 924	51 660	1,4 %
Kommunikasjon/ fylkes- sekretariatet	Brutto driftsutgifter	17 920	16 980	-5,2 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	17 920	16 980	-5,2 %

2	Budsjett	2016	2017	
Budsjett	Brutto driftsutgifter	4 380	4 600	5,0 %
	Driftsinntekter	-50	0	-100,0 %
	Netto driftsutgifter	4 330	4 600	6,2 %
Fylkeskassen	Brutto driftsutgifter	10 900	11 115	2,0 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	10 900	11 115	2,0 %
Innkjøp	Brutto driftsutgifter	12 380	12 220	-1,3 %
	Driftsinntekter	-800	-800	0,0 %
	Netto driftsutgifter	11 580	11 420	-1,4 %
Totalt	Brutto driftsutgifter	162 236	174 750	3,9 %
	Driftsinntekter	-7 550	-11 300	49,7 %
	Netto driftsutgifter	154 686	163 450	1,6 %
	Netto driftsutg. i 2017-kr	159 012	163 450	

### Kort kommentar til tabellen

Økonomi - og organisasjonsavdelinga har 110 tilsette (108,5 årsverk). I tillegg kjem 2 lærlingar. Det er budsjettert med 9,2 årsverk til frikjøpte hovudtillitsvalde.

Innanfor budsjettet til fylkesdirektøren/stab er det sett av vel 4 mill. kr til prosjektmidlar i samband med regionreforma. Vidare er ordninga med interne lærlingar styrkt med 1 mill. kr til 3 mill. kr. Resten av endringane i driftskostnader og driftsinntekter er av budsjetteknisk art knytt til kompensasjon av meirverdiavgift.

## 3. FOKUSOMRÅDE 2017

### Verksemdstrategi

Verksemdsstrategi for Hordaland fylkeskommune vart vedteke av fylkestinget i oktober 2016. Arbeidet med å utvikle denne strategien har skjedd parallelt med utarbeiding av regional planstrategi for å sikre at fylkeskommunen sine administrative prioriteringar fell saman med satsingsfeltet i regional planstrategi.

Prosjektet Førebudd på framtida med programområda strategisk utvikling, kjerneoppgåver og administrativ drift og utvikling er no avslutta. Prosjektet har vore ein viktig faktor for utarbeidinga av verksemdsstrategien. Ei rekkje aktivitetar som vart initiert innafor Førebudd på framtida vert vidareførte som del av organisasjonsutviklinga i fylkeskommunen. Kontinuerleg forbetningsarbeid vil her vere sentralt.

Hausten 2016 vert det arbeid intensivt med grunnlagsmateriale for vurdering av fylkessamanslåingar. Regjeringa har varsla ein stortingsproposisjon våren 2017 med forslag til korleis det regionale nivået skal inndelast og kva oppgåver som skal høyre til dette forvaltingsnivået. Fleire avdelingar i fylkeskommunen er involverte i dette arbeidet. Ein intensjonsavtale vart handsama på fylkestinget i oktober

og endeleg handsaming av spørsmålet om samanslåing skal etter planen gjerast i desember. Utfallet her – og ved stortingshandsaminga våren 2017 – vil avgjere omfanget av arbeidet med regionreforma dei komande åra.

### Organisasjonsutvikling

I perioden 2014–2016 vart talet på årsverk redusert med 15 knytt til meir effektiv administrativ drift, m.a. som resultat av nye fellessystem. For 2017 er det lagt til grunn ei ytterlegare effektivisering av drifta med 1 mill. kr.

Hordaland fylkeskommune legg stor vekt på å gjennomføre naudsynte omstillingar i organisasjonen på ein god og mest mogleg føreseieleg måte. Det er som tidlegare år sett av i alt 11 mill. kr til rettrettstillingar, attføring og aktuelle omstillingstiltak, m.a. knytt til implementering av skulebruksplanen.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga arbeider med nye strategiar innanfor både HR- og IT-området.

Viktige moment i arbeidet med HR-strategien er kompetansekartlegging og – analysar, bemanningsplanlegging, auka kvalitet i rekrutteringsprosessen og auka fokus på endringsleiing. Ein legg og opp til å styrke innsatsen

knytt til systematisk HMS-arbeid. Det er høg merksemd på aktivitetar knytt til auka nærvær og friskvern der det vert gjeve tilbod om ulike lågterskel aktivitetar i heile fylkeskommunen. Det er sett av 0,7 mill. kr til slikt internt folkehelsearbeid.

Nye verktøy for e-læring skal innførast i personal- og leiaropplæringsarbeidet. Satsinga på leiarutvikling vil bli vidareført i 2017. Det er som tidlegare år sett av 1,3 mill. kr til generell personalopplæring og 1,5 mill. kr til leiarskapsutvikling.

Viktige premisser for arbeidet med IT-strategien er dei pågåande digitaliserings- og e-forvaltingsprosessane. Avdelinga vil styrke fokuset på profesjonalisering av brukarstøtte, standardisering og prosjekt- og porteføljestyling. Arbeidet med kontinuerleg forbetring og prosessstyring, m.a. gjennom innkjøp av eit nytt fagsystem for kvalitetsstyring, vil inngå som naturleg del av organisasjonsutviklinga. Det er som tidlegare år sett av 1,1 mill. kr til tiltak knytt til organisasjonsutvikling.

### Nytt økonomisystem

Nytt økonomisystem vert teke i bruk frå 2017. Det nye systemet vil erstatte fire fagsystem ved at dei no vert integrerte i det nye økonomisystemet. Dette gjeld system for rekneskap, innkjøp, rapportering, budsjettering og fakturering. Fylkesrådmannen reknar med at det kan takast ut driftsgevinstar i tida framover, når det nye systemet er komen i normal drift. Dette gjeld både innanfor sentrale stabsområde og innanfor opplæringssektoren. Implementering av nytt økonomisystem er ei stor endring som omfattar mange system og personar – i stor grad heile fylkeskommunen.

For å sikre at innføringa skjer på ein god måte med tilstrekkelege ressursar, har fylkesrådmannen ikkje lagt til grunn stor innsparingseffekt som følgje av systemendringa i budsjettet for 2017. Det er lagt til grunn ein initiell effekt på 0,5 mill. kr i Økonomi- og organisasjonsavdelinga. Fylkesrådmannen vil kome attende til ytterlegare innsparingseffektar i seinare budsjett.

### Styrka økonomioppfølging

Fylkesrådmannen har styrka økonomioppfølginga gjennom 2016. Det vert no utarbeidd kvartalsvis rapportering frå avdelingsdirektørane til fylkesrådmannen. Denne administrative rapporteringa kjem i tillegg til rapportering til politisk nivå - tertialvis til fylkestinget og annankvar månad til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen meiner denne

endringa har styrka avdelingane sitt økonomifokus og at ein dermed kan sikre tidlegare og betre oppfølging av avvik. Den hyppigare rapporteringa vert vidareført i 2017 og fylkesrådmannen reknar med at det nye økonomisystemet vil vere eit betre og sikrere prognoseverktøy.

Som del av satsinga på styrka økonomioppfølging har Økonomi- og organisasjonsavdelinga intensivert arbeidet knytt til bruk av rammeavtalar, oppfølging av leverandørar og reforhandling av innkjøpsavtalar. Dette har medført ei årleg innsparing på 0,5 mill. kr. i avdelinga. Arbeidet vil bli vidareført i 2017 og fylkesrådmannen vil kome attende til ytterlegare innsparingseffektar i seinare budsjett.

### Klima- og miljøtiltak

Det er ei målsetting for Økonomi- og organisasjonsavdelinga å redusere kostnadane knytt til eigen reiseverksemd med fem prosent i 2017, mellom anna gjennom auka bruk av videokonferansar og digitale kommunikasjonskanalar. Avdelinga legg opp til å redusere papirbruk, avfall og porto-kostnader.

Som sentral stabseining står Økonomi- og organisasjonsavdelinga i spissen for arbeidet med digitalt førsteval. I 2016 vart det kjøpt inn 11 elbilar til bruk for tenestekøyring. Elbilkjøpa har hatt positiv effekt på både miljøet og økonomien.

### Fleire lærlingar

Hordaland fylkeskommune har som mål å auke talet på lærlingar i eigen organisasjon. Første milepæl var å auke talet med 20 prosent til rundt 30 lærlingar. Dette målet er no nådd. Per oktober 2016 var det 31 lærlingar innanfor ulike fagområde i fylkeskommunen. For å sikre vidare merksemd på dette arbeidet og gjere oppfølginga av lærlingane enklare, er det etablert ein eigen funksjon i HR-seksjonen med overordna ansvar for alle lærlingane i HFK. Det er etter dette sett av rundt 3 mill. kr til interne lærlingar.



EIGEDOM:

# Gode bygg for framtida

*Målretta utvikling av fylkeskommunen sine bygg og eigedomar står sentralt for å sikre at desse er godt tilpassa dei tenestene Hordaland fylkeskommune skal yte. Vidare vert det lagt stor vekt på at forvaltninga av eigedomsmassen skal støtte opp under ei miljøvenleg og kostnadseffektiv drift.*

## INNLEIING

Forvaltning av eigedomsporteføljen til Hordaland fylkeskommune knyter seg i stor grad til kjøp, sal, leige og utleige av bygg og grunn. Innan forvaltning vil også ansvaret auke frå 2017. Til no har eigedomsavdelinga i stor grad berre gjeve bistand ved leige og utleige. Frå 2017 vil eigedomsavdelinga ha totalt ansvar for skulebygga.

Avdelinga har hatt ansvar for gjennomføring av omfattande investering i nybygg dei siste åra. For 2016 er dei samla

investeringane som eigedomsavdelinga styrer på om lag 800 mill. kr. Det er forventa at dette blir noko lågare i åra som kjem og tala for 2017 er om lag 600 mill. kr. Det er til ei kvar tid 40–50 prosjekt under arbeid i ulike fasar frå programmering til overtaking.

Alt ansvar for reinhaldet ved skulane vert i 2017 flytta til eigedom. Med dette vil det vere om lag 260 stillingsheimlar knytt til drifta av bygningsmassen.

## MÅL OG STRATEGIAR

Eigedomsavdelinga er fagavdeling for byggje- og eigedomssaker. Avdelinga skal ivareta forvaltning, drift, vedlikehald og utbygging av fylkeskommunen sine eigedomar.

Eigedomsavdelinga består av stab og to fagseksjonar. Desse er utbyggingsseksjonen og driftsseksjonen.

### OVERORDNA MÅL 1

Eigedomsavdelinga skal utøve profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagte krav, politiske vedtak og brukarbehov.

#### Strategiar

- 1.1** Sikre at eigedomsavdelinga har eller har tilgang til nødvendig kompetanse.
- 1.2** Styrkje dialog med brukarar og premisslevarandørar.

### OVERORDNA MÅL 2

Eigedomsavdelinga skal sikre forsvarleg og strukturert forvaltning av eigedommar som fylkeskommunen nyttar

#### Strategiar

- 2.1** Sikre kompetanse ved kjøp, sal, leige og andre avtaler knytt til eigedommar
- 2.2** Utvikle nødvendige system for oppfølging av leigeavtaler – innleige/utleige.

### OVERORDNA MÅL 3

Eigedomsavdelinga skal utøve forsvarleg og verdibasert drift og vedlikehald av eigedomsmassen.

#### Strategiar

- 3.1** Ved bruk av utstasjonert driftspersonell, høg kompetanse og tekniske installasjonar skal optimal drift av bygningsmassen sikrast.
- 3.2** Basert på kartlegging av vedlikehaldsnivå sikre at den framtidsetta bygningsmassen oppnår vedlikehaldsgrad 1 (NS3424).

### OVERORDNA MÅL 4

Eigedomsavdelinga skal utøve ei offensiv og målretta utvikling av eigedomsmassen som på sikt gjev ein miljøvenleg og kostnadseffektiv bygningsmasse, tilpassa dei tenestene Hordaland fylkeskommune skal yte.

#### Strategiar

- 4.1** Vere offensiv med omsyn til å fremje miljøvenlege energiløysingar i samsvar med klimaplanen.
- 4.2** Sikre at bygningane blir optimale med omsyn til areal- og ressursbruk.
- 4.3** Gjennom standardisert byggjeprosess og prosjektoptimal byggekontrakt sikre at SHA (sikkerheit, helse og arbeidsmiljø), kostnader og rett kvalitet blir ivaretekt.

Alle tiltaka vert finansierte innanfor eigedomsavdelinga sitt budsjett.



# BUDSJETTAL

1	Område		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Sentral eigedomsforvaltning/ administrasjonsbygg	Brutto driftsutgift		46 033	48 334	5,0 %
	Driftsinntekter		7 650	7 100	7,2 %
	Netto driftsutgift		38 383	41 234	7,4 %
Forvaltning av skular og kulturbygg	Brutto driftsutgift		168 037	175 615	4,5 %
	Driftsinntekter		510	3 220	531,4 %
	Netto driftsutgift		167 527	172 395	2,7 %
Kollektivanlegg, terminalar	Brutto driftsutgift		15 229	18 692	22,7 %
	Driftsinntekter		15 724	19 476	23,9 %
	Netto driftsutgift		-495	-784	58,4 %
Andre føremål	Brutto driftsutgift		5 425	14 475	166,8 %
	Driftsinntekter		2 840	5 320	87,3 %
	Netto driftsutgift		2 585	9 155	254,2 %
Sum brutto driftsutgifter			234 724	257 116	9,5 %
Sum driftsinntekter			26 724	35 116	31,4 %
Sum netto driftsutgifter			208 000	222 000	6,7 %
Sum netto driftsutgifter i 2017-kr			213 000	222 000	4,2 %

Tala i tabellen er justert for overføringa av ansvaret for reinhald

## Sentral eigedomsforvaltning/administrasjonsbygg

Denne funksjonen omfattar eigedomsavdelinga sentralt samt bygningsmassen knytt til fylkesadministrasjonen. Det er budsjettert med 26,6 årsverk i 2017.

## Forvaltning av skular/kulturbygg

Budsjettposten omfattar driftsleiarsteneste ved vidaregåande skular og dei to kulturbygga (Kabuso og Bevaringstenesta i Salhus), samt ekstraordinært vedlikehald og midlar til kartlegging. I budsjettet for 2017 er det vidare redusert med to stillingar som følgje av strukturelle endringar i skulesektoren.

Ansvaret for reinhaldstenesta vert frå 2017 overført frå opplæringsavdelinga til eigedomsavdelinga. Budsjettet er auka med 92 mill. kr som følgje av denne endringa, og same sum er trekt ut av budsjetttramma for opplæring.

## Kollektivanlegg, terminalar

Posten omfattar bussterminalar, i hovudsak Bystasjonen i Bergen, parkeringshus på Nesttun og bussanlegg på Haukås, Stord og Bømlo, samt Bybaneanlegget på Kokstad. For 2017 får ein heilårsdrift for parkeringsanlegg i Birke-landskrysset og bybanedepoet på Kokstad. Bussanlegget på Bømlo og Stord har forventa oppstart/ny leigetakar

frå 1.7.2017. Samla gjev dette høgare aktivitet, og dette er bakgrunnen for fylkesrådmannen sitt forslag om auke i budsjettet.

## Andre føremål

Posten omfattar fylkeskommunen si byggforsikring, utleige av fast eigedom og velferdsbygg. Husleige for tildelagare skulelokale er ført opp med 8 mill. kr og er hovudårsaka til auken frå 2016 til 2017.

## Forsikring

Posten omfattar forsikring av fylkeskommunale eigedomar, innbu, leigelokale og fylkeskommunen si interne forsikringsordning knytt til bygg/eigedomsrelaterede skader mellom kr 10 000 og kr 250 000. Skadetala for fylkeskommunen har vore gode dei siste åra, og budsjettet for den interne forsikringsordninga er difor redusert med 0,5 mill. kr i 2017.

## Utleige av fast eigedom

Budsjettposten omfattar utleige som ikkje er konkret knytt opp mot skular, kollektivanlegg eller øyremerka formål. Budsjettposten omfattar mellom anna utleige av skuletomt i Åsane, deler av parkeringsinntektene ved Bergen Maritime vgs, inntekter knytt til deponi av masser/uttak av

stein på Stend og utleige knytt til fylkeskommunal eigedom på Meland, samt Haukås. For 2017 er det lagt til grunn at leigeinntekter frå Ibsens gate 118 fell vekk. Vidare at inntektene knytt til Åsane vert redusert i høve til budsjettet for 2016 som følgje av at deler av arealet er tatt i bruk til innfartsparkering. Inntekter frå utleige av bygningane ved tidlegare Fana gymnas vert også inntektsført på denne posten. Endeleg avtale med Bergen kommune er enno ikkje ferdigstilt.

### Velferdsbygg

Fylkeskommunen eig to eldre bustadar på Fløksand (Meland) og Gjerskvål (Voss) som tilsette, etter søknad, kan disponere. Ein rår til at eigenbetalinga vert justert noko opp frå og med 1.1.2017. Det vert budsjettet med brutto utgifter på kr 175 000 og inntekter på kr 35 000.

### Universell utforming

Arbeidet med å gjera dei fylkeskommunale bygga universelt utforma starta allereie i 2009. Det har også vore gjennomført vesentlege arbeid innan dette området i 2016. Skulane Norheimsund vidaregåande skule, Øystese gymnas og Stord vidaregåande skule, Saghaugen vart oppgraderte med heis og andre nødvendige tiltak. Det vil vera nødvendig med ytterlegare arbeid innan dette området i åra som kjem, slik det m.a. er vist til i skulebruksplanen

som nyleg er vedteken. Fylkesrådmannen vil i legge fram oversikt over vidare framdrift og prioritering av tiltak for universell utforming i eiga melding.

### Reinhold skular - overføring til eigedomsavdelinga

Reinholdet for dei vidaregåande skulane i Hordaland vil i perioden 1. september 2016 til 31. desember 2016 bli overført til eigedomsavdelinga. I samband med overføringa har status vore kartlagt og føringar for styring og gjennomføring av det vidare reinholdet er planlagd. Gjennom dette arbeidet er det avgjort å satse på produkta Jonathan Clean/Clean Pilot som er verktøy for arbeidsplanar og registrering av gjennomført reinhold. Produkta har vore utprøvd på to skular tidligare med gode tilbakemeldingar. Det er gjennomført opplæring av reinholdsleiarar slik at dei skal vere godt rusta for å utføre dei nye oppgåvene dei får ansvar for. Målsettinga framover er at uønskt deltid skal reduserast og at fleire reinholdarar skal få fagbrev.

Budsjettet for eigedomsavdelinga er auka som følgje av overføringa av ansvaret for reinhold ved dei vidaregåande skulane, jf. ovanfor. Det er vidare frå 2017 budsjettet med husleige for bygg som tidlegare har vore nytta til undervisningsfremål. Endringane på til saman 106 mill. kr går fram av oppstillinga nedanfor:

## 2 Endringar frå 2016 til 2017 (tal i tusen kr).

Adm. Bygg og eigedomsforvaltning	1759
Lønskostnadar, driftspersonell/ områdeledere	2904
Forsikring, mindrekostnad	-555
Utleige, meirinntekt	-919
Anlegg, netto mindrekostnad	-2533
Kollektiv, eigedom	2238
Meirkostnad ved ubrukne skulelokale	8000
Rammeendring/ Prisvekst/ Bud.tekn endringar	3106
Sum endringar frå 2016 til 2017	14 000
Nye oppgåver, Reinholdsområdet i HFK	92 000
Samla budsjettendring 2016 til 2017	106 000



OPPLÆRING:

# Satsing på auka lærings- utbytte og gjennomføring

*Hordaland fylkeskommune har dei siste åra sett inn store ressursar for å bidra til auka læringsutbytte og gjennomføring av vidaregåande opplæring. Denne satsing held fram og vert forsterka i 2017. Særleg gjeld dette arbeidet med kvalitet og gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa. Mellom anna vert det starta opp eit pilotprosjekt knytt til tettare samarbeid mellom utvalde vidaregåande skular og eit utval bedrifter både om undervisning og lære. Her vil ein også samarbeide med eit eksternt forskingsmiljø. Resultata frå denne piloten vil ha nasjonal interesse.*

## INNLEIING

Heile tusen Kr

1	Opplæring	Bud 2016	Bud 2017	Endring
	Driftsutgifter	2 138 049	2 153 417	0,7 %
	Driftsinntekter	-94 022	-96 733	2,9 %
Vidaregåande skule	Netto driftsutgifter	2 044 027	2 056 684	0,6 %
	Driftsutgifter	97 692	100 412	2,8 %
	Driftsinntekter	-7 500	-7 500	0,0 %
Fagskule	Netto driftsutgifter	90 192	92 912	3,0 %
	Driftsutgifter	43 124	44 325	2,8 %
	Driftsinntekter	0	-600	
OT/PPT	Netto driftsutgifter	43 124	43 725	1,4 %
	Driftsutgifter	45 192	52 334	15,8 %
	Driftsinntekter	-40	-40	0,0 %
Vaksenopplæring	Netto driftsutgifter	45 152	52 294	15,8 %
	Driftsutgifter	10 000	11 102	11,0 %
	Driftsinntekter	0	-800	
Produksjonsskule	Netto driftsutgifter	10 000	10 302	3,0 %
	Driftsutgifter	345 960	384 023	11,0 %
	Driftsinntekter	-24 795	-25 326	2,1 %
Fagopplæring	Netto driftsutgifter	321 165	358 697	11,7 %
	Driftsutgifter	3 225	2 625	-18,6 %
	Driftsinntekter	0	0	
Manger folkehøgskule	Netto driftsutgifter	3 225	2 625	-18,6 %
	Driftsutgifter	134 297	135 374	0,8 %
	Driftsinntekter	-25 833	-33 877	31,1 %
Anna	Netto driftsutgifter	108 464	101 497	-6,4 %
	Driftsutgifter	2 817 539	2 883 612	2,3 %
	Driftsinntekter	-152 190	-164 876	8,3 %
	Netto driftsutgifter	2 665 349	2 718 736	2,0 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	2 745 755	2 718 736	-1,0 %

## Endringar frå 2016 til 2017

1	Endringar opplæring frå 2016 - 2017	2016	2017	Endring
	Vidaregåande skule	2 044 027	2 056 684	12 657
	Fagskule	90 192	92 912	2 720
	OT/PPT	43 124	43 725	601
	Vaksenopplæring	45 152	52 294	7 142
	Produksjonsskule	10 000	10 302	302
	Fagopplæring	321 165	358 697	37 532
	Manger folkehøgskule	3 225	2 625	-600
	Anna	108 464	101 497	-6 967
	Sum netto driftsutgifter	2 665 349	2 718 736	53 387
	Sum netto driftsutgifter i 2017-kroner	2 745 755	2 718 736	-27 019

Ei framskrivning av budsjetttramma for 2016 til 2017– nullvekstramme – er på kr 2 745 755.

Tabellen viser at fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett for vidaregåande opplæring er 27 mill. kr lågare enn

vidareføring av nivået i budsjettet for 2016. Hovudårsaka til dette er verknadene av fylkestinget sitt vedtak om strukturtiltak Bergen i desember 2015 og vedtaket av skulebruksplanen oktober 2016. Fylkesrådmannen kjem nærare attende til dette.

## MÅL OG STRATEGI

Opplæring gir vidaregåande opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir òg opplæring til alle med særskilte behov. Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse.

Opplæringssektoren består av opplæringsavdelinga, dei vidaregåande skulane, fagskulane, Manger folkehøgskule og Hyssingen produksjonsskole. Opplæringsavdelinga består av fire seksjonar. Desse er seksjon for fagopplæring, seksjon for skule, seksjon OT/PPT og seksjon fellestenester.

I tillegg kjem leining og administrasjon for dei tre regionane: Region Sør/Voss Hardanger, region Sentrum/Nord og region Vest/Sunnhordland.

### OVERORDNA MÅL 1

Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov.

### Strategiar

- 1.1 Styrkje kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering.
- 1.2 Styrkje samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

#### Tiltak retta mot strategi 1.1

Opplæringsavdelinga skal saman med Regionalavdelinga utarbeide Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Utdanningssektoren i Hordaland fylkeskommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass der læring, fornying og forbetring er ein naturleg del av kvardagen. Plan for kompetanseutvikling skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og fullføring. Planen viser sentrale kompetanseutviklingsområde og strategiar for ei langsiktig utvikling av kompetanse i skulane i Hordaland. Målretta og systematisk satsing på kunnskapsdeling og kompetanseutvikling skal sikre at Hordaland fylkeskommune og den enkelte medarbeidar har rett og framtidsetta kompetanse.

### Planen skal bidra til:

1. Rett kompetanse
2. Høg fagleg og pedagogisk kvalitet i undervisninga
3. Å gjere Hordaland fylkeskommune til ein attraktiv arbeidsplass for tilsette i vidaregåande utdanningssektor

Planen viser sentrale kompetanseutviklingsområde og strategiar for ei langsiktig utvikling av kompetanse i skulane i Hordaland. Målrretta og systematiske satsing på kunnskapsdeling og kompetanseutvikling skal sikre at HFK og den enkelte medarbeidar har rett og framtidsetta kompetanse.

#### Tiltak retta mot strategi 1.2

Vi skal styrkje samhandlinga med opplæringskontora ved å gjennomføre og vidareutvikle dialogmøta. Vi skal og arrangere konferanse for yrkesfagskulane saman med opplæringskontora.

## OVERORDNA MÅL 2

Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv

### Strategiar

2.1 Byggje ein framtidsetta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling

#### Tiltak og økonomisk konsekvens

##### Tiltak retta mot strategi 2.1

Opplæring skal arbeide for å implementere vedtaka som vert gjort i skulebruksplanen for perioden 2016–2030.

Ny senterstruktur for vaksenopplæringa vart vedteken innført frå 1.1.2016. Gjennomføringa vert gjort så raskt som dei formelle og praktiske tilhøva ligg til rette.

1.1.2017 vert Bergen tekniske fagskule og Bergen maritime fagskule slått saman til ein fagskule.

Hausten 2016 vert det sett i gang eit prosjekt som ser på organisering, roller, ansvar og oppgåvedeling mellom fagopplæringa og dei vidaregåande skulane.

## OVERORDNA MÅL 3

Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet

### Strategiar

3.1 Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå

#### Tiltak og økonomisk konsekvens

##### Tiltak retta mot strategi 3.1

Auka læringsutbytte og fullføring er hovudsatsingsområdet for vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune. All pedagogisk verksemd ved skulane skal bygge opp under dette. Frå klasserom og verkstad til kontor og andre arenaer skal vi følgje opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt. Det er sett inn styrka innsats for betre gjennomføring gjennom:

- Tidleg og systematisk innsats for å identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre.
- Tett oppfølging og tilpassa opplæring med fokus på meistring og motivasjon.

Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for auka fullføring med bestått. Målepunkt for desse tiltaka vil vere andel som gjennomfører og består. I 2017 er målet at 75% av elevane skal bestå 5 år etter at dei byrja i vidaregåande skule. Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at 50 % av ungdomen i Hordaland vel yrkesfag på vg1. Målsettinga er at det i 2017 skal vere 48 % som vel yrkesfag på vg1. Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at 40 % av alle som tek til på yrkesfag i vg1, fullfører med fag- eller sveinebrev. Målet for 2017 er 34,5%. Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at fleire elevar følgjer ordinær progresjon i staden for å gjere omval, ikkje bestå, eller ikkje få vurdering.

Fylkesrådmannen har sett inn store ressursar dei siste åra for å bidra til at fleire fullfører. Tiltaka er finansiert gjennom overføringar frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i tillegg til midlar over fylkesbudsjettet. Totalt vert om lag 20 mill. kr nytta til tiltak for å auke fullføring og auka læringsutbytte.


## VIDAREGÅANDE SKULAR

2	Vidaregåande skule	Bud 2016	Bud 2017	Endring
Utdanningsprogramma vgs inkl. tilrettelagt og driftutgifter	Driftsutgifter	1 874 314	1 860 717	-0,7 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	1 874 314	1 860 717	-0,7 %
Anna	Driftsutgifter	263 735	292 700	11,0 %
	Driftsinntekter	-94 022	-96 733	2,9 %
	Netto driftsutgifter	169 713	195 967	15,5 %
	Driftsutgifter	2 138 049	2 153 417	0,7 %
	Driftsinntekter	-94 022	-96 733	2,9 %
	Netto driftsutgifter	2 044 027	2 056 684	0,6 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	2 105 682	2 056 684	-2,3 %

Totalt er det budsjettert med 2,057 mill. kr til drift av dei vidaregåande skulane. I 2017 er reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune organisert under Eigeidomsavdelinga, i samsvar med vedtak i fylkesutvalet. Totalt 92 mill. kr er overført frå budsjetttramma til dei vidaregåande skulane til Eigeidomsavdelinga til dette. Budsjettala for 2016 og 2017 er korrigererte for denne endringa.

### Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane

Vidaregåande opplæring består av 14 ulike utdanningsprogram, 5 studieførebuande og 9 yrkesfaglege. Tabellen på neste side syner del av lønsbudsjett til dei ulike utdanningsprogramma og del av totalt elevtal. Summane i tabellen gjeld det som går med til drift av utdanningsprogramma, løn m.m. Nedst i tabellen er utgifter til skuleadministrasjon og skulebygg m.m. tekne med slik at summen syner det totale skulebudsjettet og kan samanliknast med tabellen over som syner sum til utdanningsprogramma inkludert tilrettelagt undervisning og driftsutgifter. Tala kan også samanliknast med den skulevise oppstillinga lenger bak.



Sirkeldiagrammet syner budsjettmessig fordeling mellom utdanningsprogramma.

3 Utdanningsprogram		Budsjett	Andel av budsjett	Andel av elevtal	Elevtal
ST	Studiespesialiserande	510 413	34 %	48 %	7 887
BA	Bygg og anleggsteknikk	66 528	4 %	4 %	679
EL	Elektrofag	106 224	7 %	7 %	1 118
DH	Design og handverk	29 755	2 %	2 %	287
RM	Restaurant og matfag	27 613	2 %	2 %	262
HO	Helse- og oppvekstfag	151 870	10 %	10 %	1 659
ID	Idrettsfag	55 801	4 %	4 %	735
TP	Teknikk og industriell produksjon	136 439	9 %	9 %	1 405
KDA	Kunst, Design og Arkitektur	8 658	1 %		96
MD	Musikk, dans og drama	40 811	3 %	2 %	361
MK	Media og kommunikasjon	16 561	1 %	1 %	199
MD	Media	12 771	1 %		173
NA	Naturbruk	63 150	4 %	3 %	434
SS	Service og samferdsel	38 611	3 %	3 %	445
TO	Spesialundervisning	217 244	15 %	4 %	727
Totalt		1 482 535	100 %	100 %	16 466
Driftsutgifter, skulelokale, pedagogisk leing, merkantil støtte m.m		378 267			
Skulebudsjetta totalt		1 860 717			

### Endringar vidaregåande skular i 2017-kroner

#### 2 Endringar vidaregåande skular. kr 1000

Strukturendringer Etne, Hjeltnes, Fana	-11 229
Husleige og driftsutgifter Vossaskulane	-10 096
Husleige Bjørgvin bygget og Solheimsgaten	-6 902
Div. driftstilskott	-4 121
Pre-IB	-515
Stordriftsfordel	-6 327
KUP (Klasser med utvida praksis)	-515
Auka oppfyllingsgrad i klassane	-9 294
Sum tiltak	-48 998

#### Strukturelle endringar

Hausten 2016 driv Hordaland fylkeskommune 39 vidaregåande skular. 1.8.2016 vart Lønborg og Åsane vgs slått saman til Åsane vgs. Skulen har fått eit modulbygg ved siden av hovudbygget på Nyborg. Lokala til Lønborg vgs vert nytta av vaksenopplæringsssenteret ved Åsane vgs. Skulen vil vere organisert slik til «nye» Åsane vgs opnar i nytt bygg.

Arna og Garnes vgs er slått saman til Arna vgs. Førebels har skulen aktivitet i tre bygg, men løpet av 2017 skal aktiviteten ved Tunesvegen avsluttast. I framlegg til skulebruksplan legg ein til grunn at skulen skal samlast i nytt bygg sentralt plassert i Arna.

Øystese gymnas og Norheimsund vgs er slått saman til ein skule. Skuledrifta vil halde fram i to bygg fram til ny skule i Kvam er ferdigstilt.

Nye Voss vidaregåande skule opna hausten 2016 i eit nytt og moderne skuleanlegg på Skulestadmo. Frå same tidspunkt vart Voss jordbruksskule lagt ned. Det same vart delar av aktiviteten ved Voss vgs og Rogne vgs. Hausten 2017 vert nye Voss gymnas på Skulehaugen ferdigstilt. Då vil fem vidaregåande skular på Voss verte samla i to nye, flotte skuleanlegg. Samstundes vert skuleaktivitet ved Voss husflidskule, Rogne vgs og gamle Voss vgs avvikla. Dette fører til at leige- og driftskostnaden på Voss vert redusert med om lag 10,1 mill. kr. Det skal framleis vere internatdrift på Rogne.

I samsvar med vedtaket i skulebruksplanen vart Etne vgs og Hjeltnes vgs lagt ned 1.8.2017. Tilbodet ved Hjeltnes vgs skal videreførast ved nye Voss vidaregåande skule. Planen er at skuletilbodet i Etne vert samordna med tilbodet i Ølen



i ein felles vidaregåande skule, Ølen vgs, med Rogaland fylkeskommune som skuleeigar. Aktiviteten ved Fana gymnas vart lagt ned ved utgangen av skuleåret 2015/16. Desse nedleggingane gjer ei samla mindreutgift i 2017 på om lag 11,2 mill. kr.

Skuleaktiviteten ved tidlegare Bjørgvin vgs og i Solheimsgaten vart avslutta hausten 2016. Begge bygga har hatt funksjon som avlastning for Årstad vgs under ombygginga. Mindreutgifta er rekna til 6,9 mill. kr.

Ved Sandsli, Fitjar, Austevoll, Bømlo, Odda, Rubbestadnes og Kvinnherad er det grunnlag for å redusere driftstilskotta med til saman 4,1 mill. kr. Årsaken til nedtrekkene er knytt til stordriftsfordelar med fleire klasser innanfor same utdanningsprogram, auka oppfylling i klasser, eingongstilskot og auka inntekspotensiale.

Tilbodet for Pre-IB ved Bergen Katedralskole skil seg ut ved at undervisninga er på engelsk i staden for norsk, men tal på undervisningstimer er det same. Fylkesrådmannen meiner at dette tilbodet bør ha same kostnader som ordinær vg1 og at det ikkje er noko som tilseier at kostnaden skal vere høgare. Ved å ha same kostnad som øvrig vg1 ser Fylkesrådmannen ei innsparing på 0,5 mill. kr.

Amalie Skram og Nordahl Grieg vgs har stordriftsfordelar. Begge skulane har nye moderne skulebygg og tilbyr mange parallellar på kvart trinn. Dette gjev grunnlag for å redusere tildelinga til desse skulane med totalt 6,3 mill. kr.

Knarvik vgs har eit tilrettelagt tilbod som er organisert etter Vibemyrmodellen. Gjennom dei seinare åra har strukturen på tilsvarande tilrettelagde tilbod på andre skular endra seg. Dette gjer at det ikkje lenger er grunnlag for særskiltløyvinga som Knarvik har hatt til KUP (klasser med utvida praksis) på 0,5 mill. kr.

Skuleåret 2016/17 har snitt elevtal i klassane auka med 1,5 elev i gjennomsnitt i høve føregåande skuleår. Effekten av dette er rekna til 9,3 mill. kr.

### Statens pensjonskasse - lågare premie

Statens Pensjonskasse har nyleg opplyst at premiesatsen for 2017 er redusert med 0,95% samanlikna med 2016. Undervisningspersonalet ved dei vidaregåande skulane er medlemmer i Statens Pensjonskasse og den reduserte satsen utgjer 15 mill. kr i mindre premiebetaling. Fylkesrådmannen foreslår å setje av denne summen som ein buffer for strukturtiltak. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette punktet ved gjennomgangen til fylkestinget i mars og vil då vurdere om midlane skal budsjetterast sentralt.

### Karrieresenteret i Sunnhordland

Fylkesrådmannen foreslår å vidareføre drifta ved karrieresenteret i Sunnhordland. Senteret har til no vore finansiert med statsmidlar.

### Tiltak for betre gjennomføring

Fylkeskommunen har sett inn store ressursar dei siste åra

for å bidra til at fleire står. Tiltaka er finansiert gjennom overføringar frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, i tillegg til midlar over fylkesbudsjettet. Dei viktigaste innsatsområda er:

- Tydeleggjering av skulane sitt ansvar for å identifisere, kartleggje og følgje opp elev-ar som kan vere i faresona for å slutte.
- Samarbeid med kommunane om dei kommunevise gjennomføringstala.
- Systematisk bruk av innkjøpt programvare for å få gode data, noko som gjer det mogleg for skulane å følgje elevane tettare opp.
- Kurs for lærarar i grunnleggjande ferdigheiter.
- Skulering av lærarar frå yrkesfaglege programområde for å gjere fellesfaga meir yrkesretta.
- Ekstra tiltak for å styrke opplæringa i overgangen Vg2 -Vg3/lære.
- Tilbod om studieverkstad til elevar som treng ekstra tilpassa opplæring.
- Eige fylkeskommunalt opplæringskontor for å styrke samarbeidet skule-og arbeidsliv for dei som treng ekstra støtte for å skaffe seg læreplass.
- Avklaringssamtalar med elevar som er på veg til å slutte, for å gje dei eit tilbod, og få dei tilbake til skulen.
- Styrking av tilbodet til OT-ungdommar gjennom utvida kapasitet på Hyssingen produksjonsskule.
- Arbeidet med kvalitet og gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa held fram og vert forsterka i 2017. Opplæringsavdelinga legg opp til tettare samarbeid mellom nokre vidaregåande skular og eit utval bedrifter både om undervisning og lære. Arbeidet er knytt opp mot eit forskingsmiljø.
- Prøveordning med skulemåltid.
- Tilsetjing av skulepsykologar.
- Forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorer ved fem vidaregåande skular.

### Endringar i ordninga med fondsavsetjing

Mange av dei vidaregåande skulane har gjennom åra bygd opp relativt store disposisjonsfond. I 2014 gjorde fylkesutvalet vedtak om maksimumsgrenser for kor store fond skulane kunne setje av. Det overskytande skulle overførast til eit samlefond for opplæringssektoren.

I 2015 var det 9 skular som hadde overskot som var så store at dei kom over maksimalgrensa for kva dei kunne avsetje til disposisjonsfond. Til saman overskreid dei grensa med nær 6,4 mill. kr. Ut frå retningslinene som vart skisserte i fylkesutvalsak 90/14, skulle 6,4 mill. kr vorte overført til samlefond for opplæringssektoren.

Fylkesrådmannen fann det ikkje rimeleg å avsetje midlar til samlefond, så lenge opplæringssektoren totalt hadde

overskriding av budsjettet og fylkestinget slutta seg til dette i samband med godkjenning av rekneskapen for 2015. Denne tolkinga er parallell med det som gjeld for fylkeskommunen samla sett. I følgje rekneskapsforskriftene må ein stryke avsetjingar til disposisjonsfond så lenge fylkesrekneskapen viser underskot.

Fylkesrådmannen foreslår at ein praktiserer reglane for fondsavsetjing internt i fylkeskommunen på tilsvarande

måte som rekneskapsforskriftene fastslår. Ordninga vert då at føresetnaden for å kunne setje av midlar på fond er at sektoren totalt sett ikkje har underskot. Fylkesrådmannen foreslår at dette vert gjennomført frå og med rekneskapsavslutninga for 2016 og viser til eige punkt i budsjettinnstillinga om dette.

## FAGSKULE

Totalt er det budsjettert med 92,9 mill. kr til fagskuleverksemda. Av dette er 2,4 mill. kr sett av til felleskostnader og administrasjon. I tillegg kjem aktivitet som vert dekkja av den øyremerkta løyvinga til helsefagtilbodet. Budsjetttramma til fagskule er ikkje endra frå 2016 til 2017.

Frå 2010 har fylkeskommunane hatt forvaltningsansvaret for dei offentlege fagskulane, i tillegg til ansvar for å gje tilskot til helsefagskuleutdanningar gjennom øyremerkta midlar frå Helsedirektoratet. Fagskuleutdanningane er korte yrkesretta utdanningar som bygger på vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse, og som har eit omfang tilsvarande minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Fagskuleutdanningane skal gje naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette er nedfelt i fagskulelova, og det er difor viktig med ein god næringslivskontakt og høve for å kunne tilby fagskuleutdanningar både i sentrale område og i distrikta.

Hordaland fylkeskommune er eigar av dei fylkeskommunale fagskulane, medan Hordaland fagskulestyre er øvste styringsorgan. Fagskulestyret har fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Opplæringsavdelinga har sekretariatsfunksjon for fagskulestyret. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT) er tilsynsorgan for fagskulane, og Database for høgere utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) mottar statistikk på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

Om lag 1 200 studentar får tilbod om fagskuleutdanning i Hordaland.

Tilboda er organisert under dei tre fagskuleeinjingane Bergen tekniske fagskole, Bergen maritime fagskole og Hordaland helsefagskole. Sjølv om tilboda er organisert under tre

2 Fagskule		Bud 2016	Bud 2017	Endring
Fagskolen i Hordaland	Driftsutgifter	87 917	89 348	1,6 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	87 917	89 348	1,6 %
Hordaland helsefagskole	Driftsutgifter	0	1 200	
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	0	1 200	
Fagskuleadm og fellesutg	Driftsutgifter	2 275	2 364	3,9 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	2 275	2 364	3,9 %
Helsefag tilskott	Driftsutgifter	7 500	7 500	0,0 %
	Driftsinntekter	-7 500	-7 500	0,0 %
	Netto driftsutgifter	0	0	
	Driftsutgifter	97 692	100 412	2,8 %
	Driftsinntekter	-7 500	-7 500	0,0 %
	Netto driftsutgifter	90 192	92 912	3,0 %
	Netto driftsutgifter i 2017 kroner	92 912	92 912	0,0 %

skular foregår undervisninga desentralisert der studentane er. I 2016 er det undervisning i Bergen, Austevoll, Voss, Ulvik og Fusa.

#### Teknisk og maritim fagskuleutdanning

Talet på fagskular er redusert i tråd med vedtaka i skulebruksplanen. 1.1.17 vert Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole slått saman til ein fagskule. Den nye skulen får namnet Fagskolen i Hordaland. Det vil komme ei politisk sak om kvar skulen skal lokaliserast i framtida.

Skulane har fagskuletilbod innan tekniske fag, maritime fag, petroleumstekniske fag og arborist.

#### Helsefagskule-utdanning

Midlane til helsefagskuleutdanning er gitt som øyremerka tilskott til fylkeskommunen. Det er Hordaland helsefagskole som gjev det fylkeskommunale tilbodet innan helsefaga. I tillegg har private tilbydarar som AOF og NKI ulike tilbod innan helsefaga.

Det er Hordaland fylkeskommune som er tilskottmottakar frå staten og må syte for å fordele tilskottet også til dei private fagskulane. I 2017 er det budsjettert med 7,5 mill. kr i statleg tilskott til helsefagskuletilbod i Hordaland. Tilskottet frå staten er basert på studentalet. Unyttta tilskott må tilbakebetalast til Helsedirektoratet.

## OPPFØLGINGSTENESTA/ PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE (OT/PPT)

2 OT/PPT		Bud 2016	Bud 2017	Endring
OT/PPT	Driftsutgifter	38 124	39 325	3,2 %
	Driftsinntekter	0	-600	
	Netto driftsutgifter	38 124	38 725	1,6 %
Psykologar i skule	Driftsutgifter	5 000	5 000	0,0 %
	Driftsinntekter			
	Netto driftsutgifter	5 000	5 000	0,0 %
	Driftsutgifter	43 124	44 325	2,8 %
	Driftsinntekter	0	-600	
	Netto driftsutgifter	43 124	43 725	1,4 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	44 425	43 725	-1,6 %

OT/PPT er ein seksjon i Opplæringsavdelinga. OT/PPT sine tenester er retta mot ungdom utanfor vidaregåande opplæring, elevane i vidaregåande opplæring og dei vidaregåande skulane i fylket. Oppfølgingstenesta (OT) arbeider for ungdom i alderen 16-21 år som står utanfor vidaregåande opplæring. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) samarbeider med skulane for å førebygge fråfall og medverke til at elevane får ei best mogleg gjennomføring av vidaregåande opplæring

Med bakgrunn i fylkestinget sitt vedtak i budsjett 2016 er det etablert eit team bestående av seks psykologar. Målet er å styrke arbeidet med elevane si psykiske helse. Tenesta skal vere eit lågterskeltilbod for elevane og hjelpe skulane i enkeltsaker og med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø. Psykologane skal samarbeide tett med kommunane gjennom skulehelsetenesta. Ordninga med psykologar i skule er eit forsøksprosjekt som varer fram til utgangen av 2018. Totalt er det budsjettert med 43,7 mill. kr til OT/PPT.

## VAKSENOPLÆRING

Tabellen på neste side viser at for 2017 er auka med 5,8 mill. kr samanlikna med budsjettet for 2016 for å kompensere for aktivitetsauken.

Opplæringslova gjev vaksne rett til vidaregåande opplæring frå det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare, jf § 4A-3. Lova pålegg også fylkeskommunen å gje eit vidaregåande tilbod til andre vaksne som har gjennomført vidaregåande, men som av ulike grunnar søker ny utdanning, jf § 13-3.

I 2015 handterte vaksenopplæringa 15 500 førespurnader om informasjon og karriererettleiing frå vaksne og

verksemdar i Hordaland. Opplæringsaktiviteten talde om lag 3000 kursplassar, med fordeling 40 % studiespesialisierende fag og fellesfag og 60 % yrkesfag. Hordaland fylkeskommune er dermed den fylkeskommunen med flest vaksne i vidaregåande opplæring og har toppa denne lista dei siste åra, jf VOX-speilet 2013.

I juni 2015 vedtok fylkestinget ny struktur for vaksenopplæringsentra. Ny senterstruktur vart innført frå 01.01.2016 og gjennomført fortløpande så raskt som dei formelle og praktiske tilhøva ligg til rette for dette. Hausten 2017 er nye Voss gymnas ferdigstilt og vaksenopplæringa for Voss og Hardanger får nye lokale i skulen. Strukturen vert då slik:

2	Vaksenopplæring	Bud 2016	Bud 2017	Endring
Bergen katedralskole	Driftsutgifter	19 918	20 443	2,6 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	19 918	20 443	2,6 %
Åsane	Driftsutgifter	6 927	12 610	82,0 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	6 927	12 610	82,0 %
Voss	Driftsutgifter	1 234	1 198	-2,9 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	1 234	1 198	-2,9 %
Stord	Driftsutgifter	2 873	3 645	26,9 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	2 873	3 645	26,9 %
Sotra	Driftsutgifter	1 630	2 057	26,2 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	1 630	2 057	26,2 %
Odda	Driftsutgifter	775	545	-29,7 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	775	545	-29,7 %
Andre skular	Driftsutgifter	8 908	7 187	-19,3 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	8 908	7 187	-19,3 %
Sentralt	Driftsutgifter	2 927	4 649	58,8 %
	Driftsinntekter	-40	-40	0,0 %
	Netto driftsutgifter	2 887	4 609	59,6 %
	Driftsutgifter	45 192	52 334	15,8 %
	Driftsinntekter	-40	-40	0,0 %
	Netto driftsutgifter	45 152	52 294	15,8 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	46 514	52 294	12,4 %

Skule	Kommunar	Innbyggjartal
Stord vidaregåande skule	Sunnhordland Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Austevoll	64.000
Voss gymnas	Voss og Hardanger Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Vaksdal og Kvam	41.000
Åsane vidaregåande skule Industri-, handverk-, helse og oppvekstfag,	Stor-Bergen Bergen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Masfjorden, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Fusa, Samnanger og Os	338.000
Bergen Katedralskole Studiespesialiserande fag		
Sotra vidaregåande skule	Sund, Fjell, Øygarden og Askøy	62.000

## PRODUKSJONSSKULE

2 Produksjonsskule		Bud 2016	Bud 2017	Endring
Produksjonsskule	Driftsutgifter	10 000	11 102	11,0 %
	Driftsinntekter		-800	
	Netto driftsutgifter	10 000	10 302	3,0 %
	Netto driftsutgifter	10 000	10 302	3,0 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	10 302	10 302	0,0 %

Budsjettet til produksjonsskulen er vidareført på same nivå som i 2016.

Produksjonsskulen er eit tilbod til ungdom som har trong for eit alternativt opplæringstilbod for ein kortare periode. Omfanget er i fyrste omgang 45 plassar pr. år. Målsettinga er primært å motivere og kvalifisere ungdommar til å gå tilbake og gjennomføre ordinær vidaregåande opplæring, sekundært å kome ut i jobb. Det er sett av 10,3 mill. kr til dette tiltaket i 2017.

Innhaldet i produksjonsskulen skal vere tilbod om utprøving av programområde, i første omgang teknikk og industriell produksjon, bygg- og anleggsgfag og restaurant- og matfag.

Elevane deltek i ein arbeidsfellesskap med produksjon som mål. Dei skal få grunnleggjande samfunnskunnskap,

kjennskap til og øving i vanlege rutinar i arbeidslivet, få styrka sosial kompetanse og få rådgjeving med omsyn til val av utdanning og yrke.

Produksjonsskulen har ikkje integrert teoriundervisning, men elevane kan få opplæring i grunnleggjande ferdigheter i eigen pedagogisk verkstad. Inntaket skjer løpande gjennom heile året, og deltaking er avgrensa til eitt år. Fleire elever ved produksjonsskulen har allereie gått vidare til anna opplæringstilbod eller jobb.

Hordaland fylkeskommune har søkt om å få opprette eit nasjonalt pilotprosjekt med produksjonsskule på tidlegare Hjeltnes vgs. Prosjektet har ei årleg kostnadsramme på om lag 14 mill. kr. Det er søkt om statleg fullfinansiering av prosjektet.

## FAGOPPLÆRING

Auken i tilskott pr lærling og trong for fleire tilbod om vg3 i skule gjer at det er trong for å auke budsjetttramma med 27,8 mill. kr.

### Lærlingtilskott og vg3 i skule

Innan yrkesfaga har elevane fleire opplæringsløp å velje mellom. Hovudløpet er to år i skule og to år i bedrift, men elevane kan også velje fire års opplæring i bedrift etter ungdomsskulen.

Tilskotet til lærebedriftene er avhengig av:

- Utdanningsløp.
- Alderen til lærlingen.
- Om lærlingen tidlegare har fått oppfylt retten til vidaregåande opplæring.
- Om det er eit verneverdig fag lærlingen har fått læreplass i.

Tilskotssatsane vert regulert kvart år av departementet, og dei har tilbakeverkande kraft frå 1. januar. Frå 2014 har tilskotet til lærlingar med ungdomsrett auka med om lag


kr 25 000 pr lærekontrakt. Pr 1.7.16 er tilskottet pr lærling om lag kr 141 000. Auken har kome gjennom statsbudsjettet og revidert statsbudsjett.

Tal på lærlingar er ikkje lett å føresei eksakt. Nedkjølinga som har vore i arbeidsmarknaden i industrien fører naturleg til færre nyteikningar i 2016. Dette vil truleg også vere gjeldande i 2017. På andre område ser ein at tal kontraktar aukar; dette gjeld i hovudsak innan helsefaga. I budsjettet for 2017 legg fylkesrådmannen til grunn at det vert om lag 50 færre løpande lærekontraktar i 2017 enn i 2016.

Fylkeskommunen må syte for at elevane med ungdomsrett som ikkje får læreplass, får ei alternativ sluttopplæring, ofte omtala som vg3 i skule. Langt frå alle som ønskjer seg læreplass tar imot eit tilbod om slik alternativ opplæring. Trenden hausten 2016 syner at det grunn til å tru at fleire vil takke ja til eit tilbod om vg3 i skule i 2017. Alternativ sluttopplæring i skule har om lag same kostnad som ei lærekontrakt, men når opplæringa skjer i skule er verdiskapingsleddet fjerna og «læretida» vert komprimert til 12 månader. Grafen under syner kostnadsstruktur for ein lærling i ordinært løp og ein lærling med vg3 i skule.

2 Fagopplæring		Bud 2016	Bud 2017	Endring
Lærlingtilskott	Driftsutgifter	289 769	301 636	4,1 %
	Driftsinntekter	-23 520	-24 061	2,3 %
	Netto driftsutgifter	266 249	277 575	4,3 %
Vg3 i skule	Driftsutgifter	0	17 500	
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	0	17 500	
Fagprøvar	Driftsutgifter	22 643	26 765	18,2 %
	Driftsinntekter	-750	-765	2,0 %
	Netto driftsutgifter	21 893	26 000	18,8 %
Lærlingopplæring	Driftsutgifter	11 093	11 100	0,1 %
	Driftsinntekter	-25	0	-100,0 %
	Netto driftsutgifter	11 068	11 100	0,3 %
Fagopplæringskontoret	Driftsutgifter	20 886	25 422	21,7 %
	Driftsinntekter	-500	-500	0,0 %
	Netto driftsutgifter	20 386	24 922	22,3 %
Samarb skole næringsl	Driftsutgifter	1 569	1 600	2,0 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	1 569	1 600	2,0 %
	Netto driftsutgifter	321 165	358 697	11,7 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	330 852	358 697	8,4 %

## Kostnadsfordeling lærling vs. vg3 i skule



	År 4	År 3	År 2	År 1
Lærling	70 783	70 783	100 000	100 000
Vg3 i skole	0	141 566	100 000	100 000

### Fagprøver

Dei to siste åra har det vore avlagt om lag 3100 fag- og sveineprøver i Hordaland, noko som er eit resultat av at det aldri har vore så mange i lære tidlegare. Erfaringa syner at når det vert nedskjeringar og oppseiingar, er det dei utan fagpapir som må gå fyst. Dette er noko av forklaringa på at praksiskandidatar (dokumentasjonsordning) aukar. Det er difor ikkje venta nedgang i tal fag- og sveineprøvar i 2017. Ein fag- eller sveineprøve er estimert til å koste i snitt kr 8500.

### Lærlingopplæring

Lærlingar som går ut i lære før dei har fullført Vg2 i skule må ofte ta teori ved ein vidaregåande skule parallelt med læreløpet. Bedriftene får trekk i tilskotet for det timetalet lærlingen er på skule.

### Fagopplæring m.m

Drift av fagopplæringskontoret er vidareført på same nivå som i 2016. Auken på denne posten skuldast at løyvinga på 4,5 mill. kr til auka gjennomføring er budsjettert her.

### Tiltak for å betre gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa

Fag- og yrkesopplæringa slit med låg gjennomføring. Tal frå 2010 kullet viser at om lag 59% av ungdom som startar på yrkesfag har ein sluttkompetanse etter fem år. Det er grunn til å tru at potensialet for å auke gjennomføringa innan yrkesfaga er stort. I budsjettet for 2016 vart det løyvd 4,5 mill. kr til tiltak for å auke gjennomføringa på yrkesfag. I sak 62/16 i opplærings- og helseutvalet vart det fatta vedtak om kva tiltak som vert sett i verk for desse midlane. Det er trong for gode strategiar både på lang sikt og strategiar på kortare sikt med tiltak for å handtere dei ungdomane som ikkje får læreplass i 2016.

Strategiar på kort sikt inneber at det vert gjennomført ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar knytt til fem vidaregåande skular. Skulane er plukka ut etter kor mange elevar som kjem seg vidare i opplæringsløpet. Dette arbeidet vert støtta og følgd tett frå skuleeigar si side. Det skal utviklast felles arbeidsorganisering for desse fem yrkesfaglege koordinatorane.

Strategiar på lengre sikt vert å arbeide saman med forskingsmiljø for å utvikle nye modellar for fag- og yrkesopplæringa. Målet både på kort og lang sikt er at fag- og yrkesopplæringa i Hordaland skal bli enda betre enn den er i dag. Fleire skal få moglegheit til å avslutte vidaregåande opplæring med fag- eller sveinebrev.

Ut frå erfaringstal frå dei siste tre åra får følgjande skular ekstra merksemd:

	Elevar vg2	% i lære	Påbygg
Årstad	296	32 %	34 %
Stord	127	43 %	28 %
Slåtthaug	170	41 %	32 %
Sotra	153	42 %	33 %
Voss vgs	55	38 %	35 %

Totalt har desse fem skulane i overkant av 800 elevar på Vg2; noko som utgjør over 43% av tal elevar frå Vg2 som anten har søkt læreplass eller påbygg.

I samsvar med forsøksordninga skal det tilsetjast ein yrkesfagleg koordinator ved kvar av dei fem skulane. Slike koordinatorar er heilt avgjerande for å lukkast. Dei fire skulane med flest elevar bør ha ein 100% ressurs kvar, mens Nye Voss vgs bør ha ein 50% ressurs.

**Stikkord i prosjektet:**

- Avtalar om læreplass/prosjekt til fordjuping til alle elevane.
- Rekruttere nye lærebedrifter.
- Betre dimensjonering.
- Formidlingsarbeid ut på skulane.
- Utvikle lokale/regionale samarbeidsarena.
- Følgje opp lærlingane/lærekandidatane i ein overgangsperiode.
- Etablere samarbeid med NAV.
- Knutepunkt Vg3 alternativ slutt opplæring, læreplasskurs og reparasjon av fag ein har stroke i.

**Andre tiltak mot fråfall**

Det er fleire faktorar som påverkar at ungdomane får seg læreplass. Tal lærebedrifter er viktig. Det same er god rettleiing av søkjarane, og ikkje minst at skulane set elevane sine i posisjon gjennom yrkesfagleg fordjuping. I tillegg er det også i nokre tilfelle viktig med ekstra økonomisk bidrag til bedriftene for å ta imot ungdom som ikkje er heilt klåre for forpliktingane som ligg i ein lærekontrakt.

Aksjon lærebedrift er eit samarbeid mellom NHO, LO og HFK. Dette prosjektet har gått over tre år og er eit resultat av samfunnskontraktarbeidet. Partane ønskjer å forlengje prosjektperioden med tre nye år. Prosjektet støtter godt dei strategiane Hordaland fylkeskommune har med å halde 50 % av søkjarane på yrkesfag. Gjennom prosjektet er Læreplasskonferansen utvikla, som er retta mot alle vg 2 elevane i Hordaland. I 2016 var det om lag 1 300 elevar og mange bedrifter på denne samlinga.

I to år er det gitt kr 30 000 ekstra pr kontrakt for lærekandidatar. Dette tilskotet vert foreslått fjerna, og i staden vert det foreslått å auke ramma til individuelle tiltak. Dei individretta midlane vil også kunne rettast inn mot lærekandidatar.

Marknadsføring av fag- og yrkesopplæringa er viktig og skjer på sosiale mediar, gjennom kampanjar og ved informasjon og marknadsføring av fagopplæringa. Det er vanskeleg å måle effektane av dette, men dei ulike tiltaka har samla hatt effekt.

**Samarbeid skule/næringsliv**

Posten samarbeid skule/næringsliv er vidareført på same nivå som i 2016. Det er sett av vel 1,6 mill. kr. Desse midlane blir nytta i arbeidet med å få elevane til å velje ynskja utdanning og kompetanse første gong, og for å unngå at elevane gjer omval. Dei blir blant anna nytta til regionale koordinatorer som jobbar nært med næringslivet og til å arrangere faglege konferansar som « Rett kompetanse.»



## MANGER FOLKEHØGSKULE

2 Manger folkehøgskule		Bud 2016	Bud 2017	Endring
Manger folkehøgskule	Driftsutgifter	3 225	2 625	-18,6 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	3 225	2 625	-18,6 %
	Netto driftsutgifter	3 225	2 625	-18,6 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	3 322	2 625	-21,0 %

Hordaland fylkeskommune driv Manger folkehøgskule. Skulen har plass til om lag 60 elevar. Skulen har tilbod om brassband, vokal, musikkproduksjon og band. Skulen har også eit tilrettelagt tilbod - musikk bu og fritid som er finansiert av NAV. Tilbodet ved Manger folkehøgskule rettar seg mot ungdom som har fullført vidaregåande skule.

Manger folkehøgskule er finansiert med statstilskot, eigenbetaling og løyving over fylkesbudsjettet. Den fylkeskommunale løyvinga var på om lag 3,2 mill. kr i 2016. Fylkesrådmannen foreslår å redusere budsjettet med 0,6 mill. kr i 2017 gjennom å auke eigenbetalinga tilsvarande.

## ANNA

2 Anna		Bud 2016	Bud 2017	Endring
Opplæringsavdelinga	Driftsutgifter	59 175	59 868	1,2 %
	Driftsinntekter	-8 513	-6 500	-23,6 %
	Netto driftsutgifter	50 662	53 368	5,3 %
Kompetanseplan	Driftsutgifter	18 754	17 695	-5,6 %
	Driftsinntekter	-1 513	-1 722	13,8 %
	Netto driftsutgifter	17 241	15 973	-7,4 %
Tilskott	Driftsutgifter	696	710	2,0 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	696	710	2,0 %
Ekstern spes.underv.	Driftsutgifter	42 108	43 076	2,3 %
	Driftsinntekter	-2 107	-2 155	2,3 %
	Netto driftsutgifter	40 001	40 921	2,3 %
Privatist-eksamen	Driftsutgifter	13 564	14 025	3,4 %
	Driftsinntekter	-13 700	-23 500	71,5 %
	Netto driftsutgifter	-136	-9 475	6866,9 %
	Driftsutgifter	134 297	135 374	0,8 %
	Driftsinntekter	-25 833	-33 877	31,1 %
	Netto driftsutgifter	108 464	101 497	-6,4 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	111 736	101 497	-9,2 %

2 Endringer Anna	i 2017-kroner
Nettskule	2 000
Oppl.avd stillingar	-2 575
Kompetanseplan	-1 030
Auke eigenbetaling eksamen	-9 335
Sum tiltak	-10 940

### Opplæringsavdelinga

Opplæringsavdelinga har om lag 140 tilsette fordelt på 4 seksjonar, leining og stab. Seksjonane fagopplæring og OT/PPT har om lag 75 tilsette. Budsjetta for desse einingane finn ein under fagopplæring og OT/PPT. Seksjonane skule og fellestenester samt leining og stab har om lag 65 tilsette. Det er budsjettert med om lag 55,4 mill. kr til drift av desse einingane.

### Elev- og lærlingombod

I 2016 er det tilsett elev- og lærlingombod i samsvar med fylkestinget sitt budsjettvedtak. Ombodet skal ha ei uavhengig rolle i fylkeskommunen og sjå til at elevar og lærlingar sine rettar etter opplæringslova vert oppfylt. Stillinga er lagt til Opplæringsavdelinga.

### Nettskule

Nettskulen tilbyr nettbasert undervisning. Tilboda er tilgjengelege for elevar frå alle dei vidaregåande skulane. Tanken bak nettskulen er at snevre tilbud som Vg3 fordjuping i språk ol. kan verte gitt som tilbud ved nettundervisning til alle skular. Budsjettet er auka med på 2 mill. kr i 2017 som følgje av dette.

### Kompetanseplan

Plan for kompetanseutvikling skal medverke til å nå målet om auka læringsutbytte og fullføring. Kompetanseutviklinga blir systematisert, og skal fornye og utvide den faglege og pedagogiske kompetansen hos skuleleiarar, lærarar, andre tilsette og sentrale aktørar i fag- og yrkesopplæringa. HFK skal forankre den nasjonale strategien for vidareutdanning i organisasjonen, og sikre samanhengen mellom statleg satsing og egne satsingsområde.

I 2017 er det budsjettert med om lag 31 mill. kr til kompetansetiltak. Om lag 15,9 mill. kr av dette er fylkeskommunale midlar. Det er om lag 1 mill. kr mindre enn i 2016.

### Tilskott

Det er budsjettert med 0,1 mill. kr i tilskott til elevorganisasjonar i 2017. Det er i all hovudsak Elevorganisasjonen i Hordaland som får tilskott. Hordaland fylkeskommune har kvart år elevar plassert på Skoleskipet Gann i Rogaland. Skoleskipet Gann er ein godkjent, privat vidaregåande skule med utvida kristen formålsparagraf. Det er budsjettert med tilskott på 0,5 mill. kr.

### Ekstern spesialundervisning

Fylkeskommunen kjøper undervisningstenester frå staten, kommunar, private institusjonar og i nokre tilfelle frå andre fylkeskommunar for nokre elevgrupper.

Tiltaka innanfor slike tenester kan grupperast i desse hovudkategoriane:

- Elevar i grunnskulen i Hordaland med barnevernsvedtak.
- Elevar som er plasserte i barnevernsinstitusjonar i andre fylke, men der opplæringsretten ligg i Hordaland fylkeskommune.
- Elevar i private skular som etter vedtak får spesialundervisning.

Det er sett av 40,9 mill. kr i budsjettet for 2017.

### Privatisteksamen

I statsbudsjettet for 2015 vart eigenbetalinga for privatistar sett opp til kr 1000,- for førstegangs-eksamen og kr 2000,- for seinare forsøk. Auken i eksamensgebyr vart gjort for å redusere talet på kandidatar som tek opp att eksamen. Vidare var det eit mål å auke graden av frammøte på eksamen. Dessutan var det eit ønskje at eksamensavgifta i større grad skulle dekkje fylkeskommunane sine utgifter til eksamensavviklinga. Tal for 2016 syner at det er grunnlag for å rekne med at inntektene i 2017 kan budsjetterast opp med 9,3 mill. kr.

### Karriererettleiing

1.1.2015 vart det etablert eit to-årig forsøksprosjekt med karrieresenter på Stord - Karriere Sunnhordland. Senteret tilbyr individuell karriererettleiing og er eit tilbod til alle over 19 år. Fram til og med 2016 var tilbodet finansiert av statstilskot på om lag 2 mill. kr.

# SPESIFIKASJONAR

Totalt er det budsjettert med 1 860 mill. kr til ordinær drift ved dei vidaregåande skulane. Tabellen under syner

budsjett pr skule, elevtal, del av totalt budsjett og del av elevtal.

Skule	Budsjett	Elevtal	Budsjett pr elev	Andel av elevtal	Andel av budsjett
Os gymnas	20 808	252	83	1,5 %	1,1
Voss gymnas*	21 567	366	108	2,2 %	1,2
Øystese gymnas & Norheimsund vgs	30 922	281	202	1,7 %	1,7
Tertnes vidaregåande skole	34 886	413	155	2,5 %	1,9
U. Pihl vidaregåande skole	26 644	300	89	1,8 %	1,4
Langhaugen vidaregåande skole	54 241	616	88	3,7 %	2,9
Bergen Katedralskole	57 924	596	97	3,6 %	3,1
Bømlo vidaregåande skule	30 240	295	103	1,8 %	1,6
Osterøy vidaregåande skule	25 779	187	138	1,1 %	1,4
Sandsli vidaregåande skole	48 782	547	89	3,3 %	2,6
Odda vidaregåande skule	35 360	309	114	1,9 %	1,9
Kvinnherad vidaregåande skule	44 263	388	114	2,4 %	2,4
Rubbestadnes vidaregåande skule	18 257	145	126	0,9 %	1,0
Voss vidaregåande skule*	8 291	96	158	0,6 %	0,4
Slåtthaug vidaregåande skole	55 420	501	111	3,0 %	3,0
Knarvik vidaregåande skule	113 912	997	114	6,1 %	6,1
Laksevåg vidaregåande skole	81 311	726	112	4,4 %	4,4
Arna vidaregåande skule og Garnes vgs	31 080	284	109	1,7 %	1,7
Åsane vidaregåande skole inkl Lønborg vgs	64 290	456	141	2,8 %	3,5
Årstad vidaregåande skole	109 043	845	129	5,1 %	5,9
Austrheim vidaregåande skule	32 057	261	123	1,6 %	1,7
Bergen tekniske fagskole	3 133	-		0,0 %	0,2
Askøy vidaregåande skole	56 581	536	106	3,3 %	3,0
Fusa vidaregåande skule	43 197	266	162	1,6 %	2,3
Sotra vidaregåande skule	92 044	814	113	4,9 %	4,9
Os vidaregåande skule	48 563	377	129	2,3 %	2,6
Fyllingsdalen vidaregåande skole	53 870	522	103	3,2 %	2,9
Austevoll vidaregåande skule	23 078	144	160	0,9 %	1,2
Voss Husflidskule*	4 477	36	228	0,2 %	0,2
Fitjar vidaregåande skule	27 174	252	108	1,5 %	1,5
Rogne vidaregåande skule*	6 260	63	182	0,4 %	0,3
Bergen maritime vidaregåande skole	35 746	270	132	1,6 %	1,9
Hjeltnes vidaregåande skule**	5 504	12	459	0,1 %	0,3

Tabellen held fram på neste side

Skule	Budsjett	Elevtal	Budsjett pr elev	Andel av elevtal	Andel av budsjett
Stend vidaregåande skule	89 009	525	170	3,2 %	4,8
Etne vidaregåande skule***	11 607	89	130	0,5 %	0,6
Olsvikåsen videregående skole	58 218	553	105	3,4 %	3,1
Nordahl Grieg videregående skole	85 974	919	94	5,6 %	4,6
Stord vidaregåande skule	96 773	847	114	5,1 %	5,2
Amalie Skram	82 269	1 010	81	6,1 %	4,4
Nye Voss videregående	60 378	371	163	2,3 %	3,2
Nye Voss Gymnas (hausten 2017)*	31 785	-	125	-	-
<b>Totalt</b>	<b>1 860 718</b>	<b>16 466</b>			

\*Voss Gymnas, Voss Husflidsskule, Voss vidaregåande og Ragne vidaregåande ligg berre inne med vårverknad i budsjettet. Haustverknad av skulane sitt budsjett er lagt inn på Nye Voss Gymnas.

\*\*Hjeltnes ligg inne med vårverknad i budsjettet.

\*\*\*Etne ligg inne med vårverknad på driftskostnader i budsjettet. Elevkostnaden ligg inne med heilårsverknad grunna forventa kjøp av skuleplassar i Rogaland.

Til området vidaregåande skular er det budsjettert med totalt 2 056 mill. kr.

Videregående skule	2017
Videregående skular	1 983 522
Landslinje	7 200
Toppidrett (inkl Olympiatoppen)	11 068
TAF	20 695
IB	7 400
Tilbod til minoritetsspråklege	26 799
<b>Totalt</b>	<b>2 056 684</b>

### Landslinjer

Det er landslinjetilbod ved Os vgs innan yrkessjåfør og anleggsmaskinar og ved Odda vgs i smedfaget. Det fylkeskommunale bidraget til landslinjene er til Os vgs. Dei statlege satsane er ikkje tilstrekkelege til å dekkje løn og drift av tilboda.

### Toppidrett

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Olympiatoppen vest toppidrettstilbod ved Tertnes vgs, Amalie Skram vgs og Voss gymnas. Det er om lag 140 elevar frå heile Hordaland som får tilbod. Inntaket til desse tilboda skjer i samarbeid med Olympiatoppen.

Det er budsjettert med 8 mill. kr til Olympiatoppen og i overkant av 3 mill. kr til Voss gymnas/Nye Voss gymnas for dette tilbodet i 2017. I tillegg kjem ordinær elevsats.

### TAF-tilbod

Tekniske allmennefag eller TAF er 4-årige løp som gir både studiekompetanse og fagbrev. Det er TAF-tilbod ved Knarvik vgs, Fusa vgs og Austrheim vgs. Det er om lag 100 elvar på desse tilboda hausten 2016. Det er TAF-tilbod innan utdanningsprogramma Byggfag, Elektrofag, Helsefag og Industriell produksjon. Tilbodet vert finansiert med ordinært lærlingtilskot i tillegg til 4 år med 75% av ordinær årleg elevsats for det enkelte utdanningsprogram.

Det er budsjettert med 20,7 mill. kr til dette tilbodet i 2017

### IB-tilbod

International Baccalaureate Diploma Programme er ei internasjonal vidaregåande utdanning over to år som tilsva- rar Vg2 og Vg3 i ordinær vgs. Det er eit krevjande studiefø- rebuande kurs som passar for målretta elevar som ønskjer seg ein internasjonal vidaregåande skule.

IB-tilbodet i Hordaland er lokalisert ved Bergen katedral- skole. IB-tilbodet vert finansiert med ein elevsats tilsva- rande ein og ein halv elevsats for studiespesialisering ut- danningsprogram. Det er budsjettert med om lag 7,4 mill. kr til dette tilbodet.

Det er også tilbod om Pre-IB. Dette er eit tilbod til elevar som vurderer å søkje opptak til International Baccalaureate (IB) på Vg2. Studiespesialisering med førebuaende IB er ordinært Vg1 med norske læreplanar og fagvalg, men det meste av undervisninga er på engelsk.

### Tilbod til minoritetsspråklege

Hausten 2016 er det innføringstilbod for minoritetsspråk- lege ved 8 skular i Hordaland. Det er totalt 167 elevar ved desse tilboda. Innføringsklasse er tilbod som førebear elevar med kort butid i landet til å gjennomføre vidaregåande skule. Det er utarbeida eigne læreplanar for tilbodet.

Hausten 2016 starta Hordaland opp med tilbod om kombi- nasjonsklasse ved Fyllingsdalen videregående skole. Dette er eit tilbod som vert gitt til ungdom i aldersgruppa frå 16- 19 år. Tilboda vert gitt i samarbeid med Bergen kommune.

## DIMENSJONERING AV SKULETILBODET I HORDALAND

Ved dimensjoneringa av skuletilbodet i Hordaland er det fleire faktorar som det må takast omsyn til.

Utviklinga i elevtalet korrigert for reisemønster, elevtal i private skular, talet på elevar som gjer omval og talet på lærlingar er faktorar som avgjer storleiken på skuletilbodet i Hordaland.


Dei fleste skulane rekrutterer elevar frå fleire kommunar både i og utanfor Hordaland. Det er difor naudsynt å korrigere venta elevtalsutvikling for reisemønster. Dette er gjort ved å rekne ut kor stor del av 16-18-åringar i kvar

kommune i Hordaland som går på skule i kvar enkelt region skuleåret 2015/16, og vidareføre denne trenden utover i prognoseperioden.

I følgje tal fra GSI (Grunnskulen sitt informasjonssystem) er talet på 16-åringar i Hordaland denne hausten om lag 6 300. For dei tre årskulla samla er auken om lag 200.

Figuren nedanfor syner reisemønsterjustert elevprognose for Hordaland fylke for skuleåra 2015/16 til 2023/24, jamfør skulebruksplanen.

### Elevprognose Hordaland



År	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20	2020/21	2021/22	2022/23	2023/24
Region Nordhordland	1397	1364	1435	1451	1431	1357	1341	1347	1396
Region Arna	1176	1113	1087	1063	1062	1032	1032	1026	1036
Region Bergen Nord	1705	1674	1685	1632	1614	1499	1542	1559	1633
Region Bergen Sør	3658	3669	3713	3720	3660	3739	3864	3873	3890
Region Bergen Sentrum	1266	1255	1377	1415	1442	1416	1469	1491	1529
Region Bergen Vest	2639	2499	2519	2467	2435	2421	2439	2508	2522
Region Askøy	1138	1168	1163	1183	1186	1165	1173	1177	1204
Region Sotra	1627	1557	1594	1599	1586	1563	1565	1585	1589
Region Os og Fusa	913	905	945	980	969	950	967	999	1050
Region Sunnhordland	1624	1608	1648	1618	1583	1517	1538	1533	1557
Region Etne og Sveio	377	362	362	377	374	389	382	359	358
Region Odda	408	411	398	389	350	346	338	332	312
Region Kvinnherad	588	566	577	561	549	518	533	520	515
Region Kvam	375	367	355	378	383	370	360	368	364
Region Voss	666	646	663	663	666	655	652	644	621

Av figuren går det fram at det venta elevtalet i perioden 2015/16 – 2023/24 vil variere mellom 19 576 i toppåret 2023/2024 og 18 937 i botnåret 2020/2021. Lenger fram i tid syner prognosen vekst i elevtalet.

### Private skular

Talet på private skular og talet på elevar i private vidaregåande skular er eit viktig parameter i dimensjoneringa av det offentlege tilbodet i vidaregåande opplæring i Hordaland. Dersom det er lokalisert mange private elevplassar i ein region eller eit regionsenter, avgrensar dette det offentlege tilbodet når det gjeld elevplassar og fagtilbod. Det er i hovudsak i Bergen sentrum at talet på private elevplassar er av nokon storleik. I tillegg er Framnes kristne vidaregåande skule ein stor konkurrent til skulane i Kvam.

Det er p.t. om lag 2 900 elevplassar ved private vidaregåande skular i fylket. Hausten 2016 flytta Sonans vgs i nye lokaler og skifta namn til Fana private gymnas. Dei aller fleste elevplassane til dei private vidaregåande skulane er på studiespesialiserte utdanningsprogram, og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum. I Bergen sentrum er om lag halvparten av elevplassane ved private skular.

### Omval

Ein annan faktor som påverkar trongen for elevplassar er graden av omval.

Kvart år er det mellom 750 og 850 elevar som gjer omval. Det er mange årsaker til at elevar gjer omval. Nokre elevar har eit planlagt omval ved at dei tek vg1 over to år. Andre har falle ut av eit kurs, ikkje bestått eller ønskjer å ta eit anna kurs på same nivå.

### Talet på lærlingar/læreplassar

Tilgangen på læreplassar og talet på formidla lærlingar vil også påverke behovet for elevplassar ved dei vidaregåande skulane. Sjølv om det ikkje er ein direkte samanheng mellom elevtal og lærlingtal, vil trongen for skuleplassar verte påverka av kor mange det er som får læreplass eit år.

Hausten 2016 har det vore vanskeleg å skaffe nok læreplassar innan fleire fag. Det har vore naudsynt å opprette fleire Vg3-plassar for å rette på dette. Det er no vg3 tilbod mellom anna i ikt-service, fag innanfor maritime fag, industrimekanikarar og elektrofag.

### Andel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram

Ein siste faktor som har innverknad på dimensjoneringa er kor stor del av elevtalet som går på yrkesfaglege utdanningsprogram.

Tabellen under syner utviklinga i del elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram i perioden 2011-2015 i Hordaland samanlikna med landssnittet. Tala syner at Hordaland har større del elevar i yrkesfag enn landsgjennomsnittet.

År	2011	2012	2013	2014	2015
Hordaland	53,2	53,0	52,7	52,0	52,0
Landssnitt utan Oslo	52,6	52,4	51,9	51,1	51,0

Tala syner at det dei siste åra har vore ei dreining frå yrkesfag til studieførebuande fag både nasjonalt og i Hordaland. Hausten 2015 snudde denne trenden. Del elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram er på same nivå hausten 2015 som hausten 2014. Dette er ei nasjonaltrend. Elevtala frå 2016 syner at denne trenden held fram.



SAMFERDSEL:

# Fokus på trygge og miljøvenlege reiser

*Hordaland fylkeskommune har som mål å styrkje utviklinga av eit konkurransedyktig, miljøvenleg og tenleg kollektivtilbod. I dette ligg ei satsing på regionale senter som transportknutepunkt. I 2017 vart det lagt opp til vidare styrking av ruteproduksjonen i bergensområdet. I tillegg har tiltak som ivaretek trafikktryggleiken høg prioritet i drifta.*

# INNLEIING

Kollektivtrafikken gir reisetilbod til heile fylket; med 9 snøggbåtsamband, ferje i 17 ulike samband, bussar med omlag 8000 daglege avgangar og Bybanen som går kvart

4.-5. minutt i rushtida. Samla var det over 54 millionar kollektivreiser i 2015.

Tal i heile 1000 kr

1		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Vedlikehald fylkesveggar	Brutto driftsutgifter	490 924	504 919	2,8 %
	Driftsinntekter	-87 541	-89 554	2,3 %
	Netto Driftsinntekter	403 583	415 365	2,9 %
Bilruter	Brutto driftsutgifter	1 561 180	1 635 300	4,7 %
	Driftsinntekter	-826 695	-932 800	12,8 %
	Netto Driftsinntekter	734 485	702 500	-4,4 %
Fylkesvegferjer	Brutto driftsutgifter	329 603	311 400	-5,5 %
	Driftsinntekter	-6 436	-6 400	-0,5 %
	Netto Driftsinntekter	323 167	305 000	-5,6 %
Båtruter	Brutto driftsutgifter	177 028	166 300	-6,1 %
	Driftsinntekter	-42 500	-48 100	13,2 %
	Netto Driftsinntekter	134 528	118 200	-12,1 %
Bybanen	Brutto driftsutgifter	187 313	223 400	19,3 %
	Driftsinntekter	-125 711	-131 300	4,4 %
	Netto Driftsinntekter	61 206	92 100	50,5 %
Andre kostnader	Brutto driftsutgifter	230 635	243 119	5,4 %
	Driftsinntekter	-9 385	-9 600	2,3 %
	Netto Driftsinntekter	221 250	233 519	5,5 %
Sum	Brutto driftsutgifter	2 976 683	3 084 438	3,6 %
	Driftsinntekter	-1 098 268	-1 217 754	10,3 %
	Netto driftsutgifter	1 878 415	1 866 684	-0,6 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kr	1 921 618	1 866 684	-2,9 %

## HOVUDUTFORDRINGAR

### FYLKESVEGAR

#### Drift og vedlikehald

Fylkestinget vedtok i oktober 2011 Drifts- og vedlikehalds-strategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012–2021). Det pågår no eit arbeid med rullering av gjeldande strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegane. Sentralt i dette

arbeidet er ein oppdatering av det samla forfallet på vegnettet. Førebels analysar viser at forfallet har auka vesentleg dei siste åra, kombinert med at klimaet endrar seg med meir flaum, skred og ekstrem nedbør.



Regional transportplan for Hordaland 2013–2024 vart lagt fram for handsaming i fylkestinget i oktober 2012. Handlingsprogram 2014–2017 for fylkesvegnettet i Hordaland er vedlegg til transportplanen. I planen er det prioriteringar for investeringar og drift/vedlikehald på vegnettet. I samsvar med vedteken drifts- og vedlikehaldsstrategi er det i handlingsprogrammet lagt opp til å nytte ein stadig aukande del av investeringsbudsjettet til standardhevings-tiltak, som skal nyttast til reinvesteringar på vegnettet for å stoppe forfallet.

Den økonomiske ramma til drift og vedlikehald var i 2016 på 490 mill. kr Budsjett ramma for 2017 er på 505 mill. kr, ein auke på 2,8%.

## KOLLEKTIVOMRÅDET

### Nullvekstmål og utvikling av kollektivtilbodet i bergensområdet

Kollektivstrategien for Hordaland er grunnlag for prioriteringar, gjennom årleg rullerte handlingsprogram. Strategien peikar ut retning for korleis ein kan nå felles nasjonale og regionale mål om at veksten i persontrafikken i byområda skal takast med miljøvenlege transportformer. Kollektivtransporten må ta den vesentlege delen av trafikkveksten skal måla nåast.

Dei siste åra har talet på kollektivreisande i Hordaland auka kraftig. Bybanen i Bergen og styrking av busstilbodet der det er mange reisande, har gitt gode resultat. I 2016 er rutetilbodet i Bergen styrka vesentleg, med over 400 nye avgangar og opning av byggjetrinn 3 på Bybanen og fleire lange bybanevogner. Tiltaka har gitt betre rutetilbod for fleire og kapasiteten i kollektivsystemet er blitt vesentleg auka. Første halvår 2016 viser god vekst i passasjertala for bergensområdet. I 2017 vil Bybanen gå heilt til Flesland, og det vert lagt opp til vidare utvikling av busstilbodet i bergensområdet.

Kollektivområdet vert i budsjettet for 2017 styrka av belønningsmidlar. For 2017 er 30 mill. kr fordelt til styrka rutetilbod i bergensområdet. Det er og fordelt midlar som sikrar drift av byggjetrinn 3 på Bybanen samt kostnader knytt til lange vogner også for strekningane for byggjetrinn 1 og 2. Det er utfordrande kvart år å sikre finansiering til drift av tiltak som er sette i verk, og samstundes finne rom for nye tiltak. Utvikling av tilbodet for fleire kollektivreiser, krev ressursar til planlegging både på kort og lang sikt. By-miljøavtalen som er under forhandling, vil difor vere svært viktig for å sikre framtidig finansiering av kollektivdrift, ut over perioden for belønningssavtalen 2015–2018.

### Skuleskyss

Behovet for skuleskyss er aukande, særleg gjeld det grunn-skuleelevar og elevar med rett på individuelt tilrettelagt skuleskyss. Dei siste åra har kostnadene knytt til dette området auka med omlag 10 mill. kr årleg.

Kostnadsveksten for skuleskyss er utfordrande, ettersom det er ei lovpålagt oppgåve der fylkeskommunen ikkje rår over alle faktorar som påverkar omfanget. Nedlegging og sentralisering av skular og fleire elevar med to adresser som følgje av delt omsorg, er sentrale kostnadsdrivarar som gir lengre reiseavstandar og fleire med rett på skuleskyss.

### Takstar og billettering

Mobilbilletten er på kort tid blitt den klart viktigaste salskanalen for Skyss. Med unntak for ungdomsbillett har ein ikkje høve til å nytte mobilbillett utanfor sone Bergen. Skyss har sett i gang eit arbeid for å få på plass betaling med kort eller andre betalingsløyser om bord på fleire bussruter. Prosjektet vil vurdere ulike tekniske løysingar, kjøpe inn, teste og montere betalingsutstyr om bord på utvalde linjer og bussar, og overvake og evaluere korleis løysingane fungerer i bruk. Dette er det lagt inn investeringsmidlar til.

Sidan ombordtillegget vart innført har ein i stor grad oppnådd den ønska overgangen frå kjøp om bord til billetter kjøpt på førehand. Også i sone Bergen må ein likevel framleis handtere ein del kontantar om bord. Sidan tillegget vart innført har det ikkje vorte regulert, men ein foreslår i budsjettet for 2017 ein auke for å styrke effekten av tillegget.

Det er stadig eit mål å forenkle billettane ein tilbyr så mykje som mogleg. Skyss følgjer med på kva dei andre kollektivaktørane i Noreg gjer, og tek og omsyn til spørsmål og innspel frå publikum.

### I 2017 vert desse endringane foreslått:

- Reglane for familierabatt vert foreslått endra slik at ein får familierabatt laurdagar, sundagar og offentlege fridagar, og at ein kan ta med seg inntil fire barn under 16 år gratis med alle vaksenbilletter.
- Billett for hund vert tatt bort, slik at både førarhundar og andre hundar kan reise gratis.

I budsjettet vert det elles lagt opp til takstauke i samsvar med konsumprisindeksen.

### Endring av sonestrukturen i fylket

Politisk arbeidsgruppe for takst- og sonestruktur hadde siste møte i mai 2016 og rådde til ny modell med 8 soner i fylket. Modellen har ein kostnad på mellom 35–40 mill. kr årleg. Gruppa la til grunn at finansiering og innføring var ein del av budsjettprosessen. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom i budsjettet for dette tiltaket i 2017. Etter fylkesrådmannen si vurdering er uvisse knytt til nye ferjekontraktar så stor, at ein vil vente med endringar i takst- og sonestruktur til ein har oversyn over framtidige kostnader knytt til ferjedrift.

# MÅL OG STRATEGIAR

## OVERORDNA MÅL 1

Samferdsel skal fremje regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet.

### Strategiar

- 1.2** Arbeide aktivt inn mot sentrale styresmakter for å få realisert viktige nasjonale og regionale prosjekt i Hordaland.
- 1.3** Vidareutvikle ei kunnskapsbasert forvaltning.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- 1** Inngå bymiljøavtale med høgast mogeleg statleg finansieringsdel for bybana.
  - 1.1** Dette er ein viktig faktor for det framtidige fylkeskommunale investeringsnivået på bybaneområdet.
  - 2** Arbeide for å auke statlege løyvingar til å dekke etterslepet på fylkesvegnettet.
  - 2.1** Fylgje opp program for vedlikehald av fylkesveg i NTP-prosessen.
  - 3** Arbeide for betre grunnfinansiering for drift av kollektivtrafikk.
  - 3.1** Oppfølging av NTP-prosessen for å sikra at midlar frå belønningsordninga/bymiljøavtalane kan nyttast til drift av kollektivsystema.
  - 4** Gjere faktabasert kunnskap om kollektivsystemet meir tilgjengeleg.
  - 4.1** Auke ressursar til å styrke analysekapasiteten i Skysv vil vere naudsynt framover.

## OVERORDNA MÅL 2

Samferdsel skal medverke til å sikre mobilitetsbehovet ved å vidareutvikle og forvalte eit føreseieleg, sikkert, miljøvenleg og framtidretta transportsystem

### Strategiar

- 2.1** Styrkje regionale sentra som transportknutepunkt.
- 2.2** Utvikle meir effektive og miljøvenlege løysingar innan båt- og ferjedrift.
- 2.3** Styrkje ruteproduksjonen i bergensområdet.
- 2.4** Betre sals- og billetteringsløysingane i områda utanfor Bergen.
- 2.5** Syte for eit godt tilbod om skuleskyss til alle som har krav på dette.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- 1** Prioritere utbyggjing av gong- og sykkelvegnettet

rundt viktige målepunkt for barn og unge, samt eit samanhengande sykkelvegnett rundt regionale knutepunkt.

- 1.1** I investeringsbudsjettet er råma auka med 10 mill. kr for fylket utanom Bergen.
- 2** Gjennomføre nye ferjeanbod der det vert lagt til rette for meir miljøvenleg drift og fornying av ferjeflåten.
- 2.1** I løpet av 2016 og 2017 vert det inngått avtalar om nye ferjeanbod som skal setjast i verk i økonomiplanperioden. I økonomiplanen må det sikrast finansiering til eit driftskostnadsnivå som ein må anta vil ligge over det noverande.
- 3** Iverksetje og vidareføre auka ruteproduksjon inkludert Bybanen til Flesland.
  - 3.1** Belønningsmidlar til å vidareføre ruteproduksjonen er 30 mill. kr i budsjettet for 2017.
  - 3.2** Finansiering av meirkostnader for drift av ny bybanestrekning er lagt inn i budsjettet med 38 mill. kr.
  - 4** Vidareutvikle nye og eksisterande sals- og billetteringsløysingar.
    - 4.1** Skysv legg opp til å løfte kompetansen og styrke ressursituasjonen på dette området.
    - 4.2** I investeringsbudsjettet er det lagt inn midlar til å kjøpe tenester for å finne betre løysingar for kjøp av billetter i område utanfor Bergen.
  - 5** Gjennomføre tiltak knytt til skuleskyss og syte for individuelt tilrettelagt skuleskyss.
    - 5.1** Auka kostnader knytt til auka transportbehov og fleire elevar med krav på individuelt tilrettelagt skuleskyss.

## OVERORDNA MÅL 3

Samferdsel skal forvalte og utvikle fylkesvegnettet med vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald.

### Strategiar

- 3.1** Styrkje vedlikehald av dagens fylkesvegnett.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- 1** Sikre forsvarleg drift og vedlikehald av vegnettet.
  - 1.1** I investeringsbudsjettet vert posten standardheving vidareført med 160 mill. kr. Posten vert nytta til vedlikehald av investeringskarakter.

## OVERORDNA MÅL 4

Samferdsel skal arbeide for at veksten i persontrafikk i bergensområdet skal skje ved hjelp av gange, sykkel og kollektivtrafikk.

### Strategiar

- 4.1** Styrke utviklinga av eit konkurransedyktig, miljøvenleg og teneleg kollektivtilbod med best tilbod der flest reiser.
- 4.2** Styrke tilrettelegginga for å auke andelen av syklistar og forgjengarar i byområdet.
- 4.3** Styrke fokus på tiltak for å redusere personbiltrafikken i bergensområdet.

## FYLKESVEGAR

### Kort om tilstanden på vegnettet – grunnlag for prioriteringar

Den økonomiske ramma til drift og vedlikehald er på 499,7 mill. kr. I tillegg kjem løyving på 5 mill. kr til trafikksikringsarbeid i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) og 0,2 mill. kr til Trygg Trafikk. I investeringsbudsjettet er det i tillegg lagt inn 160 mill. kr til standardhevingstiltak.

I Hordaland er det i alt ca. 2 900 km fylkesveg og 200 km gang- og sykkelveg med fast dekke på heile vegnettet.

Kostnadsindeksen for drift og vedlikehald har tidlegare år auka vesentleg meir enn konsumprisindeksen, jfr SSB sin kostnadsindeks for drift og vedlikehald av veganlegg. Ved fornying av driftskontraktane har hovudregelen vore at kontraktsummen for dei nye kontraktane har auka monaleg i høve til dei gamle. Til dømes auka den nye Stor-Bergen-kontrakten med verknad frå september 2015 med ca 23 % eller 18 mill. kr på årsbasis.

Våren 2013 la Vegdirektoratet fram rapporten «Hva vil det koste å fjerne forfallet på fylkesvegnettet?» som er resultat av ei kartlegging av forfallet i alle fylka i landet. For Hordaland sin del var forfallet rekna til 6 470 mill. kr.

I vedlikehaldsstrategien er det peika på at ein må ha fokus på å snu utviklinga med eit stadig veksande etterslep i vedlikehaldet. Det er grunn til å vente meir stabile kostnader ved fornying av driftskontraktane utover i perioden. I tillegg vil ein auke i posten "Standardhevingstiltak" på investeringsbudsjettet vere med å betre situasjonen.

### Tiltak og økonomisk konsekvens

- 1** Fylgje opp strategi for innfartsparkering for bil og sykkel.
- 1.1** Det vert lagt opp til å tilsetje ein medarbeidar i ei to-årig prosjektstilling som skal utarbeide ein handlingsplan og deretter setje i verk tiltak. Midlane til dette vert henta frå dei øyremerkta budsjettmidlane til innfartsparkering
- 1.2** Det vert lagt opp til å nytta 6 mill. kr frå bergensprogrammet til bysykkelordning.
- 2** Utvikle linjenett og rutetilbod for å nå nullvekstmålet i trafikkplan for bergensområdet
- 2.1** I budsjettet er det sett av midlar til å auke kompetansen og styrke ressursituasjonen i Skyss-organisasjonen.

## GENERELT

### Definisjonar av drift og vedlikehald

Med drift av vegnettet meiner ein alle oppgåver og rutinar som er naudsynt for at eit veganlegg skal fungere som planlagt. Dette er aktivitetar som brøyting, strøing med salt og sand, vask og reingjering, oppretting av skilt, stell av grøntareal, trafikkstyring, trafikantinformasjon osv. Med vedlikehald av vegnettet meiner ein tiltak for å oppretthalde standarden på vegdekke, vegoppmerking, grøfter, bruer, tunnelar og tekniske anlegg/installasjonar i tråd med fastsette kvalitetskrav.

### Prioriteringar i komande planperiode:

Driftsoppgåver som ivaretek trafikktryggleiken har høgaste prioritet. Dette gjeld spesielt vinterdrifta der brøyting, salting, strøing er dei viktigaste oppgåvene. Driftsoppgåver på strekningar med mange ulukker skal følgjast spesielt opp i samsvar med det som vart lagt til grunn i Drift- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012–2021).

Innanfor vedlikehald vil tiltak i utgangspunktet prioriterast slik:

- Rette opp skader som kan føre til at vegen vert akutt trafikkfarleg eller at framkomsten vert redusert vesentleg, til dømes ved ras og flaum.
- Rette opp skader og slitasje som kan få konsekvensar for trafikktryggleiken og framkomsten, til dømes murar og stikkrenner.
- Rette opp skader som kan vere starten på ein akselererande skadeutvikling der tiltakskostnadene kan vere sers store dersom ingenting vert gjort.
- Gjennomføre tiltak som forlenger levetida og

reduserer framtidige vedlikeholdskostnader slik at  
noverdi av vedlikeholdskostnader vert lågare.

Blant vedlikeholdstiltaka er vedlikehold av tunnelar og bru-  
er prioritert så høgt som mogleg. Ein legg opp til å priorite-  
re desse tiltaka frå midlane på «Standardhevingspotten».

### Driftskontraktar

I Hordaland er det 8 driftskontraktar. Kontraktane gjeld  
normalt for 5 år med opsjon på 1 års forlenging. Normalt  
vert det lyst ut ein til to kontraktar kvart år. I 2016 er det  
inngått ein ny kontrakt – Hardanger (omfattar Eidfjord,  
Jondal, Kvinnherad, Odda, E134 mellom Fjæra og Røldal  
og Rv. 7 mellom Bu og Haugastøl) med Mesta AS, dvs. at  
ein held fram med same driftsrentreprenør.

I 2017 skal det inngåast ny driftskontrakt vest for Bergen,  
kalla ASOLA, med verknad frå 1. september 2017. Kontrak-  
ten omfattar området Askøy, Sund, Fjell, Øygarden og del  
av Bergen vest for Lyderhorn.

I driftskontraktane inngår ikkje legging av asfalt og drift  
og vedlikeholdet av tekniske installasjonar i tunnelane.  
Det er egne elektrokontraktar som omfattar tekniske  
installasjonar i tunnelar, ferjekaier og langs vegane. I tillegg  
er det eig ne kontraktar som omfattar drift og vedlikehold  
av tunnelar i bergensområdet.

Rekneskapen for driftskontraktane i 2015 viste eit ve-  
sentleg meirforbruk. Forebelse prognoser viser at det  
truleg vert eit meirforbruk også i 2016. Meirforbruket har  
samanheng med opprydding etter uver, trenedfall, utraste  
vegar, meirkostnader med vinterdrifta. Driftskontraktane  
er basert på "normale vêrtilhøve" og ikkje ekstraordinære  
vêrtilhøve.

Den stramme budsjettamma for vegvedlikeholdet kan  
gjere det naudsynt å foreslå reduksjon i driftsopplegget.  
Aktuelle tiltak kan vere:

- Grøntareal og kantslått
- Reinhold langs vegar og leskur
- Vedlikehold av støyskjernar
- Stenging av rasteplassar og servicebygg/toalett
- Reduksjon i lapping av vegdekker
- Redusere tøming av kummer, skifte av stikkren-  
ner, reinsk av grøfter og fjerning av torvkantar
- Redusere vedlikehold av kantstein, rekkverk og gjerder

Fylkesrådmannen vil vurdere nivået på vedlikehaldsbud-  
sjettet i økonomiplanperioden. Standarden og driftsnivået  
må gjennomgåast i denne samanhengen.

### Vinterdrift

I bergensområdet er det satsa mykje på å redusere pigg-  
dekkbruken for m.a. å redusere svevestøv. Stortinget har ei  
målsetjing om 80 % piggfri køyring, medan Oslo og Bergen  
har sett eit mål på 90%. I 2016 var andelen i Bergen 87 %.  
Oslo var hakk i hel med ein piggfri del på 86%.

Piggfri køyring krev høg standard på brøyte- og strøbered-  
skapen i bergensområdet. Vinterdrifta, dvs. snørydding, sal-  
ting og strøing, inngår i driftskontraktane og utgjør mellom  
45% og 60 % av kontraktsummen.

For 2017 er det budsjettet med 359 mill. kr til drift regu-  
lert gjennom faste kontraktar. Dette er ein auke på 9 mill.  
kr i forhold til 2016.

### Drift øvrig

I denne posten inngår kostnader til straum/veglys og be-  
taling til kommunar for veglys. I tillegg er det kostnader til  
kommunale avgifter, servicebygg, diverse mindre driftstil-  
tak, ny skilting, helikopterleige ved inspeksjonar av ras,  
avtale om reinhold av vegar i Bergen mv. For 2017 er det  
sett av 66 mill. kr til dette.

Samla er det sett av vel 426 mill. kr til drifta av fylkesvega-  
ne i 2017.

## VEDLIKEHALD

### Tunnelar, bruer og ferjekaier

Standarden på tunnelane varierer mykje både når det gjeld  
tekniske installasjonar og utrusting. Dessutan er høgda i  
nokre tunnelar lågare enn den standarden som vert lagt til  
grunn, dvs. minstehøgde på 4,2 m.

Tunnelar over 500 m og årsgjenntrafikk (ÅDT) over 300  
kjem inn under Tunnelsikkerhetsforskriften som vart gjort  
gjeldande for fylkesvegane frå 1. januar 2015. Av dei 126  
fylkesveg-tunnelane er det 38 tunnelar i Hordaland (42  
innan 2020) som kjem inn under denne forskrifta.

Statens vegvesen har under utarbeiding ein handlingsplan/  
tiltaksplan for å kunne gje eit oversyn over tiltak og kostna-  
dar for tunnelane som kjem inn under forskrifta. Handlings-  
planen vil leggje opp til at nokre tunnelar vert oppgraderte  
kvart år i samsvar med forskrifta. Alle tiltaka må vere  
gjennomførte innan utgangen av 2019, men etter søknad  
er det gjeve forlenging av fristen med 5 år. Kostnadane  
med oppgradering av tunnelane vert dekkja over posten for  
standardheving. For 2017 vert det lagt opp til å nytte 3 mill.  
kr til tunnelvedlikehold av vedlikehaldsbudsjettet.

Alle bruene vert jamleg inspiserte og det vert sett i verk  
naudsynte sikringstiltak der dette er påkravd. Det er eigen  
samlekontrakt for bruvedlikeholdet. Behovet for vedlike-  
hold av bruene er stort og det er mange bruer som er over  
20 år. For 2017 vert det lagt opp til å nytta 15 mill. kr til  
bruvedlikehold.

Det er eigen kontrakt for drift- og vedlikehold av ferjekai-  
ane. Det er 36 fylkesvegferjekaier, og det er trong for å  
oppgradere og skifte ferjekaibru på nokre av kaiane innan  
nær framtid for å sikre stabil ferjedrift. For 2017 vert det  
sett av 10 mill. kr til fagkontrakt for ferjekaiene.

**Vegdekke og oppmerking**

I 2016 vart det løyvd 33 mill. kr til dekkelegging. Det vart lagt omlag 50 km asfalt, eller 1,7 % av vegnettet for denne løyvinga.

For 2017 fører fylkesrådmannen opp 38 mill. kr til dekkelegging. Då vert det lagt knapt 60 km med asfalt. Det vert sett av 11 mill. kr til oppmerking.

**Andre vedlikehaldskostnader**

Regelmessig vedlikehald av grøfter, kummar, stikkrenner og drenering førebyggjer skader på vegkroppen. Meir

ekstremvær aukar presset på denne budsjettposten. Innanfor vedlikehaldsposten er det sett av 9 mill. kr til dette føremålet. Det vert lagt opp til at større tiltak vert dekkja over standardhevingspotten.

**Oppsummering drift og vedlikehald**

Tabellane under viser forslag til prioritering innanfor budsjetttrammene for 2017. I tillegg er det teke med ei kolonne som viser overslag over behov for å halde vegnettet i god stand utan at forfallet aukar. I summen for "vedlikehald øvrig" inngår m.a. tunneltiltak, skiltfornyng, utbetring av kummar, grøfter, stikkrenner, murar mv.

**DRIFT***Alle tal i løpande 1000 kr*

3 Tiltak	Budsjett 2016	Behov 2017	Budsjett 2017
Drift – regulert gjennom fast kontraktar	350 595	372 587	359 775
Drift – øvrig	64 953	72 995	66 445
Sum	415 548	445 582	426 220

**VEDLIKEHALD***Alle tal i løpande 1000 kr*

3 Tiltak	Budsjett 2016	Behov 2017	Budsjett 2017
Bruvedlikehald	23 000	130 000	15 000
Vegoppmerking	10 000	20 000	11 000
Dekkelegging	33 000	100 000	38 245
Vedlikehald – øvrig	4 376	69 660	9 247
Sum vedlikehald	70 376	319 660	73 492

Tabellen viser budsjettet er knapt samanlikna med behovet som er meldt. Dei samla økonomiske rammene gjer det vanskeleg å prioritere vegvedlikehaldet så mykje som ønskeleg.

Fylkesrådmannen viser i denne samanhengen til at det på investeringsbudsjettet er sett av 160 mill. kr til standardheving av fylkesvegane. Budsjettet for denne posten i 2016 var 144 mill. kr. I samsvar med opplegget i Regional transportplan er standardhevingsposten auka årleg i økonomiplanperioden.

**Trafikksikring**

Det er sett av 5,0 mill. kr til trafikantretta arbeid i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det vert lagt til grunn at midlane vert nytta til å støtte opp om tilskotsordningane i FTU (mindre fysiske trafikktiltak). I budsjettet elles inngår mange trafikketta tiltak og trafikksikring utan at det er direkte omtala som trafikksikring.

**Trygg Trafikk**

Det er sett av 0,207 mill. kr til kontorhald og reiseutgifter for Trygg Trafikk sin distriktsleiar. Distriktsleiaren har no kontorplass hjå fylkeskommunen, mot tidlegare hjå Statens vegvesen.

## DRIFTS- OG VEDLIKEHALDSUTGIFTER

2 Vedlikehold fylkesvegar brutto driftsutgifter	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Drift	415 548	426 220
Vedlikehold	70 376	73 492
Trafikksikring	5 000	5 000
Trygg Trafikk	0	207
Sum	490 924	504 919
Sum i 2017-kr	502 220	504 919

## BILRUTER

2 Bilruiter		Budsjett 2016 i mill. kr	Budsjett 2017 i mill. kr
Bilruiter	Driftsutgifter	1 561,2	1 635,3
	Driftsinntekter	-826,7	-932,8
	Netto driftsutgifter nominelt	734,5	702,5
	Netto driftsutgifter i 2017 kroner	751,4	702,5

Budsjettet for bilruiter aukar både på kostnads- og inntektsida. På inntektsida skuldast auken at det er lagt inn 2,5 % takstauke i tillegg til ein volumauke på omlag 33 mill. kr. Resten av inntektsauken skriv seg frå bruk av belønningmidlar.

Kostnadsauken utover 0-vekst kjem som fylgje av auka ruteproduksjon i bergensområdet. Dette er finansiert med belønningmidlar.

Budsjettområdet dekkjer den subsidierte bussdrifta i fylket.

Tabellen under syner kontraktskostnadene i anbodspakke- ne og andre kostnader knytt til dette budsjettområdet. Endringar i budsjettet frå 2016 til 2017 er grunna i prisvekst og avtalefesta regulering.

3	Operatør	Brutto kostnader 2017 i mill. kr.
Bergen sør	Tide Buss AS	222,5
Bergen nord	Tide Buss AS	234,5
Bergen sentrum	Tide Buss AS	244,4
Vest	Nettbuss AS	209,4
Sunnhordland	Nobina AS	72,0
Hardanger/Voss	Tide Buss AS	171,7
Nordhordland	Nobina AS	115,5
Austevoll	Tide Buss AS	17,0
Osterøy	Tide Buss AS	43,5
Modalen	MEB AS	12,6
Serviceinjenere i Bergen	Osbuss AS	2,4
Takstkompensasjon buss		9,0
Takstkompensasjon NSB		26,0
Auka ruteproduksjon bergensområdet		30,0
Diverse kostnader		25,8
Skuleskyss		199,1
<b>Sum total</b>		<b>1 635,3</b>

Bussdrifta har stort omfang i Hordaland. Totalt for Hordaland var det 773 bussar i produksjon i 2015, på det travlaste tidspunktet i døgeret. Årleg styrking av ruteproduksjonen, hovudsakleg i bergensområdet, viser igjen

i auka reisetil. Tabellen under syner nøkkeltal for buss i Hordaland (kjelde: Kollektivstrategi for Hordaland, Årsrapport 2015):

Nøkkeltal buss Hordaland	2013	2014	2015
Påstigingar	41 776 000	42 502 000	43 352 000
Avgangar	1 986 847	2 086 998	2 120 057
Vognkilometer	32 621 191	33 464 850	33 917 328

I 2016 er det i verksett auka ruteproduksjon med omlag 300 nye avgangar i samband med tidsdifferensierte bompengear i Bergen. Tiltaka vart finansiert med belønningssmidlar frå staten. Ved ruteendring hausten 2016 vart busstilbodet styrkt ytterlegare med om lag 130 fleire avgangar. Totalt har dette gitt vesentleg auka kapasitet og frekvens på fleire tunge busslinjer i Bergen.

Skal ein nå målet om nullvekst i personbiltrafikken vil det krevje kontinuerleg utvikling og styrking av kollektivtilbodet, tilpassa dei store reisestraumane og på ein effektiv og føremålstenleg måte. Også i 2017 vert det lagt opp til å auke

ruteproduksjonen i bergensområdet, finansiert av belønningssmidlar, med inntil 30 mill. kroner i heilårsverknad.

Det vart i fylkesbudsjettet for 2016 sett av 10 mill. kr til innføring av einingstakst mellom Bergen og Arna. Arbeidet med dette stoppa opp då det vart varsla at Samferdselsdepartementet skulle overta forhandlingane med fylkeskommunane. Fylkesrådmannen foreslår å setje av same sum i budsjettet for 2017, då forhandlingane er teke opp att, med mål om å få på plass einingstakst mellom Bergen og Arna i 2017. Vidareføring av eksisterande avtalar med NSB om takstkompensasjon ligg også inne i budsjettforslaget.

### Skuleskyss

Skuleåret 2015/2016 var det totalt nærare 20 000 elevar med rett på skuleskyss i Hordaland. Av desse hadde nærare 15 % individuelt tilrettelagt skuleskyss. Det er registrert vekst i talet på grunnskuleelevar, og at veksten av elevar som har trong for individuelt tilrettelagt skuleskyss held fram.

Budsjettområdet Skuleskyss dekker kostnader knytt til individuelt tilrettelagt skuleskyss i grunnskule og vidaregåande skule. I 2017 vert det budsjettert med 199,1 mill. kr til skuleskyss. Av denne summen er 135,8 mill. kr til individuelt tilrettelagt skuleskyss for grunnskuleelevar og 63,3 mill. til elevar i vidaregåande skule. Budsjettet er med dette styrka monaleg frå 2016, for å ta høgde for den aukande etterspurnaden etter individuelt tilrettelagt skuleskyss.

## FYLKESVEGFERJER

2	Fylkesvegferjer		Budsjett 2016 i mill. kr	Budsjett 2017 i mill. kr
	Fylkesvegferjer	Driftsutgifter	329,6	311,4
		Driftsinntekter	-6,4	-6,4
		Netto driftsutgifter nominelt	323,2	305,0
		Netto driftsutgifter i 2017 kroner	330,6	305,0

Nedgangen i kostnader skuldast at kostnadsfaktorane i kontraktane har hatt ein særst gunstig utvikling for fylkeskommunen siste året. Det er særleg drivlekostnaden som har påverka kostnadsbiletet på ein god måte. Dette er

forhold som raskt kan endre seg, og med dette budsjettet er fylkeskommunen eksponert for risiko. For 2017 er det budsjettert slik innanfor dei ulike ruteområda:

3		Operatør	Brutto kostnader 2017 i mill. kr
	Masfjordnes-Duesund	Wergeland AS	7,9
	Midthordland og Austevoll 1 og 2	FosenNamsos Sjø AS	86,2
	Nordhordland	Norled AS	59,4
	Sunnhordland	Norled AS	80,3
	Hardanger	Norled AS	48,8
	Kløkkarvik-Hjellestad	GulenSkyss AS	12,7
	Takstkompensasjon		4,7
	Komp.vg.skuleskyss ferje		2,0
	Diverse kostnader		9,4
	Sum total		311,4

Hordaland fylkeskommune har ansvar for 17 ferjesamband på fylkesvegnettet, etter at trekantsambandet Kvandal–Utne–Kinsarvik vart delt i to frå oktober 2015. Ferjesambanda er drifta med 20 hovudferjer, og er fordelt på 6 ruteområde/kontraktar. Totalt for ferjesambanda var det i 2015 frakta over 4,5 mill. passasjerar og om lag 2,35 mill. køyretøy. Alle sambanda er nettokontraktar, det vil seie at det er operatørane og ikkje fylkeskommunen som har inntektsansvaret. Det er lagt opp til ein samla kostnad på 311,4 mill. kr i budsjettet for 2017.

Samla sett er budsjettet for 2017 noko lågare enn 2016. Dette skuldast ikkje reduksjon i produksjonen, men er knytt til kontraktkostnader og forventede kostnadsutvikling for drivleje, lønn med vidare samt til korleis nettokontraktane er innretta. Ferjekontraktane er inne i dei siste anbudsåra, og mot slutten av kontraksperioden vil forventede auke i billettinntekter gje lågare nettokostnader for operatør. Når det gjeld forventede kostnadsutvikling, er indeksprognosane kontraktane skal regulerast med gunstige slik ein ser det per i dag.



Nye anbod i ferjedrifta skal ha ei sterkare miljøinnretning enn i dag, og i tillegg er det venta at kostnadsnivået vil auke. Uvisse knytt til nivået på driftskostnader for neste anbodsperiode tilseier at ein må vere atterhalden med endringar i tilbodet.

Infrastrukturen i distrikta er sårbar, og særleg hardangerområdet er utsett for ras og påverknad av ekstremver. I slike tilfelle kan ein vere avhengig av ferje som alternativt transportmiddel, noko som kan føre til auka ferjekostnader.

Kostnader knytt til avtale om lærlingtilskott er lagt inn som del av kontraktskostnadene. Det er lagt opp til å halde fram med lærlingsatsinga som tidlegare. Elbilar utgjør ein aukande del av køyretøya på ferjene. Tal

for 2015 viser størst del elbilar på sambanda Krokeide–Hufthamar (9,6 prosent) og Husavik–Sandvikvåg (7,6 prosent). Frå 01.01.2016 vart det innført ordning med halv pris for elbilar på alle ferjesambanda fylkeskommunen har ansvar for. Ordninga med rabatterte takst held fram i 2017.

I samsvar med vedtak i fylkesutvalet er det lagt inn 1 mill. kr til ferje nr. 2 i sambandet Hufthamar–Krokeide.

Fylkesrådmannen foreslår takstauke for fylkesvegferjene i samsvar med riksregulativet for ferjetakstar. I statsbudsjettet er dette regulativet foreslått auka med 7,8 %.

Trafikkstatistikk for fylkesvegferjesambanda (kjelde: Kollektivstrategi for Hordaland Årsrapport 2015):

Trafikkstatistikk per ferjesamband	PBE 2014	Passasjerar 2014	PBE 2015	Passasjerar 2015
Masfjordnes-Duesund	64 433	88 606	71 392	95 483
Fedje-Sævrøy	55 568	101 357	56 666	104 293
Leirvåg-Sløvåg	304 356	352 489	315 868	349 422
Langevåg- Buavåg	102 996	136 554	108 030	138 689
Skjersholmane-Ranavik	232 691	272 736	233 647	277 116
Skånevik-Matre-Utåker	131 601	155 307	128 897	154 598
Jektavik-Nordhuglo-Hodnanes	245 169	318 822	260 130	334 385
Fjelbergruta	38 581	54 017	39 822	53 018
Krokeide-Huftahamar	407 956	602 482	426 181	632 993
Husavik-Sandvikvåg	88 115	114 358	89 299	120 435
Halhjem-Våge	225 012	369 742	222 436	368 203
Hatvik-Venjanaset	498 848	781 764	454 730	742 402
Kvandal-Utne-Kinsarvik	201 974	256 022	183 922	236 046
Jondal-Tørvikbygd	287 349	388 081	327 318	435 926
Gjermundshamn-Varaldsøy-Årsnes	360 364	471 400	378 068	500 888
Klokkarvik-Hjellestad	23 269	39 190	20 611	37 454
Sum total	3 268 282	4 502 927	3 317 017	4 581 351

Talet på personbileiningar (PBE) frå 2014 til 2015 viser vekst i trafikken for fleire av ferjesambanda. Størst prosentvis vekst ser ein på sambanda Jondal–Tørvikbygd, Masfjordnes–Duesund og Leirvåg–Sløvåg. Den relativt sterke veksten på ferja mellom Jondal og Tørvikbygd skuldast truleg endring i trafikkmønster som følgje av opning av

Jondalstunnelen og bortfall av bompengeneinnkrevjing for Folgefonnstunnelen. Sambanda med størst prosentvis nedgang er Klokkarvik–Hjellestad, Kvandal–Utne–Kinsarvik og Hatvik–Venjanaset. Det er ikkje lagt opp til større endringar i ferjetilbodet komande budsjettår.

## BÅTRUTER

2	Båtruter		Budsjett 2016 i mill. kr	Budsjett 2017 i mill. kr
	Båtruter	Driftsutgifter	177,0	166,3
		Driftsinntekter	-42,5	-48,1
		Netto driftsutgifter nominelt	134,5	118,2
		Netto driftsutgifter i 2017 kroner	137,6	118,2

På same måte som for ferjedrifta har kostnadsfaktorane i kontraktane med operatørane hatt ei gunstig utvikling for

fylkeskommunen. I tillegg har inntektsutviklinga i 2016 vore god, og denne trenden er vidareført i 2017.

3		Operatør	Kontraksform	Brutto kostnader 2017 i mill. kr
	Sunnhordland og Austevoll	Norled AS	Brutto	91,4
	Espevær og Hernar	Gulen Skyssbåtserive AS	Netto	14,9
	Rosendal-Bergen og Reksteren- Våge-Os	L. Rødne & Sønner AS	Netto	14,8
	Nordhordland	Norled AS	Brutto	10,2
	Turistrute Hardanger	Norled AS	Netto	5,9
	Kleppestø-Strandkaiaen	Norled AS	Brutto	21,4
	Mindre båtruter/diverse kostnader			4,5
	Takstkompensasjon (Ungdomsbillett)			0,6
	Terminalar snøggbåt			2,0
	Komp.vg.skuleskyss			0,6
	Sum total			166,3

Totalbudsjettet for 2017 viser ein nedgang i høve budsjett 2016 med 10,6 mill. kr. Nedgangen skuldast i hovudsak framskriving av kontraktkostnader, ut frå indeksprognosar knytt til drivstoff, løn med vidare. Det vil vere uvisse til framskrivinga i høve faktisk kostnadsutvikling. Anbuds kontraktane på båtrutene er både bruttokontraktar,

som eksponerer fylkeskommunen for ein inntektsrisiko, og nettokontraktar der operatørane har inntektsansvaret. Etter at dei nye kontraktane tok til å gjelde frå 2014, er snøggbåt drifta no inne i ein stabil fase. Oversikt over trafikkutvikling (kjelde: Kollektivstrategi for Hordaland Årsrapport 2015):

Båtsamband	2013	2014	2015	Endring frå 2014
Sunnhordland-Austevoll-Bergen <sup>1</sup>	254 000	364 000	360 000	- 1 %
Lokalbåt Austevoll	13 000	16 000	16 000	0 %
Espevær-Eidesvik	33 000	33 000	33 000	0 %
Hellesøy-Lyngøy-Hernar	7 000	7 000	9 000	+ 29 %

Båtsamband	2013	2014	2015	Endring frå 2014
Rosendal–Bergen	44 000	45 000	45 000	0 %
Reksteren–Våge–Os <sup>2</sup>	10 000	–	12 000	– %
Kleppestø–Strandkaaien <sup>3</sup>	301 000	334 000	448 000	+ 34 %
Knarvik–Frekhaug–Bergen 4	–	84 000	101 000	+ 20 %
Norheimsund–Eidfjord	17 000	19 000	23 000	+ 21 %

1. Usikre tal for 2013.
2. Endringar i sambandet og datafangst gir usikre tal for 2014.
3. Endra anløp i Bergen frå Nøstet til Strandkaaien 1.1.2015.
4. Nytt samband 1.1.2014.

## BYBANEN

2	Bybanen	Budsjett 2016 i mill. kr	Budsjett 2017 i mill. kr
	Bybanen		
	Driftsutgifter	187,3	223,4
	Driftsinntekter	-125,7	-131,3
	Netto driftsutgifter nominelt	61,6	92,1
	Netto driftsutgifter i 2017 kroner	63,0	92,1

Bybanen får ein kostnadsauke på knapt 30 mill. kr i budsjettet for 2017 samanlikna med 2016. Dette skuldast heilårsdrift av forlenginga til Birkelandsskiftet/Flesland.

Den totale budsjettsummen på 223,4 mill. kr er sett saman av fylgjande hovudpostar:

3	Brutto kostnader 2017 i mill. kr
Bybanen AS Administrasjon	36,4
Vogn- og kontraktskostnader	157,2
Infrastruktur	28,8
Driftskostnader Bybanebygg	1,0
Sum total	223,4

Opggåvene knytt til drifta er delt mellom Skyss og Bybanen AS. Skyss har ansvar for rutedrifta gjennom kontrakt med Keolis Norge AS, medan Bybanen AS har ansvaret for å drifte og vedlikehalde infrastruktur og vogner. Bybanen AS er heileigd av og vert finansiert av fylkeskommunen. Styret i Bybanen AS vedtek det årlege budsjettet.

Hausten 2016 vart byggjetrinn 3 mellom Lagunen og Birkelandsskiftet/Flesland ferdigstilt og sett i drift. Bybanen vil ikkje gå heilt fram til Flesland før den nye terminalen er ferdigstilt i 2017 og har difor mellombels endehaldplass i Birkelandsskiftet. Fram til opning av endestoppen Flesland, er det sett opp bussar mellom Birkelandsskiftet og Flesland.

Samla brutto driftskostnader for Bybanen er på 223,4 mill. kr, ei auke på 36 mill. kr i høve 2016. I det ligg auka kostnader knytt til heilårsdrift av byggjetrinn 3 og lange vogner på heile strekninga. I løpet av 2016 vart dei 8 nye lange vogner levert for å stå klare til oppstart av byggjetrinn 3. Lengre vogner og auka kjørelengde gir til saman 30 prosent auke i vogn- og kontraktskostnader. I løpet av hausten 2016 startar arbeidet med forlenging av dei 20 korte vognerne.

Etter kvart som desse vert sett i produksjon igjen vil ein få auka driftskostnader. I rushtida vil det vere 21 vogner ute i traseen og samla ruteproduksjon er berekna til 2,1 mill. kilometer totalt for 2017.

## ANDRE KOSTNADER

2 Andre kostnader		Budsjett 2016 i mill. kr	Budsjett 2017 i mill. kr
Andre kostnader	Driftsutgifter	230,6	243,1
	Driftsinntekter	-9,4	-9,6
	Netto driftsutgifter nominelt	221,3	233,5
	Netto driftsutgifter i 2017 kroner	226,3	233,5

Budsjettauken på samleposten Andre kostnader skriv seg frå ei rekkje mindre postar, m.a. er posten for transaksjonskostnader i samband med bruk av mobilbillett er auka med 1,0 mill. kr. Det same er kostnadane til inntektssikring.

Posten andre kostnader inneheld ei rekkje kostnader knytt til drifta i Skyss og på samferdselsavdelinga samt den administrative drifta og er nærare kommenterte nedanfor.

3	Brutto kostnader 2017 i 1000 kr
Generell drift, Skyss	73,3
Transportordninga for funksjonshemma	49,6
Diverse kostnader	37,7
Administrasjon samferdselsavdelinga	19,6
Administrasjon Skyss	62,9
Sum total	243,1

### Generell drift, Skyss

Generell drift i Skyss omfattar i hovudsak kostnader bundne opp i faste aktivitetar, som drift kundesenteret, drift- og vedlikehald av IKT-system, teknisk vedlikehald, marknadsføring, ruteinformasjon, inntektssikring, marknadsinformasjonssystem (MIS) og utgifter knytt til dei nye salskanalane kommisjonærsal og mobilbillett.

Kollektivstrategi for Hordaland legg eit høgt ambisjonsnivå for Skyss i åra framover. Aktiviteten er høg med omfattande utviklingsoppgåver og til dels komplekse driftsoppgåver.

Skyss sitt marknadsarbeid skjer gjennom ei rekke ulike kanalar. Gjennom kundesenter har ein direkte kontakt med kundane. Ved hjelp av digitale kanalar får ein gitt informasjon om rute- og avgangstider, avvik og generell informasjon om trafikktilbodet. Plakatlar og digitale skjermar vert brukte til å gi informasjon om endringar i tilbod og pris i tillegg til kampanjar for å informere kundane om billett, salskanalar og reisetilbod. Nokre kampanjar tar også for seg til dømes trafiktryggleik og korleis ein bør te seg når ein reiser kollektivt. Til saman har ein gjort mykje dei seinare åra for å betre informasjonen til dei reisande, men dette er framleis eit område Skyss vil jobbe vidare med for å bli enda betre.

Ein stadig større del av kundane kjøper billett via

mobiltelefon, og i budsjettet er det lagt opp til ein auke på 10 prosent i talet på brukarar samanlikna med 2016.

Ikkje alle reisande betalar for seg, og det er derfor naudsynt å gjennomføre ulike kontrolltiltak for å sikre at Skyss får inn dei inntektene ein skal ha. I 2017 vil ein gjennomføre ei ekstra satsing på inntektssikring, og fylkesrådmannen har derfor føreslått å setje av 1 mill. kr meir til dette arbeidet samanlikna med budsjettet for 2016.

### Transportordninga for funksjonshemma

Transportordninga for funksjonshemma har omlag 13 600 brukarar, som er fordelt på brukarar med særskilte behov (blinde og rullestolbrukarar) og ordinære brukarar. Kvar brukar får tildelt ein kvote som kan nyttast til fritidsreiser. Reisene skjer ved bruk av drosje. Brukartalet er stabilt og nye søkarar vert tekne inn i transportordninga etter kvart som dei vert godkjente av ei legenemnd, som vurderer alle søknadane.

Budsjettområdet dekkjer og arbeidskøyring for funksjonshemma som har arbeid i verna verksemder (VTA verksemder). Det er omlag 200 brukarar i denne ordninga, og omlag 11 mill. kr av budsjettet går med til dette. Dette gjeld brukarar som ikkje kan nytte kollektive transportmidlar. Det vert betalt ein mindre eigendel av transporten. Det vert budsjettetert med 49,632 mill. kr i 2017.

## Diverse kostnader

### Plan og tiltaksmidlar

Det vert som tidlegare år sett av ein post til diverse kostnader som fylkesdirektør samferdsel disponerer. Dette skal dekke kostnader til ymse kontingentar til interesseorganisasjonar som fylkeskommunen er med i, samt midlar til konsulenthjelp i større prosjekt som t.d. regionale planar.

Innanfor denne posten er det sett av 0,5 mill. kr til Kontaktutvalet for E39 som fylkesutvalet har etablert. Kontaktutvalet sitt arbeid er knytt til plan-, prosjektering- og byggeprosessen for parsellane på E39 mellom Bergen og Akسدal. Det vert budsjettert med 4,514 mill. kr på denne posten.

### Kostnader til leige av innfartsparkeringsplassar

Til leige av innfartsparkeringsplassar er det sett av ein eigen budsjettpost på 1,3 mill. kr. Dette gjeld innfartsplassane på Os, Straume, Flesland kai og Åsane.

### Til rådvelde for utval for miljø og samferdsel

Det vert budsjettert med 1,0 mill. kr til rådvelde for utval for miljø og samferdsel, det same som i 2016.

### Prosjekt Innfartsparkering

I 2017 vil arbeidet med å få på plass nye innfartsparkeringsplassar halde fram. Det vert teke sikte på å utarbeide eit handlingsprogram for gjennomføring av strategien i 2017. Fylkesrådmannen budsjetterer med 2,5 mill. kr i 2017.

### Vidaregåande skuleskyss

Denne budsjettposten dekker billett-kostnadane til vidaregåande skuleskyss. Posten vert inntektsført i Skyss sin rekneskap og er såleis kun ein rekneskapsmessig disposisjon. Det vert budsjettert med 28,4 mill. kr.

### Administrasjon samferdselsavdelinga

Samferdselsavdelinga er inndelt i tre seksjonar; vegseksjonen, transportplanseksjonen og forvaltningseksjonen. I tillegg kjem Skyss som er direkte underlagt fylkesdirektør samferdsel.

Hovudarbeidsområda til avdelinga er planlegging innanfor samferdselsområdet. I tillegg kjem forvaltning av fylkesvegane som vegeigar og oppfølging av Statens vegvesen som har det operative ansvaret for drift, vedlikehald og tilsyn. Avdelinga har òg ansvar for løyveforvaltninga og Transportordninga for funksjonshemma.

Det vert budsjettert med 19,573 mill. kr i 2017 og stillings-talet er uendra med 24 stillingar.

### Administrasjon Skyss

Administrasjon Skyss omfattar i hovudsak lønskostnader. I budsjett 2017 har ein samla alle Skyss sine lønskostnader under Administrasjon. Tidlegare år har lønsbudsjettet til tilsette på Skyss sitt Kundesenter vore budsjettert under posten Generell drift, men frå budsjettåret 2017 har ein valt å flytta desse kostnadene over til Administrasjon Skyss. Det vert kontinuerlig arbeid med å styrke kompetansen til medarbeidarane i Skyss i tråd med måla i handlingsplanen.

## INNTEKTER OG FINANSIERING DRIFT KOLLEKTIV

Billettinntekter og belønningsmidlar utgjer ein svært viktig del av finansieringsgrunnlaget for kollektivtrafikken. I 2017 er den samla budsjetterte inntekta til kollektivtrafikk på 1 128,1 mill. kr, fordelt slik:

- Billettinntekter .....780,8 mill. kr
- Skuleskyssinntekter .....139,3 mill. kr
- Andre inntekter ..... 61,0 mill. kr
- Belønningsmidlar ..... 147,0 mill. kr
- Total .....1 128,1 mill. kr

### BILLETTINTEKTER

I budsjettet for 2017 er det lagt til grunn takstauke i samsvar med konsumprisindeksen, på 2,5 %. Tabellen under viser utvikling i samla billettinntekter

i perioden 2013–2015, prognose for 2016 og budsjett for 2017 for buss/bane.

3 År	2013	2014	2015	Prognose 2016	Budsjett 2017
Billettinntekter buss/bane	601,3	616,1	667,6	681,2	734,3

Med ein forventa passasjervekst i tillegg til ein forventa vekst som følgje av forlenging av Bybanen til Flesland, er det budsjettert med totalt 734,3 mill. kr i billettinntekter for 2017 på buss og bane.

I tillegg til billettinntektene frå buss/bane er det budsjettert med 46,4 mill. kr i billettinntekter for båtruter. Dette er ein auke på 3,9 mill. kr. i høve til budsjett for 2016.

Tabellen under viser fylkesrådmannen sitt forslag til takstar i minstetakststona gjeldande frå 1. februar 2017:

Billett	Takst 2016 kr	Forslag takst 2017 kr
Enkeltbillett vaksen, kjøpt på førehand	36	37
Enkeltbillett barn/honnør	18	19
Enkeltbillett kjøpt om bord, vaksen	50	60
Enkeltbillett kjøpt om bord, barn/honnør	25	30
Enkeltbillett betalt med Skyss-kort/mobilkonto	29,90	30,80
Periodebillett 30 dg vaksen	765	780
Periodebillett 30 dg barn	360	365
Periodebillett 30 dg honnør	380	390
Periodebillett 30 dg student	460	470
Ungdomsbillett 30 dg	360	365
24-timarsbillett vaksen	95	95
24-timarsbillett barn/honnør	45	50
Nattbillett	80	85

I tillegg til billettinntektene vist over, er det budsjettert med 139,3 mill. kr i skuleskyssinntekter som gjeld skuleelevar i grunnskule og vidaregåande skule med rett på skuleskyss. Dette er ei auke på om lag 10 mill. kr i høve budsjett for 2016. Av summen på 139,3 mill. kr er 111,4 mill. kr skuleskyssinntekter knytt til grunnskuleelevar,

medan 27,9 mill. kr er skuleskyssinntekter knytt til vidaregåande elevar.

Inntektene som kjem frå skuleskyss av vidaregåande elevar blir dekt over samferdselsbudsjettet, og ligg som ein kostnad under posten Andre kostnader, jf. framanfor.

## ANDRE INNTEKTER

Andre inntekter inneheld i hovudsak ulike refusjonsinntekter frå kommunar og posten vognleige Bybanen. Totalt

er andre inntekter budsjettert med 61,0 mill. kr fordelt på desse postane:

3 Andre inntekter	Beløp 2017 i mill. kr
Refusjon skuleskyss kommunale vedtak	14,1
Kundesenter og avviksgebyr	9,6
Refusjon Ferje Austevoll og Fjellberg	6,4
Refusjon båt Rogaland	1,6
Vognleige Bybanen	29,1

Inntekt frå refusjon frå kommunar for skuleskyss basert på kommunale vedtak er budsjettert til 14,1 mill. kr for 2017. Dette er ein auke på 6,8 mill. kr i høve budsjett 2016. Auken skuldast i første rekkje eit aukande tal kommunale vedtak om skuleskyss.

Vognleige til Bybanen AS er auka i og med at ein i 2017 vil leige ut alle dei 28 vognene. Vognleigeinntektene til Bybanen AS har ein tilsvarande vognleigekostnad frå operatør for Bybanen.

## BELØNNINGSMIDLAR

Ny belønningsavtale er inngått for perioden 2015–2018, med ei samla løyving på 724 mill. Midlane vert fordelt mellom ulike tiltaksområde, der i blant tiltak for utvikling og styrking av rutetilbodet. Tiltak knytt til styrking av rutetilbodet gir påfølgjande driftskostnader kvart år. Det er difor viktig å sikre finansiering til vidareføring av allereie i verksette tiltak, samstundes som ein må sikre rom for nye tiltak.

I tillegg til det «ordinære» tilskottet vart det i 2015 løyvd ekstra midlar på 35 mill. kr til tiltak i samband med innføring av tidsdifferensierte bompengetakstar i Bergen frå 01.02.2016. Også i 2016 er det gitt ekstraløyving til styrking av kollektivtilbodet på 30 mill. kr.

I 2016 vart det gjennom belønningsordninga fordelt totalt 109 mill. kr til kollektivdrift. Inklusive ekstraløyvinga på 30 mill. kr gir dette totalt 139 mill. kr i belønningsmidlar for 2016. Av den samla summen vert 107 mill. kr nytta i 2016, og 32 mill. kr overført til 2017.

For 2017 er det lagt opp til å nytte totalt 147 mill. kr i belønningsmidlar til kollektivdrift, fordelt slik:

- 35 mill. kr til vidareføring av tiltak frå tidlegare år
- 35 mill. kr til vidareføring av tiltak knytt til tidsdifferensierte bompengetakstar i Bergen
- 45 mill. kr til Bybanen byggjetrinn 3 og lange vogner på byggjetrinn 1 og 2
- 32 mill. kr til styrka rutetilbod og drift biogasshybridbussar

For å sikre finansiering av driftsnivået i 2017 over i 2018 er ein avhengig å nytte ein større del av belønningsmidlane for 2018 til drift. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette.







TANNHELSE:

# Pådrivar for god tannhelse

*Tannhelsetenesta arbeider for å sikre eit fagleg godt og likeverdig tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland. Gjennom den nye klinikkstrukturplanen vert det lagt til rette for meir robuste fagmiljø på moderne tannklinikkar. Tannhelsetenesta har høg merksemd på førebyggjande tiltak og bidrar aktivt til betre folkehelse i fylket vårt. Satsinga på spesialistutdanning og forskning i regi av kompetansesenteret TkVest/Hordaland vert vidareført i 2017.*

# INNLEIING

Tabellen nedanfor gir eit oversyn over tannhelsetenesta sitt budsjett, fordelt på tannhelseavdelinga, teknisk avdeling, dei fem tannhelsedistrikta og Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/ Hordaland (TkVest/Hordaland).

1		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Tannhelseavdelinga	Brutto driftsutgifter	7 344	7 556	3 %
	Driftsinntekter	-346	-353	2 %
	Netto driftsutgifter	6 998	7 203	3 %
Tekn. avdeling - Fellesfunksjonar	Brutto driftsutgifter	19 760	20 218	2 %
	Driftsinntekter	-4 855	-4 952	2 %
	Netto driftsutgifter	14 905	15 266	2 %
Sentrum tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	75 109	77 311	3 %
	Driftsinntekter	-19 352	-19 739	2 %
	Netto driftsutgifter	55 757	57 572	3 %
Nord tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	51 744	53 266	3 %
	Driftsinntekter	-18 435	-18 803	2 %
	Netto driftsutgifter	33 309	34 463	3 %
Vest tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	58 203	59 897	3 %
	Driftsinntekter	-17 635	-17 988	2 %
	Netto driftsutgifter	40 568	41 909	3 %
Sør tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	30 980	31 881	3 %
	Driftsinntekter	-8 793	-8 969	2 %
	Netto driftsutgifter	22 187	22 912	3 %
Aust tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	25 378	26 107	3 %
	Driftsinntekter	-10 021	-10 222	2 %
	Netto driftsutgifter	15 357	15 885	3 %
TkVest/Hordaland –	Brutto driftsutgifter	35 009	26 026	-25 %
Spesialistklinikken	Driftsinntekter	-32 389	-18 236	-44 %
	Netto driftsutgifter	2 620	7 790	205 %
TkVest/Hordaland –	Brutto driftsutgifter	0	15 000	100 %
Statstilskot til forskning/adm.	Driftsinntekter	0	-15 000	100 %
	Netto driftsutgifter	0	0	0 %
	Sum brutto driftsutgifter	303 527	317 262	4 %
	Sum driftsinntekter	-111 826	-114 262	2 %
	Sum netto driftsutgifter	191 701	203 000	6 %
	Netto driftsutgifter i 2017 kr.	198 199	203 000	3 %

- **TkVest/Hordaland:** Den største endringa i budsjettet er av teknisk art, og gjeld TkVest/Hordaland. TkVest/Hordaland består av både ein fylkeskommunal og ein statleg finansiert del. Den statlege delen skal gå til øyremerka føremål. Midlar som ikkje vert brukt innanfor året dei er løyvd, kan setjast på fond og nyttast året etter. For å skilje mellom dei to områda økonomisk, og slik få betre kontroll samla sett på TkVest/Hordaland er den statlege delen skilt ut. I tillegg er nettobudsjettet for den fylkeskommunale delen styrka med 5,2 mill. kr i 2017 kr.
- **Tannhelseavdelinga og Teknisk avdeling:** Begge desse områda har fått vidareført budsjettet om lag på same nivå. Det gjeld både for kostnads- og inntektssida.
- **Tannhelsedistrikta:** For tannhelsedistrikta er budsjetta vidareført på same nivå som dei var på i 2016. I budsjettet for Tannhelsesektoren er det lagt til grunn ein takstauke på om lag 3,5 %.

- **Sektorbudsjett:** Det totale budsjettet til tannhelsesektoren er auka med om lag 5 mill. kr i 2017, som følgje av ei tidligare feilbudsjettering som vart retta opp i tertialrapporten etter 2. tertial 2016. Dersom ein ser vekk frå styrkinga av TkVest/Hordaland, så er budsjettet til tannhelsesektoren vidareført på om lag same nivå for dei resterande områda; administrasjonen, teknisk avdeling og tannhelsedistrikta.

#### Under er nye moment som er innarbeidd i tannhelsetenesta sitt budsjett for 2017:

- TkVest/Hordaland, budsjettauke 5,2 mill. kr.
- Husleigeauke Askøy tannklinikk, 0,5 mill. kr.
- Generell takstauke, 3,5 %, 1,1 mill. kr.
- Hørselsvern tilsette, 0,5 mill. kr.
- Andre mindre budsjettekniske justeringar, 0,3 mill. kr.

## MÅL OG STRATEGIAR

Regjeringa har signalisert auka satsing på helsefremjande og førebyggjande tannhelsearbeid, og ei betre integrering av tannhelsetenesta i det generelle folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen har også fått eit lovfesta ansvar for folkehelsearbeidet.

### OVERORDNA MÅL 1

Sikre likeverdig tilbod til alle innbygarane i Hordaland

#### Strategiar

- 1.1 Gode økonomiske driftsvilkår
- 1.2 Betre fylkesdekkande funksjoner
- 1.3 Styrke leiaropplæring- og utvikling
- 1.4 Betre planverk
- 1.5 Betre samarbeidsavtalar med alle kommunane

#### Tiltak

- Tiltak 1** Arbeide for gode økonomiske driftsvilkår
- Tiltak 2** Vidareutvikle TkVest/Hordaland, TOO (Tortur/Overgrep/Odontofobi) -team, tannlegevakt, nar-kosetilbod.
- Tiltak 3** Prioritere auka leiaropplæring- og utvikling
- Tiltak 4** Utarbeide planer og rutinar som er felles for tannhelsedistrikta
- Tiltak 5** Gjennomgang og revisjon av samarbeidsavtalar

### OVERORDNA MÅL 2

Sikre gode fagmiljø på moderne tannklinikkar

#### Strategiar

- 2.1 Meir teneleg struktur
- 2.2 Betra kompetanse på klinkkane

#### Tiltak

- Tiltak 1** Gjennomføre klinikkstrukturplanen for Hordaland 2015 – 2030.
- Tiltak 2** Utarbeide en opplærings- og kompetansehevingsplan for tannhelsetenesta i Hordaland.

### OVERORDNA MÅL 3

Styrke kompetansen i tannhelsetenesta gjennom eit bedra spesialisttilbod, rådgjevingsteneste og auka forskingsinnsats.

#### Strategiar

- 3.1 Ha ein overordna strategi i heile sektoren.
- 3.2 Styrke klinisk og praksisnær forskning.

#### Tiltak

- Tiltak 1** Utarbeide overordna strategi TkVest/Hordaland, som manglar.
- Tiltak 2** Prioritere ressursar til klinisk og praksisnær forskning.

## OVERORDNA MÅL 4

Ha fokus på førebyggjande arbeid og på den måten bidra til betre folkehelse.

### Strategiar

4.1 Betre folkehelse gjennom tannhelsetenesta.

### Tiltak

**Tiltak 1** Gjennomføre plan for folkehelse og førebyggjande tiltak

Alle tiltaka vert finansierte innanfor Tannhelsetenesta sitt budsjett.

# ORGANISERING

## Tannlegedistrikt og klinikkområde

Tannhelsetenesta er delt inn i ein sentral administrasjon, tannhelseavdelinga, fem tannhersedistrikt og TkVest/Hordaland. Kwart distrikt har eigne klinikkområde, som igjen består av eit tal klinikkar. Det er ein overtannlege for kvart distrikt, og denne har resultat- og budsjettansvar innanfor sitt området.

## Geografisk inndeling

Kartet på neste side syner den geografiske inndeling av Hordaland i distrikt, og kor dei ulike klinikkane er geografisk plassert. Kartet gjeld for 2016, og 3 av klinikkane på kartet vart i mars vedtekne nedlagt. Dette dreier seg om Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk.

## Endringar klinikkstruktur 2017

Fylkestinget vedtok i mars 2016 klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta i Hordaland 2016 – 2030. I samsvar med denne vedtekne planen kjem desse endringane til å verte gjennomført i 2017:

- Askøy tannklinikk vil bli teken i bruk vinter 2017. Askøy tannklinikk er eit nybygg med 11 behandlingssrom

plassert i Klepppestø torg, og vil erstatte noverande Klepppestø tannklinikk og Florvåg tannklinikk.

- Det er eit samarbeid mellom tannhelsetenesta i Hordaland og Rogaland om å etablere ein felles tannklinikk for Etne kommune (Hordaland) og Vindafjord kommune (Rogaland). Tannklinikken vil bli plassert i Ølen (Vindafjord kommune). Etablering av ein slik felles tannklinikk må verte vedteken av fylkesutvalet, og saka skal handsamast i oktober 2016.
- Arbeidet med å planlegge nye tannklinikkar i Arna, i Knarvik og i den nye Åsane vgs vil halde fram.

## TkVest/Hordaland

Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland vart etablert i august 2012. Senteret skal driva spesialistbehandling, driva med praksisnær, klinisk forskning og bidra i spesialistutdanninga. TkVest/Hordaland har spesialistklinikken i det nye odontologibygget i Årstadveien 19, og administrasjonen er i nabobygget Årstadveien 21. TkVest/Hordaland har nå 53 tilsette spesialistar og forskarar, og det vil i løpet av 2017 vera behov for å starta arbeidet med å finna løysingar for meir areal og betre plass.


# STATISTIKK

Tabellen på neste side viser relativ del prioritert klientell som er under tilsyn av tannhelsetenesta i Hordaland og Noreg (unntatt Oslo) i 2013, 2014 og 2015. Tal frå KOSTRA. Tala for 2016 vert klar i fyrste halvdel av 2017.

Prioritert klientell under tilsyn vert berekna utifrå folke-registeret pr. 01.01. Relativ del prioritert klientell under

tilsyn på over 100 % kan skuldast fleire tilhøve. Generell befolkningsvekst kan her spele inn. Det same kan tilflytting av asylsøkjarar og flyktningar. Til sist kan klinikkar som ligg godt an kalle inn pasientar som eigentleg ikkje skulle vore kalla inn før året etter.

% - tal	Hordaland			Noreg		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Born og unge 1-18 år	100,3	99,7	103,9	96,9	97,9	98,1
Psykisk utviklingshemma	94,0	96,3	90,3	94,1	93,4	93,0
Eldre og uføre i institusjon	72,2	74,4	78,4	75,5	77,7	78,7
Eldre og uføre i heimesjukepleie	40,8	41,6	46,4	31,9	31,0	31,4
Ungdom 19-20 år	71,2	70,7	70,8	75,4	76,5	77,2
Alle prioriterte grupper	91,4	92,9	94,8	88,0	88,9	89,1



Netto driftsutgifter for tannhelsetenesta per innbyggjar - og netto driftsutgifter per prioritert klientell under tilsyn i Hordaland og i Noreg (unntatt Oslo) i 2013, 2014 og 2015.

Tal frå KOSTRA. Tala for 2016 vert klare i fyrste halvdel av 2017.

År	Hordaland			Noreg		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	419	425	428	435	458	446
Netto driftsutgifter, pr prioritert klientell under tilsyn i kroner	1559	1576	1558	1699	1794	1752

### Styrking av det førebyggjande helsearbeidet (folkehelsearbeid)

Som det går fram av tabellen under er tannhelsa til barn og ungdom i Hordaland stort sett på nivå med resten av landet. Tannhelsata for 18-åringane i Hordaland har alltid vore litt dårlegare enn landsgjennomsnittet, og er det framleis. Men tendensen dei siste åra er at dette er i ferd med bli utjamna.

Prosentvis del 5-åringar utan tannråte eller fylling - og gjennomsnittleg tal tenner med tannråte eller fylling hos 12- og 18-åringane i Hordaland og i Noreg (unntatt Oslo).

Årskull		Hordaland			Noreg		
		2013	2014	2015	2013	2014	2015
5-åringar	Utan tannråte	83,3 %	81,6 %	81,5 %	82,9 %	82,0 %	81,7 %
12-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	1,2	1,0	1,1	1,0	1,0	0,9
18-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	4,7	4,4	4,2	4,2	4,0	3,9

Tannhelsetenesta i Hordaland har utarbeidd ein strategi for folkehelsearbeidet, og vil setje i verk tiltak for å få ei endå betre tannhelse til dei prioriterte gruppene i fylket. For å få dette til må talet på tannpleiarar i den offentlege tannhelsetenesta auke. I perioden 2007 til 2015 er talet på tannpleiarar auka med 10,4 årsverk.

### Lovpålagte og andre pasientar

Tannhelsetenesta kan også delast inn i pasientar ein har eit lovpålagt ansvar for å følgje opp, og dei pasientane som tannhelsetenesta kan behandle dersom det er behov eller kapasitet på ein gitt klinikk. Til slutt må det vere lønsamt. Frå og med 2015 fører fylkeskommunen separate rekneskapar for dei to typene pasientgrupper. Fordelinga er gjeve i tabellen under:

Distrikt / Del av økonomi	Betalande	Lovpålagte
Sentrum	10 %	90 %
Aust, Nord, Sør, Vest, TkVest/Hordaland	31 %	69 %

For fire av fem distrikt, Aust, Nord, Sør og Vest, består dei betalande, ikkje lovpålagte, pasientane for om lag 1/3-del av økonomien. I sentrum er prosentdelen ein del lågare; 10 % for dei betalande pasientane. Ved å ha skilte rekneskapar som viser økonomien og lønsemda på dette området, held fylkeskommunen seg innan for gjeldane EØS-reglar, som har forbod mot krysssubsidierting av dei ulike pasientkategoriane.

I sektoren er det avtalar om provisjon, bonus og tillegg til tannlegar, tannpleiarar og sekretærar. Det er knytt produktjonskrav til desse avtalane, og ekstra avlønning er knytt opp mot inntektssida i sektoren. Fylkesrådmannen vil endre innrettinga på avtalane slik at dei vert tydeleg kopla mot både inntekter og resultat, og har initiert eit slikt arbeid.



REGIONAL:

# Regional utvikling gjennom dialog og medverknad

*I 2017 vil iverksetjing av utviklingsplanen for Hordaland og vedtekne regionale planar ha høg prioritet. Ein vil særleg arbeide for å styrke dialogen med kommunane og næringslivet, der utvikling av attraktive regionale senter står sentralt. Det er eit mål å få fleire næringsetableringar i fylket. Samarbeidet kring innovasjon og entreprenørskap får difor auka merksemd.*

# INNLEIING

Tabellen nedanfor gir eit oversyn over regionalavdelinga sitt budsjett, fordelt på dei ulike oppgåvene som ligg til avdelinga. Under tabellen er dei ulike oppgåvene kort skildra:

1		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Regional planlegging	Brutto driftsutgifter	7 739	8 539	10 %
	Driftsinntekter	0	0	0 %
	Netto driftsutgifter	7 739	8 539	10 %
Næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	111 929	76 785	-31 %
	Driftsinntekter	-85 500	-50 130	-41 %
	Netto driftsutgifter	26 429	26 655	1 %
Regionsenter- og lokal-samfunnsutvikling	Brutto driftsutgifter	13 753	13 966	2 %
	Driftsinntekter	0	0	0 %
	Netto driftsutgifter	13 753	13 966	2 %
Folkehelse	Brutto driftsutgifter	6 222	6 244	0 %
	Driftsinntekter	-200	-100	-50 %
	Netto driftsutgifter	6 022	6 144	2 %
Vestlandsrådet	Brutto driftsutgifter	1 300	500	-62 %
	Driftsinntekter	-2 000	-300	-85 %
	Netto driftsutgifter	-700	200	-129 %
Forsking	Brutto driftsutgifter	48 431	49 647	3 %
	Driftsinntekter	-47 619	-48 800	2 %
	Netto driftsutgifter	812	847	4 %
Statistikk og analyse	Brutto driftsutgifter	4 037	3 980	-1 %
	Driftsinntekter	0	-600	100 %
	Netto driftsutgifter	4 037	3 380	-16 %
Internasjonalt samarbeid	Brutto driftsutgifter	5 272	4 893	-7 %
	Driftsinntekter	-1 220	-1 420	16 %
	Netto driftsutgifter	4 052	3 473	-14 %
Klima og miljø	Brutto driftsutgifter	13 898	9 810	-29 %
	Driftsinntekter	0	0	0 %
	Netto driftsutgifter	13 898	9 810	-29 %
Naturressursforvaltning	Brutto driftsutgifter	6 116	7 103	16 %
	Driftsinntekter	-2 190	-3 285	50 %
	Netto driftsutgifter	3 926	3 818	0 %
Administrasjon og leiging	Brutto driftsutgifter	6 889	7 168	4 %
	Driftsinntekter	0	0	0 %
	Netto driftsutgifter	6 889	7 168	4 %
	Sum driftsutgifter	225 586	188 635	-16 %
	Sum driftsinntekter	-138 729	-104 635	-25 %
	Sum driftsutgifter	86 857	84 000	-3 %
	Netto driftsutgifter i 2017- kroner	89 050	84 000	-6 %



- **Regional og kommunal planlegging:** Koordinering av regional planlegging og iverksetjing av regionale planar med vekt på arealretta planar. Koordinering og handsaming av kommunale planar. Dialog på planområdet og formidling av plankompetanse til kommunane. Samordning av regionale sektororgan gjennom Regionalt planforum.
- **Næringsutvikling:** Bidra til næringsutvikling mellom anna gjennom å forvalte midlar frå ulike støtteordningar til regionale og lokale nærings- og samfunnsutviklingsprosjekt. Vidare tett samarbeid med næringsaktørar, klyngeorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Leie arbeidet med omstilling i leverandørindustrien. Koordinere etablererrettleiarternesta i Hordaland gjennom ulike satsingar.
- **Lokalsamfunns- og regionsenterutvikling:** Utvikle regionale senter i tråd med Regional plan for attraktive regionale senter, og vere ein pådrivar for lokalsamfunnsutvikling gjennom Liv og Lyst-programmet og regionale utviklingsprosjekt.
- **Folkehelse:** Ivareta samfunnsutviklarrolla regionalt ved å vere pådrivar for å samordne folkehelsearbeidet i fylket. Støtte opp om folkehelsearbeidet i kommunane gjennom økonomiske tilskot, nettverksamlingar, planuttalar og rådgjeving.
- **Vestlandsrådet:** Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet, koordinere den politiske innsatsen, og med det aktivt påverke rammevilkår for landsdelen.
- **Forskning:** Oppfølging av Regional forskingsstrategi og koordinering av tiltak som skal bidra til å nå dei vedtekne måla. Mobilisere til forskning som bidrar til innovasjon og verdiskaping; både i privat og offentleg sektor. Dette blant anna gjennom Regionalt FoU-forum, VRI/Regional satsing og Regional mobiliseringsgruppe for Horisont 2020.
- **Statistikk og analyse:** Formidle statistikk og geografiske data om Hordaland til interne og eksterne aktørar, med hovudvekt på kommunane. Utarbeide kunnskapsgrunnlag for regionale planar og strategiar. Evaluere prosjekt; internt og eksternt.
- **Internasjonalt samarbeid:** Koordinere dei internasjonale aktivitetane i Hordaland fylkeskommune. Dette relatert til fylkeskommunen sine samarbeidsregionar, og medlemsskapa i Nordsjøkommisjonen og Vest-Norges Brusselkontor. Mobilisering og rådgjeving i høve til deltaking i europeiske program med vekt på Erasmus+, Interreg og Horisont 2020.
- **Klima og miljø:** Oppfølging av Klimaplanen og tiltak i klimaplanens årlege handlingsprogram. Koordinere miljøstyringa i HFK; blant anna miljøsertifisering, resertifisering, miljørekneskap, miljøhandlingsprogram og høyringsuttaler.
- **Naturressursforvaltning:** Lovpålagte forvaltingsoppgåver: havbruk (tildeling av konsesjonar og havbruksinteressar i plansaker), skjelsand, innlandsfisk, regional forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassregion Hordaland, kystsel, vilt og energisaker. Høyringsuttale naturressursforvaltning, regelverk og saker. Vidare rådgjeving til kommunar og private.
- For alle desse fagområda ligg det eit ansvar for dialog og rådgjeving mot eit stort tal av samarbeidspartnarar; blant anna kommunar. I tillegg kjem også sakshandsaming etter gjeldande lovverk. Til sist er det ei viktig oppgåve for alle fagområde å fremje saker til politisk handsaming.

## MÅL OG STRATEGIAR

### OVERORDNA MÅL 1

Regionalavdelinga skal medverke til ei heilskapleg og berekraftig utvikling og ressursforvaltning gjennom handlingsretta planer.

#### Strategiar

- 1.1 Styrke klima- og folkehelseperspektivet i alle våre ansvarsområde.
- 1.2 Bruke regional planstrategi som strategisk verktoy for utvikling av hordalandssamfunnet og fylkeskommunen.

- 1.3 Styrke dialog og medverknad i regional planlegging.
- 1.4 Gjennom samordning av HFK sin samla aktivitet skal vi styrke ønska utvikling av regionale senter.

#### Tiltak

- Tiltak 1 Bidra til å implementere ny regional planstrategi.
- Tiltak 2 Auke talet tilskot og prosjekt lokalisert i regionale senter.
- Tiltak 3 Redusere klimautslipp i transportsektoren ved satsing på nullutslippteologi og samordna areal- og transportplanlegging.

**Tiltak 4** Dialogbasert oppfølging av arealrette regionale planar mot kommunane. For bergensområdet vil dette særskilt skje gjennom byutviklingsavtalen.

## OVERORDNA MÅL 2

Regionalavdelinga skal medverke til eit robust og framtidssikret næringsliv.

### Strategiar

- 2.1 Styrke samarbeidet om entreprenørskap, innovasjon og kompetanse knytt til dei næringar fylket har fortrinn.
- 2.2 Utarbeide plan og medverke til å nå mål knytt til omstillingsarbeidet på Sør- og Vestlandet.

### Tiltak

- Tiltak 1** Omstilling i petroleumsindustrien i Hordaland: Finansierte kompetansehevingssjakt og drive påverknadsarbeid.
- Tiltak 2** Styrke entreprenørskapssatsinga i fylket gjennom å utvide Etablerersenteret til å gjelde heile fylket og vidareutvikle satsinga på koman.no.
- Tiltak 3** Utarbeide verktøy for å vurdere klima- og miljøeffekten i utviklingsprosjekt finansiert via HNH- og omstillingsmidlar.
- Tiltak 4** Vidareutvikle næringsutviklingsprogrammet «Invest in Region Bergen», og utvide det til å gjelde for heile fylket.

## OVERORDNA MÅL 3

Regionalavdelinga skal, internt i HFK og ut mot kommunane i Hordaland, bidra til god kunnskaps- og kompetanseutvikling som over tid skal tene heile hordalandssamfunnet.

### Strategiar

- 3.1 Mobilisere til auka kunnskapsproduksjon og kompetanseutvikling.
- 3.2 Formidle relevant kunnskap til prioriterte målgrupper.
- 3.3 Framskaffe grunnlagsdata og analysar med høg kvalitet og relevans.

### Tiltak

- Tiltak 1** Etablere og drive ein forskings- og innovasjonsverkstad for kommunane for å mobilisere til fleire søknader til Regionalt forskingsfond og andre relevante forskingsprogram.
- Tiltak 2** Etablere struktur, og byggje nettverk regionalt for å mobilisere til EU sitt forskingsprogram; Horisont 2020.
- Tiltak 3** Utarbeide eit rådgjevingstilbod til kommunane og avdelingane i fylkesadministrasjonen for utvikling av prosjektsøknader til EU sine samarbeidsprogram (t.d. Interreg, Erasmus+ og Creative Europe).
- Tiltak 4** Utarbeide interne rutinar for bestilling av statistikk og analysar for å sikre betre kvalitet og større eigenproduksjon.

Alle tiltaka vert finansierte innanfor budsjettet for regional utvikling.

# REGIONAL OG KOMMUNAL PLANLEGGING

I 2017 vil fylkesrådmannen prioritere iverksetjing av regional planstrategi og vedteke regionale planar. Samordning internt i fylkeskommunen og dialog med kommunane og statleg sektor vil styrkast. Iverksetjing av arealrette planar gjennom kommuneplanens arealdel vil auke i omfang når regionale areal- og transportplanar og kystsoneplanen er

vedtatt. Utvikling av attraktive senter i tråd med regional plan er også viktig. Igangsetjing av nye arealrette regionale planar ut over revisjon av Hardangerviddaplanen vil ikkje prioriterast dette året.

Midlar til planlegging og iverksetjing av regionale planar i andre avdelingar må dekkjast av desse avdelingane sine

2	Regional og kommunal planlegging		2016	2017	Endring
	Regional og kommunal planlegging	Driftsutgifter	2 965	2 724	-8 %
	Rådgjeving	Driftsutgifter	4 774	5 815	22 %
		Sum driftsutgifter	7 739	8 539	10 %
		Netto driftsutgifter i 2017-kroner	7 894	8 539	8 %

budsjett. Budsjettposten regional planlegging blir foreslått redusert som følge av dette.

Behovet for plankompetanse i kommunane er fortsatt sterkt, og rådgjevingstiltak vil oppretthaldast. Regionalt planforum som møteplass og samordningsarena skal oppretthalde kvalitet og frekvens. Ressursbruken til handsaming av kommunale planar, der kommunane avgjer

omfanget, er på eit nivå som må oppretthaldast for å sikre tidleg og god dialog.

I 2016 var ei stilling finansiert av midlar frå KMD til arbeid med regional areal- og transportplan for bergensområdet. Dette tilskotet er ikkje vidareført til 2017. Som følge av dette aukar utgifter til rådgjeving på dette området.

## NÆRINGSUTVIKLING

Styringsdokumenta våre er gode reiskapar for å arbeide med samfunnsutvikling. Dette skjer gjennom strategiane entreprenørskap og innovasjon, næringsrelevant kompetanse, ein velfungerande bergensregion og attraktive

regionale senter. Særskilt merksemd vert retta mot omstilling i næringslivet gjennom samarbeid og dialog med næringslivsaktørar. Vidare rettar ein merksemd mot utvikling av attraktive regionale senter i fylket.

2	Overskrift - Næringsutvikling	2016	2017	Endring
HNH - statlege overføringar	Brutto driftsutgifter	47 300	45 430	-4 %
	Driftsinntekter	-47 300	-45 430	-4 %
	Netto driftsutgifter	0	0	0 %
HNH - fylkesmidlar	Brutto driftsutgifter	3 387	3 455	2 %
Landbruk	Brutto driftsutgifter	1 200	1 200	0 %
	Driftsinntekter	-1 200	-1 200	0 %
	Netto driftsutgifter	0	0	0 %
Næringsretta utviklingstiltak	Brutto driftsutgifter	17 000	0	-100 %
	Driftsinntekter	-17 000	0	-100 %
	Netto driftsutgifter	0	0	0 %
Næringsretta partnerskapsmidlar	Brutto driftsutgifter	15 733	12 048	-23 %
	Driftsinntekter	0	0	0 %
	Netto driftsutgifter	15 733	12 048	-23 %
Omstillingsmidlar Sør- og Vestlandet	Brutto driftsutgifter	20 000	0	-100 %
	Driftsinntekter	-20 000	0	-100 %
	Netto driftsutgifter	0	0	0 %
Invest in Region Bergen	Brutto driftsutgifter	0	4 000	100 %
	Driftsinntekter	0	-2 000	100 %
	Netto driftsutgifter	0	2 000	100 %
Etablerersenteret	Brutto driftsutgifter	0	3 000	100 %
	Driftsinntekter	0	-1 500	100 %
	Netto driftsutgifter	0	1 500	100 %
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	7 309	7 653	5 %
	Driftsinntekter	0	0	0 %
	Netto driftsutgifter	7 309	7 653	5 %
	Sum brutto driftsutgifter	111 929	76 785	-31 %
	Sum driftsinntekter	-85 500	-50 130	-41 %
	Sum netto driftsutgifter	26 429	26 655	1 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	26 958	26 655	-1 %

### Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

I 2017 vil midlane prioriterast innanfor dei tre hovudstrategiane i Regional næringsplan. I tillegg skal ein ha fokus på prosjekt som medverkar til positive klima- og miljøeffektar i næringslivet.

Det vil rettast ekstra ressursar mot å styrke samarbeid kring innovasjon og entreprenørskap. I samband med dette vil midlar til regionale senter verte prioritert.

Hordaland fylkeskommune arbeider på fleire felt innan omstilling. Mellom anna har fylkesutvalet sett ned eit eige omstillingsutval i Hordaland. Utvalet skal arbeide for å motverke konsekvensane som nedgangen i leverandørindustrien medfører, og løyver mellom anna midlar til relevante tiltak. I framlegget til statsbudsjett for 2017 er det oppretta ein ny målstruktur med tilhøyrande overordna prioritering/ styring av verkemiddelbruken. Dette må innarbeidast i dei fylkeskommunale prioriteringane.

Dei fylkeskommunale midlane kan nyttast noko friare enn dei statlege midlane, og er slik eit viktig supplement i arbeidet med næringsutvikling. Midlane vil som tidlegare særskilt bli prioritert til prosjekt som i hovudsak er forankra utanfor distriktsonene.

Under er tabell som syner utviklinga i dei statlege overføringane til regional utvikling. For at åra skal vera samanlignbare er omstillingsmidlane som har vore særskilt løyvd ikkje med i tala.

mill. kr	2013	2014	2015	2016	2017
HNH - statlege overføringar	72,7	60,7	56,8	47,3	36,4

### Næringsretta utviklingstiltak

Midlane går til næringsretta utviklingstiltak i dei fire kommunane Etne, Bømlo, Kvam og Modalen. Ein prioriterer større prosjekt og prosjekt som ikkje oppnår finansiering gjennom det ordinære virkemiddelapparatet, men som blir vurdert som viktige for bedriftene i kommunen. I statsbudsjettet for 2016 blei det gitt signal om at ordninga blir avvikla etter 2018. Samstundes blei rammene tatt monaleg ned. I framlegget til statsbudsjett for 2017 er avviklinga av denne ordninga framskynda og det er ikkje ført opp midlar for 2017.

### Landbruk

Dei viktigaste oppgåvene fylkeskommunen har innan landbruk er oppbygging av kompetanse, rekruttering og likestilling. Midlane til ulike prosjekt, kurs og tiltak vert fordelt etter søknad.

### Næringsretta partnerskapsmidlar

Partnerskapsmidlane skal stø opp om regionale næringsretta utviklingsaktørar. Desse vert vurderte som viktige for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i tråd med dei vedtekte styringsdokumenta. Fylkesutvalet vedtar deling av desse midlane i ei eiga sak; der dei og vedtar

kor mykje av HNH-budsjettet som skal nyttast til partnerskapsmidlar.

Tidlegare har om lag 4 mill. kr vorte løyvd til Business Region Bergen AS, men selskapet vil verte avvikla innan 31.12.2016. I 2017 vert difor 3,5 mill. kr overført frå denne posten til vidareføring av oppgåvene Etablerersenteret og Invest in Region Bergen. Differanse på kr 500 000 går til budsjettreduksjon.

Fylkesrådmann legg til grunn at støtta til Nordiske medie-dager vert vidareført i 2017 med kr 250 000.

I 2017 vil fylkesrådmannen gå igjennom heile ordninga med partnerskapsmidlar slik at retningslinjene for å søke slike midlar vert enno klarare før 2018.

### Etablerersenteret

Fylkeskommunen vil innan 31.12.2016 overta ansvaret for Etablerersenteret som tidlegare låg i Business Region Bergen. Etablerersenteret vil bli finansiert med eit kronebeløp frå kommunane og fylkeskommunen på kr 3 pr. innbyggjar. Fylkeskommunen sitt bidrag vert då 1,5 mill. kr.

Etablerersenteret skal arbeide utadretta i heile fylket og samarbeide tett med dei eksisterande aktørane; til dømes regionråd, næringshagar og inkubatorar.

Organiseringa vil òg sikre ei meir heilskapleg utvikling av etablerertenestene i Hordaland. Dette gjennom å kople Koman.no-satsinga til fylket og Etablerersenteret tettare saman.

### Invest in Region Bergen

Invest in Region Bergen vert innan 31.12.2016 overført til fylkeskommunen frå Business Region Bergen, og vert etablert som eit næringsutviklingsprogram. Hovudmålet med prosjektet er å få til fleire næringsetableringar i fylket. Dette vil verte sterkt prioritert i 2017, som eit viktig ledd i næringsutviklingsarbeidet elles.

Invest in Region Bergen vil bli finansiert med eit kronebeløp frå kommunane og fylkeskommunen på kr 4 pr. innbyggjar. Fylkeskommunen sitt bidrag vert slik 2 mill. kr.

### Omstilling av leverandørindustrien på Sør- og Vestlandet

Hordaland fylkeskommune har på oppdrag frå Kommunal og moderniseringsdepartementet leia eit omstillingsarbeid for dei seks fylka Aust Agder, Vest Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Departementet løyde 20 mill. kr til dette arbeidet i 2016, og fylkeskommunane har søkt om styrking av dette samarbeidet for 2017. I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2017 er det ikkje lagt opp til vidareføring av desse midlane.

### Rådgeving

Ei stilling som tidlegare var lagt til økonomi- og organisasjonsavdelinga, er overført til regionalavdelinga ved seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling.

## REGIONSENTER- OG LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

2	Regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling		2016	2017	Endring
	Lokalsamfunnsutvikling og LivOGLyst	Driftsutgifter	900	800	-11 %
	Regionale utviklingsprosjekt	Driftsutgifter	9 250	9 435	2 %
	Rådgjeving	Driftsutgifter	3 603	3 731	4 %
		Sum driftsutgifter	13 753	13 966	2 %
		Netto driftsutgifter i 2017-kroner	14 028	13 966	0 %

Lokalsamfunnsutviklingsprogrammet LivOGLyst vart tatt inn igjen på budsjettet av fylkestinget for 2016, og i 2016 starta prosjektet opp igjen med 0,8 mill. kr til nye prosjekt. Dette utover kr 100 000 til avslutning av eldre prosjekt. I 2017 vidareførast satsinga LivOGLyst på same nivå og ein vil då utvide porteføljen med nye prosjekt.

**Regionale utviklingsprosjekt**

Midlane, tidlegare konsesjonskraftmidlar, skal nyttast til regionale prosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket. Midlane er særskilt ettertrakta då dei i hovudsak nyttast til investeringsføremål. Midlane vert lyst ut anna kvart år for å få eit volum som kan realisere fleire og større utviklingsprosjekt. Midlar for åra 2017 og 2018 vert lyst ut i 2017.

## VESTLANDSRÅDET

2	Vestlandsrådet		2016	2017	Endring
	Vestlandsrådet	Brutto driftsutgifter	1 300	500	-62 %
		Driftsinntekter	-2 000	-300	-85 %
		Sum driftsutgifter	-2 000	200	-110 %
		Netto driftsutgifter i 2017-kroner	-2 040	200	-110 %

I 2016 hadde Hordaland fylkeskommune ansvar for sekretariatet til Vestlandsrådet, og det vart budsjettert i høve til dette. På bakgrunn av dialog med Sogn og Fjordane

fylkeskommune som tek over sekretariatet, er det budsjettert med inntekter også i 2017. Det er sett av midlar til kontingent. Møteverksemda vert dekkja av deltakarane.

## FOLKEHELSE

2	Folkehelse		2016	2017	Endring
	Folkehelsemidlar	Brutto driftsutgifter	4 100	3 978	-3 %
		Driftsinntekter	-200	-100	-50 %
	Rådgjeving	Driftsutgifter	2 122	2 166	2 %
		Sum driftsutgifter	6 222	6 144	-1 %
		Netto driftsutgifter i 2017-kroner	6 347	6 144	-3 %

Fylkeskommunen skal ivareta samfunnsutviklarrolla gjennom å vere pådrivar og samordne folkehelsearbeidet regionalt. I tråd med Regional plan for folkehelse greier ein no ut ein ny modell for organisering av folkehelsearbeidet i Hordaland.

I 2017 legg ein til grunn at ordninga med tilskotsmidlar til kommunar og nettverksmøta for folkehelsekoordinatorane i kommunane vert vidareført. Rådgeving til kommunar som ikkje er ferdige med sitt utgreiingsarbeid, eller som skal revidere sine oversikter, vil verte vektlagt.

## FORSKING

2	Forskning		2016	2017	Endring
	Regionalt forskingsfond Vestlandet	Brutto driftsutgifter	45 919	46 800	2 %
		Driftsinntekter	-45 919	-46 800	2 %
	Regional satsing for forskingsbasert innovasjon (VRI)	Brutto driftsutgifter	1 700	2 000	18 %
		Driftsinntekter	-1 700	-2 000	18 %
	Rådgeving	Driftsutgifter	812	847	4 %
		Sum brutto driftsutgifter	48 431	49 647	3 %
		Sum driftsinntekter	-47 619	-48 800	2 %
		Sum netto driftsutgifter	812	847	4 %
		Netto driftsutgifter i 2017-kroner	828	847	2 %

### Regionalt forskingsfond Vestlandet

Regionalt forskingsfond Vestlandet skal finansiere forskning som bidrar til verdiskaping, innovasjon, omstilling og gode klima- og miljøløysingar. Nedgang i aktivitetsnivået i olje- og gassnæringa og dei alvorlege ringverknadene dette har gitt, gjer det ekstra viktig å styrke forskinga som kan bidra til omstilling i næringslivet. I Hordaland vil arbeidet med å mobilisere kommunane bli intensivert gjennom ei eiga satsing.

I framlegg til statsbudsjett for 2017 er det ført opp 45,2 mill. kr i overføring til Regional forskningsfond Vestlandet. 38,8 mill. kr av dette er basert på faste kriterier. I 2016 fekk RFF Vestlandet samla ei ekstra løyving på 14,7 mill. kr for å styrke forskning som kan bidra til omstilling i næringslivet på Vestlandet. I framlegget til statsbudsjett for 2017 er dette vidareført med ei redusert ekstraløyving på 6,4 mill. kr. Det vert ikkje lagt opp til forskottering av midlar frå framtidige budsjett, slik som dei siste åra. Berre renteinntekter kjem i tillegg til løyvinga frå Kunnskapsdepartementet.

### Regional satsing for forskingsbasert innovasjon (tidlegare VRI)

Regional satsing for forskingsbasert innovasjon skal mobilisere bedrifter til å nytte forskning i sitt utviklingsarbeid.

Forskningsrådet lyser no ut midlar for perioden 2017- 2019. Hordaland fylkeskommune leiar arbeidet som vil gjennomføre i tett samarbeid med FoU-institusjonar, næringsliv og virkemiddelapparat. I 2017 vil ein legge særleg trykk på bedrifter og kompetanse. Basert på auka rammer frå KMD til forskningsrådet i framlegget til statsbudsjett for 2017 legg ein til grunn at HFK sin del vil verte minst 2 mill. kr. Endeleg beløp vert avklart i eigen prosess med Forskningsrådet.

### Horisont 2020

Forskning for å løyse dei store samfunnsutfordringane vi har i Hordaland bør i større grad gjennomførast i samarbeid med internasjonale partnarar og finansierast gjennom EU sitt forskingsprogram Horisont 2020. Arbeidet med å identifisere aktuelle problemstillingar og kartleggje potensielle aktørar blir gjennomført i 2016 av ei regional mobiliseringsgruppe leia av Hordaland fylkeskommune. I 2017 vil ein vidareføre arbeidet med å byggje/utvide partnarskap med tanke på konkrete søknader.

## STATISTIKK OG ANALYSE

2	Statistikk og analyse		2016	2017	Endring
	Statistikk og analyse	Sum brutto driftsutgifter	4 037	3 980	-1 %
		Sum driftsinntekter	0	-600	100 %
		Sum netto driftsutgifter	4 037	3 380	-16 %
		Netto driftsutgifter i 2017-kroner	4 117	3 380	-18 %

**Kunnskapsgrunnlag for regionale planar**

Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for regionale planar og strategiar skal prioriterast i 2017. Det er eit mål at ein større del av statistikkinnhenting og analysar skal gjennomførast med interne ressursar, og at bestilling av eksternt innkjøpte analysar skal kvalitetssikrast betre.

**Regional plan for kompetanse og arbeidskraft**

Ferdigstilling av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft vil ha høg prioritet i 2017. Planen er basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag som blei utarbeidd i 2016 for å sikre betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter arbeidskraft i regionen. I 2017 vil Hordaland fylkeskommune leie eit nasjonalt prosjekt om kompetansepolitisk arbeid i regionane med deltaking frå alle fylkeskommunane i Norge, og dette vil gje ein meirverdi i høve til eiga planarbeid.

**Formidling og rådgjeving**

Formidling av kunnskap skal intensiverast både for å auke

medvita i ålmenta om viktige regionale problemstillingar, og for at aktørar som jobbar med regional utvikling skal ha eit godt grunnlag for sine vedtak. Rådgjeving til kommunane om korleis statistikk og analysar kan nyttast i deira planarbeid vil verte vektlagt.

Pandagrappa som forvaltar Panda (plan og analyseverktøy for næring, demografi og arbeidsmarknad), og som består av 17 fylkeskommunar og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, har frikjøpt ein 40 % stillingsressurs hos Hordaland fylkeskommune til å leie det daglege arbeidet. Dette gjer at brutto driftsutgifter til statistikk, analyse Regionalavdelinga er redusert med 1 %. I tillegg vil fylkesrådmannen auke tilbodet til kommunane på statistikk og kunnskapsutvikling. Dette vil gje ein forventa auke i driftsinntekter.

## INTERNASJONALT SAMARBEID

2	Internasjonalt samarbeid		2016	2017	Endring
	Erasmus	Brutto driftsutgifter	600	800	33 %
		Driftsinntekter	-600	-800	33 %
	Aktiv ungdom	Brutto driftsutgifter	250	500	100 %
		Driftsinntekter	-250	-500	100 %
	Nordsjøprogrammet	Brutto driftsutgifter	120	120	0 %
		Driftsinntekter	-120	-120	0 %
	Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	4 302	3 473	-19 %
		Driftsinntekter	-250		-100 %
		Sum brutto driftsutgifter	5 272	4 893	-7 %
		Sum driftsinntekter	-1 220	-1 420	16 %
		Sum netto driftsutgifter	4 052	3 473	-14 %
		Netto driftsutgifter i 2017-kroner	4 133	3 473	-16 %

### Samarbeidsregionane

Aktivitetane i samarbeidsregionane vil bli vidareført i 2017. Fylkesrådmannen vil i tråd med fylkesutvalet sitt vedtak, vere mest offensiv i Skottland og Normandie i Frankrike. Hordaland fylkeskommune har opparbeidd eit monaleg nettverk i Skottland gjennom arbeidet i Nordsjøkommisjonen, spesielt i perioden då Hordaland hadde president og sekretariatet. Gjennom dette kontaktnettet vil fylkesrådmannen bidra til å kople saman aktørar i Hordaland og Skottland som har nytte av å samarbeide med kvarandre.

### Europeiske program

I tillegg til Horisont 2020 ønskjer fylkesrådmannen både å vere aktiv i å søkje om midlar frå andre EU-program, til dømes Interreg og Erasmus+ og Aktiv Ungdom. Fylkeskommunen vil mobilisere andre aktørar til å delta i europeiske samarbeidsprosjekt.

Midlar som vi hentar inn frå Erasmus+ og Aktiv Ungdom forventar vi derfor vil auke i 2017. Frå Interreg har vi ikkje lukkast i å få opp dei riktige søknadene. Fylkesutvalet ga i PS175/2016 si tilslutning til kva område fylkesrådmannen skulle ta initiativ til å få i gang internasjonale

samarbeidsprosjekt, og som vil gje ein meirverdi for hordalandssamfunnet. Ambisjonen er å starte arbeidet med to prosjektsøknader til Interreg i løpet av 2017, der Hordaland fylkeskommune er prosjektleiar for eitt av desse.

### Nordsjøkommisjonen

Som ein følgje av avviklinga av sekretariatet for Nordsjøkommisjonen i Hordaland fylkeskommune i samband med tidlegare fylkesordførar sitt presidentskap, er brutto driftsutgifter til internasjonalt samarbeid redusert med 19 %. Bortfall av dei andre norske medlemsregionane sine økonomiske bidrag til sekretariatet i Hordaland kjem som eit nedtrekk i 2017.

Etter at presidentperioden no er avslutta er det viktig å oppretthalde nettverket og kompetansen som vart bygd opp i denne perioden. Hordaland fylkeskommune si deltaking i Nordsjøkommisjonen vil i fortsetjinga bli forsøkt samordna med dei andre vestlandsfylka. Evalueringa av vestlandsfylka si deltaking i Nordsjøkommisjonen som skal gjennomførast hausten 2016, vil danne grunnlaget for den vidare satsinga i 2017.

## KLIMA OG MILJØ

2	Klima og miljø		2016	2017	Endring
	Klimaplan for Hordaland	Driftsutgifter	9 500	5 500	-42 %
	Miljø	Driftsutgifter	750	565	-25 %
	Rådgjeving	Driftsutgifter	3 648	3 745	3 %
		Sum driftsutgifter	13 898	9 810	-29 %
		Netto driftsutgifter i 2017-kroner	14 176	9 810	-31 %

### Klimaplan for Hordaland

Klimaplanens handlingsprogram 2017 kjem til politisk handsaming i desember samstundes med budsjettet.

Som regional plan er Klimaplanen retningsgjevande for fylkeskommunen, kommunar og statlege verksemdar. Tiltaka i årleg handlingsprogram vert dels finansiert over eige klimabudsjett og dels over andre einingar og aktørar sine budsjett.

Klimaplanen har som mål å redusere utslepp av klimagassar og energibruk. Årlege miljørekneskap dokumenterer måloppnåing for fylkeskommunens sin aktivitet i eiga

verksemd. Miljøstyring utgjer driftsfasen av miljøsertifiseringsarbeidet. Dette er administrert og finansiert over klimabudsjettet. I tillegg kjem innsats på andre avdelingar (primært Eigedom, Organisasjon og Opplæring). Hordaland fylkeskommune har i gjennomsnitt spart 0,8 mill. kr årleg som resultat av miljøstyringa. Utslepp frå eiga verksemd (dei vidaregåande skulane, den offentlege tannhelsetenesta og fylkeskommunal administrasjon) gjekk ned frå 1 940 tonn i 2014 til 1 890 tonn i 2015, ein nedgang på 3 %.

I 2016 var det løyvd 9,5 mill. kr til klimaplanen, inklusiv ei eingongsløyving til hydrogenfyllestasjonar på 4 mill. kr, som ikkje er vidareført for 2017. Fordeling på tiltak blir



gjort i sak om rulling av handlingsprogrammet. Utgifter til rådgjeving og sakshandsaming vert vidareført på same nivå i 2017, som i 2016. Dette gir mindre rom til å prioritere gjennomføring av klima- og miljøtiltak, og til sakshandsaming.

### Miljø

Posten inneheld den årlege Miljøprisen, søknadsbaserte tllskot til miljøorganisasjonar og midlar til lokale klima- og miljøtiltak. Dei lokale klima- og miljøtiltaka skal fremje lokale initiativ til handling for ei berekraftig utvikling. Midlane går til frivillige lag, organisasjonar, kommunar, grendalag og velforeiningar.

## NATURESSURSUFORVALTING

2	Naturressursforvaltning		2016	2017	Endring
	Tilskotsmidlar jakt og fiske	Brutto driftsutgifter	500	500	0 %
		Driftsinntekter	-500	-500	0 %
	Vassregion	Brutto driftsutgifter	1 590	2 385	50 %
		Driftsinntekter	-1 590	-2 385	50 %
	Skjelsandkonsesjonar	Brutto driftsutgifter	100	100	0 %
		Driftsinntekter	-100	-100	0 %
	Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	3 926	4 118	5 %
		Driftsinntekter	0	-300	100 %
		Sum brutto driftsutgifter	6 116	7 103	16 %
		Sum driftsinntekter	-2 190	-3 285	50 %
		Sum netto driftsutgifter	3 926	3 818	-3 %
		Netto driftsutgifter i 2017-kroner	4 005	3 818	-5 %

### Tilskotsmidlar jakt og fiske

Fylkeskommunen skal fremje formålet med viltlova og gje styresmakter, organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar bistand, råd og rettleiing. Fylkeskommunen fordeler årleg statstilskot til ulike viltformål. Slike midlar kan ikkje gå til drift i fylkeskommunen eller kommunar.

### Vassregion

Hordaland fylkeskommune er vassregionstyresmakt og har ansvar for utarbeiding av Forvaltingsplan for vatn. Planen for vassregion Hordaland med tiltaksprogram vart vedteke desember 2015, og godkjend av departementet juli 2016. Vedtak av planen er starten på eit langsiktig arbeid for betre vassmiljø, der betydeleg innsats står att med styrking av kunnskapsgrunnlaget og gjennomføring av miljøtiltak. Planen skal reviderast i 2021 og 2027. Kompetansen som er bygd opp i vassforvaltninga regionalt og med lokale prosjekt-leiarar i kvar av dei 5 vassområda i Hordaland må sikrast i eit langsiktig perspektiv. Tilsetjing med finansiering over dei statlege øymerke tilskotsmidlane er venta på plass seint i 2016. Den statlege vassløyvinga til Hordaland fylkeskommune ble kr 2 385 000 i statsbudsjett 2016, og fylkesrådmannen fører opp denne summen i budsjettet for 2017.

### Skjelsandkonsesjonar

Fylkeskommunen tildeler skjelsandkonsesjonar og krev inn avgift på bakgrunn av rapportering av opptak. Midlane vert nytta til skjelsandrelevante føremål, til dømes kartlegging av ressursane.

### Akvakultur

Hordaland fylkeskommunen har ansvar for å koordinere og tildele søknadar om akvakulturløyve. Dette gjeld løyve om oppdrett av alle artar som laks, aure, skjel, skaldyr, algar og plantar på sjø og land. Vi samordnar alle søknader mellom næring, kommunar og sektorstyresmakter, før fylkeskommunen gjer vedtak om avslag eller løyve. Fylkeskommunen har som einaste sektormyndigheit ansvar for å ivareta regionale og nasjonale akvakulturinteresser i plan-saker. Det er berre fylkeskommunen som kan gjere vedtak om motsegn for å ivareta akvakulturinteresser.

Klima- og naturressursseksjonen brukar tre stillingar på akvakulturforvaltning. Det vert lagt opp til å bruke kr 300 000 av konsesjonsavgiftsmidlane fylkeskommunen får frå havbruksnæringa (Marin tilskotordning) til lønsutgifter på området.

## OVERSYN PLANAR

Under er tabell med oversyn over sektorplanar/ strategiar; gjeldande, nye og dei med revisjon i perioden 2016–2020

Regionale planar	Vedtak år	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad planstrategi
Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel	2014			FUV	Regional	Vidareførast
Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle 2014–2025	2014			UTHE	Regional	Vidareførast
Klimaplan for Hordaland 2014-2030 Regional klima- og energiplan	2014		X	FUV	Regional	
Regional plan for Nordfjella 2014–2025	2014			KIRU	Regional	Vidareførast
Regional næringsplan 2013–2017	2013		X	FUV	Regional	
Heiplanen – Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	2012			KIRU	Regional	Vidareførast
Regional plan for Hardangervidda	2011		X	FUV	Regional	Enkel revisjon
Regional plan for vassregion Hordaland	2015		X	FUV	Regional	
Fylkesplan for Hordaland 2005–2008	2005			FUV	Regional	Utfasing. Arealpolitiske retningslinjer treng revisjon/vidareføring
Fylkesdelplan for areal og transport Haugalandet	2004/ 2016		X	FUV	Regional	Revidert plan skal vedtakast i 2016
Fylkesdelplan for små kraftverk	2009/ 2013			KIRU	Regional	Vidareføring

Regionale planar under arbeid	Planlagt vedtak					Merknad
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	2016	X		FUV	Regional	Avslutta høyring
Regional areal- og transportplan Bergensområdet	2017	X		FUV	Regional	Avslutta høyring
Regional plan for areal og transport Haugalandet	2016		X	FUV	Regional	Avslutta høyring
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	X		UTHE	Regional/ opplæring	Planprogram vedtatt.



KULTUR OG IDRETT:

# Samordning av mål og verkemiddel

*Hordaland fylkeskommune skal leggje til rette for eit godt og mangfaldig tilbod av kultur- og idrettsaktivitetar i heile Hordaland. Den regionale politikken fremjer både det frivillige og profesjonelle kultur- og idrettsmiljøet i fylket. Budsjettet for 2017 er viktig for gjennomføringa av vedteken politikk og er innretta i høve målsettingane i Regional kulturplan 2015 – 2025 «PREMISS: KULTUR».*

1	Seksjon	Teneste	Inntekter og utgifter	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
	Fylkesarkivet	Arkiv og dokumentsenter	Brutto driftsutgifter	11 320	12 401	9,6 %
			Driftsinntekter	-	-	0,0 %
			Netto driftsutgifter	11 320	12 401	9,6 %
	Fylkesbiblioteket	Bibliotek	Brutto driftsutgifter	7 439	8 558	15,0 %
			Driftsinntekter	0	-500	
			Netto driftsutgifter	7 439	8 058	8,3 %
	Fylkeskonservatoren	Kulturminnevern	Brutto driftsutgifter	46 677	47 293	1,3 %
			Driftsinntekter	-26 225	-26 333	0,4 %
			Netto driftsutgifter	20 452	20 960	2,5 %
		Museum	Brutto driftsutgifter	48 015	49 486	3,1 %
			Driftsinntekter	0	0	
			Netto driftsutgifter	48 015	49 486	3,1 %
	Idrett og friluftsliv	Friluftsliv	Brutto driftsutgifter	9 177	11 393	24,1 %
			Driftsinntekter	-3 400	-5 300	
			Netto driftsutgifter	5 777	6 093	5,5 %
		Idrett	Brutto driftsutgifter	98 423	116 667	18,5 %
			Driftsinntekter	-84 660	-104 000	22,8 %
			Netto driftsutgifter	13 763	12 667	-8,0 %
	Kunst- og kulturformidling	Kunstformidling	Brutto driftsutgifter	67 999	70 211	3,3 %
			Driftsinntekter	-21 600	-22 032	2,0 %
			Netto driftsutgifter	46 399	48 179	3,8 %
		Andre kulturaktivitetar	Brutto driftsutgifter	44 889	37 932	-15,9 %
			Driftsinntekter	-10 608	-5 000	-52,9 %
			Netto driftsutgifter	34 281	32 932	-4,5 %
	Stab /støtte	Administrasjon	Brutto driftsutgifter	7 921	8 254	4,2 %
			Driftsinntekter	0	0	
			Netto driftsutgifter	7 921	8 254	4,2 %
			Sum brutto driftsutgifter	341 860	362 194	5,9 %
			Sum driftsinntekter	-146 493	-163 165	11,4 %
			Netto driftsutgifter	195 367	199 029	1,9 %
			Netto driftsutgifter i 2017-kroner	200 229	199 029	-0,6 %

## ENDRINGAR FRÅ 2016 TIL 2017

1	Endringar frå 2016 til 2017	Budsjett 2016	Budsjett 2017
	Fylkeskommunalt investeringstilskot	2 500	1 000
	Verdsarvstaden Bryggen (Ålmenne kulturvernføre mål)	220	0
	Brannsikring (Ålmenne kulturvernføre mål)	200	0
	Stilling i stab/støtte	370	0

1 Endringar frå 2016 til 2017	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Stend hovudgård	200	0
Kompetansebyggjande tiltak	200	0
Auke i driftstilskot Hordaland Teater	6 083	6 683
Auke i driftstilskot Museum Vest	4 769	5 307
Eingongstiltak	2 800	0
Andre kostnader	178 025	186 039
Sum	195 367	199 029
2017-kroner	200 229	199 029

## INNLEIING

Hordaland fylkeskommune har eit omfattande kulturpolitisk utviklingsansvar, ansvar for levering av regionale tenester på kultur- og idrettsfeltet og viktige lovheimla forvaltingsoppgåver.

Kultur- og idrettsfeltet i Hordaland har vore gjennom ei stor utvikling dei seinare åra, og den regionale politikken er difor i endring. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 «PREMISS: KULTUR» med handlingsplan vart vedteken i mars 2015 og er styrande for satsingar og økonomiske prioriteringar i åra framover. I samsvar med planen skal utviklinga stettast gjennom ein tilpassa regional politikk og ei lydhør og kompetent forvaltning. Følgjande visjon ligg til grunn for kulturarbeidet: «Hordaland skal vere ein leiande kulturregion.»

Eit grunnleggjande perspektiv er at det trengst fleire kulturelle sentra i landet, som byr Osloregionen konkurranse på kvalitet, nyskaping, merksemd og statlege midlar. Bergen og Hordaland er det andre kulturelle tyngdepunktet i Noreg, med ein solid struktur av institusjonar, organisasjonar og einskildaktørar. Tilhøvet til Bergen og det profesjonelle kulturlivet har slik forma den fylkeskommunale innsatsen og kompetansen på kultur- og idrettsfeltet. Samstundes har mange mindre kommunar eit kultur- og idrettsliv som i særleg grad er forma gjennom lag- og organisasjonar og friviljug arbeid. Den regionale politikken er innretta for å ta vare på og utvikle denne heilskapen.

Eit hovudgrep i planen er samordning av mål og verkemiddel mellom forvaltningsnivåa og mellom offentlege og private midlar. Slik vil ein kunne fremje nyskaping og kvalitet ved streng prioritering, felles satsingar og samordning av verkemiddel og støtteordningar i periodar med reduksjon i offentlege løyvingar. Dette krev mellom anna ei kompetent regional forvaltning på kultur- og idrettsfeltet, vekt på godt

fagleg arbeid og samarbeidsrutinar, god forvaltningsskikk og høg etisk standard.

I løpet av dei seinare åra er det lagt auka vekt på plan og strategi som systematiske verkemiddel og ei profesjonalisert forvaltning i dialog med kultur- og idrettsaktørane, kommunane og staten. Fylkeskommunen har utvikla den politiske styringa av verkemiddel og prosessar på kultur- og idrettsområdet. Der det tidlegare var større fokus på å utvikle fylkeskommunale prosjekt og tiltak, er det dei seinare åra lagt vekt på transparent strategi- og politikkutforming og tilrettelegging av verkemiddel. Ressursane skal ikkje brukast på utvikling av fylkeskommunen, men på utvikling av kultur- og idrettsfeltet i heile fylket. Ein kulturpolitikk med armlengds avstand mellom forvaltninga og frie aktørar er regelen, og her står dialogen med aktørane heilt sentralt.

Kulturplanen er prega av dei lange linene i kulturpolitikken, men også erkjenninga av at mange av dei viktigaste tiltaka på lang sikt vil vere dei som kjem til – enten som nye prosjekt eller som driftssøknader. I fordelinga av regionale verkemiddel bør det difor vere god balanse og avveging mellom etablerte og nye tiltak. Fylkeskommunale tilskotsordningar er vurderte og tilpassa denne målsettinga. Likeeins er mottakarar og søkjarar til driftstilskot vurderte med same mål for auge.

I høve den samla fylkeskommunale økonomien er det ikkje rom for å gje støtte til alle dei gode regionale tiltaka. Dermed kan ein ikkje finne plass på budsjettet for 2017 til ei rekkje viktige større og nyskapande tiltak. Dette inneber krevjande utfordringar for Hordaland fylkeskommune og heile kultur- og idrettsfeltet både i 2017 og i åra framover

# MÅL OG STRATEGIAR

## OVERORDNA MÅL 1

Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom brei samfunnsdialog leggje grunnlag for kultur som premiss for utviklinga av alle samfunnsområde.

### Strategiar:

- 1.1 Setje i verk Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 og basere innsatsen på klare prioriteringar og god koordinering.
- 1.2 Systematisere samhandling med kommunar, institusjonar og organisasjonar i Hordaland og regionale, nasjonale og internasjonale aktørar på kultur- og idrettsfeltet.

### Tiltak

Til pkt.	Tiltak
1.1	1. Systematisk oppfølging av Regional kulturplan 2. Avsette personalressursar for felles arbeid i avdelinga
1.2	1. Arrangere årlege dialogmøte på kultur- og idrettsfeltet i samarbeid med kommunane. 2. Systematisk bruk av budsjett- og samhandlingsmøte med institusjonar og organisasjonar i fylket 3. Ta del i prioriterte nasjonale nettverk innan fagområda våre. 4. Følgje opp Internasjonal strategi for HFK og vidareutvikle arbeidet i samarbeidsregionane.

### Økonomiske konsekvensar

Tiltaka vert finansierte og gjennomførte innafør gjeldande budsjettrammer.

## OVERORDNA MÅL 2

Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom fagleg og økonomisk medverknad støtte opp under eit sterkt, profesjonelt og friviljug kulturliv i Hordaland.

### Strategiar

- 2.1 Bruke tilgjengelege ressursar effektivt og ha tenlege verktøy i løysing av oppgåvene
- 2.2 Ha særskild merksemd på førebuing og oppfølging av politiske vedtak i god dialog med kultur- og idrettsfeltet
- 2.3 Sikre rett kompetanse og utvikle organisasjonen i tråd med dei utfordringane som til ei kvar tid er aktuelle på

kultur- og idrettsfeltet.

- 2.4 Styrkje samarbeidet i fylkeskommunen; mellom seksjonar og avdelingar.

### Tiltak

Til pkt.	Tiltak
2.1	1. Tydeleg avklaring mellom lokale, regionale og nasjonale interesser, ansvar og oppgåver på alle fagområda. 2. Nøye økonomiske prioriteringar, detaljert budsjettering og rapportering i verksemda. 3. Betre samordning av administrative funksjonar i avdelinga. 4. Vidareutvikla tilskotsforvaltinga med tenelege og effektive ordningar og verktøy.
2.2	1 Etablere rettleiingsordning og kurs i skiving av politiske saker. 2 Tydeleg og effektiv vedtaksoppfølging gjennom kompetansebygging. 3 Plan for møte mellom politiske utval og regionale aktørar på kultur- og idrettsfeltet. 4 Samordna og god informasjon om Hfk sine tilskotsordningar.
2.3	1. Utarbeide kompetanseutviklingsplan for avdelinga. 2. Utvikle kompetansetiltak på avdelinga gjennom - årlege skrivekurs - innføringsprogram - mentorordning - fagkurs 3. Etablere ordningar for tilsette for kompetansebygging, skiving, akademisk merittering mv. 4. Arbeide med rett og framtidretta kompetanse for utvikling og rekruttering.
2.4	1. Årlege samhandlingsmøte med leirgruppene på h.h.v. Regional, Opplæring, Eigedom og Samferdsleavdelingane. 2. Bruke arbeidsgrupper for gjennomføring av oppgåver på tvers av seksjonar. 3. Vidareutvikle felles sosiale aktiviteter og møtestader gjennom m.a. personalsamlingar og fagsamlingar. 4. Invitere andre seksjonar i Hfk til å orientere om sine fagområde på seksjonsmøta.

### Økonomiske konsekvensar

Tiltaka vert finansierte og gjennomførte innafør gjeldande budsjettrammer.

## OVERORDNA MÅL 3

Kultur- og idrettsavdelinga skal vere ein samfunnsutviklar og arbeide for å sikre eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang og deltaking for alle.

### Strategiar

- 3.1** Leggje til rette for ein tydeleg, kunnskapsbasert kultur- og idrettspolitik som grunnlag for å forstå og styre utviklinga i Hordaland.
- 3.2** Styrkje rolla som utviklar og medspelar i utviklinga av kultur- og idrettstilbod basert på møte med innbyggjarar og fagmiljøa, og forståing av varige og skiftande behov.
- 3.3** Møte kultur- og idrettsfeltet med god tilrettelagt informasjon, tenlege, rettvise og tilgjengelege tenester

### Tiltak

Til pkt.	Tiltak
<b>3.1</b>	1. Utvikle og utgje Kulturstatistikk for Hordaland i samarbeid med FIA. 2. Styrkje og vidareutvikle eigen fagrapportproduksjon 3. Etablere og utvikle faglege samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane, forvaltinga og sivilsamfunnet. 4. Sikre at politiske saker er tilstrekkeleg og rett opplyst som grunnlag for politisk behandling og avgjerd. 5. Etablere klare mål og indikatorar for den regionale kulturforvaltinga.
<b>3.2</b>	1. Ha tydelege, lett tilgjengelege og treffande tilskottsordningar. 2. Vere ein tilbydar av kompetanse til beste for kulturlivet i Hordaland. 3. Setje merksemd på regional koordinering. 4. Ha eit klart regionalt fokus. 5. Vere godt orientert om utvikling og trendar på kultur og idrettsfeltet.
<b>3.3</b>	1. Prioritere arbeidet med enkel, lett tilgjengeleg og god kommunikasjon på nett. 2. Ha fokus på god forvaltningsskikk. 3. Etablere digitalt kunnskapsarkiv

### Økonomiske konsekvensar

Tiltaka vert finansierte og gjennomførte innafor gjeldande budsjetttrammer.

## ARKIV OG DOKUMENTSENTER

2 Fylkesarkivet	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Administrasjon fylkesarkivet	4 575	4 757	4,0 %
Administrasjon dokumentseneteret	6 745	7 645	13,3%
Sum brutto driftsutgifter nominelt	11 320	12 401	9,6%
Netto driftsutgifter i 2017-kroner	11 594	12 401	7,0 %

Seksjonen er utførande eining på kultur- og idrettsavdelinga for ansvarsområdet.

### Oppgåver

Fylkesarkivet løyser Hordaland fylkeskommune sine oppgåver som arkivinstitusjon og arkivmynde. Dokumentsenteret har ansvar for intern arkivdanning og systemutvikling.

### Tenesteproduksjon

- Ta vare på og gjere tilgjengeleg arkivmateriale frå sentraladministrasjon og institusjonar i Hordaland fylkeskommune.
- Bevare og sikre tilgang til offentlege og private arkiv.
- Koordinere arbeidet i Hordaland med privatarkiv
- Sikre arkiv med forvaltingsmessig, rettsleg og/eller kulturhistorisk verdi.
- Ta imot arkiv frå private arkivskaparar (ikkje-offentlege organisasjonar, bedrifter og privatpersonar).
- Utvikle lokalhistorisk arbeid i fylket.
- Forvalte støtteordning for styrking av lokalhistorisk arbeid
- Samordne arbeidet med fotobevaring i Hordaland.
- Rettleie i spørsmål knytt til informasjonsteknologi og digitalisering.
- Arkivdanning og systemutvikling i fylkeskommunen.

## SÆRSKILDE TILTAK 2017

### Utvikling av lokalhistorisk kompetanse og formidling

Det er behov for å støtte utviklinga av den lokalhistoriske kompetansen og formidlinga av historie i Hordaland, mellom anna ved å gje betre tilgang til kjelder frå kommunal sektor og private arkiv. Arbeidet vert gjennomført innanfor gjeldande budsjettammer.

### Foto

Eit viktig tiltak for å sikre Hordaland sin fotografiske kulturarv er å etablere gode løysingar for oppbevaring og tilgang til historiske foto. Hausten 2016 blir det lagt fram ei utgreiing med forslag til korleis Hordaland kan etablere ei fellesteneste for magasiner og konservering av fotografi. Dette vil innebere ei styrking av fellestenestene for musea i Hordaland og utvikle det nasjonale ansvaret som Bergen og Vestlandet har i fothistorisk tradisjon og forskning. Saka vert følgt opp i 2017.

### eDepot og innsyn i elektroniske arkiv

Fylkesarkivet skal etablere eDepot og utvikle innsynsløysing for eldre elektroniske arkiv. Dette er eit arbeid som Fylkesarkivet gjer i samarbeid med IT-seksjonen og heng saman med gevinstrealiseringa ved å fase ut gamle system når nye fagsystem blir tatt i bruk.

### Sak-/arkivløysing

Det er behov for å utvikle kompetanse på forvaltning og utvikling av sak-/arkivløysinga til HFK. Skal HFK kunne realisere sin digitaliseringstrategi må det byggast opp kompetanse på den funksjonalitet og dei moglegheitene som ligg i integrasjonar mot nye og gamle fagsystem, SvarUt og ny skjemaløysing.

### ePhorte

Bemanninga på Dokumentsenteret styrkast samtidig med innføring av sak- og arkivsystemet ePhorte til dei ytre einingane i fylkeskommunen og for å implementere eit sentralt postmottak. Det er sett av kr 750 000 til dette.

### Digitalisering av arkivsamlinga

Fylkesarkivet har som målsetting å digitalisere 10% av samlinga si innan 2020 og vil prioritere dette arbeidet i 2017.

# FYLKESBIBLIOTEKET

Heile tusen

2 Fylkesbiblioteket	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Administrasjon fylkesbiblioteket	5 698	6 157	8,1 %
Bokbåten	1 436	1 486	3,5 %
Bibliotekprosjekt	305	915	200,0 %
Sum brutto driftsutgifter	7 439	8 558	15,0 %
Sum brutto driftsinneker	0	-500	0,0 %
Sum netto driftsutgifter nominelt	7 439	8 058	8,3 %
Netto driftsutgifter i 2017-kroner	7 619	8 058	5,8 %

Fylkesbiblioteket er utførande eining på kultur- og idrettsavdelinga for ansvarsområdet.



## Oppgåver

- I biblioteklova skal fylkeskommunane ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling; gi råd til kommunane, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål.
- Hordaland fylkeskommune sine regionale oppgåver er heimla i Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025.
- Kultur- og idrettsavdelinga samarbeider med Opplæringsavdelinga om utvikling av bibliotek i vidaregåande opplæring.

## Tenesteproduksjon

- Fagleg rådgiving til kommunar og biblioteka i vidaregåande opplæring.
- Kompetanseutvikling for bibliotektilsette i fylket og utvikling av dei fem regionale biblioteksamarbeida.
- Samarbeid med biblioteka om formidlinging av litteratur og andre media.
- Koordinering og delfinansiering av felles bibliotektransport med kommunane, Universitetet i Bergen, NHH og Høgskulen i Bergen.
- Rettleie og sikre kvalitet på statistikk frå folkebibliotek og skulebibliotek, som avleverast Nasjonalbiblioteket.
- Organisere fylkesdekkande avtaler og fellesløysingar for å sikre innbyggjarane lik tilgang til digitale oppdaterte ressursar for litteratur, kunnskap og kultur.
- Koordinere og delfinansiere utlånssystem og felles samling med e-bøker for alle folkebiblioteka (utanom Bergen) og biblioteka i dei vidaregåande skulane.
- Drifte bokbåten «Epos» i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune inkl. kulturprogramma (DKS).
- Utviklingsprosjekt i samarbeid med folkebiblioteka og biblioteka i dei vidaregåande skulane.
- Delta i planlegginga av nye kommunale bibliotek og skulebibliotek.
- Utlån av klasse- og gruppesett til grunnskular og bibliotek i Hordaland utanfor Bergen.

## Særskilte tiltak i 2017

- Framhald av modellbibliotekprogrammet.
- Etablere samarbeidsprosjekt med fylkesbiblioteket i Rogaland og Sogn og Fjordane.

## Kommentarar til tabellen

### ADMINISTRASJON FYLKESBIBLIOTEKET

Seksjonen har 8 årsverk. I posten ligg Hordaland fylkeskommune sitt bidrag på kr 200 000 til kjøp av e-bøker i konsortiet for alle vidaregåande skular og kommunane utanom Bergen. Deltakarane i konsortiet betaler driftsutgifter og har forplikta seg til å nytte 3% av mediebudsjettet sitt til innkjøp av e-bøker.

Ved å omdisponere midlar på kultur- og idrettsavdelinga sitt budsjett, har kostnadene med bibliotektransport blitt overført til fylkesbiblioteket. Fylkeskommunen sin del av ordninga utgjer kr 420 000 i 2017.

### BOKBÅTEN

Driftsbudsjettet vart i fjor auka i høve til inngåtte avtalar med bokbåteigar og Lindås kommune, jf avtale om bibliotekfagleg samarbeid om drift av tilbodet. Høgt utlån fører til slitasje på bøkene, og det er for få nye titlar i høve til besøkstalet. Det er særleg trong for fleire nynorske barnebøker og aktuelle bøker for vaksne. Det er lagt inn auke med kr 50 000 på bokbudsjettet. Det er ikkje rom for å utvide med fleire driftsdagar i 2017.

### BIBLIOTEKPROSJEKT

Budsjettposten blir nytta til gjennomføring av tiltak i Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 og er i 2017 auka med 100 000,-. Vi reknar i tillegg ei inntekt på kr 500 000 bygd på erfaring frå 2016. Budsjettet skal m.a. nyttast til på to område som begge vert lagt fram til vidare politisk handsaming i 2017:

1. Framhald av modellbibliotekprogrammet (starta i 2015 og har gitt tilskot til bibliotek i 8 kommunar). I 2017 skal det lysast ut 3 nye prosjekt med tilskotet på kr 100 000 til kvart bibliotek.
2. Igangsetjing av program for å auke lesekompetanse i grunnskulen og utarbeiding av plan for bibliotek og brukaropplæring frå grunnskule til universitets- og høgskulenivå i samarbeid med Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

# KULTURMINNEVERN

2 Fylkeskonservatoren - kulturminnevern	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Administrasjon kulturminnevern	12 506	12 172	-2,6 %
Arkeologisk registrering	7 943	7 841	-1,3 %
Ålmenne kulturvernforemål	4 073	3 803	-6,6 %
Kulturminneregistrering	100	100	0,0 %
Vern av kulturminne	23 753	23 376	-1,6 %
Sum brutto driftsutgifter	48 375	47 293	-2,2 %
Sum driftsinntekter	-26 225	-26 333	0,4 %
Netto driftsutgifter nominelt	20 452	20 960	2,5 %
Netto driftsutgifter i 2017-kroner	20 947	20 960	0,1 %

Fylkeskonservatoren er utførande eining på kultur- og idrettsavdelinga for ansvarsområdet.

## Oppgåver

- Hordaland fylkeskommune er forvaltningsstyresmakt med myndigheit heimla i kulturminnelova, og tek i vare ei rekkje statlege og regionale oppgåver innafor kulturminnevernet.
- Musea er av dei viktigaste kulturinstitusjonane i Hordaland og Hordaland fylkeskommune har ansvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei ti konsoliderte musea i Hordaland som sterke kunnskapssentra og organisasjonar, og profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

## Tenesteproduksjon

- Sakshandsaming som forvaltingsmynde for freda kulturminne frå nyare tid, jf kulturminnelova.
- Lovheimla handsaming av tiltak og planar frå kommunar og private tiltakshavarar som rører ved kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi.
- Arkeologiske registreringar i arealplansaker i fylket.
- Forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar (arkeologi, bygningsarv, fartøyvern og museum).
- Rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og einskilde i einskildsaker om riving, vedlikehald eller ombygging av verneverdige bygningar.

- Øvrig sakshandsaming og utgreiingsarbeid på kulturminnefeltet.
- Utforming og gjennomføring av den regionale museums- politikken i samråd med stat, kommunar og musea.

## Særskilte tiltak i 2017

- Løns- og prisjustert driftsauke til alle musea.
- Styrking av Museum Vest grunna ansvar for Bjørn West museet.
- Framhald av Prosjektet Kulturminneplanar i kommunane i 2017.

## Kommentarar til tabellen

### ADMINISTRASJON KULTURMINNEVERN

I samband med pågåande oppgåvereforma legg Stortinget opp til at den regionale kulturminneforvaltninga vil få overført ei rekke nye statlege ansvarsområde/oppgåver; ma forvaltning av dei fleste automatisk freda kulturminna, forskriftsfreda bygningar i statleg eige, all planrelatert ivaretaking av kulturminne, nye tilskotsordningar og alle verna fartøy. Oppgåveoverføringa vil skje etappevis og i samsvar

med oppbygging av regional kapasitet og kompetanse. Reduksjonen frå 2016 utgjer løn til lærling som slutta i 2016.

Hordaland fylkeskommune har i nasjonal samanheng god kompetanse og er budd på slik oppgåveoverføring. Nye ordningar som ikkje krevjar vesentleg kapasitetsauke vil kunne gjennomførast fortløpande. Dei næraste åra må kompetanse og kapasitet i administrasjonen likevel styrkast vesentleg på fleire ansvarsområde (tilskotsforvaltning, arealplan, nyare tids kulturminne og fartøyvern).

## ARKEOLOGISK REGISTRERING

Arkeologiske registrering i samsvar med undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, er finansierte av tiltakshavar, jf. kulturminneloven § 10, medan det fylkeskommunale ansvaret for sakshandsaming, forvaltning og fråsegnsutarbeiding skal dekkjast over det fylkeskommunale driftsbudsjettet. Forvaltingsansvaret har tidlegare vore teke hand om av mellombelse tilsettingar. Av lovomsyn er desse gjort faste, men er sjølvfinansierande.

## ÅLMENNE KULTURVERNFOREMÅL

3 Ålmenne kulturvernforemål	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Fortidsminneforeningen	131 000	134 000
Tilskot historielag	150 000	153 000
Oselvarverkstaden	1 400 000	1 538 000
Verdsarvstaden Bryggen	220 000	0
Bullahuset, Valestrand, Osterøy	189 000	189 000
Espeland fangeleir	300 000	306 000
Fjelberg gamle prestegard	233 000	233 000
Kulturlandskapsprisen	50 000	50 000
Brannsikring	200 000	0
Lyssetting smelteverkstomta Odda*	1 000 000	0
Kystpilegrimsleia	200 000	200 000
Kulturminneplanar – tilskot til kommunane		1 000 000
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>4 073 000</b>	<b>3 803 000</b>

\* Eingangstiltak i 2016

### Kommentarar til tabellen

#### Oselvarverkstaden

I samsvar med avtale med Os kommune om fordelingsnøkkel 40-60, vert Oselvarverkstaden prioritert med ei vekst i den fylkeskommunale driftsstønaden på kr 138 000.

#### Verdsarvstaden Bryggen

Budsjettposten har vore nytta til formidlingstiltak på Bryggen. I 2017 vil ikkje fylkesrådmannen prioritere dette tiltaket, men vil vurdere nye tiltak frå 2018 i samband med etableringa av eit Verdsarvsenter på Bryggen.

#### Brannsikring

I 2017 vil fylkeskommunen få utarbeidd ein statusrapport for brannsikring av freda bygg på musea. I påvente av konklusjon, vert ordninga med midlar til brannsikring teke ut i 2017.

#### Kulturminneplanar – tilskot til kommunane

Prosjekt «Kulturminnekompetanse i kommunane (KIK)» er eit fylkeskommunalt satsingsprosjekt og som er viktig for lokale styresmakter. Med grunnlag i at dei siste kommunane kom med i 2016, ma Bergen, vert prosjektet forlenga ut 2017. (Posten er flytta frå Andre kulturaktivitetar).

## KULTURMINNEREGISTRERING

For 2017 skal budsjettposten nyttast til lovpålagte oppgåver og utgifter knytt til vitskapleg dokumentasjon

(dendrokronologisk analyse) for fastsetting av alder på bygningar eldre enn 1650 (automatisk freda bygningar).

## VERN AV KULTURMINNE

Kroner

3 Vern av kulturminne	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Driftsutgifter		
Tilskot til vern og vøling av verneverdige bygg	973 000	992 460
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	8 000 000	7 500 000
Prosjekt Bryggen - Bevaringsprogram for verdsarv	12 000 000	12 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	1 680 000	1 680 000
Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy	500 000	1 000 000
Tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminner (BARK)	200 000	204 000
Stend hovedgård	200 000	0
Kompetansebyggjande tiltak	200 000	0
<b>Sum driftsutgifter:</b>	<b>23 753 000</b>	<b>23 376 460</b>
Refusjonar:		
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	-8 500 000	-7 500 000
Prosjekt Bryggen - Bevaringsprogram for verdsarv	-12 000 000	-12 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	-840 000	-840 000
Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy	0	-500 000
<b>Sum refusjonar</b>	<b>-21 340 000</b>	<b>-20 840 000</b>
<b>Netto</b>	<b>2 413 000</b>	<b>2 536 460</b>

## Kommentarar til tabellen

### Refusjonar

Budsjettposten for Vern av kulturminne gjeld mellom anna fem ordningar med heil eller delvis statleg finansiering:

a) Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, b) Prosjekt Bryggen – Bevaringsprogram for verdsarv, c) Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy, og d) Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy, og e) Tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminner (BARK). Statlege midlar til desse tilskotsordningane vert overførte til fylkeskommunen etter at Riksantikvaren har handsama søknadar frå alle fylka i samsvar med statsbudsjettet. For 2017 legg fylkesrådmannen til grunn eit statleg tilskot på kr 20 840 000.

Av omsyn til den totale budsjetttramma for 2017 foreslår Fylkesrådmannen 0-vekst for den regionale medverknaden til den fylkeskommunale tilskuddsordninga Tilskot til vern og vøling av verneverdige bygg.

### Stend hovedgård

Renessansehagen utanfor hovudhuset vart ferdigstilt og opna i 2016 og prosjektet vert difor avslutta.

### Kompetansebyggjande tiltak kulturminne

Fylkesrådmannen foreslår at midlane vert trekt inn og at tiltaket vert sett i samanheng med den store satsinga på kulturminneplanarbeidet i kommunane og kompetansebygginga i kjølvatnet av dette.

**Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy**

I budsjettet for 2016 vart det løyvd midlar til ny tilskotsordninga til forvaltning og drift av verna fartøy. Riksantikvarstøtta ordninga i 2016 med tilsvarande ressursar frå

statsbudsjettet. For 2017 legg fylkesrådmannen til grunn eit statleg tilskot på kr 500 000.

## MUSEUM

Tal i heile 1000 kr

2 Fylkeskonservatoren - museum	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Sum brutto driftsutgifter Museum	48 015	49 486	3,1 %
Sum driftsinntekter	-	0	
Netto driftsutgifter nominelt	48 015	49 486	3,1 %
Netto driftsutgifter i 2017-kroner	49 178	49 486	0,6 %

Kroner

3 Museum	Budsjett 2016	Budsjett 2017
1. Museumssenteret i Hordaland	9 770 000	9 995 000
2. Stiftelsen Bymuseet i Bergen	6 755 000	6 910 000
3. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	1 685 000	1 724 000
4. Museum Vest	4 769 000	5 307 000
5. KODE - Kunstmuseene i Bergen	3 555 000	3 637 000
6. Stiftinga Hardanger og Voss museum	11 793 000	12 064 000
7. Norsk Vasskraft- og Industristadm.	1 285 000	1 315 000
8. Baroniet Rosendal	1 065 000	1 089 000
9. Stiftinga Sunnhordland museum	2 124 000	2 173 000
10. Nynorsk kultursentrum – Olav H. Haugesenteret	761 000	779 000
Museumssamarbeid med kommunar	600 000	0
Museumsløft	2 000 000	2 000 000
Bygningsverntenesta ved musea	1 753 000	2 393 000
Primusbase for musea i Hordaland	100 000	100 000
Sum brutto driftsutgifter	48 015 000	49 486 000

### Kommentarar til tabellen

#### Generelt

Musea er av dei viktigaste kulturinstitusjonane i Hordaland og fylkeskommunen har ansvar for å forme museums- politikken i fylket. Løyvinga til Museumsløft styrkar det regionale museumsarbeidet og bidreg til å utvikle sektoren i tråd med vedteken kulturplan og handlingsprogram.

Musea har samla søkt om nær 46,6 mill. kr i driftstilskot for 2017. Det var ikkje rom for auka tilskot i 2016. Musea er blant dei institusjonane våre som har ei relativt høg profesjonell grunnbemanning og faste lønsutgifter som aukar i tråd med arbeidslivet elles. Styrking av drift og investeringar er eit av hovudtiltaka i kulturplanen innan museumsfeltet. Fylkesrådmannen har lagt inn ei auke på 2,3%.

### Museum Vest

Museum Vest har gjennomført ei konsolidering med Bjørn West-museet og framstår no som eit meir heilskapleg museum innan tematikken krigs- og okkupasjonshistorie - eit tiltak i samsvar med Regional kulturplan og ein prosess som fylkeskommunen har støtta, jf vedtak i Fylkestinget. Fylkesrådmannen gjer framlegg om ei auke på kr 538 000

til Museum Vest i auka driftsmidlar, for å styrke krigs- og okkupasjonshistoria.

### Museumssamarbeid med kommunane

Budsjettposten vert overført til post Bygningsverntenesta ved musea, som samarbeider med kommunane.

## IDRETT OG FRILUFTSLIV

### Oppgåver

Friluftsløva definerer m.a. fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftinteresser. Fylkeskommunen har jf kongeleg resolusjon frå april 1987 fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i Regional kulturplan. I samsvar med visjonen Aktiv kvar dag skal ein gjennom forpliktande samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar arbeide for målet om at alle i Hordaland skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

### Tenester

- Forvaltning av spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet.
- Forvaltning av 14 andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar.
- Driftstilskot til regionale samarbeidspartnarar.
- Bidra til nasjonalt utviklingsarbeid innan fleire fagområder.

- Kompetanseutvikling (m.a. konferansar, kurs, rettleiing og synfaringar i kommunane).
- Koble ulike aktørar innan fagområdet for å skape utvikling.
- Tilrettelegge aktivitetar for personar med særskilde behov i partnerskap med frivillige organisasjonar, kommunar og Helse Bergen.
- Bidra til å utvikle toppidretten gjennom m.a. støtte til større meisterskap, investeringstilskot til idrettsanlegg og utviklingsstipend.

### Særskilde tiltak 2017

- Stor auke i spelemidlar i 2016 gjer at ein for 2017 erfaringsmessig legger til grunn og forventar same storleik i tilskot spelemidlar til realisering av fleire større anleggsbehov.
- Auke kvart utviklingsstipend med kr 5000 og etablere eitt ekstra utviklingsstipend til gateidrett/eigenorganisert aktivitet.
- Sett av kr 200 000 til antidoping.

# IDRETT

Heile tusen

2 Idrett og friluftsliv - idrett	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Administrasjon idrett	3 183	3 379	6,1 %
Tilskot til idrettsarbeid	7 522	6 230	-17,2 %
Tilskot til idrettsprosjekt	3 058	3 058	0,0 %
Tilskot spelemidlar	84 660	104 000	22,8 %
Sum brutto driftsutgifter	98 423	116 667	18,5 %
Sum driftsinntekter	-84 660	-104 000	22,8 %
Netto driftsutgifter nominelt	13 763	12 667	-8,0 %
Netto driftsutgifter i 2017-kroner	14 096	12 667	-10,1 %

## Kommentarar til tabellen

### Administrasjon idrett

Det regjeringsoppnemnde Strategiutval for idrett, leverte 8. juni 2016 sin første rapport og understrekar fylkeskommunen si viktige rolle i høve analysar og vurderingar av anleggsbehov i regionen. For å kunne bruke tilgjengelege ressursar best mogleg er det viktig å hjelpe kommunane og lag med å få betre kunnskapsgrunnlag når det gjeld anleggsbehov og til å sikre større spelemiddelandel til Hordaland. Dette arbeidet vert prioritert i 2017.

### Oppgåver

Friluftsløva definerer m.a. fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftsinnteresser. Fylkeskommunen har jf kongeleg resolusjon frå april 1987 fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i Regional kulturplan. I samsvar med visjonen Aktiv kvar dag skal ein gjennom forpliktande samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar arbeide for målet om at alle i Hordaland skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

### Tenester

- Forvaltning av spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet.
- Forvaltning av 14 andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar.
- Driftstilskot til regionale samarbeidspartnarar.
- Bidra til nasjonalt utviklingsarbeid innan fleire fagområder.

## TILSKOT TIL IDRETTSPROSJEKT

3 Tilskot til idrettsprosjekt	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Psykatri/rus	200 000	200 000
Konferansar/ kompetanse	158 000	158 000
Partnerskap for folkehelse	200 000	200 000
Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom	2 000 000	2 000 000
Folkehelse/ sykkelvanar	500 000	500 000
Sum brutto driftsutgifter	3 058 000	3 058 000

## TILSKOT SPELEMIDLAR

Det regjeringsoppnemnde Strategiutval for idrett, leverte 8. juni 2016 sin første rapport. Den understrekar fylkeskommunen si viktige rolle i høve til analysar og vurderingar av anleggsbehov i regionen. For å kunne bruke tilgjengelege ressursar best mogleg er det viktig å hjelpe

kommunane og lag med å få betre kunnskapsgrunnlag når det gjeld anleggsbehov og til sikre større spelemiddelandel til Hordaland.

## TILSKOT TIL IDRETTSARBEID

Kroner

3 Tilskot til idrettsarbeid	Budsjett 2016	Tilskot 2017
Hordaland Idrettskrets	3 344 000	3 415 000
Olympiatoppen Vest Norge	410 000	435 000
Stiftinga Solhovden	133 000	140 000
Fylkeskommunalt investeringstilskot	2 500 000	1 000 000
Store meisterskap	260 000	310 000
Fylkespremiar	50 000	50 000
Utviklingsstipend	125 000	180 000
Utlån av fylkeskommunale gymsalar	400 000	400 000
Lokal mobilisering mot doping	200 000	200 000
Idrettscampus Bergen	100 000	100 000
Sum brutto driftsutgifter	7 522 000	6 230 000

### Kommentarar til tabellen

#### Hordaland idrettskrets

Av tilskotet til Hordaland idrettskrets er kr 200 000 øyremerka idrett for funksjonshemma og kr 50 000 til koordinering av integreringsprosjektet Aktiv saman og konferanse om integrering.

#### Stiftinga Solhovden

Hordaland fylkeskommune sa i 2016 opp ein avtale om å stå for booking av hyttene og utsending/innlevering av hyttenøklar. For å kompensere delar av dette, aukar fylkesrådmannen tilskotet med kr 7 000.

#### Fylkeskommunalt investeringstilskot

Toppidretten har sterke særiddrettslege krav til anleggsbygging og utvikling. For at unge lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikle seg vidare i fylket, og at Hordaland skal kunne være vertskap for større nasjonale og internasjonale seniormeisterskap, må det byggjast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi jf Regional kulturplan 2015 – 2025. Av omsyn til dei samla budsjetttrammene foreslår likevel fylkesrådmannen å redusere denne posten med kr 1 500 000.

#### Store meisterskap

Det internasjonale stemnet Bergen Swim Festival skal arrangerast i Hellen i Bergen i mai 2017 og søker om støtte til arrangementet. Fylkesrådmannen tilrår å støtte

arrangementet med kr 50 000. Tour des Fjords, eit internasjonalt sykkelritt med etappar i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Arrangementet gir erfaringar i høve til VM på sykkel i september 2017. Fylkesrådmannen tilrår å støtte arrangementet med kr 230 000. Ulvik Idrettslag skal arrangere NM i motbakkeløp i Ulvik i 2017, og fylkesrådmannen tilrår at dei får kr 30 000 i støtte.

#### Utviklingsstipend

Fylkesrådmannen foreslår å auke kvart utviklingsstipend med kr 5 000 og utvide ordninga med eitt stipend som skal gå til ein utøvar av gateidrett/ eigenorganisert aktivitet. Dette er i samsvar med Regional kulturplan 2015–2025.

#### Lokal mobilisering mot doping

Fylkesutvalet vedtok 23. juni 2016 avtale og handlingsplan med Antidoping Norge om haldningsskapande arbeid i dei vidaregåande skulane for 2016–2018. Det er behov for kr 200 000 for skuleåret 2017/2018 for å oppfylle fylkeskommunen sin del av denne avtalen (50% av finansieringa).

#### Idrettscampus Bergen

For 2016 var det løyvd kr 100 000 til å starte opp planlegging av eit Campus Bergen i samarbeid med Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen VestNorge, SK Brann, Høgskulen i Bergen, Helse Bergen og Bergen kommune. Fylkesrådmannen foreslår tiltaket vidareført og gjer framlegg om kr 100 000 for 2017.



## FRILUFTSLIV

2	Idrett og friluftsliv - friluftsliv	Budsjett 2016	Tilskot 2017	Endring
	Bergen og Omland Friluftsråd	1 836 000	1 875 000	2,1 %
	Friluftsrådet Vest	495 000	509 000	2,8 %
	Vestkystparken	1 400 000	1 430 000	2,1 %
	Bergen og Hordaland Turlag	525 000	636 000	21,1 %
	Friluftslivets hus i Hordaland	118 000	120 000	1,7 %
	Haugesund Turistforening	20 000	25 000	25,0 %
	Norges Jeger- og Fiskerforbund - Hordaland	35 000	100 000	185,7 %
	Forum for natur og friluftsliv Hordaland		50 000	
	Turløyper på Kvamskogen	100 000	100 000	0,0 %
	Oppsyn/assistering av syklistar langs Rallarvegen	50 000	50 000	0,0 %
	Gradering og merking av turløyper	770 000	770 000	0,0 %
	Kartlegging og verdisetjing av friluftsområder	428 000	428 000	0,0 %
	Tilskot - friluftstiltak	400 000	1 500 000	275,0 %
	Tilskot - friluftsområde	3 000 000	3 800 000	26,7 %
	Brutto driftsutgifter	9 177 000	11 393 000	24,1 %
	Driftsinntekter	-3 400 000	-5 300 000	55,9 %
	Netto driftsutgifter	5 777 000	6 093 000	5,5 %
	Netto driftsutgifter 2017-kroner	5 916 918	6 093 000	3,0 %

## Kommentarar til tabellen

**Bergen og Hordaland turlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland**

Desse organisasjonane har fram til 2016 fått noko driftsstøtte gjennom ordninga Driftstilskot til fylkesfremjande organisasjonar med barne- og ungdomssatsning. Hordaland fylkeskommune har vedteke at verksemdar som får driftsstøtte gjennom budsjettvedtak, ikkje i tillegg kan få driftsstøtte frå andre driftstilskotsordningar. For å kompensere for dette, legg fylkesrådmannen inn ei ekstra auke på kr 100.000 til Bergen og Hordaland turlag og kr 50.000 til Norges Jeger og Fiskerforbund – Hordaland.

**Forum for natur og friluftsliv**

Organisasjonen er fylkesfemnande og for 2017 føreslår fylkesrådmannen å løyve kr 50 000 i driftsstøtte.

**Rallarvegen**

Driftstilskot til oppsyn/assistering av syklistar langs Rallarvegen fordrar at andre aktørar knytt til tiltaket også må bidra økonomisk til gjennomføringa.

**Gradering og merking av turløyper**

I det nasjonale arbeidet knytt til merking av turløyper – «Det merkes i heile landet» har Gjensidigestiftelsen stilt krav om fylkeskommunal eigendel, og eit forpliktande sam arbeid med kommune og frivillig sektor. Fylkesrådmannen

tilrår å vidareføre satsinga i 2017/18 og fører opp kr 770 000 til dette tiltaket.

**Kartlegging og verdisetjing av friluftsområder**

Det er eit statleg og fylkeskommunalt mål, jf Regional kultur plan 2021–2025, at alle kommunar skal ha gjennomført ei kartlegging og verdisetjing av friluftsområder innan 2018. Det blir truleg eit vilkår for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområde. 22 kommunar i Hordaland har fått støtte til dette arbeidet i 2014, 2015 og 2016. Miljødirektoratet lyser ut midlar til dette arbeidet med krav om 50% medfinansiering frå fylke og kommune. Fylkesrådmannen foreslår å vidareføre tilskotsordninga i 2017.

**Tilskot friluftstiltak**

I 2015 var Friluftslivets år ei nasjonal satsing. I den samanheng fekk Hordaland fylkeskommune stor auke i tildelinga frå Miljødirektoratet. Midlane skal nyttast til frivillig arbeid som stimulerer til friluftaktivitetar i lokalmiljøa. I budsjettet for 2017 er det budsjettert med 1,5 mill. kr. Dette er i samsvar med tildelt sum i 2016.

**Tilskot friluftsområde**

Budsjettsummen gjeld tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde.

# KUNST- OG KULTURFORMIDLING

Tal i heile 1000 kr

2 Kunst- og kulturformidling - kunstformidling	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Administrasjon kunst- og kulturformidling	3 700	3 852	4,1 %
Musikkføremål	3 701	3 902	-2,8 %
Den kulturelle skulesekken	2 422	2 602	7,4 %
DKS-spelemidler	16 500	16 830	2,0 %
Den kulturelle spaserstokken	3 080	3 080	0,0 %
Kunstinstitusjonar	20 541	21 473	4,5 %
Ymse kunstføremål	13 255	13 575	2,4 %
Fylkesturnear - skulekonsertar	4 800	4 897	2,0 %
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>67 999</b>	<b>70 211</b>	<b>3,3%</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-21 600</b>	<b>-22 032</b>	<b>2,0%</b>
<b>Netto driftsutgifter nominelt</b>	<b>46 399</b>	<b>48 179</b>	<b>3,8%</b>
<b>Netto driftsutgifter i 2017-kroner</b>	<b>47 523</b>	<b>48 179</b>	<b>1,4%</b>

Seksjonen er utførande eining på kultur- og idrettsavdelinga for ansvarsområdet.

## Oppgåver

- Hordaland fylkeskommune har eit regionalpolitisk ansvar for å støtte opp under eit sterkt og ambisiøst kunst- og kulturliv, både innan amatørkultur og profesjonell kunst.
- Frå den regionale ståstaden har fylkeskommunen utvikla ein sjølvstendig kulturpolitikk med utgangspunkt i regionale særtrekk og føremoner og som er basert på regional kompetanse og kulturell infrastruktur. Fylkeskommunen sin politikk skal sikre kulturelt mangfald og utvikling av kunst- og kulturfeltet i heile Hordaland.
- Formidle eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk til alle elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen.
- Oppgåvene innan kunst- og kulturformidling er heimla i vedteken regional politikk og i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver.

## Tenesteproduksjon

- Ansvar for UKM, Ung Kultur Møtes, og legg til rette for at unge får utfolde seg som utøvarar og arrangørar innafør ei profesjonell ramme.
- Ansvar for DKS, Den kulturelle skulesekken, dvs utvikling, produksjon, formidling og praktisk tilrettelegging av kunst- og kulturtilbodet til skulane i heile Hordaland. Arbeidet skjer i samarbeid med den statlege Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken Norge.
- Forvaltning av tilskot til andre og eigne produksjonseiningar. Mottakarane skal vera regionale verksemder som medverkar til kulturelt

mangfald og kulturell utvikling i fylket.

- Følgjer opp kunst og kultur med regional verdi, ser utviklingslinjer og -potensiale, og skal sjå vidare enn den enkelte kommune og verksemd.
- Forvaltning av økonomiske tilskot (faste driftstilskot til organisasjonar og institusjonar, investeringstilskot og prosjektbasert støtte).
- Bidra til for at publikum får oppleve kunst og kultur av ypparste kvalitet i nærmiljøet sitt. Dette gjeld særleg barn, ungdom og seniorar.

## Særskilde tiltak i 2017

- Auka driftsstøtte til Hordaland teater med kr 600 000.
- Auka driftsstøtte til Hordaland Kunstsenter med kr 100 000.
- Auka støtta til UKM-arrangementet (Ung Kultur Møtast) med kr 150 000.

## Kommentarar til tabellen

### ADMINISTRASJON KUNST OG KULTURFORMIDLING

Er i hovudsak personalressursar og driftskostnadar knytt til kunst- og kulturformidling, m.a. tilskotsforvaltning, Den kulturelle spaserstokken, stipend, internasjonalt arbeid og UKM (Ung Kultur Møtes).

## MUSIKKFØREMÅL

Kroner

3 Musikkføremål	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Faste stillingar med sosiale kostnader	3 008 000	3 209 320
Fylkessekretariatet for song og musikkorg i Hordaland	206 000	206 000
Distriktsmusikkgrupper	487 000	487 000
Sum brutto driftsutgifter	3 701 000	3 902 320
Sum refusjonar	-300 000	-306 000
Netto	3 401 000	3 596 320

**Faste stillingar**

Dei faste stillingane nytta til musikkføremål er knytt til produksjon og formidling av musikk til skulen. Under posten ligg og fylkesmusikarordninga.

**Distriktsmusikkgrupper**

Tilskotet er basert på ein avtale mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane Voss og Stord. Avtalane har eit års oppseiing og fylkesrådmannen legg til grunn at dei vert evaluerte i 2017 i samråd med kommunane.

**DEN KULTURELLE SKULESEKKEN OG DKS-SPELEMIDLAR**

Ordninga er finansiert av Hordaland fylkeskommune med statleg tilskot og spelemidlar. Spelemidlar kan ikkje brukast til administrasjon av tiltaket, men skal nyttast til konkrete kulturprosjekt retta mot elevar i grunnskulen og vidaregåande skule.

**DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN**

Ordninga med den kulturelle spaserstokken vart frå 2015 vidareført gjennom ei auke i fylkeskommunen sine frie inntekter med formål å gje eit betre og meir omfattande tilbod av kunst og kultur for eldre.

## KUNSTINSTITUSJONAR

Kroner

3 Kunstinstitusjonar	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Festspillene i Bergen	4 616 000	4 722 000
Carte Blanche	5 580 000	5 708 000
Hordaland Teater	6 083 000	6 683 000
Bergen Nasjonale Opera	4 262 000	4 360 000
Sum brutto driftsutgifter	20 541 000	21 473 000

**Kommentarar til tabellen**

I statsbudsjettet vart tilskotet til Festspillene i Bergen overført til Norsk kulturråd frå 2016. Det ligg ikkje føre noko samarbeidsavtale om fordeling. Tala frå 2016 med ei auke på 2,3% er lagt inn som førebels estimat for 2017, då vedtak frå Norsk kulturråd ikkje ligg føre.

Hordaland Teater, Carte Blanche og Den Nye Opera vert finansierte frå fleire kjelder. Desse institusjonane ligg på statsbudsjettet, og totalfinansieringa er fordelt prosentvis etter avtale mellom partane. Tala frå statsbudsjettet 2016

er nytta for den einssilde institusjonen i tabellen nedanfor. Tabellen nedanfor syner korleis tilskota til den einssilde institusjonen vert fordelte mellom tilskotspartane.

**Hordaland teater**

Fylkesrådmannen har funne rom for den planlagde auken på kr 600 000,- i driftstøtta til Hordaland Teater. Fylkestinget har samrøystes vedteke flytting av teateret til Bergen sentrum og etableringa av ei nynorsk scene. Framlegget er naudsynt for å lukkast med dette.

3 Kunstinstitusjonar kostnadsdeling	Stat	Fylke	Kommune
Festspillene i Bergen	60 %	13,3 %	26,7 %
Carte Blanche	70 %	15 %	15 %
Hordaland Teater	70 %	30 %	
Bergen Nasjonale Opera	70 %	15 %	15 %

Tabellen viser prosentvis fordeling av totalfinansieringa

## YMSE KUNSTFØREMÅL

Kroner

3 Ymse kunstføremål	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Hordaland Kunstsenter	3 350 000	3 450 000
USF Verftet - visningsrommet USF	50 000	50 000
USF Verftet	110 000	112 000
Internasjonalt Gjesteatelier	230 000	235 000
Kunstnerverksteder cs55	0	50 000
Skrivekunstakademiet	2 640 000	2 700 000
Stiftelsen 3,14	1 520 000	1 550 000
Kraft	0	50 000
Vestlandsutstillinga	150 000	150 000
Bergen Kunsthall	400 000	408 000
Bergen Assembly/ Bergenstriennalen AS	300 000	300 000
Bergen Senter for elektronisk kunst	130 000	132 600
Det Akademiske Kvarter	100 000	0
Stiftelsen Fargespill	800 000	816 000
Kunstnarstipend	230 000	230 000
Radøy Kunstsenter	180 000	100 000
Ambrosiahuset gjesteatelier	60 000	60 000
Kunstnarhuset Messen	100 000	150 000
Proscen	170 000	173 400
VISP - Produsentenhet for visuell kunst	150 000	153 000
Norsk forfattersentrum avd. Vestlandet	0	50 000
Hardingpuls	80 000	81 600
Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff	150 000	180 000
Kulturavtale Basse Normandie	210 000	214 000
Internasjonalt kultursamarbeid	180 000	183 600
Litteraturhus i Bergen	810 000	826 200
Kultur Vest	200 000	200 000
Festspillene i Bergen - festspelsatelittar	200 000	200 000
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	755 000	770 000
Sum brutto driftsutgifter	13 255 000	13 575 400

## Kommentarar til tabellen

### Generelle omsyn

I Regional kulturplan 2015–2025 har Hordaland fylkeskommune forma ein regional politikk for det profesjonelle kunstfeltet, og gjennom denne varsla ei satsing på dette. Jamt over har institusjonane og organisasjonane innan kunstfeltet søkt om monaleg auke i driftstilskot. Det er likevel ikkje mogleg å imøtekome dette.

### Kunstnerverksteder cs55

Kunstnerverksteder CS55 er den viktigaste eininga på sitt felt i Hordaland. Tiltaket har lenge vore støtta av Hordaland fylkeskommune, men grunna innsparingar fekk dei ikkje støtte i 2016. Fylkesrådmannen tilrår at dei får støtte i 2017.

### Det Akademiske Kvarter

Fylkesrådmannen foreslår å kutta tilskot grunna stram budsjetttramme der rein kunst- og kulturverksemd må ha prioritet på kulturkapittelet.

### Kunstnarhuset Messen

På Kunstnarhuset Messen i Ålvik i Kvam herad er det trong for midlar til å sikre naudsynt og pågåande vedlikehald av bygninga.

### Radøy Kunstsenter

Drifta av Radøy kunstsenter er uavklåra. Radøy kommune har vedteke å leggje bygningen ut for sal. Løyvinga til Radøy kunstsenter må avvente avklåring om evt. vidare drift av senteret.

### Kraft

Kraft har synt seg å vere den viktigaste visnings- og utviklingsarenaen for kunsthandverk i regionen. Det vert lagt inn kr 50 000 i driftsstøtte.

### Norsk forfattersentrum avdeling Vestlandet

Ein viktig formidlings- og nettverksaktør på litteraturfeltet i regionen, og har og blitt tillagt administrativt arbeid med den vedtekne kulturutvekslinga Hordaland fylkeskommune har iverksett i samarbeid med Covarrubias i Spania. Fylkesrådmannen legg inn kr 50 000 til Norsk forfattersentrum.

## ANDRE KULTURAKTIVITETAR

Tal i heile 1000 kr

2	Kunst- og kulturformidling - andre kulturaktiviteter	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
	Barne- og ungdomsarbeid	2 165	2 325	7,4 %
	Vaksenopplæring	628	628	0,0 %
	Tilskot andre kulturføremål	17 851	15 683	-12,1 %
	Stønad etter vedtak	3 135	3 296	5,1 %
	Kulturelt utviklingsprogram	6 500	6 500	0,0 %
	Tilskot lokale kulturhus	5 610	0	-100,0 %
	Kulturbygg med regionale funksjonar	9 000	0	-100,0 %
	Tilskot til kulturhus		9 500	
	Flygel til Kabuso*	200	0	-100,0 %
	Sum brutto driftsutgifter	45 089	37 932	-15,9 %
	Sum driftsinntekter	-10 608	-5 000	-52,9 %
	Netto driftsutgifter nominelt	34 481	32 932	-4,5 %
	Netto driftsutgifter i 2017-kroner	35 316	32 932	-6,8 %

\* Eingangstiltak i 2016

## Kommentarar til tabellen

Fylkesarkiv og dokumentsenter er flytta til eigen tabell. Postane Tilskot til lokale kulturhus og Kulturbygg med regionale funksjonar er slått saman til ny felles post Tilskot til kulturhus. Sjå elles eigen tabell.

## KULTURELT UTVIKLINGSPROGRAM - KUP

KUP er eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Hordaland, og skal støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet. KUP er eit supplement til Hordaland fylkeskommune sin øvrige innsats på kulturområdet, og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad. I ein trong økonomisk driftssituasjon er det særskilt viktig med frie midlar til utvikling og nye initiativ.

## BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kroner

3 Barne- og ungdomsarbeid	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Hordaland Barne- og ungdomsråd (HBUR)	500 000	510 000
Ung Kultur Møtast	400 000	550 000
Driftstilskot til fylkesfemnande organisasjonar med barne- og ungdomssatsing	1 000 000	1 000 000
Scenekunst for barn og unge i Sunnhordland	265 000	265 000
Sum brutto driftsutgifter	2 165 000	2 325 000

## Kommentarar til tabellen

**HBUR – Hordaland barne- og ungdomsråd**

HBUR er ein nettverksorganisasjon for barne- og ungdomsorganisasjonar. Organisasjonen har tidlegare hatt fleire oppgåver gjennom Hordaland fylkeskommune. Handteringa av desse oppgåvene har dei siste åra vore gjennom ei omlegging. Sekretariatet for Ungdommens fylkesutval og fylkeskontakt for UKM Hordaland er flytta frå HBUR til administrasjonen i Hordaland fylkeskommune.

**UKM – Ung Kultur Møtast**

Tidlegare Ungdommens kulturmønstring, har dei siste åra hatt ei særleg positiv utvikling. Gjennom dei to siste åra har Hordaland fylkeskommune styrka arbeidet med UKM Hordaland og innført fleire nye satsingar for å vektleggje UKM som møteplass for ungdom. UKM-festivalen i Hordaland

er ein omfattande heilskap av tilbod og opplevingar (framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting osv). Sparebankstiftelsen har gitt ei gåve til vidareutvikling av UKM i 2016 og 2017, og det er viktig at fylkeskommunen kan kome i møte med denne satsinga.

**Driftstilskot til fylkesfemnande organisasjonar med barne- og ungdomssatsing**

I tråd med Regional kulturplan er det gjort ein gjennomgang av eksisterande stønadsordningar for å få dei i samsvar med behova på kulturfeltet. Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar har omfatta driftsstønad til fylkesomfemnande og regionale organisasjonar, med ein tilskotsdel basert på medlemstal og ein del med skjønsmessig vurdering knytt til aktivitetar.

## VAKSENOPPLÆRING

3 Vaksenopplæring	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Tilskot til vaksenopplæringstiltak	400 000	400 000
Tilskot til Vaksenopplæringsforbundet i Hordaland	228 000	228 000
Sum brutto driftsutgifter	628 000	628 000

## Kommentarar til tabellen

I samsvar med reglane som fylkestinget har vedteke, skal kultur- og idrettsavdelinga administrere tilskot (grunntilskot og administrasjonstilskot) til organisasjonsverksemd for godkjende studieorganisasjonar. Hordaland fylkeskommune gjev og tilskot til paraplyorganisasjonen

Vaksenopplæringsforbundet i Hordaland. Det statlege lovverket om vaksenopplæring har forandra seg gjennom åra, og Fylkesrådmannen vil i denne budsjettperioden sjå på innrettinga av Hordaland fylkeskommune si støtte til vaksenopplæring.

## ANDRE KULTURFØREMÅL

Kroner

3 Andre kulturføremål	Budsjett 2016	Budsjett 2017
<b>1 Fylkesorganisasjonar, Musikkorganisasjonar</b>		
Norges Musikkorpsforbund Hordaland	467 000	476 000
Norsk Musikkråd – Hordaland	214 000	218 000
Hordaland korforbund	189 000	193 000
Hordaland folkemusikklag	67 000	68 000
<b>Interesseorganisasjonar</b>		
Det felles innvandrerråd i Hordaland	587 000	599 000
Hordaland fylkeshusflidslag	359 000	366 000
<b>Kulturinstitusjonar, Musikk</b>		
Vestnorsk Jazzsenter	1 301 000	1 327 000
Ole Bull Akademiet	269 000	274 000
Brak (tidl. BRAK – Bergen Rock Aktører)	343 000	350 000
Stiftinga Fartein Valen	311 000	311 000
Musica Nord	139 000	142 000
Bergen Filharmoniske ungdomsorkester / Ung Symfoni	100 000	102 000
AKKS Bergen	44 000	45 000
Edvard Grieg kor ( tidlegare Kor Vest)	403 000	411 000
Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi	130 000	133 000
Kulturhuset Østre	100 000	102 000
<b>Scenekunst</b>		
Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater	493 000	503 000
Vestlandske Teatersenter	398 000	406 000
Bergen Dansesenter	116 000	118 000
Bømlo Teater	156 000	159 000
Teaterdrift Bergen AS - Cornerteateret	500 000	510 000
<b>Film</b>		
Vestnorsk filmsenter	1 072 000	1 093 000
Cinematket	45 000	100 000
<b>Formidlingsorganisasjonar</b>		
Hordaland Folkeakademi	426 000	435 000
Moster Kyrkjehistoriske senter/Moster Amfi	891 000	909 000
Opprusting Moster Amfi. Benkekjøp*	500 000	0
Seglskipet "Statsraad Lehmkuhl"	1 685 000	1 719 000
Vestnorsk Kulturakademi	315 000	321 000
FN-sambandet vest/Internasjonal uke	100 000	100 000

Tabellen held fram på neste side

Andre kulturføremål	Budsjett 2016	Budsjett 2017
<b>Festivalar</b>		
Barnas Festspill	31 000	31 000
Vossa Jazz	341 000	348 000
Vossa Jazz-prisen	30 000	50 000
Nattjazzen i Bergen	109 000	111 000
Hardingtonar, Kvam	87 000	87 000
Borealis-festivalen	196 000	200 000
Bergen Music Fest	0	100 000
Osa-festivalen, Voss	73 000	73 000
Hardanger Musikkfest	322 000	328 000
Bergen internasjonale filmfestival BIFF	323 000	329 000
Grieg intern. Korfestival/Nina Grieg barnekorfest.	107 000	100 000
<b>Scenekunst</b>		
Barneteaterfestivalen på Stord / Falturiltu	164 000	164 000
Bømlo teater - Mostraspelet	185 000	185 000
Baroniet i Rosendal - kulturtilskipingar	100 000	100 000
Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater - Oktoberdans/Meteor	48 000	48 000
<b>Andre kunstatar</b>		
Kystsovevekene	1 120 000	1 142 000
Foreningen Ekko - Ekko-festivalen	107 000	107 000
Litteratursymposiet i Odda	208 000	210 000
Ulvik poesifestival	80 000	80 000
Hansadagane 2016*	1 000 000	0
<b>Anna</b>		
Planmidlar kulturhus Nordhordland*	100 000	0
Prosjektmidlar folkemusikk	400 000	0
Hardingfela.no		300 000
Folkemusikkstipend	0	100 000
Kulturminneplanar – tilskot til kommunane	1 000 000	0
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>17 851 000</b>	<b>15 683 000</b>

\* Eingongstiltak i 2016

## Kommentarar til tabellen

### Generelle omsyn

Søknadene til Tilskot til andre kulturføremål er prega av at det gjennomgåande er mykje høgare søknadssummar for 2017 enn det søkjar fekk innvilga i 2016. Det er 16 nye søkjarar – nokon har vore inne på budsjett tidlegare, men vart

tekne ut under gjennomgangen før budsjett 2016. Samla søknadssum for desse 16 nye søkjarane er i overkant av 3 mill. kr.

### Cinematiket

Vert styrka som del av ei felles satsing med Bergen



kommune og Norsk filminstitutt som vil styrka cinemateka si filmpolitiske rolle.

### Vossa Jazz-prisen

Prisen er rekna som ein av dei viktigaste jazzprisane i landet, men summen har stått uendra i fleire år. Det er lagt inn ei auke til kr 50 000

### Bergen Music Fest

Dette er den viktigaste festivalen regionalt innan rytmisk musikk/pop-rock feltet. Med grunngjeving i eit godt tilbod til born og unge er det lagt inn eit tilskot på kr 100 000.

### Prosjektmidlar folkemusikk

Posten er overført og delt opp i driftstilskot til Hardingfela.no og til folkemusikkstipend (tilskot til andre kulturformål).

Kulturminneplanar – tilskot til kommunane er flytta til Ålmenne kulturføremål

## STØNAD ETTER VEDTAK

3 Stønad etter vedtak	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Større kulturprosjekt med regional verdi	1 000 000	1 020 000
Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell	800 000	950 000
Kulturtiltak – amatør	400 000	408 000
Kunstprosj. og kult.tiltak barn og ungdom – profesjonell	400 000	408 000
Kulturtiltak barn og ungdom – amatør	500 000	510 000
Sum brutto driftsutgifter	3 100 000	3 296 000

## Kommentarar til tabellen

### Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell

Tilskota innafor ordninga vart lagt om i 2016 som oppfølging av Regional kulturplan. Målsettinga var eit klårare skilje mellom amatørar og profesjonelle, og ei klårare

kunstopolitisk satsing. Dette har synt seg å vera ei vellukka omlegging. På bakgrunn av dette er det foreslått ei auke på tilskotsordninga Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell.

## TILSKOT TIL KULTURHUS

3 Tilskot til kulturhus	2016	2017
Tilskot til kulturhus desentralisert ordning - spelemidlar	5 610	5 000
Kulturbygg med regionale funksjonar	9 000	1 100
Grieghallen		3 400
Sum driftsutgifter	14 610	9 500
Refusjonar		
Tilskot til kulturhus desentralisert ordning - spelemidlar	-10 608	-5 000
Sum refusjonar	-10 608	-5 000
Netto driftsutgifter	4 002	4 500

### Tilskot til kulturhus

Når det gjeld overføring av spelemidlar til kulturhus (desentralisert ordning), var løyvingane relativt stabile fram til og med 2014, men har dei siste åra vorte sterkt redusert. I 2017 legg fylkesrådmannen til grunn 5 mill. kr i spelemidlar til kulturhus. Hordaland fylkeskommune har to ordningar til kulturhus: Tilskot til lokale kulturhus og Tilskot til kulturhus med regionale funksjonar. Fylkesrådmannen vil kome attende til fordelinga av spelemidlar mellom dei to ordningane i eiga sak våren 2017.

### Kulturbygg med regionale funksjonar

Posten til kulturbygg med regionale funksjonar har vore ein kombinasjon av spelemidlar frå desentralisert ordning og fylkeskommunale budsjettmidlar

Overføringane av spelemidlar til kulturhus (desentralisert ordning) var relativt stabile fram til og med 2014. I 2015 vart det berre overført 3,6 mill. kr og i 2016 1,9 mill. kr til Hordaland. Dette er grunngeve med at stadig nye tiltak, som tidlegare har vært finansiert over statsbudsjettet, i staden skal finansierast av spelemidlane. Salderingsposten har då vore løyvinga til desentralisert ordning, tilskot til kulturhus.

Dei fylkeskommunale midlane til Kulturhus med regionale funksjonar utgjorde 10 mill. kr i 2010 og dei fyrste åra etterpå, medan det i 2015 og 2016 berre vert sett av 4,5 mill. kr på Hordaland fylkeskommune sitt budsjett. Denne posten inneheld også ei årleg avsetning til Grieghallen med 3,4 mill. kr i 20 år. Fylkesrådmannen føreslår at denne vert ført opp som ein eigen post. Det står då att 1,1 mill. kr i fylkeskommunalt tilskot til Kulturhus med regionale funksjonar.

Fylkesrådmannen legg til grunn at kulturbygg med regionale funksjonar frå 2018 vert handsama som del av den ordinære budsjettprosessen og avgjort gjennom budsjettvedtaket. Fylkesrådmannen vil kome attende med eiga sak om ordninga.

På kulturhusfeltet ligg det store utfordringar i åra som kjem. Mellom viktige tiltak som kjem har Hardanger og Voss museum i 2016 sendt søknad om 11 mill. kr til ombygging og utvikling av Hardanger fartøyvernseier.

Bergen kommune har gjennom vedtak i bystyret utsett eit evt. sal av Sentralbadet, for eventuelt å kunna nytte bygget til eit scenekunsthuss; primært for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen, men og med lokale for Den Nationale Scene. Det er igangsett arbeid med eit skisseprosjekt, som skal avklåre om det er mogleg og føremålstenleg å byggje om Sentralbadet til dette. Arbeidet vert leia av ein styringsgruppe med representantar for både Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, som har sett ned ein felles arbeidsgruppe for prosjektet.

Det ligg (medio 2016) ein oppdatert kalkyle med ei førebels total styringsramme for eit evt. ombyggingsprosjekt på i alt 879 mill. kr, inkl. naudsynte avsetjingar for uvisse. Bergen kommune har søkt om statleg tilskot gjennom ordninga «Nasjonale kulturbygg». Endeleg modell for ombygging og drift må partane ta stilling til når skisseprosjektet skal handsamast. Fylkesrådmannen vil kome attende til saka. Det er stort behov for arenaer innan heile kulturområdet når det gjeld både kunst, scene, museum m.v., og det er pr i dag stort etterslep når det gjelder tilrettelegging, rehabilitering og nye arenaer.

## STAB / STØTTE

2 Stab / støtte	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Sum brutto driftsutgifter	7 921	8 254	4,2 %

Seksjonen er utførande eining på kultur- og idrettsavdelinga for ansvarsområdet. Det er 9 tilsette fordelt på 8,4 årsverk (inkl fylkesdirektør).

### Oppgåver og tenesteproduksjon

Staben arbeider med funksjonar som er strategisk relaterte som t.d. å utvikle policy og strategiar som set rammer og gir retning for organisasjonen sitt arbeid med fellesoppgåver og som ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane

sitt fagområde. Døme på slike oppgåver er utarbeiding av IT-strategi, mål og tiltak for IA-arbeidet og elektronisk tilskotsforvaltning m.v.

Støttefunksjonane, også kalla merkantile tenester, har som eit av hovudmåla å avlaste og forenkla drifta i linja. Døme på slike oppgåver er felles arkivteneste og ekspedisjon for avdelinga, bistå linjeleiarane i rekrutteringsprosesser, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivareteke, tilskotsoppfølging og sjå til at personalportalen og personalarbeidet vert følgt opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Mykje arbeid går også med til økonomiarbeid som innkjøp, føring av rekneskap og budsjettoppfølgning.

#### **Særskilde tiltak i 2017**

Grunna fleire år med reduksjon i bemanninga, har ein eit sterkt fokus på forbetring av arbeidsprosessar med m.a. å ta i bruk tenelege og gode IT-løysingar der det er mogleg. Ein har dei siste åra allereie teke i bruk nye løysingar som

delvis har kompensert for reduksjonen, men ein vil arbeide vidare med å maksimere gevinstane og forbetre det ein kan ta ut av dei nye systema.

#### **Kommentarar til tabellen**

Løn utgjer størsteparten av budsjettet, men her ligg også ein fellespott for avdelinga til drift på om lag 1,7 mill. kr.





# Fellesfunksjonar

## KONTINGENTAR M.M.

Der er ført opp 9,4 mill. kr til kontingentar. KS-kontingenten er på 8,9 mill. kr. Andre kontingentar gjeld Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe, Norsk Gassforum, Bergen Næringsråd, Transparency International, Kraftfylkekontingent og Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

Partane i kommunal sektor oppretta i 2002 ei "OU-ordning" (Opplæring- og utviklingsordning). KS administrerer ordninga. Finansieringa er delt med 1/3 på arbeidstakar- og 2/3 på arbeidsgjevarsida. Fylkeskommunen (arbeidsgjevar) sin del av kostnaden er rekna å utgjere om lag 2,5 mill. kr.

Det er ført opp tilskot på 1 mill. kr til Vest Noregs Brusselkontor.

Det er teikna styreansvarsforsikring. Premien er ca. kr 70 000 pr. år.

Til bedriftsidrettslaget Hordane er det budsjettert med tilskot på kr 75 000.

## YMSE TILSKOT

Fylkeskommunen har gjeve tilskot til ymse lag og organisasjonar som ikkje høyrer naturleg inn under dei ulike sektorane. I budsjettforslaget for 2016 tok fylkesrådmannen ut desse tilskota og viste til fylkesutvalssak 228/13, der kriterie for handsaming av slik økonomisk støtte vart vedteke.

Fylkestinget la inn igjen summene som går fram av tabellen nedanfor. Fylkesrådmannen har ført opp same summene i 2017 med tillegg av tilskot til FRI – foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold.

Ein har ikkje registrert søknad frå Samarbeidsforum for Funksjonshemmedes Organisasjonar, og har difor ikkje ført opp tilskot til denne organisasjonen.

	2016	2017
Raftostiftelsen	200 000	200 000
Kirkens SOS	150 000	150 000
FFO	150 000	150 000
Samarbeidsforum for Funksjonsh. Org.	50 000	
Dysleksiforeningen i Bg.	10 000	10 000
Actis-Hordaland	100 000	100 000
FRI		300 000
Sum	660 000	910 000

## TILLEGGSLØYVINGSKONTO FYLKESUTVALET

Til tilleggsløyvingar er det i 2017 ført opp kr 2 829 000. I 2016 var tilleggsløyvingskontoen kr 2 471 000.

## UDISPONERT SUM

Fylkesrådmannen har sett av ein udisponert sum på 20 mill. kr som står til rådvelde ved den politiske handsaminga av budsjettet.

## LØNSAVSETJING

Lønsbudsjetta for dei einskilde skular og einingar er utarbeidde i lønsregulativet pr. 01.01.17.

Lønsavsetjinga skal dekkje venta lønsauke i 2017. Ein har lagt til grunn statsbudsjettet sine føresetnader om ein lønsvekst på 2,7 % frå 2016 til 2017. Det er sett av 53,8 mill. kr til dette.

På neste side er det vist ei liste over amortisering av premieavvik frå tidlegare år. Premieavviket som vil oppstå i 2016 er enno ikkje kjent. Ein har berre prognosar. Ein set av 3,7 mill. kr på lønsavsetjingskontoen til amortisering av forventa premieavvik som vil oppstå i 2016.

Statens Pensjonskasse har varsla at premien i 2017 blir sett ned til 12,05 %. Prognosen frå SPK tilseier at kostnaden som skal rekneskapsførast vil bli om lag 2,5 mill. kr lågare enn betalt premie, altså eit positivt premieavvik.

For pensjonsordninga i KLP har ein gjennom fleire år budsjettert med ein premie på 14 %. Dette har vist seg å ligge i nærleiken av kostnaden ein endar opp med, etter å ha bokført eventuelle premieavvik.

Prognosane ein har fått frå dei to pensjonsselskapa i september tilseier at kostnaden som skal rekneskapsførast i 2017 kan bli om lag 11,6 mill. kr lågare enn pensjonspremiene som er budsjettert.

Ein fører denne summen opp som eit frådrag i lønsavsetjinga, og endar då opp med ei lønsavsetjing på 45,9 mill. kr.

## AMORTISERING AV TIDLEGARE ÅRS PREMIEAVVIK

I følgje rekneskapsreglane skal pensjonskostnadene leggjast til grunn for rekneskapsføringa av pensjonspremie. Avviket mellom faktiske premiebetalingar og pensjonskostnadene vert kalla premieavviket. Premieavviket skal

dekkast inn over ein fastsett periode. Perioden for inndekking er fleire gonger blitt korta ned.

Premieavvik som oppstod i perioden 2002–2010 skal dekkast inn over 15 år. Premieavvik frå 2011–2013 skal dekkast over 10 år. Premieavvik oppstått i 2014 og seinare skal dekkast over 7 år.

Storleiken på premieavviket for 2016 er enno ikkje kjent. Inndekking av premieavviket for 2016 er difor ikkje ført opp på dette budsjettkapitlet, men må dekkast av lønsavsetjinga.

Summen som er budsjettert for inndekking i 2016 er 1/15 av premieavviket for kvart av åra 2003–2010, 1/10 av premieavviket for 2011–2013 og 1/7 av premieavviket for 2014–2015.

Summen kjem fram slik:

År	Kr 1000
2003	1 657
2004	2 928
2005	635
2006	1 936
2007	855
2008	3 011
2009	6 075
2010	6 078
2011	6 468
2012	4 928
2013	4 267
2014	6 071
2015	8 986
Sum	53 895

## AVSETJING TIL FOND FOR AMORTISERING AV PREMIEAVVIK

Frå og med år 2002 vart det innført nye reglar om bokføring av pensjonskostnader. Bakgrunnen var at pensjonspremien kunne svinge mykje frå år til år. Målet var å få ei jamnare fordeling av pensjonskostnaden.

Dei fleste åra har betalt pensjonspremie vore høgare enn rekneskapsført kostnad. Det har dermed bygd seg opp eit «premieavvik» som må amortiserast.

Hordaland fylkeskommune hadde ved utgangen av 2015 eit oppsamla premieavvik på 383,8 mill. kr. Dette er

pensjonspremie som er betalt, men enno ikkje kostnadsført i rekneskapen.

Det er ulik praksis mellom fylkeskommunane for korleis det oppsamla premieavviket vert dekkast inn. Nokon fylkeskommunar byggjer opp fond tilsvarande det oppsamla premieavviket. Andre, der økonomien gjer det mogeleg, dekkar premieavviket inn årleg og unngår slik eit oppsamla premieavvik.

Fylkesrådmannen foreslår å starte med fondsavsetjing i budsjettet for 2017 ved å setje av 25 mill. kr til eit slikt pensjonspremiefond.

## TILBAKEBETALING AV UNDERSKOT FRÅ SKULAR

Dei vidaregåande skulane får behalde overskot, men må dekke inn underskot 2 år i ettertid. Underskotsdekninga vert inntektsført sentralt på denne kontoen med same storleik som utgiftsføringa på skulebudsjetta.

Det er budsjettert med slik inndekking av underskot frå tidlegare år:

2015-underskot	Kr 1000
Voss gymnas	57
Øystese gymnas	200
Tertnes vgs.	1 324
U.Pihl vgs.	2 983
Bergen katedralskole	270
Arna vgs.	4 051
Sotra vgs.	2 621
Fyllingsdalen vgs.	1 958
Austevoll vgs.	397
Voss husflidskole	1 148
Bergen maritime vgs.	3 844
Voss jbs.	875
Garnes vgs.	2 090
Stord vgs.	64
Sum	21 882

## OVERFØRING TIL INVESTERINGSBUDSJETTET

Fylkesrådmannen har ført opp 70 mill. kr av driftsmidlar til finansiering av investeringar. I 2016 vart det budsjettert med 90 mill. kr.

## RENTER OG AVDRAG

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Renter	Utgifter	252 200	242 000	-4,0 %
	Inntekter	-39 300	-33 000	-16,0 %
	Netto utgift	212 900	209 000	-1,8 %
Avdrag	Utgifter	442 000	509 000	15,2 %
Sum	Brutto utgifter	694 200	751 000	8,2 %
	Inntekter	-39 300	-33 000	-16,0 %
	Netto utgifter	654 900	718 000	9,6 %

**Renter**

Renteutgiftene for 2017 er rekna til 242 mill. kr, ein nedgang på 10,2 mill. kr i høve til 2016. I utrekninga har fylkesrådmannen teke utgangspunkt i ein rentesats på 1,5 % for lån med flytande rente.

Vel halvparten av eksisterande lån har fast rente, og gjeldande rentesatsar blir nytta ut bindingsperioden. Gjennomsnittleg lånerente for heile låneporteføljen er i budsjettet for 2017 2,34 %. Til samanlikning er gjennomsnittleg rente pr. dags dato 2,31 %.

Renteinntektene er budsjettert til 13,9 mill. kr.

Vidare vert det budsjettert med 18,6 mill. kr i rentekompensasjon frå staten på lån til skuleinvesteringar og veginvesteringar.

Når det gjeld veginvesteringar, er det lagt til grunn at ein får rentekompensasjon for nye lån på 248,4 mill. kr kvart år. For skuleinvesteringane har Hordaland fylt opp kvoten, og grunnlaget for utrekning av rentekompensasjon vert gradvis trappa ned.

Det er budsjettert med utbytte frå Valen kraftverk på 0,5 mill. kr.

**Avdrag**

Det er budsjettert med 509 mill. kr i avdrag, ein auke på 67 mill. kr i høve til 2016. Raskare tilbakebetaling av lån vil til ein viss grad vere med å bremse den sterke gjeldsveksten ein har sett dei siste åra. Nedbetalingstida for gjelda går ned til ca. 20 år.





Frie inntekter  
Kraftinntekter

## FRIE INNTEKTER

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Skatt	3 090 700	3 226 000	4,4 %
Rammetilskot	3 046 100	3 144 000	3,2 %
Sum	6 136 800	6 370 000	3,8 %
Sum i 2017-kroner	6 290 220	6 370 000	1,3 %

Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkes-skatt og rammetilskot.

### Kommuneproposisjonen

I kommuneproposisjonen for 2017 varsla regjeringa at fylkeskommunane ville få ein vekst i frie inntekter på 300 mill. kr. Det var uklårt om ein i tillegg kunne rekne med å få midlar til opprusting av fylkesvegane, eller om dette måtte dekkast innanfor den varsla veksten på 300 mill. kr.

### Rammesak

I rammesaka til fylkesutvalet i juni var det ikkje lagt inn nokon realvekst i inntektene. Ein visste at Hordaland ville få eit stort tap som følgje av oppdaterte data i inntektssystemet over innbyggjarar busett spreidt.

Vidare er Hordaland mellom fylkeskommunane som tapte på omlegginga av kostnadsnøklane i 2015. Tapet vert fasa inn gjennom ei overgangsordning på 5 år. Hordaland får ei nedtrapping i rammetilskotet på ca. 11 mill. kr kvart år.

### Statsbudsjettet

Statsbudsjettet viste at Hordaland fylkeskommune kjem noko betre ut enn ein hadde rekna med i rammesaka. I statsbudsjettet har Regjeringa lagt inn ein vekst på 450 mill. kr til fylkeskommunane. 200 mill. kr er grunn-gjeve med behovet for opprusting av fylkesvegane.

Hordaland får i 2017 ein auke i skjønstilskotet på 19 mill. kr, for å kompensere noko av tapet ein har på kriteriet «innbyggjarar busett spreidt». Ein kjem også litt betre ut som følgje av justeringar i kostnadsnøklane for mellom anna ferjesamband og båtruter.

Det ligg også inne kompensasjon for auka CO2-avgift, auka satsar for lærlingtilskot og utvida rett til vidaregåande opplæring for innvandrarak. Men desse summene vert ikkje definerte som vekst.

I statsbudsjettet vert det meldt om ei monaleg oppjustering av skatteoverslaget for 2016. Kommunesektoren sine skatteinntekter er venta å auke med 3,8 mrd. kr. Hordaland fylkeskommune sin del vil vere i storleiksorden 70 mill. kr.

Om dette slår til, får Hordaland fylkeskommune ein inntektsvekst på i overkant av 1 % i 2016, og det er dette nivået som blir vidareført til 2017.

I følgje statsbudsjettet vert det for Hordaland fylkeskommune rekna med ein nominell vekst i frie inntekter på 2,5 % (frå anslag på rekneskap for 2016, irekna auka skatteoverslag). Dette er lik venta løns- og prisvekst. Gjennomsnittleg vekst for fylkeskommunane er rekna til 2,1 %. Hordaland fylkeskommune kjem altså litt betre ut enn gjennomsnittet i 2017.

Samla er dei frie inntektene budsjettert til 6 370 mill. kr i 2017.

# KRAFTINNTEKTER

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring
Konsesjonskraftinntekter	Brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Driftsinntekter	-100 000	-85 000	-15,0 %
	Netto driftsutgifter/innt.	-50 000	-35 000	-30,0 %
Eidfjordavtalen	Brutto driftsutgifter			
	Driftsinntekter	-20 000	-21 000	5,0 %
	Netto driftsutgifter/innt.	-20 000	-21 000	5,0 %
	Sum brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Sum driftsinntekter	-120 000	-106 000	-11,7 %
	Sum netto driftsinntekter	-70 000	-56 000	-20,0 %
	Netto driftsinntekter i 2017-kr	-71 400	-56 000	-21,6 %

## KONSESJONSKRAFTINNTEKTER

Hordaland fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft og kan selje denne vidare i marknaden. Fylkeskommunen sit att med differansen mellom konsesjonskraftprisen ein må betale til kraftlaga og salsprisen ein får i marknaden. Dette "mellomlegget" kan svinge mykje frå år til år.

I 2016 var det budsjettert med 50 mill. kr i netto inntekt frå sal av konsesjonskraft, men prognosen seier at inntekta vil bli i underkant av 40 mill. kr.


Det er ikkje teikn til at kraftprisane vil gå opp igjen i nær framtid. For 2017 budsjetterer ein med ei netto inntekt på 35 mill. kr.

## EIDFJORDAVTALEN

Fylkeskommunen overlet på midten av 80-talet sin eigardel på 35% i Eidfjord-nord til BKK / SKL. Som kompensasjon får ein frå og med 2005 utbetalt 1 øre pr. kwh. i 1985-prisnivå, rekna etter fastkraftproduksjonen. Beløpet vert årleg justert med auken i konsumprisindeksen.

Ein fører opp 21 mill. kr i inntekt i 2017.





# Økonomiplan 2017–2020



## ØKONOMIPLAN 2017-2020

Mill. kr, faste priser		Budsjett		Endring i høve til 2017		
		2017	2018	2019	2020	
Frie inntekter	+	6 370,0	26,0	66,0	113,0	
Renter og avdrag	-	718,0	47,9	101,5	137,8	
Til disp. etter renter og avdrag		5 652,0	-21,9	-35,5	-24,8	
Avsetjing til fond	-	25,0	0,0	0,0	0,0	
Overf. til inv.bud.	-	70,0	5,6	6,2	6,2	
Driftsramme til fordeling på sektorane		5 557,0	-27,5	-41,7	-31,0	
Politiske organ og administrasjon	netto	218,1	-5,0	-5,0	-5,0	
Eigedom	netto	222,0	-2,0	-4,0	-4,0	
Regional utvikling	netto	84,0	-1,0	-1,0	-1,0	
Samferdsel	netto	1 866,7	20,0	25,0	35,0	
Kultur og idrett	netto	199,4	-1,0	-1,0	-1,0	
Tannhelse	netto	203,0	-2,0	-4,0	-4,0	
Opplæring	netto	2 718,7	-35,0	-50,0	-50,0	
Fellesfunksjonar	netto	45,0	-1,5	-1,7	-1,0	
Sum netto driftsrammer		5 557,0	-27,5	-41,7	-31,0	

Tabellen gjev oversyn over viktige endringar i økonomiplanperioden i høve til årsbudsjettet for 2017.

## VENTA INNTEKTSVEKST

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. I budsjettgrunnlaget er det lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine samla frie inntekter på 0,7% pr. år i perioden 2017–2020. Nytt inntektssystem gjer at Hordaland fylkeskommune får noko lågare vekst enn dette. Utrekningane så langt gjev ein gjennomsnittleg årleg vekst på 0,6%. Veksten er lågast frå 2017 til 2018 som følgje av at den særlege kompensasjonen i 2017 for endringa i spreiddbygdkriteriet fell bort. Veksten frå 2017 til 2018 er rekna til 0,4%.

Med føresetnadene som er lagt til grunn, vil veksten i kapitalutgiftene vere vesentleg større enn veksten i dei frie inntektene kvart år i økonomiplanperioden. Tabellen over viser at veksten i kapitalutgiftene i 2018 er nær dobbelt så stor som veksten i dei frie inntektene. I 2019 er veksten i kapitalutgiftene over 50% større enn inntektsveksten. Siste året i økonomiplanperioden aukar kapitalutgiftene med over 20% meir enn veksten i dei frie inntektene. Dette gjer at det samla driftsbudsjettet må reduserast og nye tiltak i økonomiplanperioden må finansierast ved omdisponeringar innan dei ulike budsjettområda eller mellom budsjettområda.

## HØG GJELD OG HØGE KAPITALUTGIFTER

Hordaland fylkeskommune har høg lånegjeld som følgje av investeringsprogrammet som er gjennomført dei siste åra. Det har medført at lånegjelda er den høgste landet rekna etter netto gjeldsgrad. Netto gjeldsgrad er definert som gjeld i høve til driftsinntekter.

I budsjettet for 2017 er gjeldsgraden for Hordaland fylkeskommune rekna til 115% - opp frå 110% i 2016. Dette er høgare enn i tidlegare økonomiplanar. Gjeldsgraden vil halde fram med å auke vidare i økonomiplanperioden om det ikkje vert sett i verk tiltak.

Fylkesrådmannen har med bakgrunn i dette delt inn investeringsbudsjettet i to delar – pågåande investeringar og investeringar som ikkje er starta opp. Inndelinga får fram kva gjeldsgraden vil utvikle seg til om ein gjennomfører heile investeringsprogrammet i økonomiplanen, samanlikna med kva den vert om ein ikkje startar nye investeringar. Skilnaden på gjeldsgraden etter denne inndelinga er på heile 15%-poeng. I økonomiplanen er det lagt opp til å auke avdragsbetalinga monaleg, men ikkje tilstrekkeleg til å unngå auke i lånegjelda om heile investeringsprogrammet skal gjennomførast.

Fylkesrådmannen vil på bakgrunn av dette til fylkestinget i mars gjennomgå investeringsplanane på nytt og tilpasse forslaget i økonomiplanperioden som skissert ovanfor.

M.a. er det rekna med at samling av ansvaret for reinhaldet kan gje innsparingar i perioden. Det same gjeld innføring av nytt økonomisystem. Fylkesrådmannen vil på vanleg måte kome attende til dette i dei årlege budsjetta.

## FORDELING PÅ SEKTORANE

Inntektsveksten ein ventar gjer at ein i økonomiplanperioden ikkje kjem utanom reduksjon av dei samla driftsrammene.

Reduksjonen – samanlikna med budsjettet for 2017 – går fram av tabellen framanfor. Tabellen viser at det er trong for reduksjon på knapt 27 mill. kr i 2018, ytterlegare 14 mill. kr – til 41 mill. kr i 2019, mens det siste året i økonomiplanperioden er trong for driftsreduksjonar på 30 mill. kr samanlikna med budsjettet for 2017.

Fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen har lagt grunnlaget for at det er mogeleg å få til innsparingar i opplæringssektoren og fylkesrådmannen foreslår i økonomiplanen å redusere budsjettramme med 35 mill. kr frå 2017 til 2018 og nye 15 mill. kr i 2019.

For samferdselssektoren foreslår fylkesrådmannen auka ramme. Dette har samband med at ein i økonomiplanperioden vil inngå nye anbuds kontraktar både for buss-, bybane- og ferjedrifta. Prognosane så langt tyder på at kontraktskostnadene innanfor desse områda vil auke monaleg. Slik sett er ikkje rammeauken fylkesrådmannen foreslår tilstrekkeleg. Det må difor også innanfor samferdselssektoren gjerast tilpassingar i drifta. Etter fylkesrådmannen si vurdering, må det innanfor samferdselsområdet setjast i verk tiltak som vil vere like store som i opplæringssektoren.

Fylkesrådmannen legg til grunn effektiviseringstiltak og driftsreduksjonar også for dei andre budsjettområda.

## OPPLÆRING

Tabellen viser at fylkesrådmannen foreslår å redusere budsjettramme for opplæringssektoren i økonomiplanperioden. Forslaget inneber ein reduksjon på 35 mill. kr i 2018 aukande til 50 mill. kr i 2019 og 2020. Bakgrunnen for forslaget er vedtaket i skulebruksplanen og strukturendringar som er vedteke i den. I tillegg viser elevtalet nedgang i økonomiplanperioden.

### Strukturendringar


Hausten 2016 opna nye Voss vidaregåande skule og hausten 2017 vert nye Voss gymnas starta opp. Det vil då vere to heilt nye vidaregåande skular på Voss – mot fem skular tidlegare. I budsjettet for 2017 er det rekna med kostnadsreduksjon på 10 mill. kr som følgje av endringane i skulestrukturen på Voss. I samsvar med vedtaket om skulebruksplanen er det lagt til grunn innsparingar på vel 11 mill. kr som følgje av nedlegging av Fana gymnas, Etne vidaregåande skule og Hjeltnes vidaregåande skule.

Effekten av skulenedleggingane og strukturendringa på Voss summerer seg til 21 mill. kr. Deler av denne innsparinga får full effekt først frå 2018, så fylkesrådmannen legg til grunn at denne summen kan aukast ved utarbeiding av budsjettet for 2018 og seinare økonomiplanar.

### Elevtal

Utviklinga i elevtalet er ein avgjerande faktor for dimensjoneringa av skuletilbodet. Figuren nedanfor viser utviklinga i elevtal i økonomiplanperioden.

Elevprognose Hordaland



Den reduserte elevprognosen for åra framover er ein faktor som medverkar til at fylkesrådmannen meiner det er for-svarleg å redusere budsjetttramma for opplæringssektoren.

Utviklinga i elevtal i private skular er ein annan viktig dimensjoneringsfaktor. Hordaland har flest elevar i private skular i landet – knapt 20% av det samla elevtalet. I inntektssystemet er det ei eiga korreksjonsordning for denne elevgruppa.

Det er om lag 2 800 elevplassar ved private vidaregåande skular i fylket. Dei fleste elevplassane ved dei private vidaregåande skulane er på studiespesialiserte utdanningsprogram. Dei fleste av private skulane ligg i Bergen sentrum, der nesten 1/3 av elevplassane er ved private skular.

## SAMFERDSEL

Fylkesrådmannen foreslår å auke budsjetttramma for samferdselsektoren med 20 mill. kr i 2018 samanlikna med 2017. Vidare er det forslag om auke på 25 mill. kr i 2019 og 35 mill. kr i 2020.

### Kollektivdrift

I økonomiplanperioden skal det gjennomførast fleire store anbodskonkurransar. Høgare ambisjonar og nye krav til dømes når det gjeld bruk av ny teknologi, gjer at omfanget av anbodsarbeidet er omfattande, og det kan og gje dyrare anbod. Nye anbod i Bergen sør og Vestpakken skal setjast i verk i 2019 og Bergen nord og Bergen sentrum i 2020. For bybanedrifta skal det inngåast ny anbodskontrakt i 2019. Fylkesrådmannen har lagt inn ein føresetnad om 10% kostnadsvekst på kontraktssummane for 2017. Dette utgjer ein auke på 30 mill. kr i 2019 med halvt års effekt, og ytterlegare knapt 40 mill. kr i 2020.

Ei politisk arbeidsgruppe har foreslått å redusere talet på takstsoner. Kostnaden med tiltaket er rekna til om lag 35 mill. kr. Av omsyn til meirkostnader med nye kontraktar, og auka kostnader med ferjeanbod jf. nedanfor, har fylkesrådmannen ikkje funne rom for å foreslå reduksjon i sonetalet.

### Ferjedrift

Fylkeskommunen har ansvar for 17 ferjesamband, fordelt på seks kontraktar. I løpet av økonomiplanperioden går alle kontraktane ut. Anbodsprosessen er under avslutting og planlagt tildeling i to rundar er seinhaustes 2016 og tidleg i 2017. I anboda er det lagt inn krav om vesentleg reduserte utslepp av klimagassar. Anbodskonkurransen vil vise om dette også vil føre med seg fornying av ferjeflåten. I tillegg vil kapasiteten bli auka på utvalde samband.

Oppstart av nye kontraktar vil skje 1. januar 2020, med unntak av sambanda Krokeide–Hufthamar og Husavik–Sandvikvåg som startar opp 1. januar 2018, og Masfjordnes–Duesund som startar opp 1. januar 2019. Det er vanskeleg å estimere kostnadane ved nye ferjeanbod. Erfaringar frå andre fylkeskommunar som har starta

prosessen med 2. generasjon ferjeanbod, tyder likevel på at det kan bli ein kostnadsvekst på mellom 20–40% i anboda. Med kontraktskostnader i dag på vel 300 mill. kr netto, er fylkesrådmannen uroleg for at kostnadene vil auke monaleg i økonomiplanperioden.

Dei nye ferjeanboda er bruttoanbod og fylkeskommunen vil ha inntektsansvaret. Det er vedteke å innføre auto-passbetaling på alle sambanda. Begge desse tiltaka på inntektssida er hefta med uvisse.

Gjennomgangen ovanfor viser at det kan reknast med auke i driftskostnadene innanfor samferdselsektoren i økonomiplanperioden, og godt over det nivået fylkesrådmannen har foreslått slik det framgår av tabellen ovanfor. Dette gjer at det også innanfor samferdselsektoren må gjerast driftstiltak i perioden.

## ANDRE SEKTORAR

Fylkesrådmannen foreslår mindre reduksjonar i budsjett-rammene for dei andre sektorane. Det er lagt til grunn at områda Regional utvikling og Kultur- og idrett vert redusert med 1 mill. kr frå 2018. Vidare er det forslag om reduksjon for Tannhelsetenesta og Eigedomsavdelinga med 2 mill. kr i 2018 og nye 2 mill. kr i 2019.

For Tannhelsetenesta legg fylkesrådmannen til grunn at klinikkstrukturplanen som fylkestinget har vedteke, vil gje innsparingar.

Bakgrunnen for reduksjonen av Eigedomsavdelinga sitt budsjett er m.a. at ansvaret for reinhalddet ved dei vidaregåande skulane no er samla. Når nyorganiseringa av reinhalddet har sett seg, reknar fylkesrådmannen med at ein kan oppnå effektiviseringsgevinstar.

I administrasjonsbudsjetta er det lagt til grunn ein reduksjon på 5 mill. kr frå 2017 til 2018 ettersom det vert innført nye administrative system framover.

## FRIE INNTEKTER

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. Statsbudsjettet gjev ingen signal om utviklinga etter 2017. I mangel av andre haldepunkt, har ein lagt inn same veksten som fylkeskommunane får i 2017 i kvart av dei etterfølgjande åra. Det vil seie ein vekst i frie inntekter på 450 mill. kr, eller 0,7 %.

Veksten for Hordaland fylkeskommune vert noko svakare enn gjennomsnittet for fylkeskommunane. I 2018 må ein rekne med at det ekstra skjønstilskotet på 19 mill. kr, som ein får i 2017, blir trekt ut igjen. Fram til 2019 får Hordaland ein årleg reduksjon på ca. 11 mill. kr som følgje av endringar i inntektssystemet i 2015.



Med disse føresetnadene syner KS sin modell følgjande inntektsvekst for Hordaland fylkeskommune: 26 mill. kr

(0,4 %) i 2018, 40 mill. kr (0,6 %) i 2019 og 47 mill. kr (0,7 %) i 2020.

## RENTER OG AVDRAG

Løpande prisar kr 1 000

År	2017	2018	2019	2020
Renteutgifter	242 000	241 700	254 600	272 800
Avdrag	509 000	578 000	650 000	700 000
Sum utgifter	751 000	819 700	904 600	972 800
Rentekompensasjon	-18 600	-20 300	-27 300	-32 900
Renteinntekter og utbytte	-14 400	-14 400	-16 300	-18 300
Sum inntekter	-33 000	-34 700	-43 600	-51 200
Netto utgifter	718 000	785 000	861 000	921 600

Det er lagt opp til ein monaleg auke i avdraga, i tråd med det som vart skissert i rammesaka. Dette er ein måte å bremse veksten i lånegjelda. Avdraga er foreslått auke frå 509 mill. kr i 2017 til 700 mill. kr i 2020.

Det er lagt til grunn ei budsjettrente på 1,5 % i 2017 og 2018, 1,75 % i 2019 og 2,0 % i 2020.

## OVERFØRING TIL INVESTERINGSBUDSJETTET

Det er budsjettert med 70 mill. kr i driftsmidlar til finansiering av investeringar i 2017. Summen vert justert litt opp, og er 76,2 mill. kr i slutten av perioden.

## AVSETJING TIL FOND

Det vert rådd til å bygge opp eit fond til amortisering av premieavvik. Med ei avsetjing på 25 mill. kr kvart år i perioden, kan ein nå 100 mill. kr i 2020.

## SENSITIVITETSANALYSE

Hordaland fylkeskommune planlegg i samsvar med skulebruksplanen store investeringar kvart år fram til 2030. I gjennomsnitt utgjer dei årlege investeringane i planen 500 mill. kr. Årleg kan desse 500 mill. kr bestå av alt frå eitt til mange prosjekt i ulik storleik og kompleksitet. Dette kan vere mindre rehabiliteringar eller utbygging av ein heilt ny

skule som for eksempel Åsane vidaregåande skule. Det er ulike risikofaktorar som kan påverke økonomien for slike byggeprosjekt på kort og lengre sikt. Slike faktorar kan vere auka rentesats, endringar i prosjektet undervegs eller auka kostnad som følgje av «feilkalkyle». For Hordaland fylkeskommune er alle desse faktorane relevante.

Fylkeskommunen har prosjekt i hundremillionarsklassen kvart år og auke i rentesatsen vil medføre auka kostnader. Det er i dag eit historisk lågt rentenivå og med eit perspektiv fram mot 2030 er det ikkje usannsynleg at renta vil auke.

Endra byggekostnad er også ein risikofaktor som er enda meir utslagsjevande for fylkeskommunen. Auka byggekostnad kan skuldast at ein rett og slett har kalkulert med for låge kostnader i forhold til marknadsprisen ein har oppnådd. Auka byggekostnad kan også skuldast at prosjektet er endra undervegs, for eksempel ved at skulen er vorten større enn opphavleg vedteke ved byggestart. Dette er ikkje ein «kostnadssprekk» sidan det er eit bevisst val, men det er likevel viktig å vere klar over verkandane. Ofte skuldast auka byggekostnad ein kombinasjon av høgare marknadsprisar enn føresett og endringar i prosjektet undervegs.

Det er altså viktig å vere klar over risikoen ein tek på seg ved slike prosjekt. For å vise effekten av endra rentesats og/eller auka byggekostnad (uavhengig av årsak), er det i tabellen under utarbeidd ei sensitivitetsanalyse som viser kva som skjer i løpet av eitt år ved endring i ein eller begge faktorane. Av tabellen går det fram at ein ved renteauke på 1,5 %-poeng og opphavleg kalkulert byggekostnad, vil få ein kostnadsauke det året på 7,5 mill. kr. Det er verdt å merke seg at dette er kostnaden for det eine året, men om rentenivået held seg dei påfølgande åra, vil kostnaden akkumulere seg.

Om ein har auke i rentesatsen på 1 %-poeng samstundes som byggekostnaden aukar med 8 % i forhold til kalkulert kostnad, vil den årlege drifts- og investeringskostnaden auke med heile 46,2 mill. kr. Sensitivitetsanalysen nedanfor

viser også fleire mulige utfall ved endringar i rentenivå og/eller byggekostnad med utgangspunkt i ein investeringskostnad på 500 mill. kr og rentesats på 2%.

Tal i 1000 kr

		Endra rentesats			
		0,00 %	0,50 %	1,00 %	1,50 %
Endra byggekost	0,00 %	"Kalkyle"	2 500	5 000	7 500
	4,00 %	20 400	23 000	25 600	28 200
	8,00 %	40 800	43 500	46 200	48 900
	12,00 %	61 200	64 000	66 800	69 600



Føresetnader: Investeringskostnad: 500 mill. kr. Rentesats kalkulert: 2 %

Tabellen over syner berre kva som skjer det eine året ved endringar i føresetnadane. Om ein får fleire år på rad med slike endringar, vil ein få auka rentekostnader også desse åra. Endringar fleire år på rad kan for eksempel skuldast eit stort prosjekt som går over fleire år, der byggekostnaden er endra samstundes som rentenivået har auka. Ein auka byggekostnad vil ikkje berre føre til auka kostnader det eine året som vist i sensitivitetsanalysen, men vil også føre til auka rentekostnader dei kommande åra. For å vise den økonomiske effekten av kva endringar fleire år på rad medfører, er det utarbeidd to grafar med ulike scenario.

søylene syner den årlege kostnadseffekten og som ein ser er kostnaden 3 mill. høgare i år to enn i det første året, noko som skuldast at ein tek med seg den auka byggekostnader frå det føregåande året. Den lyseblå grafen viser den akkumulerte kostnaden pr år. Som ein ser er den auka kostnaden etter to år 49 mill. kr og etter 4 år heile 110 mill. kr.

Figuren under syner kva som skjer med årlege investeringar på 500 mill. kr 4 år på rad ved ein auke på 0,5 %-poeng i rentesatsen og auke i byggekostnad på 4 %. Dei blå

Det er også utarbeidd ein tilsvarende graf basert på sensitivitetsanalysen, men her syner ein endringar der rentekostnaden har auka med 1 %-poeng og byggekostnaden aukar med 8 %. Som ein ser, vil eit slikt scenario vere dramatisk og kostnaden vil auke med knapt 100 mill. kr etter berre to år og med heile 222 mill. kr etter fire år.



## UTSLAG AV RENTEOPPGANG

Utviklinga i rentenivået er usikker, og ein må vere budd på at renteføresetnadene må justerast ved seinare høve.

Tabellen nedanfor illustrerer verknaden av 1 % høgare rente:

År	2017	2018	2019	2020
Brutto renteutgifter	46 300	65 200	79 100	90 900
Netto renteutgifter	20 000	37 300	49 500	61 200

I 2017 vil netto renteutgifter gå opp med 20 mill. kr, gitt at renta aukar frå 1. januar. Verknaden blir større dess lenger ut i perioden ein kjem, sidan renteauken får verknad for

større og større del av låneporteføljen. I 2020 vil netto renteutgifter auke med ca. 61 mill. kr.


## OPPSUMMERING MED UTVIKLING I NØKKELTAL I ØKONOMIPLANPERIODEN

Oppstillinga nedanfor viser ulike nøkkeltal i 2017 og 2020 – siste året i økonomiplanperioden:

2017	Nøkkeltal økonomiplanperioden	2020
<b>Oppsummering nøkkeltal</b>		
<p>Nøkkeltala gjev oversyn over utviklinga i fylkeskommunen sin økonomiske situasjon i planperioden frå 2017 til 2020. Nøkkeltala viser at fylkeskommunen framleis vil ha ein utfordrande situasjon mot slutten av økonomiplanperioden. Det er difor lagt opp til eit mest mogleg økonomisk forsvarleg budsjett dei neste fire åra. Sjølv om fleire av nøkkeltala utviklar seg negativt i perioden, så bremsar ein auken i gjeldsgraden, driftskostnadane vert redusert og det vert framleis lagt opp til positive årlege driftsresultat.</p>		
<b>Gjeldsgrad</b>		
115%	Stabilisering av gjeldsbyrden til HFK vil ha prioritet i planperioden fram til og med 2020. Budsjettforslaget legg opp til sterk investeringsdisiplin. Vidare legg ein vekt på avdragsbetaling på oppbygd gjeld. Dette vil etterkvart stabilisere gjeldsgraden; gjeld delt på inntekter. I planperioden held gjeldsgraden fram med å auke, og dette er bakgrunnen for at fylkesrådmannen foreslår ny gjennomgang av investeringane til fylkestinget i mars, jf. ovanfor.	117 %
<b>Totalgjeld</b>		
10 283 mill. kr.	Med skissert økonomiplan vil den totale gjelda til HFK i perioden etter planen gå ein del opp; med 1,18 mrd. kr. Då er ubrukne lån og utlån holdt utafør. Den brutto totale gjeldsbyrda er tyngande i seg sjølv, men kor mykje denne faktoren påverkar økonomisituasjonen til HFK kjem an på fleire tilhøve; blant anna inntektsvekst og rentenivå.	11 461 mill. kr.

Tabellen held fram på neste side

2017	Nøkkeltal økonomiplanperioden	2020
<b>Pensjonskostnad</b>		
300 mill. kr.	For økonomiplanperioden vil HFK sine pensjonskostnader endre seg noko. Årleg pensjonskostnad vil auke med omlag 15 mill. kr for kvart år i perioden. Kostnaden endrar seg difor frå 300 mill. kr. i 2017 til 345 mill. kr. i 2020. Forutan denne direkte pensjonskostnaden, så har HFK ein årleg kostnad ved amortisering av tidligare års premieavvik. Fylkesrådmannen foreslår frå 2017 å setje av fond for å møte denne auken.	345 mill. kr.
<b>Avdrag</b>		
509 mill. kr.	I økonomiplanperioden er det prioritert å nedbetale lån. Opptrappinga av avdragsbetaling i perioden er på 191 mill. kr; frå 509 mill. kr. i 2017 til 700 mill. kr. i 2020.	700 mill. kr.
<b>Renteutgifter</b>		
242 mill. kr.	Det er lagt til grunn låg rente i heile perioden 2017 – 2020, med 1,5%, 1,5%, 1,75% og 2,0% rente dei ulike åra. Delar av låneportefølgjen er sikra, og det gjev lågare renteutgifter utover i perioden om renta stig meir enn lagt til grunn. Renteutgiftene aukar med 31 mill. kr. i perioden.	273 mill. kr.
<b>Netto driftskostnader</b>		
5 557 mill. kr.	Effektiv drift og kontroll på utviklinga i driftskostnadene i planperioden vil kunne bidra til ei betra økonomisk stilling. Målet er reduserte driftskostnader gjennom omstillingsevne, og framleis gode tenester. Frå 2017 til 2020 er det lagt opp til ein reduksjon av netto driftskostnader på 31 mill. kr.	5 526 mill. kr.
<b>Frie inntekter</b>		
6 370 mill. kr.	Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot. Hordaland var mellom fylkeskommunane som tapte på den siste omlegginga av inntektssystemet. Det er difor ikkje venta særleg realvekst samla for planperioden; 113 mill. kr.	6 483 mill. kr.
<b>Netto driftsresultat</b>		
1,14 %	Eit positivt årleg driftsresultat er ein viktig føresetnad for ein betra økonomisituasjon og eventuell eigenfinansiering av investeringar. Det er lagt opp til eit netto årleg driftsresultat på 95 mill. kr. i 2017 og om lag 100 mill. kr kvart av dei tre siste åra i perioden. Aukande avdrag og svak inntektsvekst gjer at ein ikkje når høgare enn 1,2 % i årleg netto driftsresultat.	1,20 %



# Investeringsbudsjett







# Investeringsbudsjett

*Hordaland fylkeskommune har svært høg lånegjeld. Utviklinga er urovekkjande. Fylkesrådmannen legg opp til å bremse veksten i investeringane dei neste åra i økonomiplanperioden og foreslår å fastsetje eit tak for gjeldsgraden på maksimalt 115%.*

# INVESTERINGAR

## INNLEIING

### Oversyn over investeringsbudsjettet

Oversyn over investeringsforslaget i perioden 2017–2020, fordelt på sektorar, går fram av følgjande oppstilling.

Reviderte budsjettal for 2016 er også med for samanlikning si skuld:

1000 kr i løpande prisar

1	Justert budsj. 2016	2017	2018	2019	2020	Sum 2017–2020
Opplæring	747 000	535 000	508 000	559 000	613 000	2 215 000
Samferdsel	2 240 600	1 935 800	1 825 100	3 036 900	3 103 274	10 061 074
Kultur	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Tannhelse	25 000	10 000	25 000	25 000	20 000	80 000
Fellesfunksjonar	30 000	58 000	27 000	25 000	25 000	135 000
Eigenkapitalinnskot KLP	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Sum finansieringsbehov	3 050 600	2 546 800	2 393 100	3 653 900	3 769 274	12 523 074

## HØG GJELD OG HØGE KAPITALUTGIFTER

Hordaland fylkeskommune har høg lånegjeld som følge av investeringsprogrammet som er gjennomført dei siste åra. Det har medført at lånegjelda er den høgste i landet rekna etter netto gjeldsgrad. Netto gjeldsgrad er definert som gjeld i høve til driftsinntekter.

I budsjettet for 2017 er gjeldsgraden for Hordaland fylkeskommune rekna til knapt 115% - opp frå 110% i 2016. Dette

er noko høgare enn i tidlegare økonomiplanar. Gjeldsgraden vil halde fram med å auke vidare i økonomiplanperioden til knapt 118% i 2019 om det ikkje vert sett i verk tiltak.

Fylkesrådmannen har med bakgrunn i dette delt inn investeringsbudsjettet i to delar – pågåande investeringar og investeringar som ikkje er starta opp som. Tabellen nedanfor viser prosjekt som enno ikkje er starta opp:

Tal i heile tusen	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Sum 2017–2020
Opplæring					
Åsane vgs	10 000	240 000	424 000	280 000	954 000
Askøy vgs		6 000	6 000	138 000	150 000
Langhaugen vgs			3 000	3 000	6 000
Stord vgs		5 000	5 000	61 000	71 000
Bømlo vgs		1 000	1 000	11 000	13 000
Laksevåg vgs			10 000	10 000	20 000
Sum Opplæring	10 000	252 000	449 000	503 000	1 214 000
Samferdsel					
Bussanlegg Askøy	5 000	55 000	40 000		100 000
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	25 000	85 000	115 000	115 000	340 000
Sum Samferdsel	30 000	140 000	155 000	115 000	440 000



Tal i heile tusen	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Sum 2017–2020
<b>Kultur</b>					
Restaurering verneverdige f.k. bygg		3 000	3 000	3 000	9 000
Sum Kultur		3 000	3 000	3 000	9 000
<b>Tannhelse</b>					
Tannklinikkar		20 000	20 000	15 000	55 000
Sum Tannhelse		20 000	20 000	15 000	55 000
<b>Fellesfunksjonar</b>					
Fylkeshuset – Opprusting		2 000	2 000	2 000	6 000
EL-bilar		2 000			2 000
IT – Fellessystem		10 000	10 000	10 000	30 000
Sum Fellesfunksjonar		14 000	12 000	12 000	38 000
Sum investeringar som ikkje er starta opp	40 000	429 000	639 000	648 000	1 756 000

Tabellen viser at investeringstiltak for knapt 1,8 mrd. kr enno ikkje er sette i verk, samla for heile økonomiplanperioden.

Fylkesrådmannen har sett på korleis gjeldsgraden utviklar seg når ein tek omsyn til todelinga av investeringane – starta/ikkje-starta. Som nemnt vil gjeldsgraden halde fram å auke frå 114,6% i 2017 til knapt 118% mot slutten av økonomiplanperioden om ein gjennomfører heile investeringsprogrammet. Om ein derimot ikkje gjennomfører nokon av dei planlagde investeringane, vil gjeldsgraden

verte redusert med om lag 15%-poeng frå 114,6% i 2017 til 99,9% i 2020.

I økonomiplanen er det lagt opp til å auke avdragsbetalinga monaleg, men ikkje tilstrekkeleg til å unngå auke i lånegjelda, om heile investeringsprogrammet skal gjennomførast.

Fylkesrådmannen vil med bakgrunn i dette til fylkestinget i mars gjennomgå investeringsplanane på nytt og vurdere framdriftsplanen. I vurderinga vert det vektlagt at gjeldsgraden ikkje skal overstige nivået ein har i budsjettet for 2017 på knapt 115%.

## Finansiering av investeringsbudsjettet

Heile tusen kr i løpande prisar

1	2017	2018	2019	2020	Sum 2017–2020
Nye lån	1 246 300	1 071 600	1 180 500	954 474	4 452 874
Momskompensasjon	367 000	336 000	353 000	348 000	1 404 000
Driftsmidlar	70 000	77 500	80 100	82 100	309 700
Tilskot og forskotteringar	189 000	162 200	127 800	170 200	649 200
Bompengar	664 500	725 800	1 907 500	2 037 500	5 335 300
Eigedomssal	10 000	20 000	5 000	177 000	212 000
Sum finansiering	2 546 800	2 393 100	3 653 900	3 769 274	12 363 074

### Oversyn over finansieringa av investeringsbudsjettet går fram av følgjande oppstilling:

Samla investeringsbudsjett er på 12 363 mill. kr i perioden frå 2017–2020. Av dette vert 4 453 mill. kr finansiert med lånemidlar. Dette tilsvarar 35 % av investeringane. Største inntektskjelde i perioden er bompengefinansiering med 5,3 mrd. kr. Det er i oppstillinga så langt lagt til grunn at utbygginga mot Fyllingsdalen vert finansiert med bompengar. Når bymiljøavtalen mellom staten og fylkeskommunen er ferdigstilt, må dette justerast.

Tabellen viser at opptak av nye lån gradvis vert redusert i perioden om heile investeringsprogrammet vert gjennomført. Reduksjonen er likevel ikkje stor nok til å hindre at gjeldsgraden held fram med å auke. Fylkesrådmannen meiner som nemnt at gjeldsgraden ikkje må auke utover nivået i 2017. I saka til fylkestinget i mars vil fylkesrådmannen innrette finansieringa av investeringane ut frå dette.

## Hovudpunkt i forslaget til investeringsbudsjett

### Opplæring

- Nye Voss gymnas – ferdig hausten 2017
- Odda vidaregåande skule – oppgradering ferdig våren 2018
- Tertnes vidaregåande skole - tilbygg ferdig 2018

### Samferdsel

- Bussanlegg i Sunnhordland – ferdig våren 2017
- Bybanen byggesteg 4 mot Fyllingsdalen – bymiljøavtale vil avgjere framdriftsplan
- Storskaret – Arefjord i Fjell – ferdig i 2017
- Kollektivterminal på Voss
- Ny budsjettpost for mindre utbetringar
- Standardhevingstiltak – auka løyving

### Tannhelse

- Askøy tannklinikk – ferdig i 2017
- Klinikstrukturplanen avgjerande for prioriteringane

### Fellesfunksjonar

- El-bilar – løyving i 2017

## OPPLÆRING

2	Tal i heile tusen	Justert Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Ikkje starta
<b>Opplæring</b>							
	Rehabilitering/ombygg/mindre tilbygg i skulesektoren.	110 000	75 000	75 000	75 000	75 000	
	Skulebruksplan - planmidlar.	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	
	Større undervisningsutstyr	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000	
	Årstad vidaregåande skole – Tilbygg/rehab.	91 000					
	Nye Voss gymnas	270 000	130 000	12 000			
	Nye Voss vidaregåande skule	171 000					
	Åsane vgs		10 000	240 000	424 000	280 000	X
	Tertnes vgs	5 000	115 000	90 000			
	Bergen Katedralskole - Tilbygg	65 000	70 000	27 000			
	Odda vgs		100 000	17 000			
	Askøy vgs			6 000	6 000	138 000	X
	Langhaugen vgs				3 000	3 000	X
	Stord vgs			5 000	5 000	61 000	X
	Bømlo vgs			1 000	1 000	11 000	X
	Laksevåg vgs				10 000	10 000	X
	<b>Sum sektor</b>	<b>747 000</b>	<b>535 000</b>	<b>508 000</b>	<b>559 000</b>	<b>613 000</b>	

### Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren

I tillegg til dei større investeringsprosjekta i opplæringssektoren, er det naudsynt med nokre mindre ombyggingar/rehabilitering av den fylkeskommunale bygningsmassen. Dette for å sikre nødvendig kvalitet i høve til pålegg og godkjenningar, men også tilpassingar til endra behov i undervisninga. Dette kan vere relatert til krav om energiøkonomisering, universell utforming, inneklima, miljøtiltak, planløsning, pedagogikk med meir. Med ei samleløyving kan ein gjennomføre prosjekta meir effektivt og heilskapleg enn å ved å dele det opp i høve til type tiltak.

Fylkeskommunen har vedteke mål om at bygg skal vere universelt utforma innan 2019. På nasjonalt plan er kravet no 2025. Med bakgrunn i gjeldande vedtak vil tiltak knytt til universell utforming ha fokus også i komande økonomiplanperiode. Det vert fremja eigne politiske saker om disponering av midlane på samleposten. Løyvinga på samleposten er ført opp med 75 mill. kr kvart av åra i planperioden.

### Større undervisningsutstyr

Til større undervisningsutstyr er det sett av 30 mill. kr kvart år i perioden.

### Nye Voss gymnas

Forprosjektet for den nye skulen vart vedteke av fylkestinget i juni 2015. Arbeidet starta opp i juli 2015 og nybygget skal stå ferdig våren 2017. Det gamle landsgymnasbygget frå 1918 skal framleis brukast til skuledrift og nybygget skal bindast saman med dette. Etter at nybygget er klart, vil ein rehabiliterare den gamle delen. Dette arbeidet er planlagt utført sommaren og hausten 2017, slik at heile skulen er ferdigstilt frå årsskiftet 2017/2018.

Det vil hausten 2017, mens landsgymnasbygget er under rehabilitering, bli nytta erstatningslokalar både i eit modulbygg og i skulebygg som er under avvikling. Når skulen er ferdig, vil ein avvikle leigeavtalane knytt til Voss Husflidskule, Rogne vidaregåande skule og tidlegare Vatle Handelsskule.

Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 130 mill. kr i 2017 og 12 mill. kr i 2018 til fullfinansiering av prosjektet.

### Nye Åsane vidaregåande skole – nybygg

Romprogrammet for Nye Åsane vidaregåande skole vart vedteke i fylkestinget i juni 2016. Det nye bygget skal framstå som eit signalbygg for yrkesfaga og ha utdanningsprogramma idrettsfag, elektrofag, helse og oppvekst, teknikk og industriell produksjon, service og samferdsel, påbygg, innføringskurs for minoritetsspråklege og tilrettelagt opplæring. I tillegg skal skulen drive vaksenopplæring, opplæring innan kriminalomsorga og lærlingeopplæring. Bygget skal og huse lokale for opplæringskontora, Åsane tannklinikk og bydelsskulturforsking.

Det er planlagt for 180 elevar på idrettsfag og samla treng skulen kroppsøvingssareal tilsvarande to handballbanar. Dette er det doble av det fylkeskommunen i dag disponerer

i Åsanehallen. Idrettsareal er planlagt leigd i den nye fleirbrukshallen som skal først opp på den kommunale tomte på Myrdal.

Prosjektet er programmert til 25 278 m<sup>2</sup> med ei total kostnadsramme på 980 mill. kr.

Fylkesrådmannen vil til fylkestinget i mars gjennomgå investeringsbudsjettet og vurdere framdriftsplanen for dette prosjektet.

### Tertnes vidaregåande skole – tilbygg

Romprogram for utvidinga av Tertnes vidaregåande skole vart vedteke av fylkesutvalet i februar 2016. På Tertnes vil ein samle heile det studiespesialiserande utdanningsprogrammet i bydelen når U. Phil vidaregåande skole vert avvikla i 2018. Tilbodet om toppidrett i samarbeid med Olympiatoppen skal halde fram. Det auka tilbodet krev auka areal knytt til realfagrom, generelle undervisningsareal, arbeidsrom for lærarar, personalrom, toalett og garderober for tilsette, kantinekjøkken og kroppsøvingssareal.

Fylkesrådmannen vil leggje fram sak for fylkestinget i desember 2016 for godkjenning av forprosjektet og med påfølgjande byggestart i januar 2017. Planlagt ferdigstilling er sommaren 2018.

Prosjektet har ei kostnadsramme på 210 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår å setje av 115 mill. kr i 2017 og 90 mill. kr i 2018. Det er tidlegare løyvd 5 mill. kr til prosjektet.

### Bergen katedralskole – tilbygg og rehabilitering

Fylkestinget vedtok i desember 2015 å rehabiliterare hovudbygget, klasseromsbygget og å føre opp eit nytt bygg mellom desse to bygga for å etablare nytt inngangsparti og for gjere skulen universelt utforma.

Arbeidet starta våren 2016 og vert gjennomført i tre fasar. Fyrste fase skal sikre hovudbygget frå ytterlegare setningar. Fase to skal rehabiliterare hovudbygget og etablare eit nytt mellombbygg. I siste fase skal det gjennomførast lettare rehabilitering av klasseromsbygget. Fyrste fase er ferdigstilt og fase to er starta. Arbeidet med fase to er planlagt ferdig hausten 2017 med skuledrift i bygga frå januar 2018. Siste fase og dermed heile prosjektet skal vere ferdigstilt til sommaren 2018.

Den totale kostnadsramma for prosjektet er på 165 mill. kr. Det er fram til 2016 løyvd 68 mill. kr. Ut frå inngåtte kontraktar, er det truleg at prosjektet held seg innanfor den totale kostnadsramma. Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 70 mill. kr i 2017 og sluttløyving på 27 mill. kr i 2018.

### Odda vidaregåande skule – rehabilitering

Odda vidaregåande skule er lokalisert i to bygg, gymnasbygget og yrkesfagbygget. Gymnasbygget har tidlegare fått nye tekniske anlegg som sikrar eit godkjent inneklima. Yrkesfagbygget er det gjort lite med sidan det sto ferdig i 1964, og bygget stettar difor ikkje dagens krav til teknisk standard.

Forprosjektet for rehabiliteringa vart vedteke i fylkestinget i juni 2016 med ei kostnadsramme på 122 mill. kr. Arbeidet som har vore utført til no har avdekkja fleire forhold som ein rår til vert utbetra som ein del av prosjektet. Kostnadane for prosjektet er difor no rekna til 159 mill. kr.

Det er tidligare løyvd 42 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår at det vert løyvd 100 mill. kr i 2017 og 17 mill. kroner i 2018. Prosjektet er planlagt ferdigstilt sommaren 2018, men god framdrift gjer at prosjektet truleg vert ferdigstilt tidleg i 2018.

### Skulebruksplanen 2017–2030

Skulebruksplanen som fylkestinget vedtok i oktober inneheld plan over framdrift for dei enkelte skuleinvesteringane. Det er ikkje foreslått løyving til nye prosjekt i 2017, og fylkesrådmannen vil kome attende til desse prosjekta i gjennomgangen til fylkestinget i mars.

### Skulebruksplan – planmidlar

Skulebruksplanen har som nemnt plan for framdrifta av investeringane i opplæringssektoren. Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 5 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden til planlegging og koordinering av dette arbeidet.

### Askøy vidaregåande skole – rehabilitering/tilbygg

Det er i skulebruksplanen vedteke at arbeidet med rehabilitering og tilbygg på Askøy vidaregåande skole skal starte opp i 2018. I investeringsplanen er det stipulert ein total kostnad på 276 mill. kr. Fylkesrådmannen vil til fylkestinget i mars gjennomgå investeringsbudsjettet og vurdere framdriftsplanen for dette prosjektet.

### Stord vidaregåande skule – rehabilitering/tilbygg

Vedtaket i skulebruksplanen medfører at arbeidet med rehabilitering og tilbygg på Stord vidaregåande skule skal starte opp i 2018. Størrelsen på dette prosjektet er enno ikkje klarlagt. I investeringsplanen er det stipulert ein totalkostnad på 417 mill. kr. Fylkesrådmannen vil til fylkestinget i mars gjennomgå investeringsbudsjettet og vurdere framdriftsplanen for dette prosjektet.

### Langhaugen vidaregåande skole – nybygg

Fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen medfører at arbeidet med etablering av nytt bygg for gymnastikk og musikk skal utførast i perioden 2019–2022. I investeringsplanen er det stipulert ein totalkostnad på 84 mill. kr. Fylkesrådmannen vil til fylkestinget i mars gjennomgå investeringsbudsjettet og vurdere framdriftsplanen for dette prosjektet.

## SAMFERDSEL

2	Tal i heile tusen	Justert Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Ikkje starta
	Samferdsel						
	Bussanlegg Stord og Bømlo	39 000	55 000	-	-	-	
	Bussanlegg Askøy	-	5 000	55 000	40 000	-	X
	Terminalbygg/sjåførfasilitetar	1 000	2 000	2 000	2 000	2 000	
	Billetteringssystem	-	5 000	-	-	-	
	Ruteinformasjonssystem (Sanntid)	13 000	3 000	3 000	3 000	3 000	
	Automatisk passasjerteljing	3 000	5 000	-	-	-	
	Utprøving betalingsløysingar på bussar i distriktet	3 000	2 000	-	-	-	
	Bybanen i Bergen – Vognmateriell	230 000	95 000	85 000	115 000	115 000	X
	Fylkesveggar – nærare spesifikasjon nedanfor	1 391 600	1 463 800	1 330 100	1 376 900	1 283 274	
	Bybanen – Byggjeste 3	450 000	100 000	-	-	-	
	Bybanen – Byggjeste 4	100 000	300 000	350 000	1 500 000	1 700 000	
	Sum sektor	2 240 600	2 035 800	1 825 100	3 036 900	3 103 274	

## Kollektivtransport

### Bussanlegg Sunnhordland

Forprosjektet for nytt bussanlegg i Sunnhordaland vart vedteke av fylkestinget i mars 2016. Bygginga av nytt bussanlegg på Leirvik er starta opp og er planlagt ferdigstilt sommaren 2017. Dette vert hovudanlegget medan tomta i Hollundsdaalen på Bømlo vert oppstillingsplass for lokale bussar. Byggearbeida i Hollundsdaalen vil starte opp hausten 2016 og vere ferdig sommaren 2017. Anlegga vert dimensjonert for totalt 60 bussar.

Samla kostnadsoverslag er på 125 mill. kr, inkludert tomte-kostnader, og det er fram til og med 2016 løyvd 70 mill. kr. Signerte kontraktar og mottekne tilbod tyder på at kostnadane vil halde seg innanfor den vedtekne ramma. Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 55 mill. kr i 2017.

### Bussanlegg Askøy

Fylkeskommunen leiger i dag eit bussanlegg av Askøy kommune som vert nytta av operatøren for "Rutepakke Vest". Gjeldande leigeavtale går ut når dagens avtale med operatøren vert avslutta i 2019. Fylkeskommunen har kjøpt tomt til bygging av nytt anlegg. Byggekostnaden for anlegget er førebels rekna til 100 mill. kr. Fylkesrådmannen vil til fylkestinget i mars gjennomgå investeringsbudsjettet og vurdere framdriftsplanen for dette prosjektet.

### Kaier/terminalar/sjåførfasilitetar

Budsjettposten gjeld snøggåtkaiar og terminalar med tilbod til dei reisande i form av venterom og toalett. I nokre sentrale rutepakkar i Bergen er det også tilbod til sjåførane om toalett og pauserom.

Det er trong for å betre standarden enkelte stader og det kan vere aktuelt med nye lokaliseringar. Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 2 mill. kr kvart år i perioden.

### Vedlikehald og fornying av billetteringsutstyr

Skyss har dei to siste åra nytta investeringsmidlar til fornying av eldre billetteringsutstyr i og rundt Bergen. Slitasje som følgje av stor bruk, behov for meir kundevenlege løysingar og sikring av inntekter, har vore mellom årsakene til behovet for fornying. Som eit resultat av dei utskiftingane som er gjort, ser ein at tida sjåførane nyttar til billettering vert redusert vesentleg, at talet på feil går ned, og at sørvis og tilgjenge aukar. Framleis har delar av utstyret som vert nytta behov for fornying, spesielt i dei bynære områda der bruken er størst. Fornyning vil bidra til å sikre inntektene til Skyss, og gje dei reisande betre tilbod. Fylkesrådmannen fører opp 5 mill. kr i 2017.

### Ruteinformasjonssystem

I 2013 vart systema for sanntid og digital informasjonspublisering teke i bruk i dei fyrste områda, og full utrulling fann stad i løpet av 2013/14. Det er trong for kontinuerleg oppgradering og vedlikehald av systemet. Det vert sett av 3 mill. kr til dette i 2017 og kvart år i økonomiplanperioden.

### Automatisk passasjerteljing

Arbeidet med innsamling og analyse av passasjerdata er eit viktig bidrag til forbetring og utvikling av tilbodet til dei kollektivreisande. I perioden 2014–2016 vart det årleg løyvd 5 mill. kr til utstyr for automatisk passasjerteljing i bergensområdet.

Ved utgangen av 2015 var det installert utstyr i 177 bussar, med prioritet på stamlinjene og eit utval andre linjer. Midlane for 2016 vart brukt til utstyr på 115 nye bussar i Bergen Vest og ytterlegare dekning på stamlinjer. Ved utgangen av 2016 vil totalt 292 bussar vere utstyrt med automatisk passasjerteljingsutstyr. For å sikre gode trafikkdata er det trong for å investere ytterlegare i passasjerteljingsutstyr og det vert difor foreslått budsjett med 5 mill. kr også i 2017.

### Utprøving av nye betalingsløysingar om bord på bussar i distriktet

Sonestrukturen i Hordaland utanom sone Bergen er basert på avstandstakst, og med om lag 470 ulike soner er løysingar for sjølvbetening vanskelege å tilpasse. Med unntak for ungdomsbillett, har ein ikkje høve til å nytte mobilbillett. Reisande utanfor sone Bergen må difor framleis betale med kontantar om bord på bussen, eller fylle opp Skyss-kortet sitt på automat eller på Skyss sitt kundesenter i Bergen. I ei tid der stadig færre nyttar kontantbetaling i det daglege byr dette på utfordringar, både for faste reisande og for turistar og tilreisande. Fram til ein kan tilby fleire salskanalar også i distrikta, ønskjer Skyss å setje i gang eit arbeid for å få på plass betaling med kort eller andre betalingsløysingar om bord på fleire bussruter. Fylkesrådmannen foreslår å løyva 2 mill. kr til dette i 2017.

### Bybanen – vognmateriell

For å dekke trongen for vogner ved drift av bybanen på strekninga Byparken – Flesland er det lagt opp til å nytte 28 vogner a 42 m. I 2016 vart dei siste 8 lange vognene levert, og arbeidet med forlenging av dei 20 første vognene vart starta opp. Det er planlagt å betale sluttoppgjjer for forlenging av 5 vogner i 2016.

Basert på betalingsplanen legg ein til grunn sluttoppgjjer for forlenging av dei siste 15 vognene i 2017. Etter levering og godkjenning av arbeidet med den enkelte vogn, vert kostnader knytt til prisauke og eventuelle endringsordrar lagt til sluttoppgjjeret. I tillegg er det avtalt utbetaling av bonus dersom leverandøren oppfyller kravet om godkjent leveranse innanfor tidsfrist. Ein har også kostnader knytt til konsulentoppdrag, reiser og liknande. I budsjettet for 2017 er det lagt inn 70,0 mill. kr til slutføring av investeringsprogrammet for 28 lange vogner.

Utover løyvinga på 70 mill. kr gjeld summane i tabellen framanfor vogner til den nye strekninga til Fyllingsdaalen. Fylkesrådmannen vil vurdere dette i gjennomgangen til fylkestinget i mars.

## FYLKESVEGAR OG BYBANE

Tabellen nedanfor gjev oversyn over investeringar til fylkesveggar og Bybanen i perioden 2017–2020.

Tal i heile tusen kr

3	Just. Budsjett 2016	Budsjett 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk. Plan 2020
<b>Bergensprogrammet:</b>					
<b>Bybanen</b>					
Bybanen. Byggjesteg 3	450 000	100 000			
Bybanen. Byggjesteg 4	100 000	200 000	350 000	1 500 000	1 700 000
<b>Fylkesvegprosjekt</b>					
Ringveg vest. Byggjesteg 2	80 000	80 000			
Hjellestadveien	7 000	50 000	70 000	40 000	
Programområde i Bergensprogrammet	343 000	357 000	357 000	357 000	357 000
<b>Fylkesvegprosjekt utanom Bergen</b>					
Fv 546 Austevollbrua, ferjetilskot	10 000	10 200	10 300	10 400	10 500
Fv 7/fv 49 Kvammapakken	49 200	54 000			
Fv 541/542 Bømlopakken	228 000	172 000	100 000	90 000	
Fv 209 Storskaret–Arefjord, Fjell	79 000	55 000			
Fv 158 Grindavoll–Lepsøy, Os	30 000	19 500	10 000		
Fv 6 Haugalandspakken, Sveio–Buavåg	10 300	10 600			
Fv 545 Stord vestsida	6 700	35 000	42 400		
Askøypakken	42 500	110 000	300 000	450 000	450 000
Norhordlandspakken		13 500			
Kollektivterminal Voss	3 000	20 000	8 000	8 000	
Askøybrua - fysiske tiltak	7 000	29 300			
Fv 161 Åsen - Helleskaret		20 400	31 200	6 000	
Mindre utbetringar		20 000	20 000	20 000	20 000
Programområde utanom Bergen	93 000	80 000	80 000	80 000	80 000
Standardhevingstiltak	144 000	160 000	180 000	190 000	200 000
Rebudsjettering	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
<b>Rassikringstiltak</b>					
Fv 7 Lussandberget, Granvin	40 000	54 300			
Fv. 344 Oddaneset, Vaksdal		4 000			
Fv 551 Furubergfossen bru, Kvinnherad		5 000	30 000	21 000	
Fv. 7 Tokagjelet, Kvam	93 000	-	1 000	6 000	80 000
Mindre rassikringstiltak	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
<b>Refusjonar</b>					
Tilbakebetaling av forskotteringar	75 000	90 000	76 200	84 500	71 774
Sum fylkesvegprosjekt	1 354 700	1 463 800	1 330 100	1 376 900	1 283 274
Sum bybanen og fylkesvegprosjekt	1 914 700	1 763 800	1 680 100	2 876 900	2 983 274

### Bergensprogrammet – bybanen

Byggetrinn 3 for bybanen vart opna for trafikk i august 2016. For 2017 står det att å gjennomføre sluttoppjger på ein del av dei tekniske kontraktane, arbeid Avinor har utført for Bybanen Utbygging, og for resterande deler av utrustinga av den nye verkstaden på Kokstad – i sum rekna til 100 mill. kr.

Stortinget har godkjent at det kan nyttast 200 mill. kr til planlegging av byggetrinn 4 innanfor det vedtekne Bergensprogrammet. Nær halvparten av denne summen er brukt i 2016. Med tilsvarende framdrift i 2017 vil summen på 200 mill. kr dermed vere brukt om lag midt i året, og det vil vere trong for ytterlegare 100 mill. kr til planlegging- og grunnervverksarbeid.

Det er venta at forhandlingane om Bymiljøavtalen vert slutførde 1. halvår 2017. Då vil ein få oversyn over finansieringsplanen for dette byggetrinnet. Førebels fører fylkesrådmannen opp investeringsbudsjett på 410 mill. kr i 2018, 1 500 mill. kr i 2019 og 1 700 mill. kr i 2020 med sluttøyving i neste økonomiplanperiode.

I regjeringa sitt forslag til statsbudsjett er det sett av 50 mill. kr til bybaneutbygginga. Fylkesrådmannen har rekna med dette statstilskotet på inntektssida i investeringsbudsjettet.

### Bergensprogrammet – fylkesvegprosjekt

#### Ringveg Vest, byggetrinn 2

Til slutføring av byggetrinn 2 av Ringveg Vest budsjetterer fylkesrådmannen med 80 mill. kr i 2017. Det er sluttarbeid innan elektro, overvaking og styringssystem som står att. Sluttoppjger for hovudentreprisa er noko seinka. Fylkesrådmannen legg til grunn at arbeidet er ferdigstilt våren 2018.

#### Hjellestadvegen

Utbetring av Hjellestadvegen vert starta opp i 2017 og fylkesrådmannen budsjetterer med 50 mill. kr i 2017. Det er vidare sett av 70 mill. kr i 2018 og 40 mill. kr i 2019.

### Bergensprogrammet – programområda

Til programområda i Bergensprogrammet er det budsjettert med 357 mill. kr kvart år i perioden. Det er lagt til grunn at deler av summen vert finansiert med belønningsmidlar på 85 mill. kr.

Fylkesrådmannen viser til plan- og byggeprogrammet i eiga sak til fylkestinget i desember, der fordelinga mellom dei ulike prosjekta innanfor kvart programområde er nærare kommentert.

### Fylkesvegprosjekt utanom Bergen

#### Fv. 546 – Austevollbrua – innspara ferjetilskot

I samband med Stortinget si handsaming av St. prp. Nr. 30 (2004–05) vart det gjort vedtak om at prosjektet i ein

femtenårsperiode skulle tilførast ein årleg sum på vel 9 mill. kr i innsparde ferjesubsidiar. Delar av tilskotet vert prisjustert med 2,5 % per år. Fylkesrådmannen fører opp 10,2 mill. kr i 2017.

#### Fv.7/49 Kvammapakken (Kvam herad)

Kvammapakken er eit bompengeprojekt for å utbetre og trafikksikre deler av vegnettet i Kvam herad. Samla kostnadsramme for Kvammapakken var på 440 mill. 2009-kroner. Innkrevjingsperioden for bompengar starta i 2010 og går fram til 2029.

Berre eitt av prosjekta hadde vedteken reguleringsplan ved oppstart av pakken og har halde seg innafor avsett kostnadsramme. Dei andre prosjekta i pakken har hatt kostnadsauke i forhold til avsett ramme og ikkje alle prosjekta vert bygd. Resterande midlar i pakken vert sett av i 2017 til å ferdigstille prosjektet Nes – Norheimsund.

Kostnader og attståande midlar i pakken vert gjennomgått hausten 2016. Fylkesrådmannen set førebels av 54 mill. kr totalt til Kvammapakken. Kvam herad har sett i gang arbeid med revisjon av bompengepakken.

#### Fv. 541/542 Bømlopakken (Bømlo kommune)

Bømlopakken er eit bompengeprojekt for å utbetre og trafikksikre deler av vegnettet i Bømlo kommune. Innkrevjing av bompengar starta opp 2. mai 2013 då Trekantsambandet var nedbetalt, og innkrevjingsperioden vil vere 15 år. Det er bomstasjon på fv. 542 Spissøy og på ferja Langevåg – Buavåg.

Prosjektet fv. 542 Stokkabekken – Siggjarvåg starta i slutten av 2014 og er det største prosjektet i Bømlopakken. Det vil opne for trafikk sommaren 2017. Tjong – Løvegapet vil truleg starte i slutten av 2016 og opne for trafikk hausten 2017. Røyksund bru starta i september 2016 og vil opne for trafikk sommaren 2017. På vegen til Rolfsnes og Goddo er det mindre utbetringstiltak som vert gjennomførte.

Fylkesrådmannen set av 172 mill. kr i 2017, vidare 100 mill. kr i 2018 og 90 mill. kr i 2019. Bømlo kommunestyre har sett i gang arbeid med revisjon av pakken.

#### Fv. 209 Storskaret – Arefjordpollen (Fjell kommune)

Tiltaket omfattar bygging av ca. 1 km ny veg frå rv. 555 ved Arefjorden til fv. 209 ved Storskaret. Prosjektet vart lyst ut 2015, hovudproduksjonen av tiltaket skjer i 2016. Det skal stå ferdig sommaren 2017. Fylkesrådmannen set av 55 mill. kr i 2017 til å ferdigstille arbeidet.

#### Fv. 158 Grindavoll – Lepsøy (Os kommune)

Tiltaket omfattar utbetring av eksisterande veg og bygging av gang- og sykkelveg. Strekninga frå Grindavoll til Lepsøy bru er om lag 3,5 km lang og kan byggjast ut stegvis.

I 2013 vart det løyvd totalt 71 mill. kr (2013-kr) og det vart avgjort at strekninga Grindavoll–Falkavegen skulle utbetrast. Resterande midlar skal nyttast til utbetringar på strekninga Blindasundet – Lepsøy bru. Det vert no

prosjektert fortau i Garvika. Fylkesrådmannen set av 19,5 mill. kr i 2017 til å gjere arbeidet på Grindavoll – Falkavegen ferdig og bygge fortau i Garvika. I 2018 fører ein opp resterande sum på nær 10 mill. kr og kjem attende til kva strekning som skal prioriterast innanfor denne summen.

#### **Fv. 6 Haugalandspakken Sveio – Buavåg (Sveio kommune)**

Utbetring av fv. 6 Sveio–Buavåg (Buamyr – Grimstveit) er prioritert i Haugalandspakken. Tiltaket inneber utbetring av vegstrekninga. Sveio kommune har stått for utarbeiding av reguleringsplan for prosjektet.

Det er sett av 27 mill. kr i bompengar til prosjektet gjennom Haugalandspakken og 12 mill. kr i fylkeskommunale midlar, til saman 39 mill. kr. Ved utgangen av 2016 vil det vere brukt knapt 30 mill. kr på prosjektet.

På grunn av at det har teke tid med å få fram godkjent reguleringsplan har prosjektet vorte utsett. Ein reknar no med oppstart i 2016 og ferdigstilling i løpet av 2017. Fylkesrådmannen set av 10,6 mill. kr i 2017.

#### **Fv. 545 Stord vestsida (Stord og Fitjar kommunar)**

Stortinget vedtok i november 2014 at innkrevjingstida på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg skulle forlengast med to år – ut 2016.

Prosjektet Fitjar – Rimbareid vart ferdigstilt i 2012. Sagvåg bru vart ferdigstilt i 2016. Prosjektet Rimbareid – Vik vert lyst ut hausten 2016 og ein ventar full produksjon i 2017. Det står etter dette att tre prosjekt; fv. 545 kommunegrensa, Fitjar sentrum og Sagvåg sentrum. Det må avklarast kor mykje ein skal bygge av dei planlagde tiltaka med dei resterande midlane.

I 2017 set fylkesrådmannen av 35 mill. kr og dei resterande midlane 42,4 mill. kr vert ført opp i 2018.

#### **Askøypakken (Askøy kommune)**

Askøypakken vart vedteken i 2013 i Prop. 197 S (2012–2013) Delvis bompengefinansiering av Askøypakken. Finansieringsplanen omfattar eit kostnadsoverslag på 1 540 mill. kr (2013-kr) der fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kr og bompengar utgjer 1 120 mill. kr.

I 2017 er det planlagt produksjon på fv. 563 Strømsnes – Hop og fv. 562 Lindhaugen – Slettebrekka. Ein ventar oppstart på fv. 212 Slettebrekka – Hetlevik. Vidare vil ein prosjektere og foreta grunnerverv på fv. 213 Skiftesvik – Marikoven. Bygging av diverse kollektivtiltak er også planlagt til 2017. Ein føreset å starte prosjektering på fv. 562 Fauskanger sør og fv. 562 Fromreide – Kjerrgarden.

Fylkesrådmannen budsjetterer med 110 mill. kr i 2017, 300 mill. kr i 2018, 450 mill. kr i 2019 og 450 mill. kr i 2020.

#### **Nordhordlandspakken**

Bompengesøknaden for Nordhordlandspakken ligg til behandling i Stortinget. Fylkesrådmannen foreslår å

prosjektere dei fyrste prosjekta i pakken slik at ein kan kome i gang raskast mogeleg etter bompengesøknaden er godkjent. Det er og behov for å gjere grunnerverv. Det er fyrst og fremst fv. 565 Marås–Soltveit som kan prosjekterast. Det er og behov for å klargjere andre prosjekt.

Fylkesrådmannen set av 13,5 mill. kr. i 2017 og legg til grunn at denne summen går inn som ein del av den fylkeskommunale finansieringa av Nordhordlandspakken. Etter at bompengesøknaden er handsama i Stortinget, vil fylkesrådmannen kome attende til prosjekta i Nordhordlandspakken.

#### **Kollektivterminal Voss**

Ei planleggingsgruppe med Jernbaneverket, Rom Eigedom, Voss kommune, private, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har arbeidd fram planar for stasjonsområdet på Voss. Det ligg føre godkjent reguleringsplan for ein kollektivterminal for bussar knytt opp mot jernbanen. Det er lagt opp til at det skal vere ei kostnadsdeling 50/50 mellom riksveggar (stat) og fylkeskommunen. Fylkesrådmannen set av 20 mill. kr i 2017.

Utbygging av terminalen for bussane vert koordinert med ROM si utbygging av jernbaneterminalområdet. Det har teke noko tid å få finansiert heile terminalområdet. Prosjektet er klart til utlysing hausten 2016, men det står att nokre avklaringar kring grunnerverv. Hordaland fylkeskommune vil inngå avtale med 50/50-delning med ROM Eiendom AS som byggherre for venterom knytt til jernbaneområdet. Fylkesrådmannen set av 8 mill. kr i 2018 og 8 mill. kr i 2019.

#### **Askøybrua – gjerde**

Det skal settast opp nytt høgt gjerde på Askøybrua. Før gjerde kan settast opp vert det gjort mindre utbetringararbeid av brukassen. Kostnadane er førebels rekna til inn på 40 mill. kr. Arbeidet startar opp hausten 2016. I 2017 er det behov for 29,3 mill. kr til å ferdigstille arbeidet.

#### **Fv. 161 Åsen – Helleskaret (Os kommune)**

Reguleringsplanen for fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret er vedteken av Os kommunestyre. Planen gjeld ei 1300 meter ny vegstrekning med to felt som vert tilkomstveg frå Søvika/Helleskaret til den nye E39. Vegen vil og kunne binde saman bustadområda ved Lysefjorden og industriområdet i Endelausmarka. Planen inneheld separat gang- og sykkelveg, kryss og ny tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane. Vegen vil avlaste noverande fv. 161 og fv. 163.

Prosjektkostanden er stipulert til 61 mill. kr. Os kommune skal dekke 2/3 etter frådrag av mva (34,1 mill. 2016-kr, som skal prisjusterast). Resten skal dekkast av Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen skal inngå avtale med Os kommune om finansieringa. Fylkesrådmannen set av 20,4 mill. kr i 2017, 31,2 mill. kr i 2018 og dei resterande 6 mill. kr i 2019. I samband med tertialrapporten etter 2. tertial 2016, løyvde fylkestinget 4 mill. kr til planlegging.



### Programområda utanom Bergen

Følgande programområde vert prioritert med midlar i 2017; kollektiv, trafikksikring, gang- og sykkel, miljø, planprogrammet og grunnverv. Tiltaka innanfor programområda vert spesifiserte i plan- og byggeprogrammet som vert lagt fram for fylkestinget i desember.

Til programområda var det sett av 93 mill. kr i 2016. For perioden 2017–2020 fører fylkesrådmannen opp 80 mill. kr kvart år. Bakgrunnen for reduksjonen er forslaget om ein eigen budsjettpost til mindre utbetringar, jf. nedanfor. Tidlegare var løyvingar til mindre utbetringar eit eige programområde innanfor samleposten.

### Mindre utbetringstiltak

Midlane til mindre utbetringstiltak er tekne ut av budsjettet for programområda frå 2017 og foreslått som eigen post på fylkesvegbudsjettet med 20 mill. kr kvart år i perioden.

Budsjettposten er tenkt brukt som fylkeskommunen sin del av prosjekt der kommunane bidreg med finansiering. For nokre av tiltaka er også kommunane byggherre. Fylkesrådmannen arbeider med følgjande prosjekt som kan prioriterast innanfor denne budsjettposten i perioden:

- Fv. 550 Kråkevik – Aga, Ullensvang
- Fv. 229 Nautnes bru, Øygarden
- Fv. 48 Hellandskryss, Kvinnherad
- Fv. 48 Lundssvingane, Kvinnherad
- Fv. 201 Eide – Spildepollen, Sund
- Fv. 107 Servicebygg Jondal ferjekai, Jondal
- Fv. 566 Espevoll næringshage, Osterøy
- Fv. 229 Hellesøy, Øygarden
- Fv. 565 Fonnes, Austrheim

### Standardhevingstiltak

Denne budsjettposten kom til i budsjettet for 2014 som følgje av løyvinga i Nasjonal transportplan til fornying og opprusting av fylkesvegnettet. Det er stort behov for tyngre vedlikehald av vegnettet slik at forfallet ikkje held fram med å auke. Det er i hovudsak behov for å utbetre bruer,

kaier og murar og kantar. Det er og naudsynt å sette av ein større del av denne budsjettposten til å ruste opp mange av tunnelane etter tunnelsikkerheitsforskrifta.

Tunnelsikkerheitsforskrifta vart gjort gjeldande for fylkesveggar frå 2015 og gjeld alle tunnelar over 500 meter med trafikk over 300 bilar pr. døgn. Forskrifta gjeld 37 fylkesveggtunnelar i Hordaland, og tiltaka må vere ferdige innan 2025. Det er vidare trong for opprusting av om lag 90 tunnelar under 500 m. Tiltaka her er lys, naudnett, ventilasjon, vassikring og reinsk.

For 2017 er det budsjettert med 160 mill. kr til standardhevingstiltak. Dette er ein auke på 16 mill. kr samanlikna med 2016. For 2018 fører fylkesrådmannen opp 180 mill. kr, for 2019 190 mill. kr og for 2020 foreslår ein å setje av 200 mill. kr på denne posten.

Fylkesrådmannen viser til at det i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett, som ein del av dei frie inntektene, er sett av 200 mill. kr til tiltak på fylkesvegane. Hordaland fylkeskommune sin del av dette er om lag 10 %. Fylkesrådmannen har følgd opp løyvinga i statsbudsjettet ved å auke løyvinga til standardhevingstiltak med 16 mill. kr og forslaget om å setje av 100 mill. kr til mindre utbetringstiltak/programområde ovanfor. Dette er 7 mill. kr meir enn i 2016, slik at samla auke på desse postane er 23 mill. kr i budsjettet for 2017 samanlikna med opplegget i 2016.

### Rassikringstiltak

I samband med revisjon av NTP 2018–2029 er det utarbeidd eit oversyn over behovet for rassikringstiltak på både riks- og fylkesvegane i Hordaland. Det er ikkje avklare om ordninga med statleg tilskot til rassikringstiltak vil halde fram etter 2017. Dette vert først avklart i Stortingsmeldinga om NTP 2018–2029.

Fylkesrådmannen foreslår at fylkeskommunen gjer ferdig dei prosjekta som er i gang, dvs Oddaneset og Lussandberget. I tillegg vil ein foreslå at det vert starta opp prosjektering av prosjekt som ligg høgst på behovslista for skredsikring, dvs Furuberget bru og Tokagjelet.

### Fv. 344 Oddaneset (Vaksdal kommune)

Prosjektet fekk løyving i 2016. Grunna uvisse knytt til fullføring i 2016, er det behov for å sette av 4 mill. kr til slutføring av tiltaket i 2017.

3	F.v nr	Prosjekt	Kommune	Budsjett 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020
	7	Lussandberget	Granvin	54 300	0	0	0
	334	Oddaneset	Vaksdal	4 000	0	0	0
	551	Furubergfossen bru	Kvinnherad	5 000	30 000	21 000	0
	7	Tokagjelet	Kvam	0	1 000	6 000	80 000
		Mindre rassikringstiltak		4 000	4 000	4 000	4 000
		Sum		67 300	35 000	31 000	84 000

### **Fv 7 Lussandberget (Granvin kommune)**

Prosjektet omfattar bygging av ein tunnel på 1 565 m, og 865 meter veg i dagen, herunder ei bru på 86 meter vest for Lussand. Prosjektet starta opp tidleg i 2015 og står ferdig i november 2016. Sluttrekningar er venta i 2017 og fylkesrådmannen set av 54,3 mill. kr i 2017.

### **Fv 551 Furuberget bru (Kvinnherad kommune)**

Raspunktet Furuberget bru ligg øvst på rassikringsbehovslista for fylkesvegane i Hordaland med eit prioriteringstal på 5,5. Reguleringsplanen for tiltaket er venta ferdig i løpet av 2016. Fylkesrådmannen vil foreslå at prosjektering av tiltaket startar opp i 2017 med sikte på å gjennomføre tiltaket 2018/2019. Samla kostand med tiltaket er førebels rekna til 56 mill. 2016-kr.

### **Fv 7 Tokagjelet (Kvam herad)**

Langs fv. 7 i Tokagjelet er det fleire raspunkt mellom Snauhaugtunnelen – Hansagjeltunnelen og Tokagjeltunnelen – Fossagjeltunnelen. Desse punkta ligg etter Furuberget bru på rassikringsbehovslista med prioriteringstal 5,2. For å oppfylle krava i tunnelsikkerheitsforskrifta er det og trong for å gjere nokre tiltak i tunnelane i Tokagjelet. Det er utarbeidd eit forprosjekt for tunnelloysingar på fv. 7 Tokagjelet. Dette forprosjektet peikar på alternative løysingar for å imøtekomme både rassikringa og tunnelsikkerheitsforskrifta.

Fylkesrådmannen vil rå til at ein går vidare med utgreiing av alternative tiltak og starte prosjektering i løpet av 2018.

### **Mindre rassikringstiltak**

Denne posten skal dekke kostnadene med sikring av mindre raspunkt på heile fylkesvegnettet i Hordaland. Ofte

oppdagar ein mindre raspunkt når vegen vert rydda etter nedfall av stein på vegen. Dette kan ordnast med små midlar. Det vert ført opp 4 mill. kr kvart av åra i økonomiplanperioden.

### **Budsjettpost for rebudsjettering**

Fylkesrådmannen fører i budsjettet for 2017 opp 10 mill. kr på budsjettpost for rebudsjettering. Denne summen skal nyttast for å avslutte prosjekt med meirforbruk – i dei tilfelle der salderingsordninga innanfor programområda ikkje er tilstrekkeleg, og ved avslutting av prosjekt utanom programområda.

Siktemålet med å sette av ein sum til rebudsjettering er å unngå at fylkestinget må ta stilling til ei rekkje budsjettendringar av mindre prosjekt.

### **Finansiering av fylkesveggar og bybaneutbygging**

Totalt vert det budsjettert med 664,5 mill. kr i bruk av bompengar i 2017. Andre eksterne finansieringskjelder er tilbakebetaling av forskotteringar og tilskot frå stat og kommunar. Til saman utgjør desse andre eksterne finansieringskjeldene 189 mill. kr i 2017. Samla finansieringsinntekter frå eksterne kjelder er dermed 853,5 mill. kr, jf. tabellen nedanfor. Det går fram av tabellen at det er rekna med sterk auke i bruken av bompengar mot slutten av økonomiplanperioden. Dette har samanheng med utbygginga av bybanen mot Fyllingsdalen. Når det er klart kor stor del av denne utbygginga som skal finansierast med statstilskot, kjem fylkesrådmannen attende til justering av inntektssida av investeringsbudsjettet.

*Sjå tabell på neste side*

Tabellen nedanfor gjev oversyn over dei ulike finansieringsformene fordelt på prosjekt og år i økonomiplanperioden.

3

	Budsjett 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020
<b>Investeringsinntekter</b>				
<b>Bompengar:</b>				
Bybanen. Byggjesteg 3	100 000	-	-	-
Bybanen. Byggjesteg 4	200 000	350 000	1 500 000	1 700 000
Ringvei vest. Byggjesteg 2	70 000	-	-	
Hjellestadveien	50 000	70 000	40 000	
Kvammapakken	31 900	-	-	
Bømlopakken	100 000	50 000	30 000	-
Haugalandspakken	4 100	-		
Stord vestsida	26 000	30 800		
Askøypakken	82 500	225 000	337 500	337 500
Sum bompengar	664 500	725 800	1 907 500	2 037 500
<b>Tilbakebetaling til fylkeskommunen</b>				
Tilbakebetaling av forskottering 2016- 2019 (Drotningsvik)	25 000			
Sum forskottering	25 000	-	-	-
<b>Tilskot:</b>				
Programområde i Bergensprogrammet	103 000	103 000	103 000	103 000
Åsen – Hellekaret – tilskot frå Os kommune		31 200		
Bybanen, byggjesteg 4 - statstilskot	50 000			
Sum tilskot	153 000	134 200	103 000	103 000
<b>Statstilskot, rassikring:</b>				
Lussandberget, Granvin	11 000	-		
Furubergfossen bru		24 000	16 800	
Tokagjelet	-	800	4 800	64 000
Mindre rassikringstiltak		3 200	3 200	3 200
Sum statstilskot, rassikring	11 000	28 000	24 800	67 200
Sum investeringsinntekter	853 500	888 000	2 035 300	2 207 700
Netto investeringsutgifter (eigne midlar)	910 300	792 100	841 600	775 574
Brutto investeringar fylkesvegvar/Bybanen	1 763 800	1 680 100	2 876 900	2 983 274

### Refundering av tidlegare forskottingar frå kommunar o.a.

Tabellen nedanfor viser fylkesrådmannen sitt forslag til refusjon av forskottingar i komande år. I 2017 er det lagt opp til refusjonar på 90 mill. kr. For 2018 er det ført opp

76,2 mill. kr, i 2019 84,5 mill. kr. og i 2020 71,8 mill. kr. Resterande forpliktelsar utover økonomiplanperioden utgjør samla 210,2 mill. kr.

3	Forskottert av	Veg nr.	Prosjekt	Vedt. foskot pr 1.12.16	Forplikt. 31.12.16	2017	2018	2019	2020	Etter 2020
<b>Askøy</b>										
	Askøy kommune	562	Fauskanger	3000	3000					3000
	Block Watne AS	212	Follese skole, trafikkisikring	15000	15000					15000
	Askøy kommune	212	Hetlevik	15000	15000					15000
	Askøy kommune	223	Mj.varden-Skansen (Herdla bru)	2900	2900					2900
	Wimoh AS, v/Frank Mohn AS	563	Rundkøyning Florvåg	1500	1500					1500
<b>Austevoll</b>										
	Austevoll kommune	546	Ny veg på Hundvåkøy	1000	1000				1000	
<b>Austrheim</b>										
	Austrheim kommune	565	Veg til Vardetangen	1800	1800		1800			
<b>Bergen</b>										
	Bergen Kommune	188	Sædalsvegen	87500	12900	12900				
	Orion Prosjekt AS	197	Håkonshellavegen	6000	6000					6000
	Åsane Handel AS	267	4-feltsveg Åsamy-Nyborg	15000	15000					15000
<b>Bømlo</b>										
	Bømlo kommune	14	Stavland	774	774				774	
	Bømlo kommune	18	Laurhammarkjosen - Urangsvåg	1200	1200				1200	
<b>Etne</b>										
	Etne kommune	34	Skånevik kai - Idrettsanlegget	15000	15000					15000
<b>Fitjar</b>										
	Midtfjellet Vindkraft AS	545	Rimbareid - Fitjar sentrum	10000	10000			4000	6000	
<b>Fjell</b>										
	Fjell kommune	559	Fjell - Ulveset	14000	4000				4000	
	Fjell kommune	561	Kryss Fjæreidevegen	5000	5000				5000	
<b>Fusa</b>										
	Fusa kommune/ Fusa kraft m.fl.	122	Fusa - Strandvik I	15000	10000	10000				
	Fusa kommune/ Fusa kraftlag	122	Fusa - Strandvik II	3000	3000	600	2400			

Tabellen held fram på neste side

3	Forskottert av	Veg nr.	Prosjekt	Vedt. foskot pr 1.12.16	Forplikt. 31.12.16	2017	2018	2019	2020	Etter 2020
	Fusa kommune/F Mohn Fusa	122	Fusa - Strandvik III	3000	3000		3000			
	Fusa kommune/F Mohn Fusa	125	Holmefjord - Holsund	1400	1400				1400	
	Frank Mohn Fusa AS	552	Gang-/sykkelveg Venjanaset	3500	3500				3500	
	Fusa Kraftlag/Frank Mohn Fusa AS	48	Moshovdatunnelen	70000	65000		40000	25000		
	Fusa Kraftlag m. fl.	122	Fusa - Kryss Skjørsand kai	15000	15000			15000		
	Fusa Kraftlag m. fl.	122	Skjørsand - Skåte	15000	15000					15000
<b>Kvinnherad</b>										
	Kvinnherad kommune	48	G&s-veg Sandvoll	5000	5000				1000	4000
	Kvinnherad kommune	48	Erslandsmarka	5000	5000				5000	
	Kvinnherad kommune	551	Austrepollen - Løfallstrand	1500	1500				1500	
	Fusa Kr, Fusa k, F Mohn	551	Austrepollen - Løfallstrand	4000	4000					4000
	Kvinnherad kommune m.fl.	544	Tofte - Ranavik	37000	37000					37000
<b>Lindås</b>										
	Lindås kom./Lindås tomtes.	565	Isdalstø - Alver	9000	9000				9000	
	Lindås kom. og 28 verksemder	57	Espeland-Herland	70000	32000	32000				
<b>Meland</b>										
	Frank Mohn AS	564	Dalstø - Mjåtveit	25000	25000				10000	15000
<b>Modalen</b>										
	Modalen/Voss/Vaksdal/BKK	313/344	Fv 313 OG Fv 344	10000	10000			10000		
	Modalen/Voss/Vaksdal/BKK	313/344	Fv 313 OG Fv 344 - II	1300	1300				1300	
<b>Os</b>										
	Os kommune	158	Bedehuset - Særvoldsv.	4500	4500	4500				
	Os kommune	158	Bedehuset - Særvoldsv.II	2000	2000	2000				
	Os kommune	161	Kalvatræ	500	500	500				
	Os kommune	160	Ulven Leir-Hjorthaug.	10000	10000					10000
<b>Radøy</b>										
	Radøy kommune	409	Opprusting Lundsåsen	2500	2500	2500				

Tabellen held fram på neste side

Forskottert av	Veg nr.	Prosjekt	Vedt. foskot pr 1.12.16	Forplikt. 31.12.16	2017	2018	2019	2020	Etter 2020
<b>Samnanger</b>									
Samnanger kommune m.fl.	48	Tunnel bak Tysse	100000	75000	25000	25000	25000		
<b>Stord</b>									
Stord kommune	70	Jensanesvegen	15000	15000					15000
<b>Sund</b>									
BKK/Sund kommune	202	Veg til Telavåg	15000	15000				15000	
Sund kommune	555	Hammersland - Kjørelen	15000	15000					15000
<b>Tysnes</b>									
Tysnes kommune	78	Hodnanes - Nedrevåge	4000	4000		4000			
<b>Ulvik</b>									
Ulvik herad	572	Opprusting Holven - Ulvik	5500	5500			5500		
<b>Vaksdal</b>									
Vaksdal, Modalen	569	Stamnes - Eidlandet	11100	6100				6100	
<b>Voss</b>									
Voss kommune	315	Bavallsvegen	14000	14000					14000
Voss kommune	310	Bordalsvegen	7750	7750					7750
Sum			695 224	532 624	90 000	76 200	84 500	71 774	210 150

## TANNHELSE

2	Tal i heile tusen	Justert Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Ikkje starta
<b>Tannhelse</b>							
Utstyr tannhelsetenesta	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	
Tannklinikkar	20 000	5 000	20 000	20 000	20 000	15 000	X
Sum sektor	25 000	10 000	25 000	25 000	25 000	20 000	

### Utstyr tannhelsetenesta

Fylkesrådmannen foreslår at det vert sett av 5 mill. kr til utstyrskjøp i tannhelsetenesta kvart år i økonomiplanperioden.

### Tannklinikkar

Våren 2016 vedtok fylkestinget klinikkstrukturplanen for Hordaland. Naudsynte investeringar for å realisere denne planen vil årleg vere på om lag 15 mill. kr fram til 2025.

Arbeidet med å realisere Askøy tannklinikk i Kleppestø Senter er i gang. Total kostnadsramme for dette prosjektet

er 23 mill. kr. Av desse kostnadane står det att å løyve 3 mill. kr i 2017, og fylkesrådmannen rår til at denne summen vert løyvd innanfor ramma for investering/ombygging av tannklinikkar for 2017.

Det er fleire usikre moment i framdrifta for andre tannklinikkar. Klinikken i Indre Arna har høgst prioritet, men ein er avhengig av at det kan finnast høvelege lokale. Fylkesrådmannen vil til fylkestinget i mars gjennomgå investeringsbudsjettet og vurdere framdriftsplanen for dette prosjektet.

## KULTUR

2	Tal i heile tusen	Justert Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Ikkje starta
<b>Kultur</b>							
	Restaurering av verneverdige fylk.kom. bygg	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	X
	Sum sektor	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	

**Restaurering av verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige**

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføra større vedlikehald på i planperioden. Siste åra har særleg hovudhuset på Stend og den historiske hagen vore prioritert. Det står fortsatt at arbeid på dette og andre bygningar på Stend, og fylkesrådmannen ser det

som naturleg at vidare arbeid på Stend også blir prioritert framover, men at ein også vurderer tiltak andre stader.

Fylkesrådmannen vil til fylkestinget i mars gjennomgå investeringsbudsjettet og vurdere framdriftsplanen for dette prosjektet.

## FELLESFUNKSJONAR

2	Tal i heile tusen	Justert Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Ikkje starta
<b>Fellesfunksjonar</b>							
	Fylkeshuset – Ombygging/opprusting	2 000	3 000	2 000	2 000	2 000	X
	El-bilar	2 000	2 000	2 000			X
	IT – Fellessystem	23 000	23 000	23 000	23 000	23 000	X redusert
	Profilering eigedomar	3 000					
	Fana Gymnas		30 000				
	Sum sektor	30 000	58 000	27 000	25 000	25 000	

**Fylkeshuset – ombygging/opprusting**

Den tekniske og bygningsmessige standarden på Fylkeshuset ber preg av at bygget og fleire av dei tekniske anlegga er meir enn 40 år. Det elektriske anlegget må utbetrast noko i 2017 og det vil i tillegg måtte påreknast årlege kostnader til mindre opprusting/tilpassing. Det er forslag om løyving på 3 mill. kr i 2017 og 2 mill. kr kvart av dei påfølgjande åra i planperioden.

Reguleringsplanen for påbygg av Fylkeshuset er stadfesta og planar for utvikling/utbetring av bygget vil fylkesrådmannen kome tilbake til i eiga sak.

**El bilar**

For å fornya den fylkeskommunale bilparken med elbilar, er det trong for løyving på 4 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår å setje av 2 mill. kr 2017.

**IT – fellessystem**

Konto for felles IT-investeringar vert nytta til kjøp av teknisk IT-infrastruktur, IT-system og IT-tenester som er felles i fylkeskommunen.

Bruken av IT-løysingar m.a. innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan tannhelsetenesta og i

fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene sine. Denne situasjonen og overordna IT-strategi i fylkeskommunen legg føringar for disponering av dei sentrale IT-ressursane og budsjettmidlane til felles IT-investeringar. Det er planlagt ei rekkje felles IT-tiltak i 2017, som til dømes:

- Ytterlegare digitalisering av tenestene
- Effektivisering og profesjonalisering av IT-tenestene
- Oppgradering og utvikling av IT-infrastruktur
- Auka fokus på sikkerheit

Fylkesrådmannen foreslår å løyva 23 mill. kr i 2017 til felles IT-investeringar.

#### **Utleige av bygningsmassen ved tidlegare Fana Gymnas**

I fylgje pågåande dialog med Bergen kommune, er bygningsmassen ved tidlegare Fana Gymnas planlagt utleigd til Bergen kommune frå 1. mai 2017. Det er lagt til grunn at leigeavtalen vert inngått om kort tid. Det er rekna med ei husleige på nærare 5 mill. kr årleg der eigarkostnader kjem til frådrag.


Før innflytting ynskjer Bergen kommune at det blir utført nokre utbetringar av lokala. Desse utbetringane vil bli utført av Hordaland fylkeskommune og dekkja av Bergen kommune gjennom ei samsvarande auke i husleiga i avtaleperioden. Fylkeskommunen vil såleis forskotere utbetringane og fylkesrådmannen rår til at det blir løyvd 30 mill. kr til dette arbeidet. I første omgang skal bygningane dels brukast som avlastingsskule for Nordnes skole, som skal rehabiliterast, og dels av Paradis skole.

#### **Avsetjing for avsluttingskostnader**

Kontrollutvalet har peika på at det for mange prosjekt går lang tid frå siste løyving til prosjekt vert avslutta. Dette har fleire årsaker, men skuldast ofte etterarbeid, garantiarbeid eller at ein ventar på eksterne tilskot.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gjort justeringar i forhold til gjeldande praksis, slik at prosjekt som hovudregel vert avslutta etter at arbeid knytt til eittårsbefaring/garantibefaring er utført. I samband med avsluttinga av prosjektet skal det gjerast avsetjingar til kjente forhold av vesentleg karakter. Erfaringsmessig vil ein då få noko avvik, og fylkesrådmannen rår til at det vert etablert ein bufferkonto i balanserekneskapen. Fylkesrådmannen rår til at storleiken på denne kontoen ved oppstart vert sett til 5 mill. kr innanfor kapitalfondet.





# Vedlegg – tabellar



# Drift År

Årsbudsjett.

Alle tal i 1000 kr

BUDSJETTSKJEMA 1 - DRIFTSBUDSJETTET		Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Skatt på inntekt		-2 962 334	-3 090 700	-3 226 000
Ordinært rammetilskot		-3 043 593	-3 046 100	-3 144 000
Andre generelle statstilskot				
<b>SUM FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>		<b>-6 005 927</b>	<b>-6 136 800</b>	<b>-6 370 000</b>
Renteinntekter og utbytte		-101 796	-15 700	-14 400
Renteutgifter og andre finansutgifter		275 299	252 200	242 000
Avdrag på lån		330 004	442 000	509 000
<b>NETTO FINANSINNT./-UTG.</b>		<b>503 507</b>	<b>678 500</b>	<b>736 600</b>
Dekn. tidlegare års reknesk. meirforbruk				
Til ubundne avsetjingar		29 867		25 000
Til bundne avsetjingar		175 858		
Bruk av tidlegare års reknesk. mindreforbruk				
Bruk av ubundne avsetjingar		-116 580	-5 700	
Bruk av bundne avsetjingar		-87 673		
<b>NETTO AVSETJINGAR</b>		<b>1 472</b>	<b>-5 700</b>	<b>25 000</b>
Overført til investeringsbudsjettet		102 000	90 000	70 000
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>		<b>-5 398 948</b>	<b>-5 374 000</b>	<b>-5 538 400</b>
Sum fordelt til drift		5 330 492	5 374 000	5 538 400
Meirforbruk/mindreforbruk		-68 456	0	0

Tabellen held fram på neste side

BUDSJETTSKJEMA 1 - DRIFTSBUDSJETTET		Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
<b>Fordelt slik:</b>				
Politiske organ og administrasjon	Utgift	217 897	200 005	232 671
	Inntekt	-18 694	-9 650	-13 862
Eigedom	Utgift	166 579	142 624	257 116
	Inntekt	-50 324	-26 624	-35 116
Regional utvikling	Utgift	236 059	228 086	188 635
	Inntekt	-154 071	-141 229	-104 635
Samferdsel	Utgift	2 948 250	2 977 697	3 085 532
	Inntekt	-1 098 970	-1 099 282	-1 218 848
Kultur og idrett	Utgift	389 010	338 980	362 194
	Inntekt	-175 423	-146 493	-163 165
Tannhelse	Utgift	326 133	303 527	317 262
	Inntekt	-116 025	-111 826	-114 262
Opplæring	Utgift	3 237 270	2 957 055	2 877 642
	Inntekt	-457 718	-202 390	-158 906
Fellesfunksjonar	Utgift	118 559	128 400	172 624
	Inntekt	-238 040	-164 880	-146 482
<b>SUM DRIFT</b>	Utgift	<b>7 639 757</b>	<b>7 276 374</b>	<b>7 493 676</b>
	Inntekt	<b>-2 309 265</b>	<b>-1 902 374</b>	<b>-1 955 276</b>
	Netto	<b>5 330 492</b>	<b>5 374 000</b>	<b>5 538 400</b>

# Investering År

Årsbudsjett.

Alle tal i 1000 kr

BUDSJETTSKJEMA 2 - INVESTERINGSBUDSJETTET	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Investeringar i anleggsmidlar	4 271 975	3 330 600	2 541 800
Utlån og forskotteringar	71 269	5 000	5 000
Avdrag på lån	8 000		
Avsetjingar	51 526		
<b>ÅRETS FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>4 402 770</b>	<b>3 335 600</b>	<b>2 546 800</b>
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidlar	-1 251 723	-1 463 500	-1 246 300
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-136 235	-8 000	-10 000
Tilskot til investeringar	-2 522 122	-1 710 800	-1 195 500
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-54 110	-35 000	-25 000
Andre inntekter	-271 826		
<b>SUM EKSTERN FINANSIERING</b>	<b>-4 236 016</b>	<b>-3 217 300</b>	<b>-2 476 800</b>
Overført frå driftsbudsjettet	-102 000	-90 000	-70 000
Bruk av avsetjingar	-64 758	-28 300	
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>-4 402 774</b>	<b>-3 335 600</b>	<b>-2 546 800</b>
Udekket/udisponert	-4	0	0
Spesifikasjon av investeringar i anleggsmidlar:			
Samferdsel	3 445 327	2 512 600	1 935 800
Kultur	695	3 000	3 000
Tannhelse	12 904	25 000	10 000
Opplæring	689 229	757 000	535 000
Fellesfunksjonar	69 153	33 000	58 000
Aktivitetar utanfor fylkeskomm. ansvarsområde	54 667		
<b>SUM INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>4 271 975</b>	<b>3 330 600</b>	<b>2 541 800</b>

# Kostra drift

Årsbudsjett.

Alle tal i 1000 kr

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Brukarbetalingar	-111 818	-100 000
Andre sals- og leigeinntekter	-1 070 046	-1 102 867
Overføringar med krav til motyting	-357 860	-321 281
Rammetilskot	-3 046 100	-3 144 000
Andre statlege overføringar	-308 377	-373 115
Andre overføringar	-21 220	-26 520
Inntekts- og formuesskatt	-3 090 700	-3 226 000
Eigedomsskatt		
Andre direkte og indirekte skattar		
<b>SUM DRIFTSINNEKTER</b>	<b>-8 006 121</b>	<b>-8 293 783</b>
Lønsutgifter	2 907 611	2 823 256
Sosiale utgifter	156 053	275 069
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteprod.	984 367	1 055 854
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod.	2 419 798	2 505 263
Overføringar	790 265	834 234
Avskrivningar		
Fordelte utgifter	-14 773	-31 493
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>7 243 321</b>	<b>7 462 183</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-762 800</b>	<b>-831 600</b>
Renteinntekter og utbytte	-15 700	-14 400
Mottekne avdrag på utlån		
<b>SUM EKSTERNE FINANSINNEKTER</b>	<b>-15 700</b>	<b>-14 400</b>
Renteutgifter og låneomkostningar	252 200	242 000
Avdrag på lån	442 000	509 000
Utlån		
<b>SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>	<b>694 200</b>	<b>751 000</b>
<b>RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR</b>	<b>678 500</b>	<b>736 600</b>

Tabellen held fram på neste side

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Motpost avskrivningar		
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-84 300</b>	<b>-95 000</b>
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbr.		
Bruk av disposisjonsfond	-5 700	
Bruk av bundne fond		
Bruk av likviditetsreserve		
<b>SUM BRUK AV AVSETJINGAR</b>	<b>-5 700</b>	<b>0</b>
Overført til investeringsbudsjettet	90 000	70 000
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbr.		
Avsett til disposisjonsfond		25 000
Avsett til bundne fond		
Avsett til likviditetsreserven		
<b>SUM AVSETJINGAR</b>	<b>90 000</b>	<b>95 000</b>
<b>REKNEKAPSMESSIG MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Kostra investering

Årsbudsjett.

Alle tal i 1000 kr

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-8 000	-10 000
Andre salsinntekter		
Overføringer med krav til motyting	-1 492 400	-1 031 500
Statlege overføringer	-218 400	-164 000
Andre overføringer		
Renteinntekter og utbytte		
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>-1 718 800</b>	<b>-1 205 500</b>
Lønsutgifter		
Sosiale utgifter		
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod.	3 255 600	2 451 800
Kjøp av tenester som erstattar komm. tenesteprod.		
Overføringer	75 000	90 000
Renteutgifter og omkostningar		
Fordelte utgifter		
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>3 330 600</b>	<b>2 541 800</b>
Avdrag på lån		
Utlån		
Kjøp av aksjar og andelar	5 000	5 000
Avsett til ubundne investeringsfond		
Avsett til bundne fond		
Avsett til likviditetsreserven		
<b>SUM FINANSIERINGSTRANS.</b>	<b>5 000</b>	<b>5 000</b>
<b>FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>1 616 800</b>	<b>1 341 300</b>
Bruk av lån	-1 463 500	-1 246 300
Sal av aksjar og andelar		
Motteke avdrag på utlån	-35 000	-25 000
Overført frå driftsbudsjettet	-90 000	-70 000
Bruk av disposisjonsfond	-28 300	
Bruk av ubundne investeringsfond		
Bruk av bundne fond		
Bruk av likviditetsreserve		
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>-1 616 800</b>	<b>-1 341 300</b>
<b>UDEKKA/UDISPONERT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Drift

Økonomiplan 2017-prisar

Alle tal i 1000 kr

BUDSJETTSKJEMA 1 - DRIFTSBUDSJETTET		Budsjett 2017	Økonomiplan 2018	2019	2020
Skatt på inntekt		-3 226 000	-3 272 000	-3 317 000	-3 363 000
Ordinært rammetilskot		-3 144 000	-3 124 000	-3 119 000	-3 120 000
<b>SUM FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>		<b>-6 370 000</b>	<b>-6 396 000</b>	<b>-6 436 000</b>	<b>-6 483 000</b>
Renteinntekter og utbytte		-14 400	-14 049	-15 515	-16 993
Renteutgifter og andre finansutgifter		242 000	235 805	242 332	253 322
Avdrag på lån		509 000	563 902	618 679	650 020
<b>NETTO FINANSINNT./-UTG.</b>		<b>736 600</b>	<b>785 658</b>	<b>845 496</b>	<b>886 349</b>
Dekn. tidlegare års reknesk. meirforbruk					
Til ubundne avsetjingar		25 000	25 000	25 000	25 000
Til bundne avsetjingar					
Bruk av tidlegare års reknesk. mindreforbruk					
Bruk av ubundne avsetjingar					
Bruk av bundne avsetjingar					
<b>NETTO AVSETJINGAR</b>		<b>25 000</b>	<b>25 000</b>	<b>25 000</b>	<b>25 000</b>
Overført til investeringsbudsjettet		70 000	75 600	76 200	76 200
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>		<b>-5 538 400</b>	<b>-5 509 742</b>	<b>-5 489 304</b>	<b>-5 495 451</b>
Sum fordelt til drift		5 538 400	5 509 742	5 489 304	5 495 451
Meirforbruk/mindreforbruk		0	0	0	0

Tabellen held fram på neste side



BUDSJETTSKJEMA 1 - DRIFTSBUDSJETTET		Budsjett 2017	Økonomiplan 2018	2019	2020
Fordelt slik:					
Politiske organ og administrasjon	Utgift	232 671	227 671	227 671	227 671
	Inntekt	-13 862	-13 862	-13 862	-13 862
Eigedom	Utgift	257 116	255 116	253 116	253 116
	Inntekt	-35 116	-35 116	-35 116	-35 116
Regional utvikling	Utgift	188 635	187 635	187 635	187 635
	Inntekt	-104 635	-104 635	-104 635	-104 635
Samferdsel	Utgift	3 085 532	3 105 532	3 110 532	3 120 532
	Inntekt	-1 218 848	-1 218 848	-1 218 848	-1 218 848
Kultur og idrett	Utgift	362 194	361 194	361 194	361 194
	Inntekt	-163 165	-163 165	-163 165	-163 165
Tannhelse	Utgift	317 262	315 262	313 262	313 262
	Inntekt	-114 262	-114 262	-114 262	-114 262
Opplæring	Utgift	2 877 642	2 842 642	2 827 642	2 827 642
	Inntekt	-158 906	-158 906	-158 906	-158 906
Fellesfunksjonar	Utgift	172 624	171 171	170 913	171 626
	Inntekt	-146 482	-147 687	-153 867	-158 433
SUM DRIFT	Utgift	7 493 676	7 466 223	7 451 965	7 462 678
	Inntekt	-1 955 276	-1 956 481	-1 962 661	-1 967 227
	Netto	5 538 400	5 509 742	5 489 304	5 495 451

# Investering

Økonomiplan irekna prisauke.

Alle tal i 1000 kr

OVERSYN ØKONOMIPLAN INVESTERING	Budsjett 2017	Økonomiplan 2018	2019	2020
Investeringar i anleggsmidlar	2 541 800	2 388 100	3 648 900	3 764 274
Utlån og forskotteringar	5 000	5 000	5 000	5 000
Avdrag på lån				
Avsetjingar				
ÅRETS FINANSIERINGSBEHOV	2 546 800	2 393 100	3 653 900	3 769 274
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	-1 246 300	-1 071 600	-1 180 500	-954 474
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-10 000	-20 000	-5 000	-177 000
Tilskot til investeringar	-1 195 500	-1 224 000	-2 388 300	-2 555 700
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-25 000			
Andre inntekter				
SUM EKSTERN FINANSIERING	-2 476 800	-2 315 600	-3 573 800	-3 687 174
Overført frå driftsbudsjettet	-70 000	-77 500	-80 100	-82 100
Bruk av avsetjingar				
SUM FINANSIERING	-2 546 800	-2 393 100	-3 653 900	-3 769 274
Udekkja/udisponert	0	0	0	0
Spesifikasjon av investeringar i anleggsmidlar:				
Samferdsel	1 935 800	1 825 100	3 036 900	3 103 274
Kultur	3 000	3 000	3 000	3 000
Tannhelse	10 000	25 000	25 000	20 000
Opplæring	535 000	508 000	559 000	613 000
Fellesfunksjonar	58 000	27 000	25 000	25 000
SUM INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR	2 541 800	2 388 100	3 648 900	3 764 274

# Kostra drift

Økonomiplan 2017-prisar.

Alle tal i 1000 kr

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT	Budsjett 2017	Økonomiplan 2018	2019	2020
Brukarbetalingar	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Andre sals- og leigeinntekter	-1 102 867	-1 102 867	-1 102 867	-1 102 867
Overføringar med krav til motyting	-321 281	-321 281	-321 281	-321 281
Rammetilskot	-3 144 000	-3 124 000	-3 119 000	-3 120 000
Andre statlege overføringar	-373 115	-374 320	-380 500	-385 066
Andre overføringar	-26 520	-26 520	-26 520	-26 520
Inntekts- og formuesskatt	-3 226 000	-3 272 000	-3 317 000	-3 363 000
Eigedomsskatt				
Andre direkte og indirekte skattar				
<b>SUM DRIFTSINNEKTER</b>	<b>-8 293 783</b>	<b>-8 320 988</b>	<b>-8 367 168</b>	<b>-8 418 734</b>
Lønsutgifter	2 823 256	2 788 256	2 773 256	2 773 256
Sosiale utgifter	275 069	275 069	275 069	275 069
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteprod.	1 055 854	1 046 855	1 042 855	1 042 853
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod.	2 505 263	2 525 263	2 530 263	2 540 263
Overføringar	834 234	830 780	830 522	831 237
Avskrivningar				
Fordelte utgifter	-31 493	-31 493	-31 493	-31 493
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>7 462 183</b>	<b>7 434 730</b>	<b>7 420 472</b>	<b>7 431 185</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-831 600</b>	<b>-886 258</b>	<b>-946 696</b>	<b>-987 549</b>
Renteinntekter og utbytte	-14 400	-14 049	-15 515	-16 993
Mottekne avdrag på utlån				
<b>SUM EKSTERNE FINANSINNEKTER</b>	<b>-14 400</b>	<b>-14 049</b>	<b>-15 515</b>	<b>-16 993</b>
Renteutgifter og låneomkostningar	242 000	235 805	242 332	253 322
Avdrag på lån	509 000	563 902	618 679	650 020
Utlån				
<b>SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>	<b>751 000</b>	<b>799 707</b>	<b>861 011</b>	<b>903 342</b>

Tabellen held fram på neste side

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT	Budsjett 2017	Økonomiplan 2018	2019	2020
RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	736 600	785 658	845 496	886 349
Motpost avskrivningar				
NETTO DRIFTSRESULTAT	-95 000	-100 600	-101 200	-101 200
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbr.				
Bruk av disposisjonsfond				
Bruk av bundne fond				
Bruk av likviditetsreserve				
SUM BRUK AV AVSETJINGAR	0	0	0	0
Overført til investeringsbudsjettet	70 000	75 600	76 200	76 200
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbr.				
Avsett til disposisjonsfond	25 000	25 000	25 000	25 000
Avsett til bundne fond				
Avsett til likviditetsreserven				
SUM AVSETJINGAR	95 000	100 600	101 200	101 200
REKNEKAPSMESSIG MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK	0	0	0	0

# Kostra investering


Økonomiplan irekna prisauke.

Alle tal i 1000 kr

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING	Budsjett 2017	Økonomiplan 2018	2019	2020
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	-10 000	-20 000	-5 000	-177 000
Andre salsinntekter				
Overføringar med krav til motyting	-1 031 500	-1 061 800	-2 260 500	-2 385 500
Statlege overføringar	-164 000	-162 200	-127 800	-170 200
Andre overføringar				
Renteinntekter og utbytte				
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>-1 205 500</b>	<b>-1 244 000</b>	<b>-2 393 300</b>	<b>-2 732 700</b>
Lønsutgifter				
Sosiale utgifter				
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod.	2 451 800	2 311 900	3 564 400	3 692 500
Kjøp av tenester som erstattar komm. tenesteprod.				
Overføringar	90 000	76 200	84 500	71 774
Renteutgifter og omkostningar				
Fordelte utgifter				
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>2 541 800</b>	<b>2 388 100</b>	<b>3 648 900</b>	<b>3 764 274</b>
Avdrag på lån				
Utlån				
Kjøp av aksjar og andelar	5 000	5 000	5 000	5 000
Avsett til ubundne investeringsfond				
Avsett til bundne fond				
<b>SUM FINANSIERINGSTRANS.</b>	<b>5 000</b>	<b>5 000</b>	<b>5 000</b>	<b>5 000</b>
<b>FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>1 341 300</b>	<b>1 149 100</b>	<b>1 260 600</b>	<b>1 036 574</b>
Bruk av lån	-1 246 300	-1 071 600	-1 180 500	-954 474
Sal av aksjar og andelar				
Motteke avdrag på utlån	-25 000			
Overført frå driftsbudsjettet	-70 000	-77 500	-80 100	-82 100
Bruk av disposisjonsfond				
Bruk av ubundne investeringsfond				
Bruk av bundne fond				
Bruk av likviditetsreserve				
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>-1 341 300</b>	<b>-1 149 100</b>	<b>-1 260 600</b>	<b>-1 036 574</b>
<b>UDEKKA/UDISPONERT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>







Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir videregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.